



# Prop. 1 S

(2016–2017)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

---

**FOR BUDSJETTÅRET 2017**

Utgiftskapittel: 1100–1161

Inntektskapittel: 4100–4162, 5576, 5651–5652



# Innhold

<b>Del I</b>	<b>Innleiande del .....</b>	9	Kap. 1142 Landbruksdirektoratet .....	86
<b>1</b>	<b>Oversikt over budsjett- framlegg på program- område 15 Landbruk og mat ..</b>	11	Kap. 4142 Landbruksdirektoratet .....	92
1.1	Status og hovedprioriteringar .....	11	Kap. 1144 Regionale og lokale tiltak i landbruket .....	92
1.2	Målstrukturen for Landbruks- og matdepartementet .....	14	Kap. 1148 Naturskade – erstatningar .....	93
1.3	Hovudtrekk ved budsjett- framlegg .....	18	Kap. 1149 Verdiskapings- og utviklings- tiltak i skogbruket .....	95
1.4	Oversiktstabellar .....	19	Kap. 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m. ....	98
1.5	Oppmodingsvedtak .....	22	Kap. 4150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m. ....	118
1.6	Oversikt over stikkordet «kan overførast» .....	23	Kap. 1151 Til gjennomføring av reindriftsavtalen .....	118
<b>Del II</b>	<b>Budsjettframlegg .....</b>	25	Kap. 1161 Myndighetsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver på statsgrunn .....	121
<b>2</b>	<b>Nærare omtale av løyvingsforsлага .....</b>	27	Kap. 4162 Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap .....	124
	<b>Programområde 15 Landbruk og mat ....</b>	27	Kap. 5576 Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet .....	124
	<i>Programkategori 15.00 Administrasjon m.m.</i>	27	<i>Programkategori 15.40 Forretningsdrift .....</i>	125
	Kap. 1100 Landbruks- og matdepartementet .....	28	Kap. 5651 Aksjar i selskap under Landbruks- og matdepartementet .....	125
	Kap. 4100 Landbruks- og matdepartementet .....	29	Kap. 5652 Statskog SF – renter og utbytte ...	127
	<i>Programkategori 15.10 Matpolitikk .....</i>	30	<b>Del III</b> <b>Rapportering på dei landbruks- og matpolitiske måla .....</b>	129
	Kap. 1112 Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet ...	36	<b>3</b> <b>Nærare om dei ulike måla .....</b>	131
	Kap. 4112 Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet ...	40	<b>4</b> <b>Overordna mål:</b> <b>Matsikkerheit .....</b>	132
	Kap. 1115 Mattilsynet .....	40	<b>5</b> <b>Overordna mål: Landbruk over heile landet .....</b>	135
	Kap. 4115 Mattilsynet .....	48	<b>6</b> <b>Overordna mål: Auka verdiskaping .....</b>	141
	<i>Programkategori 15.20</i>		<b>7</b> <b>Overordna mål:</b> <b>Berekraftig landbruk .....</b>	146
	<i>Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling ..</i>	49	<b>8</b> <b>Ei effektiv landbruks- og matforvaltning .....</b>	151
	Kap. 1136 Kunnskapsutvikling m.m. ....	51	<b>9</b> <b>Forsking, innovasjon og kompetanse skal bidra til at hovedmåla i landbruk og matpolitikken blir nådde ....</b>	156
	Kap. 4136 Kunnskapsutvikling m.m. ....	56		
	Kap. 1137 Forsking og innovasjon .....	57		
	<i>Programkategori 15.30</i>			
	<i>Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak .....</i>			
	Kap. 1138 Støtte til organisasjonar m.m. ....	77		
	Kap. 1139 Genressursar, miljø- og ressursregisteringar .....	81		
	Kap. 1141 Kunnskapsutvikling m.m. innan miljø- og næringstiltak i landbruket .....	85		

<b>10</b>	<b>Ivareta norske interesser og sikre framgang i internasjonale prosesser .....</b>	<b>162</b>	<b>14</b>	<b>Likestilling .....</b>	<b>175</b>
<b>Del IV</b>	<b>Særskilde tema .....</b>	<b>165</b>	<b>15</b>	<b>Omtale av tilsetjingsvilkår for leiarar i heileigde statlege verksemder .....</b>	<b>178</b>
<b>11</b>	<b>Auka produktivitet og meir effektiv økonomi i landbruks- og matforvaltninga .....</b>	<b>167</b>	<b>16</b>	<b>Standardiserte nøkkeltal for forvaltningsorgan med særskilde fullmakter (netto- budsjetterte verksemder) .....</b>	<b>179</b>
<b>12</b>	<b>Nasjonal oppfølging av berekriftsmål 2: .....</b>	<b>169</b>	<b>Forslag</b>	<b>.....</b>	<b>196</b>
<b>13</b>	<b>Sektorovergripande miljøpolitikk .....</b>	<b>171</b>			

## Tabelloversikt

Tabell 1.1	Oversikt over oppmodings- og utgreiingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer .....	22	Tabell 16.1	Utgifter og inntekter fordelt etter art .....	180
Tabell 2.1	Økonomiske nøkkeltal for landbruks- og matforskningsinstitutta for 2015 .....	62	Tabell 16.2	Inntekter etter inntektskjelde ...	181
Tabell 2.2	Oversikt over personale og publisering ved landbruks- og matforskningsinstitutta for 2015 ..	62	Tabell 16.3	Forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetningar i perioden 2014–2015 .....	182
Tabell 2.3	Oversikt over støtte til organisasjonar, 2015 .....	78	Tabell 16.4	Utgifter og inntekter fordelt etter art .....	183
Tabell 2.4	Oversikt over støtte i 2016 og budsjettframlegg for 2017 ....	79	Tabell 16.5	Inntekter etter inntektskjelde ...	184
Tabell 2.5	Budsjett for kap. 1139, post 71 i 2016 og budsjettframlegg for 2017 (1 000 kroner) .....	83	Tabell 16.6	Forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetningar i perioden 2014–2015 .....	185
Tabell 2.6	Tilsegnshelft naturskadeerstatningar i 2017 .....	94	Tabell 16.7	Utgifter og inntekter fordelt etter art .....	186
Tabell 2.7	Framføring av kapitalsituasjonen for LUF 2015–2017 med prognosar over framtidige utbetalingar (mill. kroner) .....	103	Tabell 16.8	Inntekter etter inntektskjelde ...	187
Tabell 2.8	Tilskottsramme for LUF (mill. kroner) .....	104	Tabell 16.9	Forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetningar i perioden 2014–2015 .....	188
Tabell 4.1	Oversikt over næringsmiddelborne infeksjonar der smitta har skjedd i Noreg .....	133	Tabell 16.10	Utgifter og inntekter fordelt etter art .....	189
Tabell 5.1	Sysselsette personar i landbruket .....	137	Tabell 16.11	Inntekter etter inntektskjelde ...	190
Tabell 5.2	Gjennomsnittleg bruttoinvestering per bruk innanfor driftsgranskingane i jordbruket 2014 fordelt på regionar .....	140	Tabell 16.12	Forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetningar i perioden 2014–2015 .....	191
Tabell 8.1	Årsverk i den statlege landbruks- og matforvaltninga, tal per 1.1 .....	154	Tabell 16.13	Utgifter og inntekter fordelt etter art .....	192
Tabell 14.1	Deltid, mellombels tilsettjing, foreldrepermisjon og legemeld sjukefråvær etter kjønn i Landbruks- og matdepartementet, 2013–2015 .....	177	Tabell 16.14	Inntekter etter inntektskjelde ...	193
			Tabell 16.15	Forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetningar i perioden 2014–2015 .....	194

## **Figuroversikt**

Figur 1.1	Målstruktur for Landbruks- og matdepartementet .....	14
Figur 3.1	Målstruktur for Landbruks- og matdepartementet .....	131
Figur 5.1	Utvikling i areal fordelt på landsdelar, pst. ....	135
Figur 5.2	Grasbasert husdyrproduksjon fordelt på landsdelar, 2010–2015, pst. ....	136
Figur 5.3	Jordbruksverksemder etter jordbruksareal i drift, 2014 .....	138
Figur 5.4	Landbrukseigedommar med minst 5 dekar eigm jordbruks- areal, 2014 .....	139
Figur 6.1	Endring i produksjonsvolum frå 2007–2016, i følgje normalisert rekneskap. ....	142
Figur 6.2	Omsetnad tilleggsnærings- kroner per bruk. Bruk med omsetnad over 20 000 kroner i tilleggsnærings. Regionar, 2012–2014 .....	144



# Prop. 1 S

(2016–2017)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

**FOR BUDSJETTÅRET 2017**

Utgiftskapittel: 1100–1161

Inntektskapittel: 4100–4162, 5576, 5651–5652

*Tilråding fra Landbruks- og matdepartementet 16. september 2016,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*



*Del I*  
*Innleiande del*



# 1 Oversikt over budsjettframlegget på programområde 15 Landbruk og mat

## 1.1 Status og hovedprioriteringar

Landbruks- og matsektoren si viktigaste oppgåve er å sikre innbyggjarane trygge matvarer av god kvalitet og å bidra til ei optimal utnytting av dei jordbaserte naturressursane. Sektoren sysselsette i 2015 om lag 95 000 personar og er viktig for arbeidsplassar og næringsliv over heile landet. Samstundes er det ei næring i utvikling, og dei løysingane som svarte på tidlegare tiders krav og utfordringar er ikkje alltid dei beste i dag. Regjeringa har difor sidan ho tok over i 2013 gjort fleire grep for å styrke og målrette politikken på området. Dette arbeidet vil halde fram.

Viktige delar av dei jordbrukspolitiske verke midla blir utforma i dei årlege jordbruksforhandlingane. Regjeringa har difor lagt stor vekt på forenkling og målretting av verkemidla slik at dei samla bidreg til auka matproduksjon og verdiskaping. Den norske maten er av den tryggaste i verda. Dette er ein verdi som regjeringa har lagt stor vekt på å vidareføre, mellom anna stilt overfor dei trugs-måla dyresjukdommar, zoonosar og antibiotika-resistente bakteriar utgjer. Innanfor skogbruket har regjeringa lagt opp til eit temposkifte i moderniseringa av infrastrukturen gjennom ein betydeleg auke i tilskotta til nybygging og ombygging av skogsvegar og tømmerkaier. Regjeringa har også lagt vekt på å modernisere landbruks- og matforvaltninga, både gjennom strukturgrep for å gjere verksemndene meir målretta og gjennom ei kontinuerleg merksemelding retta mot effektivisering.

I 2017 legg Landbruks- og matdepartementet opp til å auke tempoet i moderniseringa av infrastrukturen i skogbruket ytterlegare, med ein auke i tilskotta på vel 29 mill. kroner. Departementet legg også opp til å styrke Mattilsynet sitt budsjett med 5 mill. kroner til kartlegging av sjukdommen Chronic Wasting Disease (CWD), som er påvist hos nokre få villrein og elgar i Noreg, og å styrke arbeidet mot antibiotikaresistens ved å auke løyinga til Mattilsynet og Veterinærinstituttet til dette formålet med i alt 10 mill. kroner.

I tillegg til regjeringa si avbyråkratiserings- og effektiviseringsreform legg departementet også

opp til ytterlegare effektivisering gjennom budsjettmessige og styringsmessige verkemiddel. Sidan 2013 har dei reelle løyvingane til driftsutgifter til Mattilsynet, Landbruksdirektoratet og departementet blitt reduserte med om lag 65 mill. kroner. Også for 2017 er det lagt opp til realreduksjonar på om lag 13,4 mill. kroner.

Potensialet for auka verdiskaping i bioøkonomien er stort. Bioøkonomien gjer at vi kan utnytte biologiske ressursar til alt frå mat og fôr til helseprodukt og kjemikalier på ein berekraftig, effektiv og lønsam måte. For å følgje opp regjeringa sin bioøkonomistrategi blir det lagt fram ei samla satsing på 50 mill. kroner til bioøkonomi, innanfor områda til Landbruks- og matdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet. Innanfor den samla satsinga vil Landbruks- og matdepartementet styrke forskingsaktiviteten på bioøkonomiområdet med 20 mill. kroner. Satsinga skal bidra til auka verdiskaping i biobaserte næringar gjennom ei marknadsorientert og berekraftig utnytting av bioressursane på tvers av etablerte næringar, sektorar og fagområde.

*Regjeringa vil stimulere til auka matproduksjon.* Den norske matproduksjonen har særskilde utfordringar med ein kort vekstsesong, spreidde landbruksareal, eit kaldt klima og eit høgt kostnadsnivå. Landbruks- og matpolitikken må difor rettast inn mot eit meir effektivt landbruk, mot å styrke konkurransekrafta for norske jordbruksprodukt og mot å motivere til innovasjon og nyskaping i heile sektoren. I jordbruksoppgjera har regjeringa vore oppteken av at produksjonen i større grad skal styre kor mykje kvar enkelt får i støtte. Landbruks- og matdepartementet arbeider med ei ny melding til Stortinget om jordbruksnæringa, som etter planen blir lagt fram hausten 2016, og dette arbeidet vil bli følgjt nærmare opp der.

Store delar av næringsmiddelindustrien for edlar norskproduserte råvarer, men er i aukande grad eksponert for internasjonal konkurransen. Heimemarknadsdelen for norsk næringsmiddelindustri utanom fiskeribransjen er i dag på om lag 80 pst. målt i verdi, mot 88,2 pst. i 2003. Rekruttering av kompetente næringsutøvarar til landbru-

ket er viktig. Det er naudsynt å styrkje kompetansen i heile verdikjeda, og bidra til å gjere næringa til ein meir attraktiv arbeidsplass for å kunne stimulere fleire unge til å velje landbruk og matproduksjon som yrke. I jordbruksoppgjeret blei det difor mellom anna avsett 575 mill. kroner til investering og utvikling og 26 mill. kroner til særskilte kompetansehevande tiltak i næringa. Ei partsamansett arbeidsgruppe som såg på rekrutteringsspørsmål i landbruket, leverte rapporten sin våren 2016. Rapporten dannar eit grunnlag for avtalepartane sitt vidare arbeid for rekruttering.

*Regjeringa vil byggje ned hindringane for dei som vil auke matproduksjonen.* Jordbruksavtalen og andre landbrukspolitiske verkemiddel må også leggje til rette for dei som vil auke produksjonen. Konsesjons- og kvotegrenser og andre reglar må ikkje leggje urimelege hindringar for bøndene som sjølvstendig næringsdrivande. Forenklingar er viktig både for den sjølvstendige næringsdrivande og for forvaltninga. I jordbruksoppgjera i 2014 og 2015 blei det semje om totalt 40 større og mindre forenklingstiltak. I januar 2016 la eit utval, sett ned med grunnlag i Innst. 285 S (2013–2014), fram ein rapport om ytterlegare forenklingar innanfor avtaleverket. Departementet vil følgje opp det vidare arbeidet med forenklingar i meldinga til Stortinget som blir lagt fram hausten 2016.

*Regjeringa vil bruke matpolitikken til å sikre trygg mat.* Forvaltninga arbeider kontinuerleg for å vere budd på hendingar som kan utgjere eit trugsmål mot trygg mat og mot matsikkerheita. God dyrehelse og god dyrevelferd er viktig for produksjon av trygg mat og for omdømmet til norsk matproduksjon. Regjeringa har vedteke ein nasjonal strategi mot antibiotikaresistens for 2015–2020. Dei overordna måla i strategien er mindre bruk av antibiotikum, auka kunnskap om kva som driv utvikling og spreiling av resistens og at Noreg skal vere ein pådrivar internasjonalt for utvikling av nye antibiotikum og vaksinar. Sjølv om vi brukar mindre antibiotikum til dyr i Noreg enn dei fleste andre land, er det mellom anna eit mål å redusere bruken av antibiotikum til produksjonsdyr med minst ti pst. og bruken av antibiotikum til kjæledyr med minst 30 pst. samanlikna med bruken i 2013.

I mars 2016 blei det lagt fram ein eigen handlingsplan for landbruks- og matsektoren. Eit viktig tiltak er å halde fram arbeidet for å unngå at svinehaldet blir eit reservoar for resistente bakteriar. Departementet vil også greie ut forskriftskrav om testing av røktarar og andre som har kontakt med svin, styrkje tilsynet med veterinærane sin bruk av antibiotikum til produksjons- og kjæledyr og re-

servere enkelte kritiske antibiotikum til menneske. I tillegg til ressursinnsatsen i Mattilsynet og Veterinærinstituttet er det innanfor departementet sitt ansvarsområde innvilga om lag 50 mill. kroner til forsking knytt til antibiotikaresistens sidan hausten 2013. Sidan 2014 er det utbetalt om lag 90 mill. kroner i erstatning og kompensasjon for tiltak mot den antibiotikaresistente bakterien MRSA i svineproduksjonen.

*Regjeringa vil styrkje bondens rett til fritt å disponere over sin eigen eigedom.* For å styrkje den private eigedomsretten og å forenkle eigedomslovgivinga i landbruket har regjeringa gjort framlegg for Stortinget om oppheving av regelen i konsesjonslova om priskontroll ved overtaking av landbrukseigedommar, jf. Prop. 124 L (2013–2014) *Endringer i konsesjonsloven og tvangfullbyrdelsesloven*. Stortinget vedtok i samband med handsaminga av lovframlegget ei rekke oppmodningsvedtak, jf. Innst. 153 L (2015–2016). Som oppfølging av desse, har departementet bestemt at det ikkje skal vere priskontroll ved overtaking av landbrukseigedommar med bustadhus når kjøpesummen er under 3,5 mill. kroner. Vidare har dei framlegga til endringar i konsesjonslova, jordlova og odelslova som Stortinget har bedt regjeringa komme tilbake til Stortinget med, vore på høyring. I tillegg har framlegg om endringar i jordlovas drivepliktsføresegn og delingsføresegn vore på høyring. Regjeringa tek sikte på å gjere framlegg om endringar i desse lovene våren 2017.

*Regjeringa vil leggje til rette for betre utnyttning av skogressursane.* Skogbruk gir sysselsetjing og verdiskaping. Skog og tre lagrar karbon, samstundes som trevirke kan vere eit klima- og miljøvennlig alternativ til energi og produkt som i dag blir produserte av fossilt råstoff.

Noreg har den lågaste skogsvegdekninga i Skandinavia. Utbygginga av nye skogsvegar har vore låg i ei årrekke, og auka aktivitet har vore ein prioritet under den noverande regjeringa. Vidareutvikling av skogsvegnettet, både bygging av nye vegar og ombygging av gamle vegar, er naudsynt for lønsam skogsdrift og eit aktivt skogbruk der større delar av det produktive skogarealet kan takast i bruk. Ein stor del av dei eksisterande skogsvegane er gamle. For mange av desse vegane er det eit stort behov for ombygging. Slik ombygging er viktig for å halde dei krava som tømmertransporten og transportutstyret set i dag. Desse investeringane bidreg også til å gjere skogsvegane meir robuste mot klimaendringar og redusere risikoene for naturskade. Regjeringa har auka dei ordinære løyingane til skogsvegar med 80 pst. samanlikna med Regjeringa Stoltenberg.

Skognæringa i Noreg er del av ein global marknad for tømmer og treprodukt. Kaiterminalar til tømmertransport langs kysten er med på å sikre næringa effektiv og lønsam transport av tømmer til kjøparar både i Noreg og i utlandet. Tømmerkaier er viktige for mange kystfylke med store skogressursar som veks fram, men som har lita avsetning til lokal eller regional foredlingsindustri. Utskiping av tømmer, særleg massevirke, har også blitt svært viktig for skogbruket på Sør- og Austlandet, etter nedlegging av fleire store teforedlingsbedrifter i regionen i perioden 2006 til 2013. Regjeringa har dobla satsinga på tømmerkaier frå 2015 til 2016. Departementet legg opp til å halde fram med prioritering av denne satsinga i 2017.

Prioriteringa av skogsvegar og tømmerkaier inneber at departementet føreslår å ikkje føre vidare ei eiga løying til tresatsingstiltak. Det er naturlig at næringa – etter 15 år med offentleg innsats gjennom Trebasert Innovasjonsprogram og tidlegare ordningar – no sjølv tek hand om utvikling av verdikjeda og nye produkt som kan styrke lønsemda og konkurranseevna i næringa. Departementet legg til grunn at det framleis vil vere rom for å gi støtte til innovative prosjekt som fremjar bruken av tre gjennom andre program i Innovasjon Noreg, og viser elles til at regjeringa tek sikte på å leggje fram ei melding til Stortinget om skog- og trenæringa hausten 2016. Meldinga skal ha eit verdikjedeperspektiv og peike på moglegheitene for å byggje opp under det grøne skiftet i norsk økonomi. Innspela fra SKOG22-strategien for skog- og trenæringa blir vurderte i arbeidet. Meldinga skal koordinerast med regjeringa sin bioøkonomistrategi.

*Regjeringa vil satse på alternativ næringssutvikling for å gi grunnlag for ein meir framtidsrettet landbruksproduksjon.* Meld. St. 31 (2014–2015) *Garden som ressurs – marknaden som mål* blei handsama av Stortinget våren 2016. Meldinga synleggjer korleis potensialet for auka verdiskaping innan dei landbruksbaserte næringane utanom tradisjonelt jord- og skogbruk kan utløystast. Politikken skal leggje til rette for vekst og utvikling uavhengig av storleiken på gardsbruket og bidra til at landbruksgründerar skal kunne utnytte det totale ressursgrunnlaget i inn- og utmark på landbrukseigedommen utan unødige hinder. Meldinga varslar at regjeringa vil sjå på ei rekke forenklinger generelt og forenklinger i regelverk spesielt for å stimulere til vekst og utvikling. Etablering av Lokalmatdatabasen, revidering av rettleiar til plan- og bygningslova og justering av fleire forskrifter som påverkar moglegheitene for auka

næringsaktivitet, er nokre av tiltaka som er varsla i meldinga. Utviklinga på lokalmatmarknaden er særskilt positiv. Omsetnaden av lokalmat i daglegvaruhandelen auka med 10,3 pst. frå 2014 til 2015. Ein samla Næringskomité peika på at det er eit betydeleg unytta potensial i tilleggsnæringar relatert til mat og drikke, og at ambisjonen som er tydeleggjort i meldinga om at omsetnaden av lokalmat og drikke skal aukast frå 3,5 til 10 mrd. kroner innan 2025, er realistisk.

*Klimatiltak i landbruket skal ha høg prioritet.* Regjeringa vil halde fram med å følgje opp klimaforlik i Stortinget. Arbeidet med å skaffe fram auka kunnskap om korleis jordbruket kan redusere klimagassutsleppa sine, betre kunnskapen om potensialet for lagring av karbon i jord og korleis landbruket må tilpasse seg eit klima i endring vil ha høg prioritet. Det blei semje med Noregs Bondelag i Jordbruksoppgjeret 2016 om at det skal setjast ned eit utval som skal sjå nærrare på korleis jordbruket sin samla utsleppsrekneskap kan vidareutviklast og synleggjera betre. Regjeringa vil også halde fram med klimatiltaka i skogsektoren, som tettare planting etter hogst, gjødsling av skog og styrking av skogplanteforedlinga. Alle desse tiltaka vil bidra til auka volumproduksjon og dermed auka CO<sub>2</sub>-opptak, samstundes som dei gir grunnlag for auka verdiskaping i skognæringa.

*Regjeringa vil leggje til rette for eit kunnskapsbasert og innovativt landbruk.* Forsking, innovasjon og kompetanse er naudsynt for å nå målet om auka berekraftig produksjon av nok og trygg mat og som grunnlag for næringssutvikling og auka verdiskaping i dei mange verdikjedene i sektoren. Ny kunnskap og tett kopling mellom forsking og næringssliv skal bidra til eit meir lønsamt og klimavennleg landbruk. Regjeringa legg vekt på forsking, innovasjon og teknologiutvikling som grunnlag for effektiv og berekraftig produksjon og utnytting av fornybare biologiske ressursar.

Norsk landbruks- og matsektor treng effektive kompetanse- og forskingsmiljø for å ivareta store samfunnsbehov og for å utvikle konkurransedyktige produkt og tenester. I 2015 blei difor Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) oppretta. Instituttet er Noregs største tverrfaglege forskingsinstitutt innanfor landbruk og miljø. Namnet understrekar regjeringa sine store ambisjonar for verksamda og den sentrale rolla i å vidareutvikle bioøkonomien. Instituttet skal bidra til matsikkerheit, berekraftig ressursforvaltning, innovasjon og verdiskaping i verdikjeda for mat, skog og andre biobaserte næringar. Viktige oppgåver er å levere forsking, forvaltningsstøtte, og kunnskap til bruk i

nasjonal beredskap, forvaltning, næringsliv og samfunnet elles. Instituttet har eit omfattande regionalt nærvær.

Landbruk er ei kompetansekrejande næring. Forventingar om auka produksjon, betre lønsemd og evne til gründerskap krev rett kompetanse. Eit godt tilbod av landbruksfagleg utdanning og etter- og vidareutdanning av god kvalitet er difor svært viktig. Det trengst fleire kandidatar med kompetanse som landbrukssektoren etterspør frå alle utdanningsnivå, både frå yrkesfagleg opplæring, fagskolar og høgskole/universitet. For å styrke kompetansehevande tiltak i landbruket som sikrar fagleg kvalitet og fleksibel tilrettelegging, er det vedteke å greie ut ein nasjonal modell for eit agronomutdanningstilbod for vaksne. Arbeidet vil bli gjennomført i samarbeid med næringa og utdanningsstyresmaktene.

*Auka produktivitet og effektivitet i landbruks- og matforvaltninga* står sentralt når Landbruks- og matdepartementet no arbeider med meldingar til Stortinget på politikkområda jordbruk, skogbruk og reindrift. Fleire omorganiseringar i underliggende verksemder skal gi gevinstar som no er i

ferd med å bli realiserte, samstundes som det kontinuerleg blir jobba med effektiviseringsarbeid internt i verksemndene. Talet på årsverk i landbruks- og matforvaltninga er redusert sidan 2010, og arbeidet med å identifisere ytterlegare potensial for å effektivisere forvaltninga vil halde fram. Sjå elles omtale under Del IV Særskilte tema.

Den nye lova om erstatning for naturskadar (naturskadeerstatningslova) tek til å gjelde 1.1.2017. Lova inneber ei forenkling både av regelverket og sakshandsaminga. For å sikre ei rask og effektiv handsaming av naturskadeerstatningssakene er det utvikla eit nytt elektronisk søknads- og sakshandsamingssystem som skal takast i bruk frå same tidspunkt.

Alle statlege verksemder skal i 2016 ta i bruk digital post til innbyggjarane. Overgangen frå papirbasert til digital post vil gi innsparingar for staten, mellom anna i form av reduserte porto-utgifter. For Landbruks- og matdepartementet sitt område inneber dette reduserte utgifter på om lag 2,7 mill. kroner som er trekte ut av ramma for dei aktuelle verksemndene.

## 1.2 Målstrukturen for Landbruks- og matdepartementet

Matsikkerheit	Landbruk over heile landet	Auka verdiskaping	Berekraftig landbruk
Produsere og sikre tilgang til maten forbrukarane etterspør	Balansert geografisk utvikling i landbruket	Konkurrsedyktig råvareproduksjon og næringsmiddelindustri	Ivareta landbrukets kulturlandskap
Sikre forbrukarane trygg mat	Sterkt og effektivt landbruk	Lønsam utnytting av gardens samla ressursar	Berekraftig bruk av og vern om landbrukets areal og ressursgrunnlag
God dyre- og plantehelse og god dyrevelferd	Ei økologisk og økonomisk berekraftig reindrift	Berekraftig skogbruk og konkurrsedyktige skog- og trebaserte verdikjeder	Redusert utslepp av klimagassar, auka lagring av karbon og gode klimatilpassingar
<b>Ei effektiv landbruks- og matforvaltning</b>			
<b>Forsking, innovasjon og kompetanse skal bidra til at hovudmåla i landbruks- og matpolitikken blir nådde</b>			
<b>Ivareta norske interesser og sikre framgang i internasjonale prosessar</b>			

Figur 1.1 Målstruktur for Landbruks- og matdepartementet

Nedanfor følgjer ei kort oversikt over den gjeldande målstrukturen. I del III er det gjort greie for utviklinga på dei enkelte måla og delmåla.

## Matsikkerheit

**Produsere og sikre tilgang til maten forbrukarane etterspør**

Hovudoppgåva til jordbruket er å produsere mat forbrukarane etterspør. Verkemidla til styresmaktene skal innrettast slik at dei bidreg til auka produksjon.

Sjølvforsyningsgraden viser kor stor del av matvareforbruket på engrosnivå, rekna på energibasis, som kjem frå norsk produksjon av jordbruksprodukt. I 2015 var sjølvforsyningsgraden på 50 pst. målt i energi, ein auke frå 47 pst. i 2014. Eit anna mål er heimemarknadsdelen, det vil seie produksjon for heimemarknaden som del av totalmarknaden målt i kroner (verdi). I dag ligg heimemarknadsdelen for matindustrien på om lag 80 pst. For sentrale produkt som ost, kjøtt og mjølk, er heimemarknadsdelen høvesvis 86, 91 og 100 pst.

### Sikre forbrukarane trygg mat

All mat som blir seld i Noreg skal vere trygg. Produksjon av trygg mat skapar tillit og sikrar avsetning av varer og legitimitet for eit levande landbruk og næringsmiddelindustrien. Godt utval av sunn og helsefremjande mat er viktig for forbrukarane. Noreg har få førekomstar av matboren sjukdom samanlikna med andre land, og regjeringa vil bidra til å halde denne gode situasjonen ved lag. Ansvaret for å kjenne til regelverket og finne løysingar som gjer at regelverket blir etterlevd, kviler på den enkelte verksemnda. Mattilsynet har hovudansvaret for å føre tilsyn med at regelverket blir følgt. Regjeringa vil vidareføre arbeidet med effektivisering i Mattilsynet gjennom mellom anna gode IKT-system.

### God dyre- og plantehelse og god dyrevelferd

God plante- og dyrehelse er viktig for mattryggleik, kostnadseffektivitet og ein langsiktig og berikraftig matproduksjon. Ein stor del av det globale potensialet for matproduksjon blir ikkje utnytta i dag på grunn av skadegjerarar i planteproduksjonen og dyresjukdommar. Klimaendringar og auka ferdsel over landegrenser er risikofaktorar for både plante- og dyrehelsa. Dyrehelsa er god i Noreg. Det vil bli lagt vekt på å vidareføre godt førebyggjande arbeid og god samhandling

mellom styresmaktene og næringa for å halde den gode dyrehelsa ved lag. Dyrevelferda er også jamt over god i Noreg samanlikna med andre land. Mattilsynet har prioritert tilsyn med dyrevelferd, men det er framleis utfordringar på enkelte område. Sjølv om regelverket stiller klare krav, er det avgjerande at Mattilsynet er i stand til å følge opp dette gjennom målretta og godt tilsyn. For å styrke oppfølginga av kriminalitet mot dyr, er det etablert eit prøveprosjekt med dyrekrimgrupper i to politidistrikta.

## Landbruk over heile landet

**Balansert geografisk utvikling i landbruket**

Vilkåra for jordbruksdrift varierer mellom ulike delar av landet, og jordbruket bidreg også til andre viktige samfunnsgode enn mat, mellom anna ivaretaking av kulturlandskap, reiseliv og spreidd busetjing. Regjeringa vil leggje til rette for landbruk over heile landet. Dette krev ei geografisk differensiering av verkemidla. Over jordbruksavtalen er det ei rekkje verkemiddel som legg til rette for ei balansert geografiske utvikling i landbruket. Det skal også leggjast til rette for alternativ næringsutvikling for å gi grunnlag for ein meir solid og framtdsretta landbruksproduksjon over heile landet, jf. Meld. St. 31 (2014–2015) *Garden som ressurs – marknaden som mål*, og Stortinget si handsaming av denne.

### Sterkt og effektivt landbruk

Investeringsbehovet i landbruket er stort. Skal ein nå sentrale landbrukspolitiske mål som til dømes landbruk over heile landet og auka verdiskaping, er det naudsynt med gode investeringsordningar som kan stimulere til vidare utvikling og effektivisering av den landbruksbaserte produksjonen. Bedriftsretta midlar til investering og utvikling over Landbruks utviklingsfond (LUF) er dei mest sentrale verkemidla på dette området. Regjeringa prioriterer dette høgt, og avsetninga til ordninga blei auka med 26,5 mill. kroner i årets jordbruksoppgjer.

### Ei økologisk og økonomisk berekraftig reindrift

Reindrifta er ei urfolksnæring som er unik i både nasjonal og internasjonal samanheng, og ho er ein viktig eksponent for samisk kultur og levesett. Reindrifta er også ein forvaltar av ein sentral nasjonal og samisk kulturarv. Det er ei politisk målsetjing å vidareføre og styrke arbeidet med å utvikle reindriftsnæringa som ei rasjonell og mar-

knadsorientert næring som er berekraftig i eit langsiktig perspektiv. I tråd med regjeringa si politiske plattform skal tiltak som legg til rette for ei økologisk berekraftig reindrift prioriterast. Sjølv om innrapporterte tal viser at ein no har tilnærma eit reinalt i samsvar med fastsett tal i bruksreglane, er det likevel naudsynt å fortsetje arbeidet slik at reintalet held seg på eit berekraftig nivå. Kontroll av reintalet og tiltak som sikrar eit stabilt reinalt, har difor høgaste prioriteten i 2017.

## Auka verdiskaping

Konkurransedyktig råvareproduksjon og næringsmiddelindustri

Landbrukspolitikken skal leggje til rette for ein kostnadseffektiv matproduksjon. Regjeringa vil styrke landbruket gjennom forenkling av lover, reglar og støtteordningar, og sikre landbruket føreseielege rammevilkår som kan bidra til at næringa si samla lønsemd kan bli betre i åra som kjem. Det er avgjerande at utøvarane i landbruket skal kunne ha ei inntektsutvikling og sosiale vilkår på line med andre grupper.

Det er ei gjensidig binding mellom norsk næringsmiddelindustri og norsk landbruk. Det er viktig å halde ved lag norsk matproduksjon som kan sikre tilgang på norske råvarer til næringsmiddelindustrien over heile landet, for å sikre at norske forbrukarar får den maten dei ønskjer.

### Lønsam utnytting av gardens samla ressursar

Potensialet for auka verdiskaping basert på landbruksressursane er stort. Landbruket er ei innovasjonsdriven næring som har sett verdien av å ta i bruk ny teknologi og nye produksjonsmåtar for å auke produktiviteten og effektivisere drifta. Landbruks- og matpolitikken skal bidra til lønsam utnytting av dei samla ressursane på garden. Innanfor basislandbruket er det særskilt behov for verkemiddel som kan stimulere til modernisering av driftsapparatet, skape rasjonelle driftseiningar og effektivisere produksjonen. Innanfor andre landbruksbaserte næringar er det behov for verkemiddel som kan stimulere til meir entreprenørskap, auka lønsemd og sysselsetjing.

### Berekraftig skogbruk og konkurransedyktige skog- og trebaserte verdikjeder

Skogbruk og trebasert industri er viktig både som næring og som bidrag til å løyse klimautfordrингane. Skog- og trenæringa har potensial til å gi enda større positive nærings-, miljø- og klima-

bidrag enn i dag. Tre er viktig som råstoff til energi og som bygningsmateriale. Noreg er langt framme når det gjeld innovativ bruk av tre, mellom anna i bruer og i bygg. Skog og tre bind karbon, samstundes som biomasse kan vere eit klima- og miljøvennleg alternativ til energi og produkt som i dag blir produserte med fossilt råstoff. Det er også stort behov for ein tidsmessig infrastruktur som sikrar tilgang til skogressursane. Noreg har framleis den lågaste dekninga av skogsvegar i Skandinavia, og det er også eit betydeleg behov for tømmerterminalar og tømmerkaier. Regjeringa held fram arbeidet med å styrke infrastrukturen i skogbruket i 2017, og vil på den måten gjere det enklare for dei næringsdrivande å avverke tømmer og plante ny skog.

## Berekraftig landbruk

### Ivareta landbrukets kulturlandskap

Kulturlandskapet er blitt til gjennom menneskeleg aktivitet og er i kontinuerleg endring. Aktiv drift i landbruket utviklar og held ved like kulturlandskapet. Eit variert og godt ivareteke kulturlandskap er attraktivt for turistnæringa, friluftsliv, rekreasjon, jakt og fiske. Det kan gi grunnlag for etablering av ny næringsverksemder og formidling av viktige verdiar, historie, tradisjonar og naturkunnskap. Særleg vil beitebruk ha stor nytte for å hindre attgroing og for å utnytte fôrverdiane i både inn- og utmark.

Landbruks- og matdepartementet har, saman med Klima- og miljødepartementet, valt ut 22 ulike kulturlandskap, der det blir lagt særskilt vekt på å bevare viktige landskap og kulturmiljø gjennom langsiktig skjøtsel og vedlikehald. Dette arbeidet vil bli ført vidare også i 2017. Departementet vil også føre vidare ordningar for å halde kulturlandskapet i utmark ved lag gjennom beite.

### Berekraftig bruk av og vern om landbrukets areal og ressursgrunnlag

Rett bruk av og vern om arealressursane er viktig for å oppnå målet om auka matproduksjon. Både mengda av og kvaliteten på jorda er avgjørende for landbruket og måloppnåinga i landbruket. Det er difor viktig å ta vare på gode jordbruksareal og matjord. Samstundes må jordvernet balanserast mot storsamfunnet sine behov. Stortinget har fastsett det årlege målet for omdisponeringa av dyrka jord til under 4 000 dekar, og bedt regjeringa om at målet blir nådd gradvis innan 2020.

Regjeringa sitt arbeid for ei meir lønsam landbruksnæring med auka matproduksjon og styrkt eigedomsrett er også retta inn mot å halde omdisponeringa av dyrka mark på eit lågt nivå.

Klimaendringar og press på ressursgrunnlaget utgjer eit trugsmål mot målet om auka matproduksjon. Desse utfordringane krev gode tilpassingar i landbruket. Dei genetiske ressursane hos husdyr og matvekstar er ein vesentleg del av det biologiske grunnlaget for auka matproduksjon. God forvaltning av dei genetiske ressursane gjennom bruk og vern er viktig for god måloppnåing i landbruket.

#### **Reduserte utslepp av klimagassar, auka lagring av karbon og gode klimatilpassingar**

Regjeringa vil føre ein offensiv klimapolitikk og forsterke klimaforliket. Alt landbruk startar med og føreset opptak av CO<sub>2</sub>. Landbruket er også opphav til utslepp av klimagassar, men gir samstundes positive bidrag gjennom lagring av karbon i skog og jord. Klimaendringane vil endre føresetnadene for planteproduksjon i Noreg og globalt. God tilpassing til eit klima i endring blir viktig for å bli mindre sårbar og for å utnytte moglegheitene som følger med klimaendringane. Regjeringa vil i 2017 halde fram med klimatiltak i skogsektoren. Departementet vil også føre vidare arbeidet med utsleppsreduserande tiltak i jordbruket, og generelt legge større vekt på klimapolitiske mål i forvaltninga av norske skogar, mellom anna ved å bidra til auka aktivitet i skogbruket.

#### **Ei effektiv landbruks- og matforvaltning**

Ei enkel og brukarvennleg forvaltning med god kvalitet

Landbruks- og matforvaltninga skal vere brukarvennleg og kjenneteikna av god kvalitet i alle ledd. For å oppnå dette krev det at heile forvaltninga legg vekt på å gjere forbeteringar og å effektivisere prosessar i lys av utviklinga i samfunnet og nye krav. Større omorganiseringar har dei siste åra funne stad i landbruks- og matforvaltninga. Gevinstane skal nyttast til å betre forvaltninga og oppgåveløysinga. Digitalisering av offentlege tenester og interne arbeidsprosessar er viktig for å nå målet om ei enkel og brukarvennleg forvaltning, og verksemndene under Landbruks- og matdepartementet utfører omfattande arbeid for å utvikle og ta i bruk ulike løysingar. Sjå elles omtale under Del IV Særskilde tema.

#### **Gode system for samfunnstryggleik og beredskap**

Landbruks- og matdepartementet har ansvar for samfunnstryggleik og beredskap i eigen sektor, hovudsakleg knytt til matproduksjon og mattriggleik. Departementet er oppteke av at arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap skal vere spørbart og integrert i departementet sitt planverk, styringssystem og i styringsdialogen med underliggende verksemder. Viktige element i dette arbeidet er å sikre personell og kritisk infrastruktur på best mogleg vis, slik at departementet og underliggende verksemder i størst mogleg grad kan drive verksemda vidare, uavhengig av uønskte hendingar og kriser.

#### **Forsking, innovasjon og kompetanse skal bidra til at hovedmåla i landbruk og matpolitikken blir nådde**

For å nå dei landbruks- og matpolitiske hovedmåla må løyingane til forsking, innovasjon og kompetanse vere mest mogleg målretta. Samstundes er det viktig at resultata frå forskinga er tilgjengeleg for næring og forvaltning og at instituttsektoren er effektiv og solid og har eit godt samspel med andre.

Forsking, innovasjon og teknologiutvikling skal danne grunnlag for effektiv og berekraftig produksjon og utnytting av fornybare biologiske ressursar. Tett kopling mellom forsking og næringsliv vil vere sentralt for å utnytte potensialet. Tilsvarande vil internasjonalt forskingssamarbeid vere viktig for å heve kvaliteten i forskinga. Landbruks- og matforskninga må følgjast opp med målretta formidling slik at ny kunnskap på ein rask og effektiv måte når ut til aktørane som kan ta kunnskapen i bruk. For å lukkast med dette er det naudsynt å sikre eit godt samarbeid mellom dei ulike aktørane i landbruks- og matnæringa.

God rekruttering av fagpersonar med rett kompetanse er viktig for å sikre eit aktivt landbruk, verdiskaping og busetjing i heile landet.

#### **Ivaretake norske interesser og sikre framgang i internasjonale prosessar**

Utviklinga i norsk landbruk og matindustri heng nøye saman med utviklinga internasjonalt. Det er ei rekke internasjonale avtalar som dekkjer mellom anna handel, plante- og dyrehelse, skog og klima. Mange avtalar blir fornya med jamne mellomrom. Noreg har i fleire av desse særeigne nasjonale interesser som må inkluderast i avtaleverket, mellom anna med basis i naturgitte for-

hold, kostnadsnivå og nasjonale landbruks- og matpolitiske mål.

WTO-regelverket, inkludert landbruksavtalen, legg rammer for utforminga av verkemidla i landbrukspolitikken. Vidare legg EØS-avtalen klare føringar på regelverket for mat og innsatsfaktorar i Noreg. Det norske regelverket er harmonisert med regelverk i EU på matområdet. Regjeringa legg vekt på å ivareta norske interesser ved å bidra tidlegare i prosesser og politikkutforming i EU enn dei formelle og uformelle foruma EØS-avtalen gir tilgang til. Regjeringa vil innanfor gitte rammer for landbrukspolitikken arbeide for ein

friare handel med landbruksvarer. Arbeidet med multilaterale avtalar gjennom Verdas handelsorganisasjon (WTO) og innanfor EØS-avtalen vil bli prioritert.

Noreg deltek også i ei rekke andre internasjonale forum på landbruks- og matområdet, både globale og regionale, og både innanfor og utanfor FN-systemet. Departementet vil bidra i desse, mellom anna for å bidra til berekraftig utvikling, global matsikkerheit, berekraftig skogforvaltning, bevaring av genetiske ressursar, styrking av landbruks- og bønder si stilling i den tredje verda og auka handel mellom land.

### 1.3 Hovudtrekk ved budsjettframlegget

Nemning	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17	mill. kr
<i>Programområde 15 Landbruk og mat</i>				
15.00 Administrasjon m.m.	149,8	167,7	11,9	
15.10 Matpolitikk	1 298,0	1 465,1	12,9	
15.20 Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling	670,5	836,9	24,8	
15.30 Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak	15 343,9	15 525,2	1,2	
<b>Sum Landbruks- og matdepartementet</b>	<b>17 462,2</b>	<b>17 994,8</b>	<b>3,0</b>	

Regjeringa gjer framlegg om å løyve om lag 18,0 mrd. kroner på Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett. Dette er ein auke på 532,6 mill. kroner, eller om lag 3 pst., frå saldert budsjett 2016. Den største delen av auken er knytt til jordbruksavtalen og tekniske endringar knytte til pensjonsavsetningar og innlemming av Fondet for forskingsavgift på statsbudsjettet.

Hovudprioriteringane i budsjettframlegg for Landbruks- og matdepartementet er:

- auka matproduksjon
- oppgradering og fornying av infrastrukturen i skogbruket
- innsats mot antibiotikaresistente bakteriar
- forsking for betre utnytting av bioøkonomien

Innretninga av verkemidla over jordbruksavtalen skal leggje til rette for auka matproduksjon. Løyvingar som følger av jordbruksavtalen utgjer ein betydeleg del av budsjettet. Årets avtale gir grunnlag for ein inntektsauke for jordbruksavtalen på 3,1 pst. per årsverk. Løyvingane er føreslått auka med om

lag 190,5 mill. kroner, av dette 100 mill. kroner som følgje av jordbruksoppgjeret og om lag 90 mill. kroner som følgje av kvantumsjusteringar. Kvantsjusteringane kjem særleg av auka produksjon av korn og kjøtt.

Regjeringa legg også opp til ein auka innsats mot utvikling av antibiotikaresistente bakteriar, ein auka forskingsinnsats på bioøkonomiområdet og tiltak mot Chronic Wasting Disease (CWD) hos hjortedyr.

Regjeringa foreslår å auke tilskotta til infrastrukturtiltak i skogbruket med 29 mill. kroner. Nye og oppgraderte skogsvegar og tømmerkaier vil vere viktige bidrag til å betre lønsemada i skogbruket. Midlane til infrastruktur vil mellom anna vere retta mot kystfylka på Vestlandet, og gi bidrag til aktivitet og sysselsetjing i desse områda.

Regjeringa vil prioritere breie verkemiddel framfor næringsspesifikke program. Dette bidreg til at det er dei beste prosjekta som mottek støtte og til at ein mindre del av løyvingane blir nytta til administrasjon. Det blir difor gjort framlegg om å

avvikle løvvinga til trebasert innovasjonsprogram. Skog- og tresektoren har moglegheit til å søkje midlar under dei breie ordningane som Innovasjon

Noreg har. Regjeringa legg etter planen fram ei melding om skog- og trenæring hausten 2016, som omtalar skogpolitiske prioriteringar framover.

## **1.4 Oversiktstabellar**

### **Utgifter fordelte på postgrupper**

Post-gr.	Nemning	Rekneskap		Saldert	Forslag	(i 1 000 kr)
		2015	budsjett 2016	2017	Pst. endr. 16/17	
01–24	Driftsutgifter	1 585 599	1 587 075	1 776 682	11,9	
30–49	Investeringar	45 642	4 536	3 992	-12,0	
50–59	Overføringer til andre statsrekneskap	1 983 648	2 013 050	2 110 289	4,8	
60–69	Overføringer til kommunesektoren	134 933	138 846	142 664	2,7	
70–89	Overføringer til private	13 745 988	13 718 741	13 961 139	1,8	
	Sum under departementet	17 495 809	17 462 248	17 994 766	3,0	

### **Utgifter fordelte på programkategoriar**

Kat.	Nemning	Rekneskap		Saldert	Budsjettets stilling pr 1. halvår	Forslag
		2015	budsjett 2016	2017		
15.00	Administrasjon m.m.	186 816	149 825	149 825	167 672	
15.10	Matpolitikk	1 316 562	1 297 985	1 297 985	1 465 067	
15.20	Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling	561 768	670 497	670 497	836 864	
15.30	Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak	15 430 663	15 343 941	14 140 888	15 525 163	
	Sum programområde 15	17 495 809	17 462 248	16 259 195	17 994 766	

### **Inntekter fordelte på programkategoriar**

Kat.	Nemning	Rekneskap		Saldert	Budsjettets stilling pr 1. halvår	Forslag
		2015	budsjett 2016	2017		
15.00	Administrasjon m.m.	87 842	1 002	1 002	1 027	
15.10	Matpolitikk	174 108	162 505	162 505	199 495	
15.20	Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling		19 775	19 775	20 286	
15.30	Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak	228 117	175 569	175 569	351 496	
15.40	Forretningsdrift	89 895	29 500	29 500	18 060	
	Sum programområde 15	579 962	388 351	388 351	590 364	

**Utgifter fordele på kapittel**

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
<b>Administrasjon m.m.</b>					
1100	Landbruks- og matdepartementet	186 816	149 825	167 672	11,9
	<i>Sum kategori 15.00</i>	<i>186 816</i>	<i>149 825</i>	<i>167 672</i>	<i>11,9</i>
<b>Matpolitikk</b>					
1112	Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet	131 276	92 327	95 938	3,9
1115	Mattilsynet	1 185 286	1 205 658	1 369 129	13,6
	<i>Sum kategori 15.10</i>	<i>1 316 562</i>	<i>1 297 985</i>	<i>1 465 067</i>	<i>12,9</i>
<b>Forskning, innovasjon og kunnskapsutvikling</b>					
1136	Kunnskapsutvikling m.m.	112 069	222 448	226 646	1,9
1137	Forskning og innovasjon	449 699	448 049	610 218	36,2
	<i>Sum kategori 15.20</i>	<i>561 768</i>	<i>670 497</i>	<i>836 864</i>	<i>24,8</i>
<b>Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak</b>					
1138	Støtte til organisasjoner m.m.	29 366	38 800	35 760	-7,8
1139	Genressursar, miljø- og ressursregistreringar	39 475	24 019	24 019	0,0
1141	Kunnskapsutvikling m.m. innan miljø- og næringstiltak i landbruket	63 751			
1142	Landbruksdirektoratet	442 131	427 777	439 764	2,8
1144	Regionale og lokale tiltak i landbruket	9 505	4 118		-100,0
1148	Naturskade – erstatningar	151 191	188 728	169 000	-10,5
1149	Verdiskapings- og utviklingstiltak i skogbruket	96 025	133 751	137 817	3,0
1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	14 456 015	14 389 377	14 579 932	1,3
1151	Til gjennomføring av reindriftsavtalen	119 353	113 000	114 500	1,3
1161	Myndighetsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver på statsgrunn	23 851	24 371	24 371	0,0
	<i>Sum kategori 15.30</i>	<i>15 430 663</i>	<i>15 343 941</i>	<i>15 525 163</i>	<i>1,2</i>
	<i>Sum utgifter</i>	<i>17 495 809</i>	<i>17 462 248</i>	<i>17 994 766</i>	<i>3,0</i>

**Inntekter fordelt på kapittel**

Kap.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	(i 1 000 kr)	
				Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
<b>Administrasjon m.m.</b>					
4100	Landbruks- og matdepartementet	87 842	1 002	1 027	2,5
	<i>Sum kategori 15.00</i>	<i>87 842</i>	<i>1 002</i>	<i>1 027</i>	<i>2,5</i>
<b>Matpolitikk</b>					
4112	Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet	19 464			
4115	Mattilsynet	154 644	162 505	199 495	22,8
	<i>Sum kategori 15.10</i>	<i>174 108</i>	<i>162 505</i>	<i>199 495</i>	<i>22,8</i>
<b>Forskning, innovasjon og kunnskapsutvikling</b>					
4136	Kunnskapsutvikling m.m.		19 775	20 286	2,6
	<i>Sum kategori 15.20</i>		<i>19 775</i>	<i>20 286</i>	<i>2,6</i>
<b>Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak</b>					
4142	Landbruksdirektoratet	56 352	40 569	41 496	2,3
4150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	45			
4162	Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap	34 074	10 000	25 000	150,0
5576	Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet	137 645	125 000	285 000	128,0
	<i>Sum kategori 15.30</i>	<i>228 117</i>	<i>175 569</i>	<i>351 496</i>	<i>100,2</i>
<b>Forretningsdrift</b>					
5651	Aksjar i selskap under Landbruks- og matdepartementet	33 150	5 000		-100,0
5652	Statskog SF – renter og utbytte	56 745	24 500	18 060	-26,3
	<i>Sum kategori 15.40</i>	<i>89 895</i>	<i>29 500</i>	<i>18 060</i>	<i>-38,8</i>
	<i>Sum inntekter</i>	<i>579 962</i>	<i>388 351</i>	<i>590 364</i>	<i>52,0</i>

## 1.5 Oppmodingsvedtak

Tabell 1.1 Oversikt over oppmodings- og utgreiingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Omtalt side
2014–2015	58, 254	Forbod mot pelsdyroppdrett	34
2014–2015	416	Konkurranse og effektivitet i daglegvaremarknaden	72
2014–2015	451	Handlingsplan for antibiotikaresistens	35
2014–2015	573	Problemstillinger knytt til myr	72
2015–2016	94	Produksjonstap som følgje av MRSA	35
2015–2016	135	Veterinærinstituttets verksemid i Tromsø og Harstad	36
2015–2016	136	Eigenandel ved obduksjon	36
2015–2016	140	Omdisponeringsmål	73
2015–2016	141	Jordvern	73
2015–2016	455	Utfasing av eksportstøtte	75
2015–2016	483	Konsesjonslova og tvangsfyllbyrdingslova	75
2015–2016	484	Priskontroll ved overtaking av landbrukseigedom med bustadhus	76
2015–2016	485	Beløps- og arealgrenser, priskontroll	76
2015–2016	486	Arealgrenser for buplikt	76
2015–2016	487	Arealgrenser for odlingsjord	76
2015–2016	488	Priskontroll på skogeigedommar	76
2015–2016	489	Overdraging utan deling og konsesjon	76
2015–2016	490	Priskontroll på kombinerte jord- og skogbrukseigedommar	76
2015–2016	491	Oppfølging av priskontrollen	76
2015–2016	510	Mangfold av pollinerande insekt	36

## 1.6 Oversikt over stikkordet «kan overførast»

*Under Landbruks- og matdepartementet blir stikkordet føreslått knyttet til desse postane utenom postgruppe 30–49*

Kap.	Post	Nemning	(i 1 000 kr)	
			Overført til 2016	Forslag 2017
1100	21	Spesielle driftsutgifter	614	1 545
1137	71	Innovasjonsaktivitet mv., tiltak bioøkonomi	1	10 073
1138	70	Støtte til organisasjonar		29 509
1138	71	Internasjonalt skogpolitisk samarbeid – organisasjonar og prosessar	2 500	1 251
1139	71	Tilskott til genressursforvaltning og miljøtiltak	1 240	24 019
1142	71	Omstillingstiltak i Indre Finnmark	11 292	4 400
1142	80	Radioaktivitetstiltak	600	500
1149	71	Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket	74 407	95 570
1149	73	Tilskott til skog-, klima- og energitiltak	18 393	42 247
1150	21	Spesielle driftsutgifter	8 275	21 500
1150	70	Marknadsregulering	12 859	315 100
1150	74	Direkte tilskott	7 329	7 965 410
1150	77	Utviklingstiltak	9 925	246 380
1150	78	Velferdsordningar	17 898	1 541 954
1151	75	Kostnadssenkande og direkte tilskott	3 994	74 200
1151	79	Velferdsordningar	451	2 600

<sup>1</sup> Delar av løvyinga under kap. 1137, post 71 låg i 2016 under kap. 1149, post 74. Overføringa var på 6,440 mill. kroner.



*Del II*  
*Budsjettframlegg*



## 2 Nærare omtale av løvvingsforslaga

### Programområde 15 Landbruk og mat Programkategori 15.00 Administrasjon m.m.

Utgifter under programkategori 15.00 fordelte på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag	Pst. endr.
		2015	budsjett 2016	2017	16/17
1100	Landbruks- og matdepartementet	186 816	149 825	167 672	11,9
	Sum kategori 15.00	186 816	149 825	167 672	11,9

Inntekter under programkategori 15.00 fordelte på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag	Pst. endr.
		2015	budsjett 2016	2017	16/17
4100	Landbruks- og matdepartementet	87 842	1 002	1 027	2,5
	Sum kategori 15.00	87 842	1 002	1 027	2,5

#### Mål og strategiar

Departementet sitt ansvarsområde dekkjer heile verdikjeda frå primærprodusent til forbrukar, medrekna juridiske og økonomiske verkemiddel for mat, jordbruk, skogbruk, reindrift, klima- og miljøtiltak i sektoren og nye landbruksbaserte næringar. Landbruks- og matdepartementet har som tverrgåande mål at forvaltninga skal vere effektiv, tilby enkle og brukarvennlege løysingar og vere kjenneteikna av å ha god kvalitet. Sjå også omtale under del III.

#### Prioriteringar

Regjeringa innførte i 2015 ei avbyråkratiserings- og effektiviseringsreform. Kravet om mindre

byråkrati og ein meir kostnadseffektiv bruk av statlege midlar vil gjelde det meste av statleg forvaltning, også landbruks- og matforvaltninga. Arbeidet med forenkling av byråkratiske prosesser og oppgåver, som har som mål å gi effektive ringverknader og reduserte totalkostnader for samfunnet, vil difor ha høg prioritet også i 2017. I tillegg vil viktige prioriteringar for departementet på det administrative området vere å halde fram arbeidet med å utvikle god styring av underliggende verksemder og vidareføre arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Sjå også omtale av prioriteringane på dei ulike fagområda under dei respektive budsjettkapitla i proposisjonen.

## Kap. 1100 Landbruks- og matdepartementet

Post	Nemning	Rekneskap 2015	(i 1 000 kr)	
			Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Driftsutgifter	146 584	145 916	163 144
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	328	962	1 545
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald – ordinære forvaltningsorgan, <i>kan overførast, kan nyttast under post 50</i>	39 624	2 660	2 693
50	Større utstyrskjøp og vedlikehald – forvaltningsorgan med særskilde fullmakter	280	287	290
Sum kap. 1100		186 816	149 825	167 672

### Post 01 Driftsutgifter

#### Formål med løyinga

Landbruks- og matdepartementet har ansvaret for å utvikle og setje i verk den overordna politikken innan områda mat, jordbruk, skogbruk, reindrift, klima- og miljøtiltak i sektoren og nye landbruksbaserte næringar. Posten skal dekkje løn og driftsutgifter i departementet. Dei tilsette utgjer den viktigaste ressursen for departementet, og det blir lagt stor vekt på at dei har god samfunnsforståing, samarbeidsevne, effektivitet i oppgåveløysinga og høg fagleg kompetanse.

#### Rapportering 2015

Det blei nytta om lag 147 mill. kroner til drift av Landbruks- og matdepartementet i 2015. Om lag 70 pst. av løyinga blei nytta til løn, mens resten blei nytta til husleige, inventar, drift og utvikling av IKT, reiseutgifter, kurs og konferanseverksamhet og tiltak for kompetanseutvikling. Departementet hadde per 1.1.2016 137,5 årsverk. Dette er ein nedgang på 7,4 årsverk samanlikna med 2015.

#### Budsjettframlegg 2017

Departementet gjer framlegg om ei løying på 163,1 mill. kroner til drift av departementet. Auken i budsjettet kjem i hovudsak at av det frå 2017 blir budsjettert også med premie til Statens pensjonskasse, noko som tidlegare har blitt budsjettert under Statens pensjonskasse, jf. omtale i Gul bok.

### Post 21 Spesielle driftsutgifter

#### Formål med løyinga

Midlane på posten blir nytta til godtgjering til utgreiingsutval og andre særskilde prosjektrelaterte kostnader i Landbruks- og matdepartementet.

#### Rapportering 2015

Det blei nytta om lag 300 000 kroner til pelsdyrutvalet og andre utgreiinger.

#### Budsjettframlegg 2017

Departementet gjer framlegg om ei løying på 1,545 mill. kroner. Av dette er om lag 0,5 mill. kroner midlar som tidlegare blei budsjettert under kap. 1144, post 77 til dekking av departementet sitt ansvar for KOSTRA og etter- og vidareutdanning i samfunnsplanlegging.

### Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald – ordinære forvaltningsorgan

#### Formål med løyinga

Løyinga kan nyttast til finansiering av store innkjøp og ekstraordinære utgifter i departementet, ved eigedommane til departementet og til delvis dekking av tilsvarande utgifter ved dei ordinære forvaltningsorgana under departementet. Løyinga kan også nyttast til utgifter i samband med sal og taksering av eigedommar. I samband med opprettinga av Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO), vedtok departementet ein regional struktur for instituttet som i nokre høve skil seg

frå strukturen dei enkelte institutta har hatt tidlegare. Det kan difor bli aktuelt å avhende heile eller delar av eigedommar som departementet står som eigar av. Utgifter til arbeid med dette kan også førast over posten.

### Rapportering 2015

I 2015 blei det nytta om lag 39,6 mill. kroner til større utstyrskjøp og vedlikehald. Dei største utgiftene var knytte til vedlikehald ved departementet sin eigedom i Sikkilsdalen i Nord-Fron kommune, utgifter i samband med sal av departementet sin eigedom på Kjeller i Skedsmo, utgifter i tilknyting til opprettinga av NIBIO og investeringsbehov i instituttet og utgifter til digitalisering av kjøttkontrollen i Mattilsynet.

### Budsjettframlegg 2017

Departementet vil gjennomføre naudsynt opprusting og reparasjonar ved ulike eigedommar som departementet har ansvar for. Departementet gjer framlegg om ei løyving over posten på 2,693 mill. kroner. Posten blir sett i samband med og kan nyttast under post 50.

Det kan også i 2017 bli aktuelt med sal av eigedom under departementet, jf. omtale under kap.

4100, post 40. Departementet gjer difor framlegg om at unytta meirinntekter frå sal av eigedom kan reknast med ved utrekning av beløp som kan overførast på posten. Eventuelle inntekter frå sal av eigedommar kan også nyttast til å dekkje større utgifter som følge av omorganiseringar i ytre etatar og institutt.

### Post 50 Større utstyrskjøp og vedlikehald – forvaltningsorgan med særskilde fullmakter

#### Formål med løyvinga

Løyvinga kan nyttast til finansiering av store nyinnkjøp og ekstraordinært vedlikehald i dei nettbudsjetterte institutta under departementet.

### Rapportering 2015

I 2015 blei det nytta 280 000 kroner på posten til tiltak knytt til etableringa av Norsk institutt for bioøkonomi.

### Budsjettframlegg 2017

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 290 000 kroner over posten i 2017. Midlane vil nyttast ut frå dokumenterte behov i instituttsektoren.

## Kap. 4100 Landbruks- og matdepartementet

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Refusjonar m.m.	28	115	117
30	Husleige	1 305	887	910
40	Sal av eigedom	86 508		
	Sum kap. 4100	87 842	1 002	1 027

### Post 30 Husleige

Veterinærmedinsk oppdragssenter AS (VESO) leiger lokale i departementet sine lokale på Adamstua i Oslo. I tråd med leigekontrakten som blei inngått i 2015, gjer departementet framlegg om ei inntekt på 910 000 kroner for 2017.

### Post 40 Sal av eigedom

Landbruks- og matdepartementet selde i 2015 ei større utbyggingstomt i Skedsmo kommune, ein

tidlegare forsøksgard i Bodø kommune og eit bustadhus ved Holt i Tromsø.

Det kan også i 2017 bli aktuelt å selje festetomter, tomter, bygningar, areal m.m. Departementet gjer difor framlegg til Stortinget om fullmakt til å selje opphavleg og innkjøpt statseigedom for inntil 25 mill. kroner, jf. framlegg til vedtak V, og at departementet kan overskride løyvinga tilsvarende meirinntekter frå sal av eigedom, jf. forslag til vedtak II.

## Programkategori 15.10 Matpolitikk

Utgifter under programkategori 15.10 fordelte på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag	(i 1 000 kr)
		2015	budsjett 2016	2017	Pst. endr. 16/17
1112	Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet	131 276	92 327	95 938	3,9
1115	Mattilsynet	1 185 286	1 205 658	1 369 129	13,6
	<b>Sum kategori 15.10</b>	<b>1 316 562</b>	<b>1 297 985</b>	<b>1 465 067</b>	<b>12,9</b>

Inntekter under programkategori 15.10 fordelte på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag	(i 1 000 kr)
		2015	budsjett 2016	2017	Pst. endr. 16/17
4112	Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet	19 464			
4115	Mattilsynet	154 644	162 505	199 495	22,8
	<b>Sum kategori 15.10</b>	<b>174 108</b>	<b>162 505</b>	<b>199 495</b>	<b>22,8</b>

### Mål og strategiar

Budsjettframlegget omfattar Mattilsynet og grunnløyvinga til oppgåver innanfor kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap ved Veterinærinstituttet. Sjå også Prop. 1 S (2016–2017) frå Nærings- og fiskeridepartementet for nærmare omtale av Veterinærinstituttet. Budsjettframlegget er viktig for arbeidet med å nå matpolitiske mål og skal særleg bidra til å nå måla i matlova, dyrevelferdslova og dyrehelsepersonellova. Ein del av desse måla har ikkje direkte samanheng med matproduksjon. Framlegget omfattar i tillegg Mattilsynet sitt arbeid for å nå måla i kosmetikklova, husdyravlslova og planteforedarlova.

Det faglege ansvaret på matområdet er delt mellom Helse- og omsorgsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Landbruks- og matdepartementet. Det er eit omfattande og nært samarbeid mellom desse departementa.

Regjeringa sin matpolitikk dekkjer heile matproduksjonskjeda frå jord og fjord til bord. Målstrukturen på dette politikkområdet skil seg difor noko frå måla for landbruks- og matpolitikken, slik dei er omtalte i andre kapittel i denne budsjettproposisjonen.

Hovudmåla på det matpolitiske området er:

- å sikre trygg mat og trygt drikkevatn
- å fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn
- å fremje god plantehelse og god helse og vel-ferd hos landdyr og fisk

Andre viktige omsyn er:

- tilrettelegging for marknadstilgang for norske produkt
- sunt kosthald og gode matopplevingar
- nyskaping, mangfold, matkultur og verdiskap-ing
- langsiktig matforsyning og berekraftig og miljøvennleg produksjon

Regjeringa legg vekt på ønske og behov hos forbrukarane. Ein mangfaldig matmarknad og lovfesta matinformasjon som er rett, relevant og lett tilgjengeleg, er viktige føresetnader for at forbrukarane skal kunne gjere informerte val og utøve makt i matmarknaden. Offentleg regulerte frivillige merkeordningar for mat skal også bidra til dette.

Regjeringa legg vekt på at rammevilkåra for næringsaktørane, mellom anna regelverk og tilsyn, blir fastsette og utøvdé på ein slik måte at ein ikkje skapar konkurransevridingar, samstundes som verksemidene må kunne nytte den fleksibiliteten som ligg i regelverket.

Omfattande handel med innsatsvarer, planter, dyr og mat over landegrensene krev eit sterkt internasjonalt samarbeid. Difor blir krava på matområdet i stor grad utforma internasjonalt. Handelen må skje i samsvar med internasjonale avtalar og basert på internasjonale standardar. Dette er viktig for å sikre at varene vi importerer, er trygge og møter krava til forbrukarane og for å fremje god plante- og dyrehelse. For at norsk eksport ikkje skal bli hindra av urettvise krav frå importlanda, må Noreg vere leiande på overvaking, risikovurderingar og forsking, særleg når det gjeld sjømat og fiskehelse. Dette legg grunnlaget for at norske synspunkt blir høyrde i internasjonale fora som utformar regelverk og standardar. Aktiv norsk deltaking i internasjonale fora er naudsynt, både for å påverke innhaldet i standardar og regelverk og for å utvikle kunnskap og erfaring.

Noreg tek aktivt del i internasjonalt samarbeid på matområdet, mellom anna i Codex Alimentarius Commission, FN sin organisasjon for ernæring og landbruk (FAO) og Verdas helseorganisasjon (WHO) sin organisasjon for matvarestandardar), Verdas dyrehelseorganisasjon (OIE) og den internasjonale plantevernkvensjonen (IPPC). Organisasjonane utviklar standardar som blir lagt til grunn i avtaleverket om mattriggleik, helse og miljø under Verdas handelsorganisasjon (WTO) (SPS-avtalen og TBT-avtalen). Desse avtalane legg også premissar for regelverket i EU/EØS.

Hovuddelen av regelverket på matområdet er harmonisert innanfor EØS. EØS-avtalen er basert på at regelverket i EU og Noreg så raskt som mogleg skal vere felles. Effektive og gode EØS-rutinar er difor svært viktige. Regjeringa legg vekt på ein open og aktiv europapolitikk med tidleg involvering av interessentane, tydelege posisjonar og målretta innsats i dei fasane av den løpende regelverksutviklinga der EØS-avtalen gir Noreg best tilgang. For større eller viktige rammettsakter som blir handsama i Europaparlamen-

tet eller Rådet, blir det lagt vekt på påverknad opp mot desse organa.

Mattilsynet er den sentrale norske myndighetsaktøren i gjennomføringa av matpolitikken. Oppgåvene omfattar Regelverksutvikling, tilsyn, rettleiing, kartlegging og overvaking i heile matproduksjonskjeda, frå innsatsvarer og primærproduksjon til omsetnad til forbrukarane.

Mattilsynet vil arbeide for å bli meir effektive og synlege, mellom anna ved meir bruk av målretta inspeksjonar med færre kontrollpunkt, såkalla *punktilsyn*. Slike tilsyn dannar grunnlaget for utvikling av store og små tilsynskampanjar, og er eit satsingsområde for å auke synleggjeringa av Mattilsynet.

Ansvaret for å kjenne til regelverket og finne løysingar som gjer at dei etterlever regelverket, kviler på den enkelte verksemda. Mattilsynet har hovudansvaret for å føre tilsyn med at regelverket blir etterlevd. Samstundes er aktiv rettleiing om regelverket viktig. Mattilsynet vil halde fram innsatsen for å informere betre om regelverket og gjere det lettare tilgjengeleg. Når det er naudsynt for å nå måla, vil Mattilsynet handheve regelverket ved å nytte dei verkemidla lovverket stiller til rådvelde.

God kunnskap og vitskapleg dokumentasjon er avgjeraende for å nå måla i matpolitikken. Som ledd i regelverksutviklinga på matområdet utfører Vitskapskomiteen for mattriggleik uavhengige faglege risikovurderingar for Mattilsynet. Arbeidet krev god samhandling med Mattilsynet og andre kunnskapsinstitusjonar og god kontakt med European Food Safety Authority (EFSA). Sjå også Prop. 1 S (2016–2017) for Helse- og omsorgsdepartementet kap. 710.

Kunnskapsstøtte frå institusjonar som Norsk institutt for bioøkonomi, Havforskningsinstituttet, Nasjonalt folkehelseinstitutt, Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning og Veterinærinstituttet er viktig for at forvaltinga er godt fagleg og vitskapleg fundert.

Feil bruk av antibiotikum til folk og dyr har ført til ein betydeleg auke av motstandsdyktige (resistente) bakteriar som no utgjer eit alvorleg globalt helsetrugsmål. Regjeringa har stor merksemd på området og har mellom anna utarbeidd ein tverr-sektoriell nasjonal strategi mot antibiotikaresistens for perioden 2015–2020. Strategien har særleg merksemd på redusert bruk av antibiotikum, rett bruk av antibiotikum og utvikling av kunnskap. Aktiv deltaking i internasjonale fora er viktig for å bidra til betre tilgang til antibiotikum og ansvarleg bruk og for utvikling av nye antibiotikum, vaksiner og betre diagnostiske hjelpemiddel.

I internasjonal samanheng er antibiotikabruken til husdyr i Noreg låg. Dette kjem mellom anna av god dyrehelse, at vi har dyktige og ansvarlege bønder og veterinærar, og at det er eit godt samarbeid mellom næringa og styresmaktene. Grunna utvikling av gode vaksinar, er antibiotika-bruken til fisk minimal.

Landbruks- og matdepartementet fastsette i mars 2016 ein handlingsplan mot antibiotikaresistens innanfor sitt sektoransvar. Handlingsplanen skal mellom anna bidra til å nå relevante mål i den tverrsektorielle nasjonale strategien mot antibiotikaresistens 2015–2020. Dei mest sentrale tiltaka er:

- Vidareføre omfattande tiltak for å hindre at norske svinebesetningar skal bli eit reservoar for resistente bakteriar
- Reservere enkelte kritisk viktige antibiotikum til humanmedisin
- Styrke tilsynet med veterinærane si føreskriving av antibiotikum til produksjonsdyr og kjæledyr
- Fase ut bruken av narasin som førtilsetjingsstoff til fjørfe, føresett at dette ikkje aukar bruken av antibiotikum
- Utgreie forskriftskrav om resistenstesting av røktarar og andre som har kontakt med svin
- Vidareføre arbeidet mot antibiotikaresistens hos fjørfe
- Utreie strengare krav ved omsetnad av livdyr
- Styrke overvaking og kunnskapsutvikling

## Prioriteringar

### Målet om å sikre trygg mat og trygt drikkevatn

Noreg er i ein god situasjon samanlikna med andre land når det gjeld matboren sjukdom. Dette kjem mellom anna av at førekomensten av smitte-stoff i mat og hos husdyr er relativt låg. Dette er nærmere omtalt i kap. 1115 og i del III. Sjølv om mattrøggleiken i Noreg generelt er god, er det naudsynt med kontinuerleg arbeid for å halde den ved like og for å forbetre den på område der Mattilsynet finn regelbrott og manglar.

Innsatsvarene og matvarene skal vere trygge, anten dei er framstilte i Noreg eller er importerte. Regelverket og tilsynet skal leggjast opp slik at ein gjennom innsats i alle ledd i matproduksjonskjeda bidreg til at sluttprodukta er trygge. I arbeidet for å sikre trygg mat er det viktig å redusere risiko-en for sjukdom eller helseskade som kan oppstå på grunn av smittestoff eller framandstoff i innsats-varer, mat eller drikkevatn.

Det er naudsynt med kontinuerleg arbeid frå verksemndene for å halde oppe og sikre god hygi-

ene i heile matproduksjonskjeda. Verksemder som produserer og omset innsatsvarer og mat, varierer mykje i storleik og karakter. Mange aktørar har god kunnskap og gode rutinar og system for å sikre at dei etterlever regelverket slik at innsatsva-rene, maten og drikkevatnet blir trygge. Samstundes viser resultata frå tilsyn at det er stort rom for forbetringar hos mange.

Effektive hygienetiltak og gode arbeidsrutinar i verksemder som framstiller lett forderveleg mat eller som handterer mat som ikkje er inn-pakka, er særleg viktig. Det er framleis grunn til å ha stor merksemd på dei hygieniske forholda i omsetnadsledda og i serveringsnæringa. Tilsyn med serveringsverksemder er frå 2016 utført som såkalla smilefesttilsyn. Dette er ein einskapleg måte å føre tilsyn på i heile landet samstundes som det gir kundane opplysning om dei hygi-eniske forholda ved staden.

Regjeringa har i 2014 fastsett nasjonale mål i samsvar med Verdas helseorganisasjon (WHO)/FNs økonomiske kommisjon for Europa (UNECE) sin protokoll om vatn og helse. Formålet er å bringe norsk forsyning av vatn og hand-saming av avløp i samsvar med krava som ligg i regelverket. Det er utarbeidd ein gjennomførings-plan for å nå måla på drikkevassområdet. Eit av punkta er å revidere drikkevassforskrifta for å få tydelegare krav til vedlikehald/utskifting av leidningsnett, førebyggjande sikring og beredskap ved vassforsyningssystema og betre kvalitet ved og kontroll med dei små vassverka.

Fleire tilfelle dei siste åra viser den nære samanhengen mellom sjukdom hos dyr og menneske. Tal frå WHO viser at om lag 75 pst. av nye eller kjente infeksjonar som har vore i vekst hos menneske dei siste 30 åra, kjem av smittestoff som kjem frå dyr. Å halde oppe den gode norske dyrehelsa, som er eit resultat av systematisk arbeid gjennom mange år, er viktig både for mattrøggleiken og for god helsetilstand i landet.

Overvaking av inntaket av framandstoff og næringssstoff er viktig i folkehelsearbeidet og som grunnlag for faglege risikovurderinger. For å kunne overvake inntaket må ein ha kunnskap om kor mykje folk brukar av ulike matvarer og om innhaldet av framandstoff og næringssstoff i matva-rene. Mattilsynet samarbeider med Helsedirekto-ratet og Folkehelseinstituttet for å oppdatere eksisterande inntaksdata og for å utvide talet på matvarer som ein har inntaksdata for. Det er også viktig med kunnskap om innhaldet av framandstoff i innsatsvarer og råvarer, og om det er miljøforurei-ning i vatn eller jordsmonn som kan påverke inn-haldet i fisk, dyr og planter.

## Målet om å fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn

Ernæringsarbeidet er omtalt i Prop. 1 S (2016–2017) for Helse- og omsorgsdepartementet og ligg i hovudsak under Helsedirektoratet. Mattilsynet har også ei viktig rolle, særleg når det gjeld merking av næringsinnhald, ernærings- og helse-påstandar og frivillig sunnheitsmerking. Den felles nordiske ordninga med frivillig sunnheitsmerking av mat (Nøkkelholet) gir forbrukarane eit større tilbod av, og betre informasjon om, matvarer som kan bidra til sunnare kosthald.

Forbrukarane, matbransjen og styresmaktene ser merking av mat som eit viktig forbrukaromsyn. Merking er viktig for at forbrukarane skal få rett informasjon om matvarene, mellom anna om kva dei inneheld, korleis dei skal handterast, kor dei kjem frå og kor mykje næring dei gir.

Merking av mat er i hovudsak regulert i den nye matinformasjonsforskrifta. Frå desember 2016 blir det krav om obligatorisk merking av næringsinnhald for dei fleste matvarene som blir selde til forbrukarane. Departementet vil arbeide vidare opp mot EU med sikte på at matinformasjonsforordninga sine reglar om merking av ingrediensar og næringsinnhald også skal gjelde for alkoholhaldige drikkevarer.

Helse- og omsorgsministeren har etablert ei eiga samarbeidsgruppe med leiarar innanfor ulike delar av næringslivet på matområdet. Merking som kan gjere det enklare å setje saman eit sunnare kosthald, er eit aktuelt tema for denne næringslivsgruppa. Andre aktuelle tema for gruppa er å arbeide for lågare innhald av salt, sukker og metta feitt i vanlege matvarer.

Interessa veks for lokal mat og matprodukt med sær preg. Regjeringa legg vekt på å leggje til rette for slik produksjon, jf. Meld. St. 31 (2014–2015) *Garden som ressurs – marknaden som mål*. Gjennom merkeordninga *Beskytta nemningar* får produsentane eit rettsleg vern mot kopiering av produktnamnet.

Matdepartementa legg vekt på å bidra i utviklinga av regelverk i EU, slik at ein får minst mogleg innblanding av genmodifiserte organismar (GMO) i tradisjonelt GMO-frie innsatsvarer. Mellom anna blir det arbeidd for ei nullgrense når det gjeld innblanding i såfrø.

## Målet om å fremje god plantehelse og god helse og velferd hos landdyr og fisk

Det er viktig med god overvakning og høg beredskap mot mange plante- og dyresjukdommar, planteskadegjeraar og sjukdommar som smittar mel-

lom dyr og menneske (zoonosar). Noreg har generelt god plantehelse, men aukande import av planter og plantemateriale kan auke risikoen for introduksjon av nye sjukdommar og skadegjeraar.

Landdyrhelsa i Noreg er framleis generelt god. Våren 2016 blei Chronic Wasting Disease (CWD) påvist på ein villrein og to elgar i Noreg. Dette er første gongen denne sjukdommen er påvist i Europa. I eit samarbeid mellom miljøstyremaktene, Mattilsynet og Veterinærinstituttet blir det gjennomført omfattande kartlegging for å få oversikt over utbreiing av sjukdommen.

Det blir lagt stor vekt på å følgje opp handlingsplanen mot antibiotikaresistens og dei sektorspesifikke måla i den nasjonale strategien mot antibiotikaresistens 2015–2020.

Evna til å løyse sjukdomsutfordringane i havbruket er viktig for å kunne ta ut det langsigte vekstpotensialet. Kontroll med sjukdom er også viktig for å minske smittepresset i miljøet og for å redusere bruk og utslepp av medikament. Lakselus er for tida den største utfordringa. Lakselus er primært eit problem for villfisen. Meld. St. 16 (2014–2015) om vekst i havbruksnæringa, blir følt opp mellom anna med innføring av ein indikator for lakseluspåverknad på villfisk og inndeiling av kysten i spesifikke produksjonsområde.

Produksjonssvinnet i sjøfasen er framleis høgt. Det kjem dels av dårlig smoltkvalitet, dels av forhold ved den enkelte lokaliteten og dels av sjukdom. Det må arbeidast for å redusere verknaden av alle tre årsakene.

Arbeidet med å fremje god dyrevelferd er viktig. Det er naudsynt med merksemde både mot hald av produksjonsdyr og sports- og familiedyr.

For produksjonsdyrehald med mange dyr eller der risikoen for dårlig dyrevelferd er venta å vere høg, blir det gjennomført tilsyn som i størst mogleg grad ikkje er varsla. Besetningar der venta risiko for brot på regelverket er størst, blir prioritert. Auka tilsyn retta mot landdyr i primærproduksjon bidreg også til å førebyggje dyretragediar, ved at Mattilsynet tidlegare kan sjå faresignal for manglande stell. Godt samarbeid mellom Mattilsynet og næringa, mellom anna landbruket si HMS-teneste og slakteria, bidreg også til at dyrehald i risikosona kan bli oppdaga tidleg.

Utvikling av kunnskap om effektar på dyrevelferda av avlstiltak og ulike driftsformer er også viktig.

For å få utvikla eit best mogleg system og klare rutinar for handsaming av alvorlege saker som gjeld mishandling og vanrøkt av dyr, blir det lagt vekt på god samhandling mellom Mattilsynet

og politiet. Prøveprosjektet med eigen dyrekrimgruppe i politiet («dyrepoliti») er hausten 2016 utvida, slik at det no omfattar både Sør-Trøndelag og Rogaland.

Hovuddelen av auken i tap av dyr på beite dei siste 15–20 åra skriv seg frå rovvilt. Rovviltforliket i Stortinget i 2011 og Stortinget sitt vedtak i juni 2016 om bestandsmål og forvaltingssone for ulv legg grunnlag for meir effektiv måloppnåing for både rovviltnestandane og moglegheit for leve-dyktig næringsdrift basert på beitebruk. Regjeringa vil praktisere ein låg terskel for uttak av rovvilt i prioriterte beiteområde.

#### **Andre omsyn**

##### *Tilrettelegging for marknadstilgang for norske produkt*

Kontakt med aktuelle styresmakter i andre land er avgjerande for å betre marknadstilgangen.

Norsk sjømat skal vere trygg og av god kvalitet slik at den blir føretrekt på den globale marknaden. Dei seinare åra har det vore ein auke i krava til dokumentasjon på at produkta som blir eksportert, er trygge. For Noreg som stor eksportør av sjømat, er det avgjerande å kunne dokumentere mattriggleik og kvalitet gjennom heile produksjonskjeda. Rolla til Mattilsynet som tilsynsmyndighet og evne til kommunikasjon med styresmaktene i importlanda er avgjerande for tiliten.

Den gode norske dyrehelsa blir utnytta i eksportsamanheng, mellom anna når det gjeld ein aukande eksport av avlsprodukt frå husdyr. Også for ein del andre landbruksprodukt er det viktig med marknadstilgang i utlandet.

##### *Sunt kosthald og gode matopplevelinger*

Det er viktig at fagleg og vitskapleg basert informasjon om samanhengen mellom kosthald og helse når fram til forbrukarane på tenleg måte.

Folkehelsepolitikken legg mellom anna vekt på tiltak for å gjere det enklare å velje sunt, å legge til rette for gode måltid i barnehagar, skolar og blant eldre og å styrkje kunnskapen om mat, matlaging, kosthald og ernæring. For å følgje opp folkehelsemeldinga og handsaminga i Stortinget, vil ein starte arbeidet med ein ny heilskapleg nasjonal handlingsplan for betre kosthald.

Merksemrd på matglede og god matkvalitet er også viktig for at forbrukarane skal kjenne til kor maten kjem frå, korleis han blir produsert og samanhengen mellom mat og helse.

Regjeringa arbeider for å få betre matomsorg på norske sjuke- og aldersinstitusjonar. Departe-

menta vil at måltid for eldre på institusjonar skal vere tilpassa slik at måltida gir matglede og matlyst.

#### *Nyskaping, mangfold, matkultur og verdiskaping*

Innovasjon og næringsutvikling knytt til produksjon av mat med lokal identitet er viktig for å kunne ha sterke og innovative små og store verksemder. Som varsla i Meld. St. 31 (2014–2015) *Garden som ressurs – marknaden som mål*, vil regjeringa auke tilgangen til lokale matprodukt for forbrukarane (sjå nærmere omtale under kat. 15.30).

Mattilsynet vil auke arbeidet med å informere betre om regelverket og for å gjere det lettare tilgjengeleg. Å kommunisere og dele kunnskap med verksemder, bransjeorganisasjonar og kompetansenettverk er viktig for utviklinga på lokalmatrområdet.

#### *Langsiktig matforsyning og berekraftig og miljøvennlig produksjon*

Arbeidet for å sikre langsiktig matforsyning av landbruksprodukt og berekraftig og miljøvennlig produksjon av landbruksprodukt er hovudsakleg omtalt i kat. 15.30.

Departementa legg vekt på å følgje opp arbeidet med reduksjon i matsvinn i samsvar med intensjonsavtalen som er inngått med aktørane i matbransjen.

Det vil bli arbeidd med å redusere risiko ved bruk av plantevernmiddel. Ny handlingsplan for berekraftig bruk av plantevernmiddel blei fastsett i april 2016.

For omtale av sjømat, sjå Prop. 1 S (2016–2017) for Nærings- og fiskeridepartementet.

#### **Oppmodingsvedtak**

*Vedtak nr. 58, 1. desember 2014*

*Vedtak nr. 254, 11. desember 2014*

*«Stortinget ber regjeringen vurdere forbud mot norsk pelsdyroppdrett i arbeidet med oppfølging av pelsdyrutvalget.»*

Vedtaka, som har identisk ordlyd, blei fatta i samband med Stortingets handsaming av Prop. 1 S (2014–2015) for Landbruks- og matdepartementet, jf. Innst. 2, tillegg 1 (2014–2015) og Innst. 8 S (2014–2015).

Regjeringa tek sikte på å leggje fram ei eiga melding om pelsdyrnæringa hausten 2016.

**Vedtak nr. 451, 12. mars 2015**

*«Stortinget ber regjeringen sørge for at det i tilknytning til den tverrsektorielle strategien mot antibiotikaresistens utarbeides en handlingsplan som viser hvordan offentlige myndigheter, veterinærer, fagmiljøer og næringen sammen kan jobbe mot utbredelse av antibiotikaresistente bakterier innenfor husdyrnæringen.»*

Vedtaket blei fatta i samband med Stortingshandsaming av *Representantforslag om handlingsplan mot antibiotikaresistente bakterier i mat og dyr*, jf. Dokument 8:5 (2014–2015) og Innst. 187 S (2014–2015).

Landbruks- og matdepartementet fastsette i mars 2016 ein handlingsplan mot antibiotikaresistens innanfor sitt sektoransvar. Handlingsplanen skal mellom anna bidra til å nå relevante mål i den tverrsektorielle nasjonale strategien mot antibiotikaresistens 2015–2020. Handlingsplanen er nærrare omtalt tillegare i kategoriomtalen. For å følgje opp handlingsplanen gjer regjeringa framlegg om å styrke arbeidet mot antibiotikaresistens med 10 mill. kroner i 2017. Løyvinga skal nyttast til auka innsats innan forsking og kunnskapsutvikling ved Veterinærinstittuttet og arbeid med det veterinære lækjemiddelregisteret i Mattilsynet.

**Vedtak nr. 94, 3. desember 2015**

*«Stortinget ber regjeringen gjennomgå forskrift om kompensasjon for produksjonstap etter pålegg om nedslakting av svinebesetninger grunnet påvisning av antibiotikaresistente bakterier (MRSA).»*

Vedtaket blei fatta i samband med Stortingshandsaming av Prop. 1 S (2015–2016) for Landbruks- og matdepartementet, jf. Innst. 2 S (2015–2016).

Antibiotikaresistente bakteriar hos svin har lita tyding for dyra, men kan vere svært alvorleg for menneske. Styresmaktene har difor ein ambiøs strategi for å freiste å hindre at MRSA får feste i norsk svinehald.

Det er i utgangspunktet den enkelte dyreeiga- ren sitt ansvar å sikre at dyr eller produkt frå desse ikkje spreier smitte til dyr eller trugar folkehelsa. Den enkelte produsenten kan i stor grad sjølv bidra til å avgrense og redusere risikoene for MRSA i dyrehaldet. Offentlege erstatnings- og kompensasjonsordningar skal lette etterlevinga av matlova sine krav og forpliktingar, men bør ikkje

undergrave det insitamentet dyreeigar har for å treffe gode førebyggjande tiltak.

Landbruks- og matdepartementet har gått gjennom regelverket for erstatning og kompensasjon for produksjonstap til bønder som får pålegg om nedslakting av svinebesetningar på grunn av antibiotikaresistente bakteriar (MRSA).

Dei fleste tapa som svineprodusentar har etter pålegg om nedslakting, kan dekkjast gjennom forsikring. Etter at ordninga med kompensasjon for delar av produksjonstapet blei etablert, har forsikringsselskapet endra og tilpassa vilkåra sine.

Etter matlova blir det gitt erstatning for dyr som blir avliva etter pålegg og for naudsynte kostnader til dei tiltaka brukaren blir pålagt for å fjerne smittestoff etter avliving. Eventuell differanse mellom faktisk dyreverdi og erstatninga kan i dag ikkje dekkjast gjennom forsikring.

Med bakgrunn i gjennomgangen fastsette departementet 29. mai 2016 ei nye forskrift om erstatning etter offentlege pålegg i plante- og husdyrproduksjonen. I den nye forskriften blei standardsatsane for erstatning av dyr auka med om lag 20 pst. Satsane for eige saneringsarbeid blei også auka. Dette vil bidra til å dekkje ein større del av kostnadene til produsentane ved utslakting og sanering.

Departementet har også klargjort praktisering av erstatningsregelverket når det gjeld dekking av utgifter til å få utarbeidd plan for smittesanering og dekking av naudsynte utgifter til avliving/slakting.

Departementet har vidare vurdert om ordninga med delvis kompensasjon for produksjonstap bør endrast. Dei fleste føretak innan svineproduksjonen har ei husdyrforsikring som dekkjer produksjonstap. Kompensasjon frå staten for produksjonstap vil komme til frådrag i utbetalinga frå forsikringsselskapet. Ein auka offentleg kompensasjon vil difor gi redusert forsikringsutbetaling, men normalt ikkje bidra til ei større kostnadsdekking for den enkelte produsenten.

Den statlege erstatningsordninga for dyr og smittesanering gjeld berre der det er gitt pålegg om avliving av dyr. I tilfelle der det er behov for å fjerne smitte utan at dyr har blitt pålagt avliva, blir det ikkje gitt erstatning for desse kostnadene. Det blir heller ikkje gitt kompensasjon for produksjonstap. Dette gjeld mellom anna i tilfelle der det blir påvist MRSA i fjøs der det ikkje er dyr, til dømes ein slaktegrisbesetning der dyra er sendt til slakteri. Så langt er departementet kjent med at det har vore eit slikt tilfelle. Pålagde tiltak for å fjerne smitte og produksjonstap som ikkje blir dekka av staten, kan i utgangspunktet dekkjast av forsikring også i slike tilfelle.

For å halde det statlege bidraget til dekking av kostnadene for svinenæringa knytt til MRSA ved lag, finn departementet det likevel rett å vidareføre kompensasjonsordninga. Det blir ikkje lagt opp til å gjere ytterlegare endringar i regelverket for erstatning og kompensasjon for tiltak mot MRSA.

#### Vedtak nr. 135, 8. desember 2015

*«Stortinget ber regjeringen sørge for at Veterinærinstituttets kompetanse og virksomhet innen grønn sektor og havbruk i henholdsvis Tromsø og Harstad videreføres.»*

Vedtaket blei fatta i samband med Stortingets handsaming av *Representantforslag om å sikre Veterinærinstituttets avdelinger innen grønn sektor og havbruk i Nord-Norge*, jf. Dokument 8:132 S (2014–2015) og Innst. 110 S (2015–2016).

Landbruks- og matdepartementet har i tildeingsbrevet til Veterinærinstituttet for 2016 lagt vekt på at Veterinærinstituttet sin kompetanse og verksemnd innan grøn sektor og havbruk i høvesvis Tromsø og Harstad blir vidareført.

Veterinærinstituttet har rapportert at dei har vidareført aktiviteten i høvesvis Harstad og Tromsø på same nivå som i 2015.

#### Vedtak nr. 136, 8. desember 2015

*«Stortinget ber regjeringen sørge for at egenandelene ved obduserte dyr har et nivå som sikrer det antall obduksjoner som trengs for å ivaretake og styrke kunnskapen om dyrehelse.»*

### Kap. 1112 Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
50	Kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap, Veterinærinstituttet	90 359	92 327	95 938
51	Kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap, Bioforsk	40 917		
	Sum kap. 1112	131 276	92 327	95 938

Vedtaket blei fatta i samband med Stortingets handsaming av *Representantforslag om å sikre Veterinærinstituttets avdelinger innen grønn sektor og havbruk i Nord-Norge*, jf. Dokument 8:132 S (2014–2015) og Innst. 110 S (2015–2016).

Som oppfølging av vedtaket har Veterinærinstituttet frå og med 1.1.2016 halvert prisen på obduksjonar av produksjonsdyr utført ved laboratoriet i Tromsø. Talet på obduksjonar i perioden 1.1.2016–31.5.2016 ligg likevel på same nivå som i 2015. Dei fleste kjem også no frå område relativt nært Tromsø. Det er for tidleg å konkludere om redusert pris på obduksjoner er eigna for å ivareta og styrke kunnskapen om dyrehelse.

#### Vedtak nr. 510, 1. mars 2016

*«Stortinget ber regjeringen på egnet måte fremme en sak om nasjonal strategi for å sikre fortsatt mangfold av villbier og andre pollinerrende insekter.»*

Vedtaket blei fatta i samband med Stortingets handsaming av *Representantforslag om nasjonal strategi for bier og pollinering*, jf. Dokument 8:6 S (2015–2016) og Innst. 172 S (2015–2016).

Arbeidet med å utarbeide ein nasjonal strategi har starta. Spørsmålet vedkjem fleire departement, og Landbruks- og matdepartementet har oppretta og leier ei arbeidsgruppe med medlemmar frå Klima- og miljødepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Samferdselsdepartementet. Departementet tek sikte på å ferdigstille arbeidet i 2017.

## **Post 50 Kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap, Veterinærinstituttet**

Veterinærinstituttet er eit biomedisinsk beredskaps- og forskingsinstitutt innan dyrehelse, dyrevelferd, fôr- og mattrøggleik. For styresmaktene er Veterinærinstituttet den viktigaste kunnskapsleverandøren ved førebygging, oppklaring og handtering av zoonosar og alvorlege smittsame sjukdommar hos fisk og landdyr. Kunnskapsutvikling og formidling innan fagområda er også viktig som grunnlag for utvikling av lovverk og som støtte til utvikling av ulike samfunnssektorar. Veterinærinstituttet bidreg også i førebygging og handtering av kriser som kjem av smittestoff og andre helsekadelege stoff i fôr og mat.

Veterinærinstituttet er eit forvaltningsorgan med særskilt fullmakt. Veterinærinstituttet får løyingar til oppgåvane sine innan dyrehelse, fôrtryggleik, dyrevelferd og mattrøggleik over budsjettet til Landbruks- og matdepartementet. Løyvינגane til oppgåvane innan fiskehelse og enkelte område innan sjømattrøggleik ligg på budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet, jf. kap. 928, post 50 i deira Prop. 1 S (2016–2017). Forsking er ein sentral del av verksemda til Veterinærinstituttet og er omtalt under kap. 1137. Instituttet har ei fri og uavhengig stilling i alle faglege spørsmål.

Veterinærinstituttet yter også tenester og formidlar kunnskap til næring, fagpersonell og dyreigarar og arbeider for at ny kunnskap blir teken i bruk.

### **Formål med løyvinga**

Dei tildelte midlane under kap. 1112, post 50 blir nytta til Veterinærinstituttet sitt arbeid med å gi fagleg støtte til forvaltninga, mellom anna ved å utvikle kunnskap innan kjerneområda.

Desse er:

- Beredskap, diagnostikk og rådgiving
- Helseovervakning
- Fôr- og mattrøggleik
- Dyrevelferd
- Referansefunksjonar

Mattilsynet er den viktigaste brukaren av kompetansen til instituttet. Veterinærinstituttet vil difor legge stor vekt på å møte dei behova Mattilsynet har for kunnskap, råd og laboratoriestøtte på kjerneområda til instituttet.

Vitskapskomiteen for mattrøggleik har også behov for kompetanse og data som grunnlag for sine risikovurderingar. Veterinærinstituttet vil

vere ein sentral kunnskapsbase og oppdragstakar for komiteen.

### **Rapportering 2015**

#### **Beredskap, diagnostikk og rådgiving**

Kompetansen og det interne planverket knytt til krisehandtering, blei vidareutvikla i 2015. Veterinærinstituttet deltok i nasjonalt og nordisk nettverk som samordnar tiltak mot bioterror. Veterinærinstituttet deltok i ei øving saman med Mattilsynet og Folkehelseinstituttet for å teste evna til å handtere sjukdomsutbrot innan dyrehelse. I øvinga blei beredskapen mot rabies prøvd. Øvinga viste at det er eit klart forbettingspotensiale med å samle inn data frå felt. Handteringen av fleire sjukdomsutbrot sette instituttet sin beredskapsveve på prøve i 2015, og fleire av desse kravde omfatande oppfølging og samarbeid med Mattilsynet, Miljødirektoratet og andre styresmakter.

Helsa til norske husdyrpopulasjonar er god samanlikna med tilhøva i dei fleste andre land, men Veterinærinstituttet tek årleg imot ei stor mengd prøver frå sjuke eller daude dyr og frå fôr og mat. Talet på prøver undersøkt i overvakingsprogram er redusert dei siste åra, mens talet på diagnostiske prøver frå fisk, talet på prøver tekne ved mistanke om alvorleg smittsame sjukdommar og prøver undersøkt for antibiotikaresistente bakteriar, har auka. I 2015 blei det starta eit prosjekt for å modernisere beredskapen der det er merksemd på å samarbeide med feltpersonale om prøveuttak mellom anna med bruk av ny kommunikasjons-teknologi og forbetra svarrutinar til brukarane. Harmonisering av diagnostikken på ulike område har også hatt høg priorititet.

Av viktige funn i 2015 kan nemnast:

- Atypisk kugalskap blei påvist hos eit norsk storfe for første gong i 2015. Atypisk kugalskap oppstår spontant, så ein reknar ikkje med at smitten kom frå fôr eller omgivnaden.
- Den alvorlege virusjukdommen flaggermus-rabies blei påvist i ei einskild vassflaggermus fanga på Østlandet. Denne rabiestypen smittar i mindre grad til menneske enn klassisk rabies.
- I 2015 blei det påvist skabbmidd hos importert alpakka, lama og geit. Skabbmidd hos kameldyr skil seg ikkje frå skabbmidden isolert frå småfe, så det er ein reell smitterisiko til småfe ved sambeiting og hald i same hus.
- Det blei påvist fire uavhengige tilfelle med antibiotikaresistente bakteriar (MRSA) hos gris og eit hos storfe. I oppfølginga blei det påvist fleire sekundærsmitta buskapar og smitta gards-tilsette.

Veterinærinstituttet har gitt ei rekke høyringssvar og større faglege vurderinger i 2015, dei fleste til Mattilsynet. Veterinærinstituttet er også representert i mange styringsgrupper for styresmakter og næring.

#### Helseovervaking

Veterinærinstituttet overvaker helsetilstanden hos dyr og fisk og før- og mattryggelen gjennom laboratoriediagnostikk av innsendte prøver og deltaking i systematiske overvakingsprogram og internasjonale og nasjonale nettverk. Det er i 2015 undersøkt korleis overvakingsprogram kan bli meir risikoorienterte slik at kostnadseffektiviteten kan auke. Veterinærinstituttet har gitt kunnskapsstøtte ved utvikling av mange ulike overvakingsprogram for Mattilsynet.

#### Referansefunksjoner og kvalitetssikring

Veterinærinstituttet har 29 nasjonale referansefunksjonar og tre internasjonale funksjonar for Verdas dyrehelseorganisasjon. Kvalitetskrava frå EU for å halde dei nasjonale funksjonane ved lag aukar stadig.

Veterinærinstituttet skal ved behov arrangere ringtestar for dei private laboratoria. I 2015 er det arrangert slike testar for påvising av trikinar i slakt, sju fiskevirus og ein fiskebakterie. Det er no fem private fiskehelselaboratorium som er interesserte i dei metodane Veterinærinstituttet utviklar sjølv.

#### Før- og mattryggelik

Veterinærinstituttet sine oppgåver innan før- og mattryggelik er særleg knytte til nasjonale referanseoppgåver. Graden av involvering frå Veterinærinstituttet varierte frå rein rådgiving til stor aktivitet på analysefronten.

#### Dyrevelferd

Veterinærinstituttet sin kunnskap innan dyrevelferd har vore mykje nytta i rådgiving til forvaltinga i 2015. Dette har ført til betre kvalitet på arbeidet til Mattilsynet ute i felten.

Kompetansen innan dyrevelferd er styrkt i 2015 gjennom ferdigstilling av to PhD-gradar.

Hald av rensefisk har klare velferdmessige utfordringar med føring, sjukdommar, dødeleggheit og miljømessige forhold. Det er registrert stort svinn hos rensefisk og diagnosane på innsendte prøver til Veterinærinstituttet viser oftast ulike sjukdomsframkallande bakteriar.

Veterinærinstituttet har vidareført drifta av sekretariata for NORECOPA og Rådet for dyreetikk.

#### Administrative og organisatoriske forhold

Planlegging av nytt bygg med tilhørande brukarutstyr for Veterinærinstituttet på Ås heldt fram i 2015.

#### Budsjettframlegg 2017

##### Beredskap, diagnostikk og rådgiving

Kvalitetssikra diagnostikk er grunnleggjande for dei oppgåvene som Veterinærinstituttet har innan beredskap, overvaking, oppklaring av sjukdomstilfelle, kunnskapsutvikling og som nasjonal referanseinstitusjon.

Arbeidet med beredskap, helseovervaking, dyrevelferd og forsking blir vidareført med bakgrunn i utviklinga i oppgåvemengd og etterspørsel etter instituttet sine tenester dei siste åra. Instituttet vil gjennom styrkt innsats på biotryggelik bidra til å betre samfunnet si samla beredskapsevne.

Veterinærinstituttet vil vidareutvikle den landsdekkande beredskapsevna gjennom modernisering av diagnostikken og samhandling ved hendingar. Instituttet vil prioritere utvikling og innføring av nye laboratoriemetodar for trugande og eksisterande alvorlege sjukdommar. Mattilsynet kan då få raske og sikre analyseresultat ved utbrot.

Resultat frå overvaking og diagnostisk verksamhet skal nyttast i arbeidet med å gi forskingsbaserte råd som grunnlag for tiltak innan forvaltning og næring. Veterinærinstituttet vil yte tenester og kunnskap som medverkar til ei berekraftig næringsverksemnd, gjennom eit godt diagnostisk tilbod og med faglege råd og utgreningar.

Regjeringa gjer framlegg om å følgje opp den nasjonale handlingsplana mot antibiotikaresistens ved å auke tildelinga til Veterinærinstituttet med 2 mill. kroner for å auke kunnskapen om utbreiing og spreiing av antibiotikaresistens. Det blir også gjort framlegg om å styrke forskinga innan antibiotikaresistens ved Veterinærinstituttet med 3 mill. kroner innanfor basisløyvinga, jf. omtale under kapittel 1137, post 51 Basisløyvingar m.m., Noregs forskingsråd.

#### Helseovervaking

Globalisering, klimatiske endringar, nye produksjonsdyr og endra produksjonsforhold kan gi eit endra sjukdomsbilete. Veterinærinstituttet må vere budd på at nye sjukdommar kan bli introdu-

serte til Noreg. Instituttet vil overvake husdyra si helse slik at nye sjukdommar kan bli oppdaga så raskt som mogleg.

Viltlevande dyr vil vere eit reservoar for nye sjukdommar og zoonotiske smittestoff. Overvakning av viltlevande dyr med tanke på sjukdommar som kan smitte til andre viltlevande dyr, menneske eller husdyr, må difor halde fram. Overvakning og rådgiving ved sjukdomsutbrot hos viltlevande dyr krev ofte omfattande samhandling med Mattilsynet, Miljødirektoratet, andre styresmakter og frivillige organisasjonar. Funn av *Chronic Wasting Disease (CWD)* er eit døme på dette. CWD er ein prionsjukdom hos hjortedyr som no er påvist hos villrein og elg i Noreg. Hjortedyra dør av sjukdommen, men det er ikkje påvist smitte til menneske. Det er viktig å kartleggje kor utbredt sjukdommen er, slik at relevante tiltak kan bli sett i verk.

#### Referansefunksjonar

Veterinærinstituttet vil arbeide vidare med å utvikle rolla si med dei nasjonale referansefunksjonane. Innan zoonosearbeidet dekkjer desse funksjonane matvarer, fôr og dyr. Instituttet må arbeide for å samle og presentere epidemiologiske data, irekna legemiddelepidemiologiske data, gjennom heile verdikjeda. Det er viktig at arbeidet med kvalitetssikring av laboratorieverksemda held fram, slik at diagnostikken er sikker og kan etterprøvast. Funksjonane omfattar også forsking innan dei ulike fagområda.

#### Fôr- og mattryggleik

Veterinærinstituttet vil halde fram arbeidet med å vidareutvikle diagnostikk og kunnskap om smittestoff og kjemiske stoff som kan truge fôr- og mattryggleiken.

Veterinærinstituttet vil prioritere utvikling av uavhengige vitskapleg funderte faglege råd som gjer styresmaktene i stand til å utvikle lovverket, handtere og førebygge sjukdom hos dyr og fisk og helseskadelege stoff og smittestoff i mat og fôr. Veterinærinstituttet vil arbeide vidare med å profesjonalisere rådgivarrolla for Mattilsynet og styrke kompetansen innan mattryggleik. Veterinærinstituttet vil vidareutvikle kunnskap omkring hygieniske forhold i biprodukt frå matproduksjon, slik at desse ressursane kan nyttast bætre.

#### Dyrevelferd

Veterinærinstituttet vil leggje vekt på å utvikle kunnskap som kan nyttast til å fremje dyrevelferd. Instituttet vil prioritere å gi styresmaktene kunnskap innan velferd og vidareføre arbeidet med å utvikle velferdsindikatorar for dyrevelferd hos husdyr. Veterinærinstituttet vil halde fram med å drifte sekretariata for Rådet for dyreetikk og NORECOPA.

#### Kommunikasjon

Veterinærinstituttet vil vidareutvikle kommunikasjon med tanke på å effektivisere kunnskapsoverføring til brukarar og samfunnet elles. Nye nettsider skal leggje til rette for effektiv og målretta kommunikasjon i beredskapssituasjonar og ved formidling av kunnskap.

#### Administrative og organisatoriske forhold

Det vil bli lagt vekt på å utvikle organisasjonen vidare gjennom å effektivisere arbeidsprosessar og betre utnytting og utvikling av den samla kompetansen. Arbeidet med nye lokale på Ås vil halde fram, og ein vil vidareutvikle samarbeidet med miljøa på Campus Ås.

### **Post 51 Kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap, Bioforsk**

#### Formål med løvinga

Midlane på posten har vore nytta til ei styrking av fagleg beredskap, utvikling av kompetanse og formidling av kunnskap innan følgjande område:

- Effektiv og konkurransedyktig plante- og husdyrproduksjon i heile landet
- Berekraftig og miljøvennleg landbruk
- Klimavennleg og energiproducerande landbruk
- God plannehelse
- Trygg mat

#### Rapportering 2015

Midlane på posten blei for første halvår 2015 tildele Bioforsk. Frå andre halvår blei instituttet ein del av Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO). Heilskapleg rapportering for kalenderåret 2015 går fram av kapittel 1136, post 50. For omtale av budsjettframlegg for 2017, sjå kap. 1136.

## Kap. 4112 Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	(i 1 000 kr)	Forslag 2017
30	Husleige, Bioforsk		19 464		
	Sum kap. 4112		19 464		

### Post 30 Husleige, Bioforsk

Ein stor del av eigedommane som har blitt nytta av Bioforsk inngår i leigeavtale med staten ved

Landbruks- og matdepartementet. Frå 1.7.2015 har denne blitt flytta til Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO), jf. Kap. 4136, post 30.

## Kap. 1115 Mattilsynet

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	(i 1 000 kr)	Forslag 2017
01	Driftsutgifter	1 171 120	1 188 157	1 351 510	
22	Reguleringspremie til kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser	10 549	13 301	13 419	
71	Tilskott til erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	3 617	4 200	4 200	
	Sum kap. 1115	1 185 286	1 205 658	1 369 129	

### Post 01 Driftsutgifter

#### Formål med løvinga

Mattilsynet har hovudansvaret for å føre tilsyn med at regelverket om mattryggleik, plannehelse, dyrehelse, dyrevelferd og helse, kvalitet og forbrukaromsyn blir etterlevd i heile matproduksjonskjeda. Mattilsynet har også oppgåver knytt til regelverksutvikling og internasjonalt arbeid. Området er sterkt prega av internasjonale rammevilkår.

Mattilsynet fører også tilsyn med at regelverk blir etterlevd på område som ikkje har direkte samband med matproduksjon. Dette gjeld mellom anna regelverk om planter og dyr som ikkje inngår i matproduksjon, om kosmetikk og kroppsplieprodukt, om dyrehelsepersonell og om omsetnad av reseptfrie legemiddel utanom apotek.

Den enkelte verksemda har ansvaret for å kjenne til og etter leve regelverket. Aktiv rettleiing frå Mattilsynet om regelverket er viktig. Mattilsynet skal nytte dei verkemidla lovverket stiller til

rådvelde, når dette er naudsint for å sikre etterleving av regelverket.

Mattilsynet skal arbeide etter følgjande mål:

- sikre helsemessig trygg mat og trygt drikkevatn
- fremje god helse hos planter, landdyr og fisk
- fremje god dyrevelferd og respekt for dyr
- fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn
- ivareta miljøvennleg produksjon

Hovudmålet i følgje matlova er å sikre forbrukarane si helse. Innanfor rammene av dei måla som er sett, skal Mattilsynet arbeide på ein slik måte at omsynet til aktørane langs heile matproduksjonskjeda blir teke i vare, under dette marknadstilgang i utlandet.

Hovudverkemidla i arbeidet er å:

- utvikle og påverke regelverk
- rettleie om regelverk
- handheve regelverk
- overvake status og utvikling på området
- ha god beredskap for handtering av hendingar og kriser

Norsk institutt for bioøkonomi, Havforskningsinstituttet, Nasjonalt folkehelseinstitutt, Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning og Veterinærinstituttet yter kunnskapsstøtte til Mattilsynet og har fagleg beredskap med grunnlag i løvningar frå dei ansvarlege departementa.

Mattilsynet vil halde den gode kontakten med Vitskapskomiteen for mattryggelik ved lag, slik at uavhengige risikovurderingar frå komiteen blir lagt til grunn for Mattilsynet sitt arbeid når dette er naudsynt.

## Rapportering 2015

### Rapportering etter effektmål

#### *Målet om helsemessig trygg mat og trygt drikkevatn*

Generelt er maten og drikkevatnet trygt i Noreg. Viktige årsaker til det er låg mengde farlege bakteriar og framandstoff i maten og høg kvalitet på drikkevatnet frå dei store vassverka. Kvart år blir likevel ein del personar sjuke av mat eller drikkevatn. Når det gjeld drikkevatn, er det dessutan store langsiktige utfordringar med vedlikehald av leidningsnettet.

### Drikkevatn

I tråd med gjennomføringsplanen for å nå dei nasjonale måla for vatn og helse, blei utkast til ny forskrift om drikkevatn ferdig til høyring ved årsskifte 2015/2016. Utkastet gjer krava til vassverka tydelegare. Tal frå 2014 som vassverka rapporterer inn om det årlege vedlikehaldet av røyrnettet, viser at utskiftingssgraden framleis er for låg. Mattilsynet har arbeidd for å sikre gode råvasskjelder og for å ivareta omsynet til drikkevatn i dei kommunale planprosessane.

### Matsmitte og hygiene

Generelt er smittestoff i maten årsak til lite sjukdom i Noreg. Vi har låg førekommst av smittestoff i mat og husdyr samanlikna med andre europeiske land. Talet på melde tilfelle av matboren sjukdom var lågare i 2015 enn i 2014. Campylobacter er framleis den bakterien vi oftast blir sjuke av. Den vanlegaste årsaken til slik smitte i Noreg er bruk av ikkje-desinfisert drikkevatn heime, på hytta eller i naturen.

Tilsynet utført av Mattilsynet viste at dei største kjøtt- og mjølkeverksemndene i hovudsak har god kompetanse og følgjer regelverket. Ein del mindre verksemder har større utfordringar med å

følgje regleverket. Fleire har for dårlig styring med produksjonsprosessane og mangelfulle rutinar for reinhald og vedlikehald.

Mange av serveringsverksemndene har tilfredsstillande hygiene og gode produksjonsrutinar. Likevel fann Mattilsynet manglar med hygienen hos halvparten av serveringsverksemndene som dei besøkte i 2015. Mattilsynet utvikla i 2014 og 2015 ei nasjonal smilefjesordning for tilsyn med serveringsstader. Formålet med ordninga er å harmonisere tilsynet og samstundes gi forbrukarane informasjon om resultata av tilsynet med serveringsstadane.

Det er ikkje påvist at antibiotikaresistente bakteriar i mat har ført til sjukdom hos menneske i Noreg. I desember 2015 fekk Mattilsynet ein rapport frå Vitskapskomiteen for mattryggelik der det blei konkludert med at det i all hovudsak er lite sannsynleg at vi blir utsette for antibiotikaresistente bakteriar frå norske matvarer.

E. coli-bakteriar var årsak til alvorleg og irreversibel nyreliding hos barn så sent som i 2014. Etter E. coli-utbrotet i 2006, auka Mattilsynet innsatsen for god slakterihygiene, og i 2015 blei praktiseringa av regelverket for hygiene ved slakting av småfe skjerpa inn ytterlegare.

Overvaking av importerte friske og fryste bær førte til at berre eitt parti blei trekt frå marknaden grunna dårlig hygienisk kvalitet. Mattilsynet deltek i EU-kommisjonen sitt arbeid med ein rettleiar for god hygienisk praksis for primærproduksjon av vegetabilsk mat.

### Framandstoff

I 2015 utarbeidde Mattilsynet ein rapport om innhaldet av akrylamid i matvarer på den norske marknaden. Fleire matvarer har framleis høgt innhald av akrylamid. Mattilsynet har delteke aktivt i regelverksprosessane for å få redusert innhaldet av akrylamid i mat.

Mattilsynet utarbeidde også ein rapport om innhald av bly i kjøttdeig av elg. Meir enn to tredelar av prøvene av malt kjøtt frå elg inneheldt bly over grenseverdien.

Overvakingsprogrammet for restar av legemiddel til dyr, tungmetall og miljøgifter i mat tyder ikkje på ulovleg bruk av legemiddel eller andre stoff.

Overvakingsprogrammet for restar av plantevernmiddele viste få tilfelle over grenseverdiane. Norskproduserte produkt har færre overskridningar enn importerte produkt.

## Kosttilskott

Fleire forbrukarar har fått ulike helsekadar ved bruk av kosttilskott. I tillegg kan kosttilskott i kombinasjon med legemiddel gi negative helseeffektar.

Noreg og EU har stort sett dei same reglane på matområdet. Sidan det ikkje er fastsett felles grenseverdiar, har Noreg eigne nasjonale maksimums- og minimumsgrenser for vitamin og mineral i kosttilskot. Mattilsynet har i 2015 arbeidd med å revidere grenseverdiane. Talet på søknader om løyve til å tilsetje vitamin, mineralar og aminosyrer i mat, er lågare enn tidlegare, og verksemndene forbetrar rutinane sine.

I 2015 deltok Mattilsynet i to internasjonale aksjonar, saman med Statens legemiddelverk, Tollvesenet og Helsedirektoratet. Mattilsynet gjennomførte også eit overvakings- og kartleggingsprogram for kosttilskot og sportsprodukt i samarbeid med Antidoping Norge. I åtte av produkta blei det gjort funn som medførte omsetnadsforbod. Kosttilskott blir i aukande grad omsett via internett. Dei nordiske styresmaktene etablerte i 2015 difor ei felles kommunikasjons- og samarbeidsplattform for arbeid med kosttilskott.

## Målet om å fremje god helse hos planter, fisk og landdyr

Talet på tilfelle av dyre- og plantesjukdommar er framleis stabilt lågt, og statusen er god. Med aukande import og handel over landegrenser blir det viktig å sikre at statusen også framover held seg god.

Situasjonen er meir alvorleg i oppdrettsnæringa. Kombinasjonen av sjukdommar og handtering av lakselus skapar store fiskevelferdsproblem og framleis høg dødsprosent for oppdrettsfisk. Resultatet er at produksjonen av oppdrettslaks har flata ut trass i at det er sett ut meir fisk.

## Plantehelse

Status for plantehelse i Noreg er betre enn i mange andre europeiske land. Av 153 alvorlege skadegjerarar (unnateke invaderande planter) er det 15 som er kjent å førekjemme i Noreg. Av desse 15 var sju under nedkjemping ved utgangen av 2015. Mattilsynet samarbeider godt med næringa i nedkjempinga.

Mattilsynet påviste planteskadegjerarar i nokre importsendingar.

Landbruks- og matdepartementet opna i 2015 for import av eple- og pæreretre og jordbærplanter,

mellom anna for å forlenge jordbærsesongen og auke mangfaldet. Ikkje alle verksemndene har god nok kunnskap om farane ved import og ansvaret dei har.

Forvaltningspraksisen for nokre skadegjerarar er endra ved at oppfølginga primært er retta mot verksemder som produserer plantemateriale for sal, og ikkje lenger i same grad mot frukt- og bærprodusentar.

## Landdyrhelse

Noreg har god dyrehelse. Vi ser ein svak nedgang i talet på utbrot av listeførte sjukdommar. Vi har framleis færre av sjukdommene som kan smitte mellom dyr og menneske, enn dei fleste andre land.

Mattilsynet samarbeider tett med husdyrnæringa og andre organisasjonar om førebygging og nedkjemping når smittsam sjukdom blir påvist.

Mattilsynet påviste fleire utbrot av saueskabbmidd og paratuberkulose hos alpakka og lama. Smitten har truleg følt dyra ved import. Dette er dei første tilfella av saueskabbmidd i Noreg på 120 år.

Mattilsynet har også påvist ein del sjukdommar som sjeldan eller aldri har vore registrerte i Noreg. Mattilsynet endra raskt vernetiltak og tilpassa regelverket då USA og Europa hadde utbrot av fugleinfluensa og dei baltiske landa hadde utbrot av afrikansk svinepest.

Mattilsynet avdekte fleire tilfelle med smuggling av hundar og forfalska dokument som følgjer med kjæledyr frå utlandet

Husdyrmiljøet og maten i Noreg utgjer liten risiko for tilførsel av resistente bakteriestammar til den norske befolkninga, men MRSA hos svin utgjer ein ikkje ubetydeleg risiko. Som einaste landet i verda har Noreg dei siste to åra systematisk teke MRSA-prøver i svinebesetningane. I 2015 blei 821 svinebesetningar undersøkte og MRSA påvist i fire av desse. 33 besetningar, inkludert kontaktbesetningar, fekk påvist MRSA og blei sanerte. I tillegg blei 180 storfebesetningar undersøkte, og av desse blei ei besetning funne positiv.

Resistente bakteriar som blei påvist i fjørfeproduksjon blei spora tilbake til innførte avlsdyr. Husdyrnæringa si handlingsplan mot dette har vist gode resultat.

## Fiskehelse

Mattilsynets handtering av smittsame sjukdommar og arbeid med lakselus har bidrige til å bremse den negative utviklinga knytt til fiskehelse. Situasjonen er likevel framleis utfordrande.

Nivået for lakselus per fisk i anlegga i 2015 låg i snitt under grensa sett i regelverket i store delar av landet, med unntak av delar av Midt-Noreg. Problema i Midt-Noreg kjem i stor grad av resistens mot lakselusmidla. Beredskapen i næringa er framleis for dårleg og ikkje tilpassa utfordringane med lakselus. Mattilsynet prioriterte i 2015 å følgje opp anlegga med dei største luseproblema og brukte fleire og strengare verkemiddel enn tidlegare. Eit av verkemidla var redusert produksjon, og 20 anlegg fekk i 2015 vedtak om dette.

I 2015 blei det påvist 15 nye tilfelle av infeksiøs lakseanemi (ILA) i Noreg, og tolv av dei var i dei tre nordlegaste fylka.

Pancreassjukdom (PD) er framleis ein av sjukdommane som gir størst tap hos norsk oppdrettsfisk på grunn av høge dödstal, redusert tilvekst og dårlegare kvalitet på fisken når han blir slakta. Talet på tilfelle var i 2015 om lag på same nivå som i 2014. Det var eitt tilfelle utanfor PD-sona i Nord-Trøndelag.

Det blei ikkje påvist spreying av lakseparasitten Gyrodactylus salaris til nye regionar. I 2015 blei Ranaelva, Skibotnelva og Signaldalselva behandla.

#### *Målet om å fremje god dyrevelferd og respekt for dyr*

#### *Landdyrvelferd*

Årlege tap av sau på utmarksbeite er redusert med om lag 15 pst. dei siste fem åra, men tapstala er framleis høge. Dyrevelferda for dyr på utmarksbeite er ei utfordring og Mattilsynet har tett samarbeid med miljøforvaltninga og næringane i dette arbeidet.

Det blei påvist færre tilfelle av alvorleg vanskjøtsel av dyr i 2015 enn i 2014. Mattilsynet registrerte i alt 57 slike saker, 21 av desse gjaldt kjæledyr. Mattilsynet samarbeider tett med ulike næringsorganisasjonar og offentlege etatar for å førebygge alvorleg vanskjøtsel av dyr.

Talet på meldingar på Mattilsynet si heimeside auka med 15 pst. til 8 425 meldingar om dyrevelferd.

Mattilsynet gjennomførte 205 tilsyn med pelsdyrhald i 2015. Det blei gjort vedtak om avvikling av pelsdyrhald og fem alvorlege saker blei melde til politiet.

Eit pilotprosjekt blei sett i verk i Sør-Trøndelag politidistrikt for å styrke Mattilsynet og politiet sitt arbeid med dyrevelferdsriminalitet.

Næringa sitt program for dyrevelferd for slaktekylling har positiv verknad. På bakgrunn av utfordringar med velferd og helse i kalkunproduksjonen bestilte Mattilsynet ei risikovurdering frå

VKM. Ny nasjonal forskrift om bruk av dyr i forsøk tok til å verke i 2015. Forvaltninga av forsøksdyrområdet blei ført over frå Forsøksdyrutvalet til Mattilsynet.

#### *Fiskevelferd*

Den store bruken av medikamentell behandling mot lakselus har nokre stader ført til svekka fiskevelferd.

Oppdrett og bruk av rensefisk og nye ikkje-medikamentelle metodar til førebygging og hand-saming av lakselus aukar. Ifølge anslag frå Sjømat Norge nyttast ikkje-medikamentelle tiltak i dag i om lag 25 pst. av merdene, men det er framleis spørsmål knytt til ein del av metodane når det gjeld omsynet til fiskevelferd. Ein stor del av rensefisken dør eller går tapt på annan måte i løpet av ein produksjonssyklus.

#### *Målet om å fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn*

Den årvisse *Merkeskjekken* viser nedgang i talet på brot på reglane om merking.

Ein ny og forbetra versjon av *Kostholdsplanleggeren* blei lansert i 2015.

Eit nasjonalt tilsynsprosjekt om bruk av ernærings- og helsepåstandar som blei gjennomført i 2015, viste at om lag halvparten av dei undersøkte matvarene hadde brot på ein eller fleire av reglane som blei vurdert. Ei erfaring frå prosjektet er at reglane er vanskelege å forstå for verksemindene.

Tilsyn med bruk av frivillige merkeordningar som til dømes bruk av nøkkelhol, inngår som ein del av det ordinære tilsynet med merking av mat.

Mattilsynet gjennomførte i 2015 to prosjekt for å undersøke om fiskevarer blir merka korrekt med omsyn til art og innhald. Det eine prosjektet var koordinert med EU. Resultata viser at det berre blei påvist avvik med omsyn til deklarert art i ei av 400 prøver frå den norske marknaden.

Fiskekvalitetsforskrifta blei endra, mellom anna for å heve kvaliteten på villfanga fisk. Noregs Råfisklag har fått i oppdrag å føre tilsyn etter delar av forskrifta. Dette kjem i tillegg til Mattilsynet sitt arbeid med hygiene og kvalitet. Mattilsynet har hatt god dialog med Råfisklaget om ordninga og motteke rapportar om Råfisklaget sitt tilsyn.

#### *Målet om å vareta miljøvennleg produksjon*

Noreg fekk i 2015 nye reglar for plantevernmiddel etter at meir av EU sitt regelverk på området blei teke inn i EØS-avtalen. Dei nye reglane for bruk og godkjenning av plantevernmiddel vernar helse

og miljø betre. Reglane gir Mattilsynet nye og fleire oppgåver med vurdering av godkjenning.

### Resultat av meir generell karakter

#### *Internasjonalt arbeid og regelverksutvikling*

Mattilsynet deltok aktivt i arbeidet med utviklinga av reglar i EU og EØS i 2015. Mattilsynet har lagt vekt på å fange opp og ta tak i problemstillingar og å arbeide med nytt regelverk på eit tidleg tidspunkt. Mattilsynet deltok i over 250 møte og gjennomførte kvar veke førebuande møte med matdepartementa.

I 2015 blei det under Codex Alimentarius Commission mellom anna arbeidd med standard for fiskeolje, grenseverdiar for kvikksølv i fisk, økologisk akvakultur og bruk av veksthormon i kjøttproduksjon. Noreg har hatt ansvar for Fiskekomiteen. Dette arbeidet blei i hovudsak avslutta i 2015.

Mattilsynet arrangerte i 2015 eit seminar om helse hos akvatiske dyr i samarbeid med Verdas dyrehelseorganisasjon (OIE).

Mattilsynet har teke del i arbeidet i fleire andre internasjonale organisasjonar, mellom anna kommisjonen for plantesanitære tiltak under IPPC (CPM) og i det nordiske samarbeidet organisert under Nordisk ministerråd.

### Marknadstilgang

Det aller meste av eksporten går utan komplikasjonar, men det er utfordringar med marknadstilgangen for sjømat i enkeltmarknader. Noreg eksporterte sjømat til 143 land i 2015. Særlege krav frå enkeltland krev mykje arbeid og kan føre til uvisse eller stans i eksporten.

I 2015 skreiv Mattilsynet ut om lag 50 000 attestar for eksport til land utanfor EØS-området. Om lag 45 000 av desse var for fisk og fiskevarer og om lag 5 400 attestar var for landbaserte produkt.

Russland sitt importforbod gjeld framleis, og i august 2015 oppsto det i tillegg utfordringar med eksporten til Den Eurasiske Økonomiske Union etter at 14 norske lakse- og aureverksemder blei utestengd frå tollunionen. Frå nokre av anlegga blei det gjenopna for eksport, men eit fleirtal er framleis utestengde.

Det har vore utfordringar med eksporten av norsk laks til Kina sidan 2010. I 2015 innførte Kina ytterlegare innstrammingar i importkontrollregimet for norsk laks, samstundes med at regimet er utvida til å gjelde all norsk sjømat.

Eksporten av produkt frå storfe til Japan blei stoppa etter at Noreg fekk konstatert sitt første til-

felle av atypisk kugalskap i februar 2015. Etter omfattande arbeid overfor japanske styremakter blei det opna igjen for eksport i februar 2016.

#### *Tilsyn, rettleiing og områdeovervaking*

Mattilsynet utførte vel 68 000 tilsyn i 2015. Dette er ein nedgang på om lag 4 pst. frå 2014, men samanlikna med 2012 og 2013, er talet på tilsyn om lag 20 pst. høgare. Arbeid i samband med omorganiseringa av Mattilsynet, noko redusert bemaning og fleire tilsyn som krev mykje ressursar, kan forklare den moderate nedgangen frå 2014 til 2015.

Mattilsynet fann avvik ved 55 pst. av tilsyna i 2015. Variasjonen mellom regionane med omsyn til avvik ved ulike typar tilsyn, har blitt mindre dei siste tre åra.

Talet på klagesakar gjekk ned frå 293 i 2014 til 250 i 2015.

Mattilsynet øver beredskapen fleire gonger i året, både nasjonalt og regionalt. Den store nasjonale øvinga i 2015 avdekte særleg læringspunkt knytt til kommunikasjon.

### Kommunikasjon

Mattilsynet har arbeidd mykje for å informere og rettleie verksemder og næring om nye reglar. For å bidra til å gjøre befolkninga i stand til å ta val som er vel grunngitte, har Mattilsynet formidla rapportar om tilstand, åtvaringar og korleis vi håndsamar risiko. Dette er formidla via mattilsynet.no, matportalen.no og ved hjelp av presse og sosiale medium.

I arbeidet med nettstadene legg Mattilsynet vekt på å sikre kvaliteten framfor å få publisert mest mogleg. Dette for å sikre at brukarane av nettstadane får løyst oppgåvene sine. Frå 2015 måler Mattilsynet kor stor del av oppslaga på mattilsynet.no der brukaren får løyst oppgåva. I 2015 var delen på 65,5 pst.

### Organisatoriske forhold

Omorganiseringa av Mattilsynet frå februar 2015, har lagt eit godt grunnlag for ei meir einskapleg og effektiv forvaltning. Den regionale verksemda er samla i eitt forvaltningsnivå og talet på regionar er redusert frå åtte til fem. På hovudkontoret er arbeidet med regelverk og styring og utvikling av tilsynet samla i tre avdelingar med kvar sine fagområde.

Omorganiseringa førte til 30 pst. færre leiarar. Føresetnadene for å utvikle eit meir einskap-

leg tilsyn er betre ved at regionane har fått eit tydelegare ansvar for å koordinere tilsynet både innan, og på tvers av regionane. For å bidra til meir einskapleg forvaltning, er handsaminga av klager på vedtak som regionane gjer, lagt til hovudkontoret.

## Budsjettframlegg 2017

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei løying på 1 351,510 mill. kroner. I talet ingår premie til Statens pensjonskasse, jf. omtale i Gul bok.

### Regelverksutvikling og internasjonalt arbeid

Regelverket på matområdet er i stor grad harmonisert over landegrensene. Codex Alimentarius Commission, OIE og IPPC legg viktige premissar for Regelverksutviklinga internasjonalt. Som følge av EØS-avtalen blir grunnlaget for det norske regelverket hovudsakleg utvikla i EU. Nærare 90 pst. av alle nye forskrifter og forskriftsendringar på Mattilsynet sitt ansvarsområde er knytt til oppfølging av EØS-avtalen. Mattilsynet vil følgje aktivt med i dei sentrale delane av arbeidet i desse organisasjonane.

Matdepartementa legg vekt på samordna og godt førebudd deltaking i alle internasjonale fora. I det internasjonale regelverksarbeidet er det viktig med tidleg og god dialog med relevante interesser. Mattilsynet vil ta aktivt del i arbeidet i EU med å utvikle nytt regelverk i samsvar med norske synspunkt på utvalde område. Mattilsynet vil prioritere område med særlege norske interesser i regelverksarbeidet.

Mattilsynet skal også bidra til at oppfølging av dei internasjonale pliktene skjer til rett tid og at gjennomføring i norsk rett blir gjort på mest mogleg formålstenleg og brukarvennleg vis.

Regjeringa legg vekt på forenkling for næringsane og brukarane. Mattilsynet vil ha særleg merksemd på å forenkle og rydde i regelverket. Mattilsynet vil også leggje vekt på å fremje desse omsyna når dei deltek i internasjonal regelverksutvikling, mellom anna i arbeidsgruppene i EU og i dei aktuelle internasjonale organisasjonane på matområdet. Mattilsynet vil også leggje vekt på å informere betre om regelverket og gjere det lettare tilgjengeleg mellom anna for produsentar og serveringsstader av lokalmat.

For å leggje til rette for marknadstilgang for norske varer i land utanfor EØS-området, vil Mattilsynet vidareføre samarbeidet med matstyrsmakter i aktuelle land.

### Tilsyn, rettleiing og områdeovertaking

Rettleiing og utøvande tilsyn i dei enkelte verksemndene er kjerneverksemda til Mattilsynet.

Regelverket som Mattilsynet forvaltar er omfattande og til dels komplisert. Mattilsynet vil halde fram arbeidet med å utarbeide rettleiarar og annan informasjon for å gjøre det lettare for verksemndene å etterleve regelverket som gjeld for dei. God rettleiing er viktig fordi dei fleste vil vere lovlidige om dei kjenner til kva som gjeld.

Nærleik til verksemndene og god kunnskap om lokale forhold og kva risiko som føreligg skal sikre eit effektivt, målretta og godt synleg tilsyn. Mattilsynet vil ved bruk av fagleg skjønn vere løysingsorientert i møtet med verksemndene samstundes som omsynet til likehandsaming blir ivaretake. Det er verksemndene sitt eige ansvar å kjenne til og finne løysingar som gjer at dei etterlever regelverket. Mattilsynet fører tilsyn med at slik etterleving skjer. Når det er naudsynt for å sikre at måla blir nådde, vil Mattilsynet nytte dei verkemidla louverket stiller til rådvelde.

Som eit ledd i arbeidet for å bli meir effektive og synlege, legg Mattilsynet vekt på bruk av målretta inspeksjonar med færre kontrollpunkt, såkalla punkttilsyn. Slike tilsyn kan vere ein del av den faste tilsynsrutinen eller danne grunnlag for utvikling av store og små tilsynskampanjar. Smilefesttilsyn i serveringsverksemder er eit døme på dette.

Regelverket om kontroll krev at det skal vere eit effektivt, einskapleg og heilsakapleg tilsyn. I følgje regelverket skal tilsynet skje på det ledet i matproduksjonskjeda der effekten er størst. På mange område betyr dette at tilsyn bør skje tidleg i matproduksjonskjeda. Mattilsynet vil også prioritere tilsyn retta mot dyrevelferd.

Omfanget av tilsyn med verksemndene blir tilpassa risikoen for og konsekvensar av regelbrott både generelt og i den enkelte verksemda. Dette krev god kunnskap om tilstanden på dei ulike områda. Nasjonale kontrollplanar skal ligge til grunn for prioritering og rapportering.

Mattilsynet forvaltar også regelverk som ikkje er direkte knytt til risiko for helse hos folk, planter og dyr. Også på desse områda er det viktig med målretta og effektivt tilsyn.

Mattilsynet vil innrette arbeidet med kartlegging og overvaking slik at det blir målretta og kostnadseffektivt. Overvakings- og kontrollprogram knytt til plikter etter internasjonale avtalar eller norske tilleggsgarantiar, vil ha prioriteten.

Mattilsynet vil arbeide vidare for å motverke matsvindel nasjonalt og internasjonalt. Arbeidet er prioritert i EU, mellom anna ved gjennom-

føring av årlege koordinerte kontrollprogram for nærmere bestemte varegrupper der alle medlemsstatane og Noreg deltek, og utvikling av dataverktøy for utveksling av informasjon om svinselforsøk.

#### Målet om å sikre helsemessig trygg mat og trygt drikkevatn

Mattilsynet vil arbeide for at maten og drikkevatnet skal vere trygt med omsyn til folkehelse.

Arbeidet med å halde ved like gode hygieniske forhold i alle verksemder i matproduksjonskjeda krev kontinuerleg merksemd frå verksemdene og aktiv og målretta arbeid frå Mattilsynet.

Regelverket om hygiene og kontroll legg vekt på verksemdene sitt eige ansvar for å etterleve krava, og for å ha system og rutinar som sikrar mattryggleiken i heile matproduksjonskjeda frå og med innsatsvarer og primærproduksjon til og med omsetnad til forbrukarane. Dette gjeld også ved import.

Regjeringa fastsette i mai 2014 nasjonale mål på vassområdet i samsvar med Verdas helseorganisasjon/UNECE sin Protokoll for vatn og helse. For å følgje opp måla innan Helse- og omsorgsdepartementet sitt ansvarsområde er det laga ein gjennomføringsplan der Mattilsynet og Folkehelseinstituttet har sentrale rollar. Dette bidreg samstundes til oppfølging av Meld. St. 19 (2014–2015) *Folkehelsemeldinga* og delmål 3.3 under FNs berekraftmål 3 om å sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder. Mattilsynet vil følgje opp arbeidet gjennom å forbetre regelverket, utarbeide rettleiarar og framleis legge vekt på tilsyn på drikkevassområdet.

Mattilsynet vil vurdere utvikling av nytt regelverk og tilsynsmetodar som kan bidra til å skape tryggare forhold ved import og omsetnad av kosttilskott og liknande næringsmiddel.

#### Målet om å fremje god helse hos planter, landdyr og fisk

God plante-, landdyr- og fiskehelse er viktige føretnader for produksjon av trygg mat og for verdiskaping i næringane. Tiltak og rutinar i næringane er viktige for å førebyggje introduksjon og spreiing av sjukdom og skadegjerarar.

Mattilsynet vil arbeide for at helsetilstanden hos planter, landdyr og fisk framleis skal vere god. Førebyggjande tiltak og god beredskap er viktig mot dei mest frykta planteskadegjerarane og smittsame sjukdommane hos landdyr og fisk. Dette er også viktig for å hindre utbrott av dyre-

sjukdom, som også kan smitte over og gi sjukdom hos menneske (zoonosar).

Det er viktig å overvake og gjere tiltak som betrar og sikrar ein god resistenssituasjon i norsk husdyrhald. Overvaking, sanering og smitteforebyggjande tiltak mot LA-MRSA (dyre-assosierete methicillinresistente *Staphylococcus aureus*-bakteriar) i svinebesetningar vil bli vidareført. Likeins vil Mattilsynet sjå på tiltak mot resistente bakteriar i fjørfehaldet.

*Chronic Wasting Disease (CWD)* er ein prionsjukdom hos hjortedyr som i 2016 blei påvist hos villrein og elg i Noreg. Hjortedyra dør av sjukdommen. CWD har vore kjent i Nord-Amerika i nærmere 50 år. Overføring av sjukdommen til menneske er aldri påvist. I samarbeid med miljøstyremaktene og Veterinærinstituttet har Mattilsynet hausten 2016 sett i verk ei omfattande kartlegging av førekosten av sjukdommen. Det vil bli innhenta prøver frå elg, hjort og reinsdyr som blir felt under jakta og av sjuke hjortedyr. Mattilsynet vil også ta prøver av oppdrettshjort og tamrein. Kartlegginga vil halde fram i 2017. Så langt er det planlagt eit samla omfang på om lag 16 000 prøver.

Mattilsynet vil styrke arbeidet med fiskehelse og fiskevelferd, mellom anna gjennom arbeidet for å redusere førekosten av lakslus og tap i oppdrettsnæringa. Mattilsynet vil følgje opp den vidare tilsynsinnsatsen knytt til dei strengare miljøkrava ved hove til auka produksjon i havbruksnæringa. Mattilsynet vil også bidra til oppfølging av Meld. St. 16 (2014–2015) om vekst i havbruksnæringa.

For å setje styresmaktene i stand til å gjennomføre dei tilsyn som krevjast i samband med oppfølginga av Meld. St. 16 (2014–2015), vil det vere naudsynt å auke ressursane til Mattilsynet. Det blir foreslått å auke løyvinga med 12,5 mill. kroner mot tilsvarande auke i gebyrinntekter, jf. omtale under kap. 4115.

**Målet om å fremje god dyrevelferd og respekt for dyr**  
Mattilsynet vil ha merksemd på tilsynet med dyrevelferd, både for produksjonsdyr og familie- og sportsdyr. Mattilsynet vil legge vekt på å utnytte verkemidla i dyrevelferdslova for å fremje god dyrevelferd.

Mattilsynet vil samarbeide med politiet om å gjennomføre prøveprosjekta med dyrepoliti i Sør-Trøndelag og Rogaland som blei starta opp i 2015 og 2016. Formålet er best mogleg handsaming av saker som gjeld alvorleg omsorgssvikt og overgrep mot dyr. Målet er å utvikle system og rutinar for handsaming av slike saker, slik at alvorleg kri-

minalitet mot dyr skal føre til straffesak og domfelling.

Lidingar hos og tap av dyr på beite har ulike årsaker og er ei stor utfordring som Mattilsynet vil ha merksemd på. Mattilsynet vil vidareføre god samhandling med miljøstyresmaktene når det gjeld tap som skriv seg frå rovvilt, jf. rovviltforliket i Stortinget 2011 og Meld. St. 21 (2015–2016).

Oppdrettsfisk skal haldast, transporterast og slaktast under etisk akseptable forhold. Mattilsynet vil ha merksemd på å oppdretthalde god fiskevelferd når oppdrettarar tek i bruk triploid fisk.

#### Målet om å fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn

Mattilsynet skal arbeide for at mat, drikkevatn og innsatsvarer har rett kvalitet og rett innhald, og at regelverket om merking ogærleg omsetnad blir følgt. Regelverket om merking av mat skal sikre at forbrukarane har tilgang til rett informasjon om eigenskapane til maten.

Mattilsynet har også viktige oppgåver i ernæringsarbeidet, særleg når det gjeld tilsyn med merking, ernærings- og helsepåstandar og frivillig sunnheitsmerking (Nøkkelholet).

Innhaldet av ulovlege mengder av genmodifisert materiale i næringsmiddel og før på den norske marknaden, ser ut til å vere lågt. Problema knytt til sporforureining av genmodifisert materiale synest størst i förvarer. Mattilsynet vil føre vidare overvakninga av genmodifisert materiale i både før og næringsmiddel.

#### Målet om å ivareta miljøvennleg produksjon

Mattilsynet vil bidra til at matlova sitt formål om å ivareta miljøvennleg produksjon blir oppfylt. Kvaliteten på innsatsvarer som såvarer, gjødsel, plantevernmidde og förvarer er avgjerande for miljøvennleg produksjon, og verkar også inn på kvaliteten på maten.

Ny handlingsplan for berekraftig bruk av plantevernmidde blei fastsett i april 2016. Arbeidet for å redusere bruken av og risikoen ved bruk av plantevernmidde, vil bli ført vidare med utgangspunkt i planen.

For 2017 er det gjort framlegg om ei løyving knytt til oppfølging av *Handlingsplan plantevernmidde*, jf. kap. 1150, post 77.15.

#### Marknadstilgang

Mattilsynet har ei viktig rolle i arbeidet med å legge til rette for marknadstilgang for norske produkt, og kontakt med aktuelle styresmakter i andre land er avgjerande for å betre marknadstilgangen.

Dei seinare åra har det vore ein auke i krava til dokumentasjon på at norsk sjømat er trygg og har rett kvalitet. For Noreg som stor eksportør av sjømat er det avgjerande å kunne dokumentere mattryggleik og kvalitet gjennom heile produksjonskjeda.

Mattilsynet vil arbeide med å forenkle og effektivisere utskriving av eksportattestar for fisk til land utanfor EØS-området.

#### Andre område

##### Dyrehelsepersonell

Mattilsynet forvaltar lovgivinga som skal sikre forsvareleg yrkesutøving hos dyrehelsepersonell. Mattilsynet vil legge vekt på at dyrehelsepersonell driv forsvarleg verksemd, særleg i samband med utelevering og bruk av antibiotikum. Det vil også bli lagt vekt på å få betre kvalitet på registrert over bruken av legemiddel til dyr.

Departementet føreslår å styrke arbeidet med veterinærmedisinsk lækjemiddelregister mellom anna for å betre oversikta over veterinærar som skriv ut antibiotikum og samanhengen med utvikling av resistens.

#### Kosmetikk

Mattilsynet vil føre tilsyn og følgje opp arbeidet med å utvikle regelverket som skal sikre at kosmetikk og kroppspleieprodukt er helsemessig sikre for menneske og dyr. Mattilsynet vil samarbeide med Folkehelseinstituttet om å overvake helsekadelege biverknader ved bruk av kosmetikk og kroppspleieprodukt.

#### Post 22 Reguleringspremie til kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser

Departementet gjer framlegg om ei løyving på posten på 13,419 mill. kroner. Løyvinga skal dekkje utgiftene for Mattilsynet til reguleringspremie til kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser.

### **Post 71 Tilskott til erstatningar**

Departementet gjer framlegg om ei løyving på posten på 4,2 mill. kroner. På posten vil det bli ført utbetalingar til personar som har ytt naudhjelp til dyr etter dyrevelferdslova § 4 der det ikkje er no-

kon eigar av dyret som kan dekkje kostnaden. På posten vil det også bli ført kostnader for tiltak sett i verk av Mattilsynet i medhald av matlova, dyrehelsepersonellova og dyrevelferdslova i dei tilfella der kostnaden ikkje kan drivast inn frå eigar.

### **Kap. 4115 Mattilsynet**

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Gebyr m.m.	144 006	156 886	193 764
02	Driftsinntekter og refusjonar m.m.	10 638	5 619	5 731
	Sum kap. 4115	154 644	162 505	199 461

#### **Post 01 Gebyr m.m.**

På posten blir gebyrordningane under Mattilsynet ført. Dette omfattar gebyr for særskilte ytingar som Mattilsynet gjer for konkrete brukarar og gebyr for visse tilsyns- og kontrolloppgåver der desse eintydig rettar seg mot konkrete brukarar.

Det vil i 2017 bli innført eit gebyr for tilsyn med fiskehelse med eit budsjettet proveny på 12,5 mill. kroner. Gebyret skal dekkja kostnadene Mattilsynet har til å utføre tilsyn med at aktørane har kontroll på fiskehelsa i anlegga, med hovudvekt på lakselus.

Gebyr for kontroll med økologisk produksjon og omsetnad, som tidlegare har vore ført utanfor statsrekneskapen, blir i 2017 innarbeidd i statsrekneskapen og utgjer om lag 12 mill. kroner. Kap. 1115, post 01 blir auka tilsvarende.

Gebyrsatsane for kjøttskontroll og veterinær grensekontroll er lågare enn kostnadene Mattilsynet har ved å utføre desse oppgåvene. Det er ved budsjettering lagt til grunn at gebyrsatsane for kjøttskontroll og veterinær grensekontroll blir auka med høvesvis 9 pst. og 20 pst., tilsvarende 9 mill. kroner, i tillegg til ordinær prisjustering.

#### **Post 02 Driftsinntekter og refusjonar m.v.**

På posten blir det mellom anna ført diverse driftsinntekter frå oppgåver som Mattilsynet gjer for anna forvaltning, til dømes for tilsyn med omsetnad av reseptfrie legemiddel utanfor apotek og oppgåver knytt til miljøretta helsevern for kommunane. Her vil det også bli ført inntekter frå gebyr for særskilte ytingar som Mattilsynet av omsetnad til næringsutøvarane yter utanom ordinær arbeidstid.

## Programkategori 15.20 Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling

Utgifter under programkategori 15.20 fordelte på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag	(i 1 000 kr)
		2015	budsjett 2016	2017	Pst. endr. 16/17
1136	Kunnskapsutvikling m.m.	112 069	222 448	226 646	1,9
1137	Forsking og innovasjon	449 699	448 049	610 218	36,2
	Sum kategori 15.20	561 768	670 497	836 864	24,8

Inntekter under programkategori 15.20 fordelte på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag	(i 1 000 kr)
		2015	budsjett 2016	2017	Pst. endr. 16/17
4136	Kunnskapsutvikling m.m.		19 775	20 286	2,6
	Sum kategori 15.20		19 775	20 286	2,6

### Mål og strategiar

Forsking, innovasjon og kompetanse skal bidra til at dei landbruks- og matpolitiske hovudmåla – matsikkerheit, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk blir nådde. For å sikre effektiv bruk av midlane, legg departementet vekt på målretta bruk av midlar til forsking og innovasjon og at kunnskap og kompetanse skal gjerast lett tilgjengeleg for næring og forvaltning. I tillegg er ein effektiv og sterk instituttsektor viktig for å sikre god, forskingsbasert forvaltning. Dette krev eit godt samspel mellom instituttsektoren, andre relevante kunnskapsmiljø, ulike næringsaktørar og forvaltninga.

Norsk landbruk har eit stort potensial for vidareutvikling, men står også overfor utfordringar. Forsking og ny kunnskap er ein føresetnad for at Noreg skal lukkast med å utvikle det berekraftige landbruket til å bli meir effektivt og lønsamt, og for å sikre stabil leveranse av trygg kvalitetssmat. Kunnskap er også berebjelken i bioøkonomien, der framtidig vekst og verdiskaping i større grad er basert på berekraftig produksjon, uttak og ut-

nyting av biomasse frå landbruk, skogbruk, havbruk og fiskeri. Kunnskap og teknologiutvikling skal bidra til det grøne skiftet ved at vi brukar dei biologiske ressursane våre smartare og utviklar produkt som er mindre ressurskrevjande og meir klima- og miljøvennlege. Satsinga på bioøkonomien skal legge grunnlag for auka verdiskaping i biobaserte næringar gjennom ei marknadsorientert og berekraftig utnytting av bioressursane på tvers av sektorar og næringar.

### Målretta bruk av midlar til forsking og innovasjon

Både nasjonale og internasjonale utviklingstrekk, mellom anna folkeauke og klimaendringar, er viktige bakteppe for landbruks- og matforskinga, og for dei prioriteringane sektoren gjer på forskingsområdet. Regjeringa vil stimulere til auka matproduksjon. Med bakgrunn i dette legg Landbruks- og matdepartementet til grunn at forskinga skal gi viktige bidrag til auka og lønsam matproduksjon, samstundes som det skal takast naudsynte omsyn til miljø og klima. Dette krev kunnskap og teknologi som sikrar auka produktivitet og best mogleg

utnytting av tilgjengelege ressursar, inkludert kunnskap om korleis matproduksjonen blir påverka, og best kan tilpassast, eit endra klima. Ny kunnskap er også heilt avgjerande for å halde den gode plante- og dyrehelsa og gode dyrevelferda i Noreg ved lag. Regjeringa forsterkar innsatsen retta mot antibiotikaresistens, eit behov som mellom anna er stadfesta i regjeringa sin nasjonale strategi mot antibiotikaresistens (2015–2020) og Handlingsplan mot antibiotikaresistens innanfor Landbruks- og matdepartementets sektoransvar. Strategien er omtalt nærmere under programkategori 15.10.

Folkeauke og klimaendringar inneber store utfordringar, men også betydelege moglegheter for sektoren. Forsking og ny kunnskap er viktig for å møte utfordringane og for å realisere potensiala, noko som mellom anna er peikt på i arbeidsgrupperapporten *Landbruk og klimaendringar*. Kunnskap som kan bidra til å løyse store samfunnsutfordringar, til dømes utfordringar knytt til klima, miljø, energi og matsikkerheit, er også eitt av dei tre overordna måla i Meld. St. 7 (2014–2015) *Langtidsplan for forskning og høyere utdanning 2015–2024*.

Landbruket rår over eit betydeleg ressursgrunnlag. Dette gir potensial for økonomisk vekst innanfor ei rekke næringer og innanfor heile verdikjeda, frå primærleddet til forbrukarane. Kunnskap som bidreg til optimal utnytting av dei omfatte biologiske ressursane og tett kopling mellom forsking og næringsliv vil vere sentralt for å ta ut potensialet i bioøkonomien. Ei satsing på området skal bidra til auka lønsemd i eksisterande næringer og danne grunnlag for innovasjonar og ny næringsverksemd. Verdien av kunnskap, forsking og innovasjon som drivkraft for verdiskaping og utvikling av vekstkriftige regionar i heile landet er også understreka i Meld. St. 31 (2014–2015) *Garden som ressurs – marknaden som mål*.

Landbruks- og matforskinga skal utløyse innovasjon og verdiskaping. Det er eit mål å vidareutvikle ein kunnskapsbasert landbruks- og matsektor gjennom å stimulere næringane i sektoren til å forske meir og til å nytte seg av forskinga til andre, både nasjonalt og internasjonalt. Nye produkt og produksjonsmåtar, nye tenester, nye måtar å samarbeide på, nye måtar å organisere næringsverksemd på m.m. vil framover kunne gi moglegheter for vekst i sektoren. Departementet legg vekt på innovasjon og teknologiutvikling som grunnlag for effektiv og berekraftig produksjon og utnytting av fornybare biologiske ressursar, jf. innovasjonsaktiviteten til departementet, kap. 1137, post 70.

Dei utfordringane og kunnskapsbehova som sektoren står overfor er i stor grad felles med andre land, både i Europa og elles. Norsk deltaking i internasjonal forsking på landbruks- og matområdet er difor naudsynt for å løyse felles utfordringar, heve kvaliteten på forskinga her i landet, fornye norsk forsking og for å kunne forstå og nytte forskningsresultat frå andre land. Regjeringa har gjennom *Strategi for forsking- og innovasjonssamarbeid med EU* sett seg som mål at to av dei konkurranseutsette midlane i Horisont 2020 skal førast tilbake til norske aktørar. Ei slik målsetjing krev ei omfattande mobilisering og eit godt samspel mellom nasjonale og europeiske forskingsmidlar. Internasjonal spisskompetanse hos forskingsmiljøa i sektoren er ein føresetnad for å delta i internasjonalt forskingssamarbeid. Regjeringas Panorama-strategi for høgare utdannings- og forskingssamarbeid med Brasil, India, Japan, Kina, Russland og Sør-Afrika (2016–2020) legg til rette for meir målretta og langsiktig samarbeid for styrkt konkurranseskraft og innovasjonsevne, finne gode løysingar på globale samfunnsproblem og utvikle fleire framifrå fagmiljø i Noreg. Innan landbruks- og matsektoren er målet om meir internasjonalt forskingssamarbeid av høg kvalitet særskilt viktig, fordi dei globale utfordringane innan sektoren i tida framover er store.

#### Kunnskap og kompetanse er tilgjengeleg for næring og forvaltning

Sektoren har lange tradisjonar for samarbeid mellom styresmakter, næringsaktørar og kunnskapsmiljø når det gjeld kunnskapsutvikling og forskings- og utviklingsarbeid. Gjennom dette har sektoren eit godt utgangspunkt for at forskinga er relevant og at ny kunnskap kjem til nytte. Samstundes er det viktig med eit omfattande samspel mellom landbruket og andre sektorar i arbeidet med å fremje forsking og innovasjon. Dette vil legge grunnlaget for synergiar mellom landbruks- og matnæringane og andre næringar gjennom utveksling av kunnskap, teknologi og idear. Ikkje minst vil vidareutvikling av bioøkonomien, der eit av Noregs fortrinn ligg i eit tett samarbeid mellom blå og grøn sektor, krevje samarbeid på tvers av fagområde og ulike næringar.

Ei målretta politikkutforming med gode avgjelder for landbruks- og matsektoren krev kontinuerleg tilgang på oppdatert kunnskap. Forskingsbasert kunnskap bør i størst mogleg grad ligge til grunn for politikkutvikling og forvaltning. Samfunnsvitskapleg forsking skal bidra med kunnskap om landbruket si rolle, fremje lokal og

regional utvikling, og gi kunnskap om korleis ulike drivkrefter påverkar utviklinga i landbruket. Det same gjeld forholdet mellom landbruket og samfunnet elles. Samfunnsvitskapleg forsking vil også gi meir kunnskap om samspelet mellom politikk, forvaltning og næring.

Landbruks- og matforskinga må følgjast opp med målretta spreiing av kunnskap slik at resulata av forskinga raskt og effektivt når ut til aktørane som kan ha nytte av den, og til allmenta elles. Noregs forskingsråd set krav til at formidlingsaktivitet er ein integrert del av forskingsprosjekta. For å lukkast er det også naudsynt å sikre eit godt samarbeid mellom dei ulike aktørane i landbruks- og matnæringa. Mellom anna er Norsk Landbruksrådgiving eit viktig bindeledd mellom kunnskapsmiljøa og primærjordbruket. Tilsvarande er Skogbruks Kursinstitutt ein sentral aktør for opplæring og formidling i skogsektoren.

Primærleddet i landbruket og industrien som foredlar mat og fiber, er høgteknologisk og kunnskapskrevjande. Dette sett høge krav til kompetanse hos næringsutøvarar, rådgivarar og utdanningsinstitusjonar. God rekruttering både til yrkesutdanning og til høgare landbruks- og matfagleg utdanning vil vere viktig for å utdanne kompetent arbeidskraft til eit framtidsretta landbruk.

#### Ein effektiv instituttsektor i samspel med andre

Det er eit mål å ha ein effektiv instituttsektor i landbruket som driv forsking av høg kvalitet og relevans, og som har godt omdømme og høg internasjonal konkurranseskraft. Nasjonale og internasjonale konkurransearenaer, strategiske løysingar og systematisk oppbygging av kompetanse skal leggje til rette for auka kvalitet i forskingsinstitutta i landbruket.

I 2015 blei Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) oppretta. Instituttet skal kartleggje og ha

kunnskap om biologiske ressursar og arbeide for kommersialisering knytt til berekraftig bruk av ressursane slik at Noreg kan få ei breiare næringsserksem i framtida. Saman med Veterinærinstituttet (VI), dekkjer NIBIO viktig bioøkonomisk og biomedisinsk kompetanse.

Departementet vil vidareføre arbeidet med å leggje til rette for faglege og administrative synergier mellom landbruks- og matforskinsinstitutta. Det blir lagt vekt på tverrfaglegheit og godt samarbeid mellom dei ulike landbruks- og matfaglege forskingsmiljøa.

Etablering av kunnskapsklynger er eit viktig verkemiddel for kompetanse og kunnskapsutvikling. Den felles lokaliseringa av NIBIO sitt hovudsete, Noregs miljø- og biovitkskaplege universitet (NMBU) og frå 2019 VI på Campus Ås, vil skape grunnlag for eit kunnskapsbasert kraftsentrum innanfor undervisning, forsking og innovasjon. Det gjeld både innanfor dei eksisterande bionæringsane og i utvikling av ny næringsserksem innanfor bioøkonomien.

Den felles lokaliseringa av NIBIO, NMBU og VI på Ås legg også eit godt grunnlag for vidare samarbeid mellom desse miljøa og Nofima AS. Selskapet har kompetanse som er sentral for å vidareutvikle og auke konkurranseskylden i norsk næringssidelindustri. I tillegg er den tverrfaglege tilnærminga til Nofima sentral for å ta ut det potensialet som ligg i samarbeid mellom blå og grøn sektor på matområdet.

Landbruks- og matdepartementet vil vidareføre arbeidet med å utvikle fagleg og økonomisk robuste forskingsinstitutt og bidra til eit godt samarbeid mellom miljøa innanfor landbruks- og matforskinga og andre relevante samarbeidspartnarar. God rekruttering og moderne infrastruktur for forskinga vil også vere viktig for å oppnå auka kvalitet.

## Kap. 1136 Kunnskapsutvikling m.m.

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
50	Kunnskapsutvikling, formidling og beredskap, Norsk institutt for bioøkonomi	112 069	222 448	226 646
	Sum kap. 1136	112 069	222 448	226 508

## **Post 50 Kunnskapsutvikling, formidling og beredskap, Norsk institutt for bioøkonomi**

### **Formål med løvinga**

Midlane over posten skal nyttast til kunnskapsutvikling, fagleg beredskap, utvikling av kompetanse, analyse og dokumentasjon og formidling av kunnskap innan følgjande område:

- Effektiv og konkurransedyktig mat- og planteproduksjon i heile landet
- Nasjonal beredskap innan mattrigggleik og plantehelse
- Eit miljøvennleg landbruk
- Betre klimarapportering og kunnskap som grunnlag for klimatiltak
- Areal- og genressursar
- Berekraftig skogbruk og utmarksforvaltning
- Føretaks-, nærings- og samfunnsøkonomi

### **Rapportering 2015**

Oppgåvane som tidlegare blei utførte av Bioforsk, Norsk institutt for skog og landskap og Norsk institutt for landbruksøkonomisk forsking blei vidareført av Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) i andre halvår 2015. Instituttet dekkjer langsiktig kunnskapsbehov for berekraftig verdiskaping innan norsk jordbruk, hagebruk og skogbruk. Vidare gir instituttet forvaltninga og næringa oppdatert kompetanse innan klima og andre relevante miljøspørsmål. Det innehar også kompetanse som trengst for langsiktig nasjonal beredskap innan matsikkerheit, mattriggheit, plantehelse og ulike skadegjerarorganismar. NIBIO utarbeider næringsøkonomisk dokumentasjon og utfører driftsøkonomiske analysar som grunnlag for landbrukspolitiske forhandlingar, avgjelder og økonomisk styring av landbruksføretak. Instituttet utfører nasjonale undersøkingar av areal- og ressursgrunnlaget for landbruket, og held ved like det nasjonale kartgrunnlaget på desse fagområda.

NIBIO har tidsseriar over mange år som skildrar ressursgrunnlaget i Noreg. Dette datagrunnlaget er unikt og omfattar skogressursar, jordressursar, beiteressursar og landskapsressursar. I 2015 har alle kommunane i landet for første gong teke i bruk oppdaterte kart og jordregister som kontrollgrunnlag av arealtilskot. Vidare blei det i 2015 gjennomført jordsmonnkartlegging, beitekartlegging og ferdigstilt endringsanalysar for seks fylke som gir informasjon om kulturlandskap og attgroing. I tillegg har NIBIO gjennomført feltundersøkingar for å sjå på endringar i jordbrukets kulturlandskap, med tilstandsrapport til Riksantikvaren.

NIBIO har bidrege til at alle kommunar og fylke har fått oppdatert arealstatistikk. For arealovervakning i utmark er feltarbeidet ferdig for heile landet. I 2015 blei 70 suppleringsflater kartlagde og to nye arealstatistiske utgreiingar ferdigstilte.

NIBIO har ansvaret for prosjektet Miljøregistreringer i Skog (MiS) og utviklar her det naudsynte kunnskapsgrunnlaget for dei miljøregistringane som er ein del av skogbruksplanane til skogeigarane. Sjå kap. 1139, post 70 for meir detaljert rapport.

NIBIO har ansvaret for Landsskogtakseringa som også er den eldste ressurskartlegginga instituttet styrer. Data og resultat som blir henta inn av Landsskogtakseringa dannar eit viktig grunnlag for nasjonale skogpolitiske strategiar og for internasjonal rapportering til Kyotoprotokollen og klimakonvensjonen. Ressursoversikter og tilstandsdata for skog basert på lange tidsseriar er også viktig for ein kunnskapsbasert berekraftig forvaltning av skogen. Resultata frå Landsskogtakseringa nyttast av offentleg forvaltning, næring og industri. Data frå dette arbeidet dannar også grunnlag for forsking innan ei rekke område. Landsskogtakseringa blei etablert i 1919 som den første i verda for å overvake utviklinga i skog i nasjonal skala. Sidan den gong har meir eller mindre heile landet blitt taksert ti gonger, og instituttet er no i gang med det 11. takstomdrevet.

Instituttet har i 2015 også hatt i oppgåve å gi råd til skogplanteskolene, ivareta oppgåver knytt til overvakning av skogskader og drive oppbygging av kunnskap om trevirket sine miljøeigenskaper og auka bruk av tre i bygg. Instituttet har også delteke i internasjonale, skogfaglege prosessar, med vekt på arbeid med utvikling av system for skogoversikter og rapportering.

NIBIO har bidrege til forbetra klimarapportering og grunnlag for klimatiltak, mellom anna gjennom å vere med i internasjonalt arbeid med utvikling av metodar og retningslinjer for klimagassrekneskap, som Noreg rapporterte til for første gong i 2015. I samarbeid med Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet har instituttet vurdert vern eller bruk av skog som klimatiltak. Vidare er det gjennomført undersøkingar for Global Research Alliance on Agricultural Greenhouse Gases. NIBIO har vore med i arbeid for betre å kunne rekne ut klimagassrespons av ulike landbrukssystem og har i 2015 vore involvert i Integrated Carbon Observation System og Lavutslippssamfunnet 2050. I løpet av året starta arbeidet med å få betre forståing av karbonlagring i djupare jordlag.

Norsk senter for bioenergiforskning er eit samarbeidsprosjekt mellom NIBIO og Noregs miljø- og biovitskaplege universitet (NMBU). Senteret har i 2015 arbeidd med testing av nye biogasssteknologiar i pilotskala.

NIBIO har ferdigstilt utgreiingar, bidrege til rapportering til EU etter fornybardirektivet og gitt råd innan mange skogfaglege område. Forsøksfelt er registrert for bruk til nye forskingsprosjekt.

NIBIO er ansvarleg for Norsk genressurssenter. Senteret har til oppgåve å registrere og overvake status for nasjonale genressursar i landbruket, koordinere bevaringstiltak og vere eit fagleg ressurssenter på området. Senteret koordinerer nasjonale genressursaktivitetar innanfor husdyr, kulturplanter og skogstre i samarbeid med aktuelle aktørar. Genressurssenteret driftar slektskapsdatabasen for storfe, *Kuregisteret*, som blir brukt til kontroll av produksjonstilskot til verneverdige storferasar, til overvaking av utvikling av rasane og som grunnlag for berekraftig avl. Aktivitetar er også knytt til bevaring av kulturplanter og skogstre og til drift av ein database over alle verneområde i skog i Noreg. Senteret deltek i nordisk, europeisk og anna internasjonalt samarbeid om genressursar. I 2015 utarbeidde senteret Noregs nasjonale rapport om biologisk mangfald i landbruket til FN sin organisasjon for ernæring og landbruk (FAO). I 2015 har instituttet fått fagleg støtte til deltaking i og oppfølging av internasjonalt arbeid.

Gjennom året har NIBIO stått for ei omfattande kunnskapsutvikling for å fremje effektiv og konkurransedyktig mat- og planteproduksjon i heile landet. Mellom anna har utvikling av sortar som er godt eigna for norsk jord- og hagebruk, inkludert gras og kløvervekstar, vore viktig. Resultata frå utprøving av ulike sortar er publisert og formidla raskt og effektivt ut til næringa. Innan økologisk produksjon har mellom anna fosforutnytting, planteforedeling, nedkjemping av nematodar, uttesting av quinoa og førebyggjande sjukdomstiltak hos lam på beite vore tema i 2015. Innan arktisk landbruk har aktivitetane vore retta mot lokalmatprodusentar, reindrift og nye naturbaserte næringar.

For å støtte opp under eit berekraftig og miljøvennlig landbruk, har instituttet vidareført langvarige jordkulturforsøk som omfattar gjødslingsforsøk, jordarbeidingsforsøk og dyrking av varig eng under varierte klimatiske vilkår.

Innanfor det internasjonale samarbeidet har instituttet delteke i dei europeiske nettverka CHeriShape og TempAg, der landbruk, landskap, samfunn og berekraftig intensivering har vore

sentrale tema. Undersøkingar for å finne årsak til den stagnerte grovfôrproduksjonen i Noreg er også utført.

NIBIO har auka kunnskapen om effektive dyrkingssystem i jordbruket med minst mogleg negativ verknad på klima og miljø. Mellom anna er fosforstatus og utslepp av klimagassen N<sub>2</sub>O vurdert. Vidare har NIBIO undersøkt miljøeffektar av plantevernmidlar og integrert plantevern med særleg vekt på resistens.

God planehelse er viktig for jordbruket, og NIBIO har utvikla kunnskap for å halde oppe eit friskt plantemateriale. Overvaking av ulike skadegjerarar står sentralt, og varslingstenesta for planteskadegjerarar er vidareutvikla. Instituttet har ytt brei rådgivings- og beredskapsstøtte til Mattilsynet både innan skadegjerarar og plantevernmidlar.

Andre sentrale tema på miljøområdet har vore tilpassa gjødsling, betre drenering, reinseteknologi, resirkulering og utnytting av avfallsressursar og ikkje-fornybare ressursar. Instituttet har også vore ansvarleg for det fleirårlige arbeidet med jord- og vassovervaking i landbruket (JOVA). Arbeidet er viktig for å vurdere effekten av klimaendringar på jordbruket og miljøeffektar av jordbruket. Resultata frå dei siste åra tyder på aukande nitrogen- og jordtap. NIBIO har også arbeidd mykje med vatn, grunnvatn og vassdirektivet.

NIBIO har vidareført samarbeidet med Mattilsynet om å undersøke førekomst av restar av plantevernmiddel i mat. Fleire nye metodar er etablert, validert og/eller akkreditert. I 2015 blei det analysert 1 305 prøver (frå både norskprodusert og importert mat) for om lag 370 stoff i overvakningsprogrammet. NIBIO har analysert korn for mykotoksinar, og vore aktive i GMO-debatten.

I 2015 har instituttet utarbeidd fleire næringsøkonomiske dokumentasjonar og analysar. Dette er mellom anna dokumentasjon til jordbruksforhandlingane, normalårsberekingar, rapporten *Utsyn over norsk landbruk*, PSE-berekningar og oppdaterte EAA-data til Eurostat.

NIBIO har også utarbeidd rapporten *Mat og industri og Håndbok for driftsplanlegging*, utført matvareforbruksberekingar for Helsedirektoratet og månadleg publisert prisutvikling på ulike ledd i matvarekjeda. I tillegg er 912 rekneskap og 31 samdriftsrekneskap granska.

## Budsjettframlegg 2017

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei løying på 226,646 mill. kroner til kunnskapsutvikling, formidling og beredskap i NIBIO. Løyvinga skal prioriterast til følgjande område:

## Effektiv og konkurransedyktig mat- og planteproduksjon i heile landet

NIBIO skal utvikle kompetanse som kan bidra til auka produktivitet, betre kvalitet og lønsam planteproduksjon under ulike dyrkings- og klimaforhold i Noreg. Næringer skal også ha tilgang til forskingsbasert kunnskap om økologisk produksjon. Innsatsen retta mot samanhengen mellom planteproduksjon og husdyrproduksjon for å styrke kunnskapsgrunnlaget for husdyrproduksjonen skal vidareførast.

NIBIO skal vidareutvikle kompetanse på ulike planteskadegjærarar og ha beredskap som kan bidra til friske planter i jord- og hagebruket. Det er særleg viktig å møte utfordringane ved risiko for innføring og spreiling av nye skadegjærarar ved endringar i klima, auka handel og transport over landegrenser.

## Nasjonal beredskap innan mattrystgleik og plantehelse

NIBIO er ein viktig leverandør av kunnskapsstøtte til styresmaktene og ulike forvaltningsorgan for å sikre nasjonal kapasitet og beredskap på matområdet. Beredskapsperspektivet er særleg retta mot evna til å halde ein høg nasjonal matproduksjon ved lag, standardar og tiltak som sikrar trygg mat. NIBIO skal også ha beredskap for å kunne handtere sjukdommar og skadeorganismar som trugar god norsk plantehelse, og som kan utgjere ein alvorleg risiko for norsk matproduksjon og norsk natur.

NIBIO skal ha beredskap og kompetanse på verkemåtar og effektar av ulike plantevernmiddel og andre innhaldestoff i planter med potensielt uheldig verknad. NIBIO skal ha tilstrekkeleg kapasitet til å utføre analysar som nasjonalt referenselaboratorium.

## Eit miljøvennleg landbruk

NIBIO skal ha kompetanse og dokumentasjon på dei langsiktige konsekvensane av ulike dyrkingsystem og metodar for å sikre god ressursutnytting og framtidig produksjonspotensial i jordbruket. Det er særleg behov for dokumentasjon om korleis variasjon i klima og dyrkingsmetodar verkar på erosjon, forureining, biologisk mangfold og genetiske ressursar, og kva tiltak som kan bli sett i verk. Det er behov for kunnskap som gir grunnlag for å redusere bruken av kjemiske plantevernmiddel.

## Betre klimarapportering og kunnskap som grunnlag for klimatiltak

NIBIO skal bidra til at forvaltninga har tilgang til kunnskap som gir grunnlag for utforming av effektive verkemiddel for å nå klimapolitiske målsetjingar.

Instituttet skal ha kompetanse på omfang og effektar av utslepp av klimagassar frå landbruket og potensialet for karbonbinding i jord og skog. Dette gir grunnlag for framtidige teknologiske og strukturelle val innanfor landbruket, samstundes som landbruket kan produsere energi av eige råstoff og anna avfallsmateriale.

NIBIO skal bidra til å skaffe fram informasjon om korleis klimaendringane verkar på naturen og landbruket. Instituttet skal gi råd om klimatilpassing, og kva for bidrag landbruket kan gi i arbeidet med å løyse klimautfordringane. Endringar i lager av karbon, tilgangen på fornybar energi og byggeråstoff må vurderast i samanheng. Instituttet skal få fram betre data om karbonlager og karbonendringar i jordsmonn og skog. Vidare skal det utviklast metodar og opplegg for forbetring av bidraga til klimagassrekneskapen, slik at rekneskapen byggjer på best moglege data. Det er eit mål at instituttet vidareutviklar klimasenterfunksjonen sin og rolla det har innanfor internasjonal klimagassrapportering.

## Kart og geodata

NIBIO skal utvikle kart- og geodataatenestene sine i samsvar med kva næringa og styresmaktene treng av informasjon og tenester på dette området. Instituttet skal sørge for sikker forvaltning av data frå ressursundersøkingane og arbeide med analyse og utvikling av ny statistikk og nye temakart. Dessutan skal instituttet leggje til rette for digitale kart- og tenesteløysingar på internett.

Instituttet skal ivareta og koordinere landbruket sitt bidrag til Geovekst. Midlar til dette skal forvaltast saman med midlar til arealressurskart og flybilete, med sikte på at landbruket skal få rett til å nytte alle kartdata som blir etablerte innanfor Geovekst. Instituttet må ha god kontakt med brukarane som nyttar produkta frå kart- og datasamarbeidet. Geovekstsamarbeidet, vedlikehald av arealressurskarta, løysinga for Noreg i biletet og regelmessig nasjonal omløpsfotografering, skal samla sett bidra til god dekning av detaljerte kart og flybilete av jordbruks- og skogarealet. Instituttet skal gi kommunane kunnskapsstøtte til oppdatering og vedlikehald av karta.

Instituttet skal støtte arbeidet til Statistisk sentralbyrå (SSB) med nasjonal arealstatistikk og European Environmental Agency (EEA) sitt arbeid med europeisk arealovervaking. NIBIO skal også utvikle løysingar som viser arealendringar i kartet og som statistikk. Instituttet skal også yte bistand til internasjonale prosessar for auka samordning av og samhandling om geodata på tema instituttet har ansvar for.

Data samla inn frå satellittar har eit potensial for å bli nytta i overvaking av skog- og arealressursar. Satellittbaserte tenester for navigasjon og posisjonering blir også nytta til mange formål innanfor landbruksnæringane. Noreg tek del i Copernicus, som er EU sitt program for jordobservasjon. Instituttet skal saman med Statens kartverk bidra i utviklinga av landtenesta i Copernicus. Noreg er også med på utviklinga av Galileo, eit europeisk system for satellittnavigasjon. Instituttet skal i denne samanhengen yte kompetansestøtte innanfor landbruksrelaterte tema.

NIBIO skal samarbeide med Landbruksdirektoratet om å forvalte, vedlikehalde og gjere kartdata frå reindrifta tilgjengeleg. I tillegg skal instituttet bidra til at reindrifta sitt ansvar for kartleveransar inn i den nasjonale infrastrukturen blir teke vare på.

#### Areal- og genressursar

Ressursundersøking og -overvaking er langsiktige program som skaffar informasjon om tilstand og utvikling av ressursar som landbruket nyttar og forvaltar. Dette er naudsynt kunnskap for å nå måla i landbruks- og matpolitikken. Sentrale oppgåver er vedlikehald av det nasjonale arealressurskartet (AR5), Landsskogtakseringa og Arealrekneskapen for utmark. Vidare omfattar programma mellom anna systematisk overvaking av kulturlandskapet og kulturminne, kartlegging av jordsmonn, eit internasjonalt forankra overvakingsopplegg for skogskadar (OPS) og vegetasjonskartlegging for å betre utnyttinga av beiteressursane. Det siste er viktig for å auke matproduksjonen ut frå ressursar i utmarka og for å dokumentere faktisk bruk av beiteareal, tap av beitedyr generelt og effektar av rovvilt og andre forhold som påverkar næringsmessig beitebruk. Kunnskapen om areal og jordsmonn er også viktig i arbeidet med ein heilskapleg jordvernstrategi. NIBIO skal også halde fram arbeidet med å legge til rette for statistikk om utmarkseigedommar, og forbetra og vidareutvikle statistikken ut frå dei erfaringane som er gjort sidan 2009.

Arbeidet med forvaltninga av dei genetiske ressursane i landbruket er samla i Norsk genresurssenter og forankra i den strategiske planen til senteret. Senteret har ansvar for å gi råd til departementet og Landbruksdirektoratet om genresursforvaltning.

Genressurssenteret skal arbeide i nær kontakt med Nordisk Genressurssenter (NordGen), jf. kap. 1139, post 71. Senteret er nasjonalt kontaktpunkt for oppfølging av internasjonale prosessar og avtalar innanfor fagområda og for møte i ulike samarbeidsforum på nordisk, europeisk og globalt nivå. Dette gjeld mellom anna nasjonal oppfølging av og rapportering til FAO sin kommisjon for genetiske ressursar for mat og landbruk (CGRFA) og Den internasjonale traktaten om plantegenetiske ressursar for mat og jordbruk (ITPGRFA).

Genressurssenteret skal også oppdatere og følgje opp nasjonale handlingsplanar for vern og bruk av genetiske ressursar innanfor kulturplanter, skogstre og husdyr og samarbeider med mange aktørar om dette. Samarbeidet med foredlings- og avlsorganisasjonane om berekraftig avl og foredling og med miljøforvaltninga om in situ ivaretaking er viktig.

#### Berekraftig skogbruk og utmarksforvaltning

NIBIO skal vere leiande på kunnskap om berekraftig skogbruk og utvikle ny kunnskap om utnytting av ressursane i utmarka. Dette er viktig både for ressursforvaltning, verdiskaping og politikkutforming.

Instituttet skal som del av dette vedlikehalde og utvikle ei kart- og innsynsløysing med sikte på å samle og tilby relevante data om skog og arealressursar til brukarar og samarbeidspartar. NIBIO skal halde oppe Landsskogtakseringa og drifte FoU-prosjektet Miljøregistreringer i Skog og samarbeide med Landbruksdirektoratet om kartlegging av behov og prioritering av tiltak.

Det er naudsynt å ha høg beredskap for å oppdage skadar på skog i ein tidleg fase og for å førebyggje mellom anna at nye og skadegjerande soppar og insekt etablerer seg i Noreg. Dette blir stadig viktigare på grunn av klimaendringane. Instituttet skal difor gi informasjon og drive rettleiing og rådgiving om patologiske og entomologiske skadar på skog, mellom anna gjennom nordisk samarbeid og formidling av informasjon. Det er viktig at instituttet arbeider for å sikre ei effektiv og heilskapleg organisering og drift av relevant skogskadeovervaking og beredskap. Internasjonalt samarbeid er viktig, som til dømes arbeidet under konvensjonen om lang-

transporterte grenseoverskridande luftforureiningar.

Informasjon og tilgjengeleg kunnskap om skog og skogbruk, klima, biologisk mangfald og ulike miljøverdiar er omfattande og kjem frå mange ulike kjelder. I den nettbaserte kartløy singa Skogportalen, som blei lansert i 2015, er miljøinformasjon for skogforvaltninga samla. Tilbodet skal vidareførast i 2017.

Norsk institutt for skog og landskap gav i 2014 ut rapporten *Bærekraftig skogbruk i Norge*. NIBIO skal oppdatere rapporten regelmessig på eigna måte.

Instituttet skal føre vidare langsiktige feltforsøk på viktige norske treslag. Desse feltforsøka er viktige for historisk dokumentasjon av skogutviklinga, som grunnlag for vidare utvikling av eit bererkraftig skogbruk og for kunnskap om skogen si rolle i klimapolitikken.

NIBIO skal delta i internasjonalt samarbeid om skog, og har ansvar for norsk rapportering til FOREST EUROPE og FAO. NIBIO skal delta i det europeiske arbeidet som blir gjort med å vidareutvikle verktøy for berekraftig skogforvaltning.

#### Føretaks-, nærings- og samfunnsøkonomi

NIBIO skal levere eit godt grunnlag for økonomiske og politiske avgjerder med stor verdi for produksjon og omsetnad av landbruksprodukt, næringsmiddelindustri og matvaremarknader, bygdenæringer og landbruket si rolle i samfunnet. Instituttet skal også utarbeide materiale som grunnlag for arbeidet til Budsjettet for jordbruket, og er sekretariat for nemnda etter avtale med Landbruks- og matdepartementet. Instituttet har i tillegg ein del særskilte utgreiingsprosjekt der departementet er oppdragsgivars.

NIBIO skal ha eit samfunnsperspektiv i arbeidet sitt med landbruks- og matsektoren. Utviklinga i internasjonale råvaremarknader, endringar i handelspolitiske rammevilkår og konsekvensane av dette for norsk landbrukspolitikk og matproduksjon er også viktige tema NIBIO skal leggje vekt på. Departementet legg vidare vekt på auka bruk av data frå driftsgranskingane til forsking og utgreiing, og på at det framleis er ei vesentleg brukarfinansiering av mellom anna kursverksemnd innan driftsøkonomisk rettleiing og styring.

### Kap. 4136 Kunnskapsutvikling m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
30	Husleige, Norsk institutt for bioøkonomi		19 775	20 286
	Sum kap. 4136		19 775	20 286

#### Post 30 Husleige NIBIO

Ei rekke av eigedommane som blir disponerte av NIBIO er eigmeld av Landbruks- og matdepartementet, der bruken er regulert i ei leigeavtale som går ut 31.12.2016. I samband med opprettninga av NIBIO blei det vedteke å gå gjennom den regionale

strukturen for instituttet. Det er førebels ikkje endleg avklart kva dette vil bety for eigedommane som inngår i leigeavtalen. Departementet legg difor opp til å forlenge avtalen også for 2017. I tråd med kontrakten er det difor budsjettert med ei inntekt på 20,286 mill. kroner.

## Kap. 1137 Forsking og innovasjon

Post	Nemning	Rekneskap 2015	(i 1 000 kr)	
			Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
50	Forskningsaktivitet, Noregs forskingsråd	257 662	256 065	261 323
51	Basisløyvingar m.m., Noregs forskingsråd	183 433	183 193	185 277
52	Innovasjonsaktivitet m.m.	5 134	5 246	
53	Omstillingsmidlar instituttsektoren mv.	3 470	3 545	3 545
54	Næringsretta matforsking mv.			150 000
70	Innovasjonsaktivitet mv., <i>kan overførast</i>			10 073
Sum kap. 1137		449 699	448 049	610 218

### Post 50 Forskningsaktivitet, Noregs forskingsråd

#### Formål med løyvinga

Løyvinga skal bidra til at hovudmåla på landbruks- og matområdet, inkludert dei forskingspolitiske delmåla blir nådde. Løyvinga omfattar forskningsaktivitet i regi av Noregs forskingsråd.

#### Rapportering 2015

##### Målretta bruk av midlar til forsking og innovasjon

Forskningsløyvingar over Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett har i hovudsak blitt disponert gjennom Forskningsrådet sitt program Bere-kraftig verdiskaping i mat- og biobaserte næringar – BIONÆR. Programmet finansierer både grunnleggjande og næringsretta forsking innanfor sat-singsområdet bioøkonomi med hovudvekt på jord-bruk, skogbruk og andre naturbaserte verdikjeder. BIONÆR skal utløyse forsking og innovasjon som fremjar Noreg som eit meir biobasert sam-funn. Ved å finansiere langsiktige kunnskaps- og kompetansebyggjande forskningsprosjekt bidreg programmet til å byggje kompetanse av stor sam-funnsverdi på tverrfaglege område. Departemen-tet har også bidrege med forskningsløyvingar til programma ENERGIX, KLIMAFORSK og Miljø 2015 (MILJØFORSK frå 2016), som følger opp ulike prioriterte område.

Forskningsrådet har i 2015 følgt opp føringar i tildelingsbrevet innan områda mattryleggleik, antibiotikaresistens og kastrering av hanngris gjennom særskilde utlysingar av midlar. Utlysingane har resultert i løying av to forskarprosjekt på til-

saman 12,5 mill. kroner innan mattryleggleik og antibiotikaresistens, og eit innovasjonsprosjekt kalla *Rånar til marknaden – løysingar for produksjon, produktkvalitet og markørar for rånelukt*. Forskningsrådet har også følgt opp departementet si satsing retta mot dei landbruksfaglege miljøa ved Høgskolen i Nord-Trøndelag og Høgskolen i Hed-mark. Satsinga, som starta i 2013, omfattar tre doktorgradskandidatar, og har eit samla omfang på 7 mill. kroner. I tillegg kjem bidrag frå lokalt næringsliv og forvaltning.

I 2015 var det 176 aktive forskningsprosjekt i BI-ONÆR-programmet innan tema som planteproduksjon, husdyrbruk og næringsmiddelindustri, med eit samla forbruk på 261 mill. kroner over Landbruks- og matdepartementets løyvingar. Mange av prosjekta har element av klimaforsking i seg.

BIONÆR har prioritert forskningsprosjekt innan matsikkerheit, mattryleggleik, antibiotika-resistens, dyrevelferd og bioøkonomi. Det blei innvilga fem nye, store forskarprosjekt i BIONÆR innan tema som matproduksjon, moderne trebyggjeri, reiseliv og omsorgstenester. BIONÆR deltok også i ei fellesutlysing med andre program innanfor kystarealforskning der det blei innvilga fem forskarprosjekt.

I alt 14 nye innovasjonsprosjekt retta mot pro-sessutvikling, teknologisk innovasjon, betre og tryggare mat og kvalitet i matproduksjonen blei starta opp i 2015. BIONÆR støtta i tillegg eit innovasjonsprosjekt i samarbeid med NANO 2021 innanfor bruk av nanoteknologi i biobaserte næringar, og to forskarprosjekt innan antibiotikaresistens leia av SINTEF Materialer og kjemi og Veterinærinstituttet (VI).

Løyvingane over Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett blei i 2015 også nytta til ei felles utlysing om innovasjonsprosjekt i næringslivet, i samarbeid med Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt og Fondet for forskingsmidlar over jorbruksavtalen.

I 2015 blei det innvilga eit stort forskarprosjekt leia av Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO), *BioFresh*, som skal auke produksjonen og forbruket av ferske grønsaker i Noreg. Det er også starta opp prosjekt på antibiotikaresistens, kamp mot matbårne virus, og fleire prosjekt retta mot å sikre betre utnytting av råstoff og restråstoff i matproduksjonen. Med mål om betre dyrevelferd er det i 2015 innvilga eit innovasjonsprosjekt som skal vurdere alternativ til kirurgisk kastrering av hanngris.

Løyvingar over Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett er også i 2015 nytta til forsking for å styrkje skogen sitt bidrag til verdiskaping i heile landet og for å nå energi-, klima- og miljømåla. Viktige innsatsområde er auka bruk av trevirke, energiproduksjon basert på tre og aktiv utnytting av skogen i nærings- og klimasammenheng. BIONÆR har i hovudsak hatt forskningsprosjekt på desse områda, men KLIMAFORSK og Miljø 2015 har også hatt viktige bidragsprosjekt. Forskinsprosjekt innan temaet berekraftig skogproduksjon og auka trebruk utgjorde i BIONÆR 47 mill. kroner av løyvinga frå Landbruks- og matdepartementet i 2015. Mellom anna har fleire prosjekt arbeidd med å løyse utfordringane knytt til effektive og betre logistikkløysingar og infrastruktur i skogbruket. Gode resultat knytt til ressursregistreringar og driftsløysingar i ulikt terrengr er realisert.

I 2015 starta innovasjonsprosjektet *HyperBio* med mål om at ny teknologi skal redusere kostnader og auke presisjonen ved kartlegging av skog. Fleire tverrfaglege prosjekt er mellom anna knytt til berekraftig skogbruk, skog til bioenergiformål, og avvegingar av økonomisk og sosial art i samband med dette og bruk av tre i byggesektoren (bruuer og hus). To store forskarprosjekt starta opp i 2015, eitt prosjekt med mål å nytte trevirke som husdyrfôr, og eitt for å finne fram til vernetiltak for trevirke brukt i konstruksjonar og kledningar. I 2015 blei det også innvilga to innovasjonsprosjekt som skal utvikle biogass/drivstoff frå bioslam i papirindustrien, i tillegg til to andre prosjekt innanfor biodrivstoff til SINTEF og Noregs miljø- og biovitskaplege universitet (NMBU).

I 2015 er det starta opp tre prosjekt på klimatenester, to prosjekt på effektar av skogbruk på bio-

logisk mangfald og eitt prosjekt som skal studere korleis endringar i arealbruk og klima verkar inn på førekomst av flåttbårne sjukdommar.

Ein vesentleg del av løyvinga over Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett er retta mot forskingsinnsats for å redusere utslepp til luft og vatn og å auke opptaket av CO<sub>2</sub> i skog og jord. Den samla forskingsinnsatsen på desse områda har i 2015 vore på 38,7 mill. kroner. Den største delen går til området bioenergi og blir forvalta av ENERGIX som er Forskinsrådets store program innan miljøvennleg energi. ENERGIX dekkjer alle områda til Landbruks- og matdepartementet innanfor bioenergi; biovarme, avfall til biogass og biodrivstoff. Produksjon av fornybar energi er eit næringstungt område, og innovasjonsprosjekt dominerer porteføljen.

Løyvinga til KLIMAFORSK over departementets budsjett var i 2015 på 7 mill. kroner og retta mot prosjekt som skal auke kunnskapen om tilpassing av landbruket til eit endra klima og mot kunnskap om korleis utslepp av klimagassar frå landbruket kan reduserast.

Ein stor del av løyvinga til Forskinsrådet over Landbruks- og matdepartementets budsjett går til forsking for å auke innovasjonsgraden og konkurransen innan næringane i landbrukssektoren. Tematisk innretta program som BIONÆR og Verkemiddel for regional FoU og innovasjon (VRI-ordninga) har vore viktige verkemiddel for å mobilisere næringslivet til å investere meir i FoU. Den brukarstyrt forskinga løyser også ut betydelege private midlar til forsking. For 2015 viser tal frå Forskinsrådet høg aktivitet og evne til å implementere forskingsresultata i praksis, gjennom nye produkt, prosessar, tenester, bedriftsetableringar og liknande som er eit resultat av innovasjonsprosjekta. Forskinsinnsats frå næringslivet på departementet sine område er nærmare omtalt i del III.

Løyvinga er vidare nytta til målretta arbeid med å få forsking høgare opp på dagsorden i regionane gjennom VRI-satsingar på grøn næring i sju regionar som har mat, landbruk og bioenergi som innsatsområde. Næringsretta prosjekt innan landbruk og næringsmiddelindustri treff også godt i SkatteFUNN. I 2015 blei det registrert 42 aktive prosjekt innan skog- og tresektoren, og 428 prosjekt innan jordbruk og mat. Det siste representerer ein auke på 121 prosjekt frå 2014.

Løyvingar over Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett gjorde det mogleg for norske FoU-miljø å delta i konkurransen om internasjonale forskingsmidlar innan mange European Research Area Net (ERA-NET), som er eit samarbeid mel-

lom ulike forskingsprogram i Europa. Norske miljø deltek her på så vidt ulike område som økologisk landbruk, dyrehelse og -velferd, matproduksjon og forbruk og foredling og bruk av tre som råvare. Ved utgangen av 2015 hadde BIONÆR 19 ulike ERA-Net-prosjekt relevante for landbruks- og matpolitiske prioriteringar. På landbruks- og matområdet er Fellesprogrammet (JPI) Agriculture, Food Security and Climate Change (FACCE) vidareført.

Norsk matforskning er også representert i internasjonalt samarbeid gjennom nordisk samarbeid og bilaterale forskingsprosjekt. Forskningsrådet og Landbruks- og matdepartementet deltek i arbeidet i The European Agricultural Research (EURAGRI) og i Standing Committee for Agricultural Research (SCAR).

#### Kunnskap og kompetanse er tilgjengeleg for næring og forvaltning

Dei handlings- og næringsretta programma til Forskningsrådet er retta mot kunnskapsbehov i sektoren og i forvaltninga. Forskningsprogramma BIONÆR, Miljø 2015 (MILJØFORSK frå 2016), KLIMAFORSK og ENERGIX er viktige verkemiddel for kunnskapsutviklinga for forvaltninga, og for å nå målet om høg kvalitet og relevans i forskinga. I tillegg til porteføljen av samfunnsfaglege prosjekt på rammevilkår og næringsspolikk, har det dei siste åra blitt lagt vekt på at samfunnsfaglege problemstillingar må integrerast i prosjekt der dette er relevant.

Forskningsrådet gjer ein aktiv innsats for å auke kvalitet og relevans i forskinga. Innsatsen skjer mellom anna gjennom forsking på nasjonalt prioriterte område, forskningsbasert innovasjon, forsking i næringslivet, forsking i tråd med kunnskapsbehov i sektoren og forvaltninga, i tillegg til internasjonalt forskingssamarbeid.

Det er eit nært samarbeid mellom Forskningsrådet, Fondet på forskingsavgift på landbruksprodukt og Fondet for forskingsmidlar over jordbruksavtalen. Formålet med samarbeidet er å bidra til ei heilskapleg forvaltning av dei samla forskingsmidlane innan landbrukssektoren. Gjennom Fondet på forskingsavgift på landbruksprodukt og Fondet for forskingsmidlar over jordbruksavtalen blir det i hovudsak finansiert open forsking til nytte for aktørane i bransjen.

God og tilpassa forskingsformidling er viktig for at resultata frå forskinga kan takast i bruk både av primærprodusentane og resten av ledda i verdikjeda. Formidling er i stor grad integrert i forskingsaktivitetane og programverksemda.

Gjennom VRI-programmet blir det samarbeidd med regionale partnarskap, FoU-miljø og andre relevante utviklingsaktørar for å stimulere til læring, innovasjon og verdiskaping i verksemder med liten FoU-erfaring. Norsk Landbruksrådgiving er eit bindeledd mellom forskinga og landbruket og har ei viktig rolle i å formidle kunnskap til næringsutøvarane. Forskningskommunikasjonen omfattar tiltak for å fremje dialog mellom forsking og samfunn og for å bidra til at forsking blir brukt i politikk, forvaltning og næringsutvikling. Gjennom forskingsprogramma blir det arbeidd målretta med nyheter om forskingsresultat gjennom heile året. Programma gir også viktige bidrag til formidling av ny kunnskap mellom anna gjennom konferansar, utlysing av konferansestøtte, og stipendiatsamlingar.

#### Budsjettframlegg 2017

Frå 2015 blei det etablert nye mål for Noregs forskingsråd. Sjå Prop. 1 S (2016–2017) frå Kunnskapsdepartementet for ei nærmare omtale av desse måla.

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei løying på 261,323 mill. kroner over kap. 1137, post 50 i 2017. Løyvinga følgjer dei fire landbruks- og matpolitiske hovudmåla – matsikkerheit, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk – og dei tre delmåla på forsking, omtalt i kat. 15.20.

Forsking, innovasjon og teknologiutvikling skal vidareutvikle biobasert næringssliv i Noreg og legge grunnlaget for ny og innovativ bruk av biomasse. Ny kunnskap og tett kopling mellom forsking og næringssliv kan bidra til eit meir lønsamt og klimavennleg landbruk. Ei heilskapleg tilnærming til bioøkonomi skal bidra til å løyse to av dei viktigaste samfunnsutfordringane; i) nok og trygg mat til ei voksende befolkning og ii) redusere utsleppa av klimagassar gjennom bruk av fornybare råvarer til materiale og energi. For å følgje opp regjeringa sin bioøkonomistrategi vil departementet styrkje forskingsinnsatsen på bioøkonomirådet med 20 mill. kroner. Satsinga skal bidra til auka verdiskaping i biobaserte næringar gjennom ei marknadsorientert og berekraftig utnytting av bioressursane på tvers av etablerte næringar, sektorar og fagområde, jf. omtale av regjeringa si samla satsing på bioøkonomien i innleiinga.

For regjeringa er det viktig å prioritere forsking som bidreg til nok og trygg mat, og under dette god plante- og dyrehelse og dyrevelferd. Noreg er i dag i ein god situasjon med omsyn til mattrøgleik, som følgje av mellom anna god

dyrehelse og Europas lågaste antibiotikumforbruk i husdyrproduksjonen. Landbruks- og matdepartementet vil også i 2017 leggje vekt på forsking innan dyrehelse og mattryggleik, medrekna antibiotikaresistens. Det er difor lagt opp til å auke forskinga på antibiotikaresistens ved å styrkje basisløyvinga til Veterinærinsituttet med 3 mill. kroner, jf. post 51.

Departementet vil vidareføre forsking på områda betre agronomi, auka lønsemd og auka matproduksjon. Samstundes skal det takast naudsynste omsyn til natur og miljø. Samarbeid på tvers av ulike fagområde vil vere særskilt viktig for å sikre sistnemnde.

Auka kunnskap kring alt frå grunnleggjande agronomi til bruk av bioteknologi i sortsutvikling og avlsarbeid vil danne grunnlag for ein meir ressurseffektiv, berekraftig og lønsam matproduksjon. Klimaendringane med høgare temperaturar og meir ekstremvær vil skape utfordringar, som til dømes auka førekomst av planteskadegjerarar og problem med innhausting. Samstundes gir endringane også nye moglegheiter for det norske landbruket. Forskinga skal bidra til å tilpasse produksjonen etter dagens værforhold og synleggjere moglegheiter for auka lønsemd i norsk landbruk innanfor eit endra klima.

Som for andre sektorar, har også landbruket eit ansvar for å bidra til reduserte klimagassutslepp. Arbeidsgrupperapporten *Landbruk og klimaendringer* frå 2016 peikar på at klimautfordringane i landbrukssektoren er komplekse og at dei set krav til ny kunnskap. Arbeidsgruppa viser til at den raske utviklinga der ny forsking, teknologi og kunnskap takast i bruk, er blant dei viktigaste tiltaka for å redusere klimabelastninga frå landbruket.

Forsking på klima og miljø er viktig for regjeringa. Departementet vil difor satse på bioøkonomi og vidareføre forskingsinnsatsen på områda berekraftig skogbruk og auka bruk av trevirke. Etter fleire års satsingar innanfor forskingsprogrammet ENERGIX legg departementet opp til at løyvinga til dette programmet blir redusert med 13,5 mill. kroner i 2017.

Det er viktig at landbruks- og matforskinga bidreg til auka innovasjon og konkurranseskraft innanfor dei mange næringane i landbruket. I dette arbeidet står den brukarstyrt forskinga og satsinga innanfor bioøkonomi sentralt. Det er ei målsetjing å auke kommersialiseringa av forskingsresultat. For å oppnå kommersialisering er det viktig at Innovasjon Noreg, forskingsinstitutta, Selskapet for industriekst (Siva) og Forskningsrådet samarbeider om å auke innovasjonsgraden i

sektoren. Departementet vil vidareføre arbeidet med tilrettelegging for auka samarbeid mellom dei landbruksfaglege instituta og andre kunnskapsmiljø på Campus Ås. Samarbeid er viktig for å styrke kommersialisering av kunnskap frå forsking. Støtta til programmet Verkemiddel for regional FoU og innovasjon (VRI) i Noregs forskingsråd blir vidareført i 2017.

Departementet vil arbeide for auka internasjonalisering av landbruks- og matforskinga. Noregs forskingsråd skal sikre at dei nasjonale forskingsprogramma vidareutviklar sitt strategiske, tematiske og finansielle samspele med EU-forskinga, inkludert Horisont 2020. Aktiviteten innanfor fellesprogrammet JPI FACCE (Agriculture, Food Security and Climate Change) skal vidareførast. I tråd med regjeringa si satsing på Horisont 2020 skal dei landbruks- og matfaglege forskingsinstitutta følgje opp eigne strategiar for EU-satsing.

Nordisk komité for jordbruks- og matforskning skal støtte opp under forskings- og innovasjonsystema i dei nordiske landa og vere ei felles plattform for nordiske initiativ internasjonalt. Det nordiske skogforskningssamarbeidet i SNS – Samnordisk Skogforskning – arbeider på same vis. Departementet vil også i 2017 vidareføre det nordiske samarbeidet.

Offentlege og private aktørar står i stor grad overfor dei same kunnskapsutfordringane innanfor område som nok og trygg mat, betre ressursutnyting og auka verdiskaping og sysselsetjing i landbruks- og matnæringane. Det er difor naudsynt med god dialog mellom næring og forvaltning om forskingsprioriteringane. Siktemålet er at felles kunnskapsbehov skal sjåast i samanheng, og at ressursane til forsking skal utnyttast effektivt. Eit aktivt samarbeid med Fondet for forskningsavgift på landbruksprodukt og Fondet for forskningsmidlar over jordbruksavtalen, jf. kap. 1137, post 54 og kap. 1150, post 50, er naudsynt for å oppnå dette. Løyvingar til forsking over departementet sitt budsjett må også sjåast i samband med dei ulike innovasjonsverkemidla i sektoren. Det er behov for både brukarstyrt forsking og forsking for forvalting på landbruks- og matområdet.

Forsking er viktig for å støtte opp under forvaltninga sitt behov for kunnskap, og som ledd i utvikling av dei mange verdikjedene til landbruket. Sentralt står departementet sitt ansvar for å sikre nok og trygg mat. Andre område der forsking dannar eit viktig grunnlag er dyre- og plantehelse, dyrevelferd, næringsretta skogbruk, miljøomsyn og ressursforvaltning, genetiske ressursar, verknad av økonomisk støtte til sektoren m.m. Vidare vil samfunnsvitskapleg forsking bidra med kunn-

skap om landbruket si rolle, fremje lokal og regional utvikling og gi kunnskap om korleis ulike drivkrefter påverkar utviklinga i landbruket.

Forskningsprosjekta må følgjast opp med målretta formidling slik at ny kunnskap på ein rask og effektiv måte når ut til aktørane som kan ha nytte av den. Formidlinga skal vere tilpassa både spesifikke brukargrupper og allmenta, og framstilt slik at den kan bli forstått og raskt teken i bruk.

Løyvinga blir også nytta til å finansiere delar av administrasjonsutgiftene i Noregs forskingsråd knytt til ordningane. For nærmere omtale av finansiering av administrasjonsutgiftene i Forskningsrådet blir det vist til Kunnskapsdepartementets budsjettproposisjon, kap. 285 post 55.

## **Post 51 Basisløyvingar m.m., Noregs forskingsråd**

Landbruks- og matdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet er ansvarlege for basisløyvingane til primærnæringsarenaen. Arenaen omfattar frå 1. juli 2015 Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO), Nofima, Veterinærinstituttet, SINTEF Fiskeri og havbruk og Norsk senter for bygdeforskning (Bygdeforskning).

Forskningsrådet har ansvar for tildeling av basisløyvingane til forskningsinstitutta under Landbruks- og matdepartementet sitt ansvarsområde: Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO), Norsk senter for bygdeforskning (Bygdeforskning) og Veterinærinstituttet. I tillegg får Nofima AS strategiske midlar frå basisløyvinga til Landbruks- og matdepartementet.

Dei underliggende forvaltningsorgana Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) og Veterinærinstituttet (VI) blir omtalt nærmare i kap. 1136 post 50 og kap. 1112 post 50. Bygdeforskning er ein frittståande nasjonal forskingsstiftelse som bidreg med samfunnsvitskapleg forsking innanfor bygdesosiologi og fleirfaglege bygdestudiar. Nofima

er eit av Europas største næringsretta institutt med forskingskompetanse innanfor heile verdikjeda for utvikling av mat- og næringsmiddelproduksjon innan grøn og blå sektor (sjå kap. 928 post 72 i Prop. 1 S Nærings- og fiskeridepartementet).

## **Formål med løyvinga**

Formålet med basisløyving er å sikre ein sterk instituttsektor som kan tilby brukarretta forsking av høg internasjonal kvalitet til næringslivet og forvaltninga på landbruks- og matområda. Løyvingane skal nyttast til langsiktig kunnskaps- og kompetansebygging, stimulere til høg vitskapleg kvalitet, internasjonalisering og samarbeid, og skal nyttast i tråd med retningslinene for statleg basisløyving av forskningsinstitutt.

## **Rapportering 2015**

Primærnæringsarenaen omfatta fram til og med 30. juni 2015 dei sju institutta Nofima, Veterinærinstituttet, Bioforsk, SINTEF Fiskeri og havbruk, Norsk institutt for skog og landskap, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forsking, og Bygdeforskning. Frå 1.7.2015 blei Bioforsk, Norsk institutt for skog og landskap og Norsk institutt for landbruksøkonomisk forsking slått saman til NIBIO. For omtale av Landbruks- og matdepartementets delmål 3 *Ein effektiv instituttsektor i samspill med andre*, sjå Del III i denne fagproposisjonen.

Samla blei det tildelt 277 mill. kroner i samla basisløyving til primærnæringsinstitutta i 2015 (unnateke den strategiske matsatsinga). Av desse blei 170 mill. kroner gitt over budsjettet til Landbruks- og matdepartementet og 107 mill. kroner over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet. Strategiske midlar til NIBIO frå Klima- og miljødepartementet kjem i tillegg.

**Tabell 2.1 Økonomiske nøkkeltal for landbruks- og matforskinsinstitutta for 2015**

	Driftsinntekter	Driftsresultat	Basisløying	Basis disponert til strategiske instituttsatsingar	Basisløving per forskarårsverk	Basisløving i pst. av driftsinntektene
	Mill. kr.	Mill. kr.	Mill. kr.	Mill. kr.	Mill. kr.	Pst.
NIBIO <sup>1</sup>	703,1	-3,5	121,5	30,9	0,374	17
Veterinærinstituttet	351,2	9,0	21,4	7,1	0,163	6
Bygdeforskning	35,8	0,2	8,4	2,3	0,433	23
<b>Sum</b>	<b>1 090,1</b>	<b>5,7</b>	<b>151,3</b>	<b>40,3</b>	<b>0,319</b>	<b>14</b>

<sup>1</sup> Samanslåing av Bioforsk, NILF og Norsk institutt for skog og landskap 1. juli 2015

Kjelde: Tal fra Forskningsrådet. Årsrapport 2015 Primærnæringsinstitutta

Basisløvinga utgjer i gjennomsnitt 14 pst. av inntektene til institutta. For Veterinærinstituttet utgjer ho ein mindre del enn for dei andre institutta. Institutta disponerer samla sett største de-

len av basisløvinga til strategiske instituttsatsingar og nettverksbygging, men også til forprosjekt/idéutvikling, publisering og eigendel i forskingsprosjekt.

**Tabell 2.2 Oversikt over personale og publisering ved landbruks- og matforskinsinstitutta for 2015**

	Samla årsverk	Forskarårsverk som del av samla årsverk	Tilsette med dr. grad. per forskarårsverk	Publikasjonspoeng per forskarårsverk <sup>1</sup>
		Pst.	Forh. tal	Forh. tal
NIBIO	639	51	0,76	0,75
Veterinærinstituttet	282	46	1,02	0,83
Bygdeforskning	24	80	1,03	1,68
<b>Sum</b>	<b>945</b>	<b>50</b>	<b>0,84</b>	<b>0,81</b>

<sup>1</sup> Ny modell for å rekne ut publikasjonspoeng gjeld fra 2015. Poenga er difor ikkje samanliknbare med tidlegare år.

Dei tre landbruks- og matforskinsinstitutta har til saman 23 færre årsverk i 2015 enn i 2014. Årsaka er mellom anna gjennomførte kostnadsreduserande tiltak i nokre av institutta. Talet forskarårsverk har hatt ein nedgang frå 480 i 2014 til 475 i 2015. Talet på tilsette med doktorgrad var 400.

#### NIBIO

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) blei etablert 1. juli 2015 gjennom ei samanslåing av Bioforsk, NILF og Skog og landskap. NIBIO har overteke dei faglege oppgåvene som dei tre tidlegare institutta handterte.

Arbeidet med å førebu og setje i verk fusjonen mellom dei tre instituta har kravd vesentleg merksemd og innsats i heile 2015, og NIBIO hadde eit driftsunderskott på 3,5 mill. kroner i 2015.

Instituttet har nytta 121,5 mill. kroner i basisløving frå Noregs forskningsråd, noko som utgjer 17 pst. av driftsinntektene. NIBIO disponerte 30,9 mill. kroner til eigendefinerte strategiske instituttsatsingar.

Talet på årsverk i 2015 var 639, av dei 325 forskarar. Instituttet produserte 284 artiklar i vitskaplege tidsskrift og antologiar fjar og oppnådde 0,75 publikasjonspoeng per forskarårsverk.

## Veterinærinstituttet

I 2015 hadde Veterinærinstituttet eit driftsoverskott på 9,0 mill. kroner, mot eit underskott på 18,4 mill. kroner i 2014.

Instituttet nytta ei basisfinansiering på 21,4 mill. kroner frå Forskningsrådet. Veterinærinstituttet disponerte 7,1 mill. kroner til eigendefinerte strategiske instituttsatsingar. Basisløyvinga utgjorde 6 pst. av driftsinntektene til instituttet, det lågaste talet på arenaen.

Instituttet hadde 282 årsverk i 2015, mot 296 året før. Forskarar utgjorde 131 årsverk. Veterinærinstituttet produserte 100 vitskaplege artiklar i 2015, og oppnådde 0,83 publikasjonspoeng per forskarårsverk.

## Bygdeforskning

Bygdeforskning hadde eit driftsoverskott på 0,2 mill. kroner i 2015, mot eit driftsunderskott på 0,3 mill. kroner i 2014. Instituttet har nytta 8,4 mill. kroner i basisløyving frå Forskningsrådet, noko som utgjer 23 pst. av driftsinntektene. Bygdeforskning disponerte 2,3 mill. kroner til eigendefinerte strategiske instituttsatsingar.

I 2015 var det 24 årsverk i Bygdeforskning, der 19 av årsverka var forskarar. Den vitskaplege produksjonen resulterte i 30 artiklar i tidsskrift og antologiar. Bygdeforskning oppnådde 1,68 publikasjonspoeng per forskarårsverk. Dette var det høgaste resultatet på arenaen.

## Budsjettframlegg 2017

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei samla løying på 185,277 mill. kroner til basisløyvingar til forskningsinstitutt.

Basisløyvinga blir fordelt på primærnæringsarenaen i tråd med formålet slik det går fram av retningslinene og Kunnskapsdepartementets Prop. 1 S (2014–2015). Det betyr at alle dei tre institutta er med i konkurransen om den resultatbaserte omfordelinga av løyinga. Den statlege basisfinansieringa av forskningsinstituttet er samansett av ei grunnløyving og strategiske løyingar. Av grunnløyvingsramma går 2,5 pst. til resultatbasert omfordeling mellom primærnæringsinstitutta. Ordninga med strategisk instituttsatsingar blir vidareført med eit tak på 30 pst.

Regjeringa vil følgje opp den nasjonale handlingsplanen mot antibiotikaresistens og legg difor opp til å styrke forskinga innan antibiotikaresistens på Veterinærinstituttet med 3 mill. kroner innanfor basisløyvinga. Samstundes vil tildelinga

til Veterinærinstituttet bli auka med 2 mill. kroner, jamfør kap. 1112 post 50.

## Post 52 Innovasjonsaktivitet m.m.

### Formål med løyvinga

Løyvinga skal støtte opp under eit sterkare og meir framtidsretta landbruk over heile landet. Satsinga skal bidra til vekst og konkurransekraft i nye etablerte verksemder gjennom inkubatornester til vekstbedrifter i ein tidleg fase. Inkubatorane tilbyr fagleg rådgiving, forretningsutvikling og tilgang til naudsynt kompetanse, nettverk og lokale. Tilboda må tilpassast dei behova verksemndene har for individuell oppfølging og skje i eit miljø med høg kompetanse innanfor innovasjon og næringsutvikling.

### Rapportering 2015

Løyvinga har gått til satsing på fire inkubatorar i regi av Selskapet for industriekst SF (Siva). Midlane bidreg til utvikling av strategisk viktige innovasjonsselskap, som igjen er viktige for utviklinga av næringslivet i framtida. Dei fire inkubatorana har innsats retta mot landbruksbasert inkubasjon og er sterke miljø med stort potensial. Til saman har det vore 26 verksemder i dei fire inkubatorane i 2015.

Validé AS (tidlegare Ipark AS) i Stavanger har motteke 0,5 mill. kroner og har hatt 11 verksemder. Miljøet arbeider med inkubasjon innan fem sektorar, der området mat og natur har eigen inkubatorleiar. Nedslagsfeltet for inkubatoren er det meste av Rogaland. Validé AS har nært samarbeid med NCE Culinology og Måltidets hus. Inkubatoren leverer gode resultat, med mange spanande verksemder innan landbruks- og matområdet.

Hedmark Kunnskapspark på Hamar har motteke 0,5 mill. kroner og har hatt 4 verksemder. Miljøet har lang røysnle med inkubasjon innan mellom anna jordbruk og skogbruk. Med inkubatoren, innovasjonssenteret Biosmia og Arenaprosjektet Heidner er det samla sett etablert eit godt system for innovasjon og nyskaping i fylket.

Proneo AS i Verdal har motteke 0,5 mill. kroner og har hatt 6 verksemder i 2015. Miljøet arbeider i fleire kommunar i Nord-Trøndelag, med forgreiningar inn i Sør-Trøndelag. Innsatsen er retta mot lokal matproduksjon, gjerne med mindre verksemder med regionale og nasjonale marknadsambisjonar. Inkubatoren leverer gode resultat og har eit potensial for å arbeide med verksemder med større marknadsmoglegheiter.

Inkubator Ås har motteke 1,5 mill. kroner og hatt 5 verksemder. Inkubatoren blei etablert i oktober 2014 og arbeider tett med Kjeller Innovasjon. Det blir arbeidd med kommersialisering av idear innan bioøkonomi i samarbeid med FoU-miljøa på Ås og med relevant næringsliv for å bidra til auka knoppskyting.

### **Budsjettframlegg 2017**

Departementet legg opp til at løyvinga over posten blir flytta til kap. 1137, ny post 70, innovasjonsaktivitet m.v.

### **Post 53 Omstillingsmidlar instituttsektoren mv.**

#### **Formål med løyvinga**

Løyvinga skal bidra til omstilling i instituttsektoren i landbruket i retning av meir faglege og økonomisk solide institutt. I første rekkje skal løyvinga bidra til å realisere regjeringa sitt formål med oppretting av Norsk institutt for bioøkonomi og til å dekkje delar av kostnadene til Veterinærinstituttet i samband med flyttinga til Ås.

#### **Rapportering 2015**

I 2015 blei det løyvd 2,47 mill. kroner frå posten til arbeid i interimsstyret med å førebu etablering av NIBIO som eit styringsdyktig institutt 1. juli same år. Vidare blei 1 mill. kroner løyvd til å dekkje delar av kostnadene knytt til planlegging av nytt bygg og organisasjonsutviklingsprosesser for Veterinærinstituttet i samband med den vedtekne flyttinga til Ås. Det er også løyvd 1 mill. kroner til å støtte opp under overføring av verksemd frå NIBIO til stiftinga NORSØK. Overtakinga skjedde 1. januar 2016.

### **Budsjettframlegg 2017**

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei løyving på 3,545 mill. kroner. Løyvinga skal gå til å vidareutvikle NIBIO som eit sterkt og effektivt forskingsinstitutt. Ei viktig oppgåve er å samarbeide med Statsbygg om å utgreie samlokalisering av instituttets tilsette på Ås. Vidare kan løyvinga bidra til å førebu flytting av Veterinærinstituttet til Ås.

### **Post 54 Næringsretta matforskning mv.**

#### **Formål med løyvinga**

Ordninga har bakgrunn i Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt, som blei oppretta i medhald av lov av 26. juni 1970 om forskingsavgift på visse landbruksprodukt. I tråd med lova er formålet å sikre økonomisk grunnlag for forsking på landbruksprodukt som blir nytta til å framstille nærings- og nyttingsmiddel og førkorn til husdyr. Løyvinga skal gå til matforskningsinstituttet Nofima AS, som er eit næringsretta institutt med forskingskompetanse innanfor heile verdikjeda for utvikling av mat- og nyttingsmiddelproduksjon innan grøn og blå sektor. I tillegg skal løyvinga gå til næringsrelevante forskningsprosjekt etter ope utlysing og konkurranse.

Frå og med 2017 er midlane tekne inn i statsbudsjettet. Midlane blir krevd inn gjennom ei avgift på importerte og norskproduserte landbruksprodukt. Løyvinga skal forvaltas av eit styre oppnemnd av departementet. Styret er samansett av seks representantar frå aktørar i ulike delar av matkjeda, i tillegg til styreleiar som representerer departementet. Landbruksdirektoratet er sekretariat for fondet, og det er sett av administrative kostnader til dette formålet innanfor løyvinga. Styret disponerer midlane innanfor budsjett fastsett av departementet.

Løyvinga blir motsvara av inntekter frå forskingsavgifta på landbruksprodukt, jf. kap. 5576, post 70 Forskningsavgift på landbruksprodukt.

### **Budsjettframlegg 2017**

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei samla løyving på 150 mill. kroner på posten. Det vil vere usikkerheit knytt til inntektene frå forskingsavgifta på landbruksprodukt og til forbruk det enkelte året. Departementet legg difor opp til ei meirinntektsfullmakt mellom 1137.54 og 5576.70, jf. framlegg til vedtak II.

### **Post 70 Innovasjonsaktivitet mv.**

#### **Formål med løyvinga**

Løyvinga skal fremje auka innovasjonsaktivitet og støtte oppunder eit sterkare og meir framtidsretta landbruk. Ei viktig målsetjing med løyvinga er å bidra til framveksten av eit lønsamt biobasert næringsliv. Løyvinga skal også fremje kommersialisering av kunnskap frå forsking i landbruks- og mat-

sektoren og bidra til auka knoppskyting frå eksisterande næringsliv.

Regjeringa ser eit stort potensial i å stimulere til vidareutvikling av produksjonsprosessar og ny næringsverksemد med utgangspunkt i fornybar biomasse frå primærnæringane. Løyvinga skal leggje grunnlag for auka verdiskaping i biobaserte næringar gjennom ei marknadsorientert og berekraftig utnytting av bioressursane på tvers av sektorar og næringar.

Vidare skal løyvinga bidra til vekst og konkurranseskraft hos nyetablerte verksemder gjennom inkubatortenester til vekstbedrifter i ein tidleg fase. Inkubatorane tilbyr fagleg rådgiving, forretningsutvikling og tilgang til naudsynt kompetanse, nettverk og lokale. Tilboda må tilpassast dei behova verksemdene har for individuell oppfølging og skje i eit miljø med høg kompetanse på innovasjon og næringssutvikling.

Bioteknologimiljøa i Hamarregionen dannar ei viktig kunnskapsklyngje for norsk landbruk og vidareutvikling av bioøkonomien. Løyvinga over posten er også retta mot marknadsdriven bioinnovasjon, og skal leggje til rette for å etablere nye arbeidsplassar og vekst innan bioøkonomien.

Løyvingane skal bidra til at fleire norske bedrifter kan ta marknadsposisjonar innan avansert foredling av fornybare biologiske ressursar.

## Rapportering 2015

For rapportering på innovasjonsaktivitet m.m., sjå kap. 1137, post 52.

For rapportering på tiltak for industriell bruk av biomasse, sjå kap. 1149, post 74.

For rapportering på tilskott til Biosmia, sjå Prop. 1 S (2016–2017) frå Kunnskapsdepartementet.

## Budsjettframlegg 2017

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei løyving på 10,073 mill. kroner for å fremje auka innovasjonsaktivitet og støtte opp under eit sterkare og meir framtidsretta landbruk.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 5,293 mill. kroner til satsing på inkubatorar i regi av Selskapet for industrivekst SF (Siva).

Det er lagt opp til at midlane som tidlegare har gått over kap. 1149, post 74 blir overførte til posten. Til dette formålet er det lagt opp til ei samla ramme på 2,780 mill. kroner for 2017. Det er også betydelege midlar overførte på posten som det er gitt tilsegn til, og det vil ikkje alltid vere slik at løyvingar kjem til utbetaling same året som dei blir løyvde. Departementet legg difor opp til ei tilsegnssfullmakt på posten på 6 mill. kroner, jf. framlegg til vedtak IV.

Stortinget vedtok i revidert nasjonalbudsjett for 2015, jf. Innst. 360 S (2014–2015) å løyve midlar til Biosmia – Senter for marknadsdriven bioinnovasjon. Senteret er administrert av Kunnskapsparken Hedmark AS. Stortinget vidareførte løyvinga i 2016, jf. Prop. 1 S (2015–2016) frå Kunnskapsdepartementet og Innst. 12 S (2015–2016).

Midlane har vore løyvde over Kunnskapsdepartementets Kap. 260, post 50. Frå 2017 blir det gjort ei teknisk flytting av midlane til Landbruks- og matdepartementets kap. 1137, post 70.

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei løyving på 2 mill. kroner til samarbeidet i den blå-grøne bioteknologiske næringssklynga på Hamar retta mot innovasjonsenteret Biosmia – Senter for marknadsdriven bioinnovasjon.

**Programkategori 15.30**  
**Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak**

Utgifter under programkategori 15.30 fordelte på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag	(i 1 000 kr)
		2015	budsjett 2016	2017	Pst. endr. 16/17
1138	Støtte til organisasjoner m.m.	29 366	38 800	35 760	-7,8
1139	Genressursar, miljø- og ressurs-registreringar	39 475	24 019	24 019	0,0
1141	Kunnskapsutvikling m.m. innan miljø- og næringstiltak i landbruket	63 751			
1142	Landbruksdirektoratet	442 131	427 777	439 764	2,8
1144	Regionale og lokale tiltak i landbruket	9 505	4 118		-100,0
1148	Naturskade – erstatningar	151 191	188 728	169 000	-10,5
1149	Verdiskapings- og utviklingstiltak i skogbruket	96 025	133 751	137 817	3,0
1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	14 456 015	14 389 377	14 579 932	1,3
1151	Til gjennomføring av reindriftsavtalen	119 353	113 000	114 500	1,3
1161	Myndighetsoppgåver og sektor-politiske oppgåver på statsgrunn	23 851	24 371	24 371	0,0
Sum kategori 15.30		15 430 663	15 343 941	15 525 163	1,2

Inntekter under programkategori 15.30 fordelte på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag	(i 1 000 kr)
		2015	budsjett 2016	2017	Pst. endr. 16/17
4142	Landbruksdirektoratet	56 352	40 569	41 496	2,3
4150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	45			
4162	Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap	34 074	10 000	25 000	150,0
5576	Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet	137 645	125 000	285 000	128,0
Sum kategori 15.30		228 117	175 569	351 496	100,2

## Prioriteringar i 2016

### Internasjonale prosesser

Regjeringa vil innanfor gitte landbrukspolitiske rammer arbeide for ein friare handel med landbruksvarer. Noreg forhandlar om marknadstilgang for landbruksvarer innanfor Verdas handelsorganisasjon (WTO), EØS-avtalen og EFTA-samarbeidet.

I WTO-forhandlingane var det i 2015 framgang i den breie forhandlingsrunden som starta opp på ministerkonferansen i Doha i 2001. På ministerkonferansen i Nairobi i desember 2015 blei medlemslanda mellom anna samde om å eliminere bruken av eksportsubsidiar med direkte verknad. Noreg, Canada og Sveits fekk eit unntak som gir moglegheit til å vidareføre eksportsubsidiar til ost, smør, svinekjøtt og foredla landbruksvarer fram til utgangen av 2020. Regjeringa ser det som viktig å få på plass ein ny multilateral avtale, og vil bidra aktivt gjennom ulike initiativ. Når det gjeld forpliktingane i den eksisterande WTO-avtalen og oppfølginga av ministererklæringa frå Nairobi, tilpassar regjeringa verkemiddelbruken i landbruket slik at Noreg held seg innanfor avgrensingane.

EØS-avtalen opnar for avtalar mellom Noreg og EU om handel med landbruksvarer. I februar 2015 starta forhandlingar om ein ny avtale om handel med landbruksvarer (artikkel 19 i EØS-avtalen). Regjeringa Stoltenberg II opna for slike forhandlingar på møtet i EØS-rådet hausten 2012. Siste artikkel 19-avtale blei sett i verk 1.1.2012. EFTA forhandlar i 2016 med ei rekke land om å inngå handelsavtalar, mellom andre India, Malaysia, Indonesia og Vietnam. EFTA-forhandlingane omfattar handel med både uforedla og foredla landbruksvarer.

På klimaområdet blei det i Paris i 2015 forhandla fram ein ny global klimaavtale. Noreg skal forhandle med EU om å ein avtale om felles oppfylling av klimamåla for 2030. Regelverket for korleis ein skal inkludere skog og annan arealbruk, og fleksibiliteten rundt ikkje-kvotepliktig sektor blir ein del av dei vedtaka EU skal gjere i denne samanhengen. I Meld. St. 13 (2014–2015) *Ny utslippsforpliktelse for 2030 – en felles løsning med EU* blir det lagt til grunn at eit nytt klimaregime bør byggje på det positive klimabidraget frå skog både på kort og lang sikt, og slik gi incentiv til nye tiltak for auka opptak i og reduserte utslepp frå landsektoren.

I forhandlingane med EU om felles oppfylling av klimamåla, vil departementet særleg følgje arbeidet med fordeling av innsatsen i ikkje-kvotepliktig sektor som mellom anna omfattar jordbruk

og Regelverket for korleis ein skal rekne inn skog og annan arealbruk. Under klimakonferansen i Warszawa i november 2013, blei det teke eit viktig initiativ for å integrere jordbruk og matsikkerheit. Departementet vil halde fram med å engasjere seg i dette arbeidet, der ein i første omgang ser på tilpassing til eit endra klima og på effektiv produksjon av mat. Det er viktig å sikre eit godt samarbeid mellom FN sin klimaorganisasjon (UNFCCC), FN sin organisasjon for ernæring og landbruk (FAO), Verdsbanken og aktuelle samarbeidsland på dette området.

FAO sitt mandat globalt er matsikkerheit, mattriggleik, reduksjon av fattigdom og berekraftig bruk og forvaltning av naturressursar, inkludert land, vatn, luft og genetiske ressursar. Noreg legg i 2016 særleg vekt på FAO si oppfølging av klima og Parisavtalen, ein ny strategi for arbeid mot antibiotikaresistens innan One Health-rammeverket, oppfølging av berekraftsmåla og ei effektiv og resultatbasert styring av organisasjonen. I tillegg er standardsetjing for mattriggleik under Codex Alimentarius, plantetraktaten, fagkomiteane innan landbruk, skog og fiske i FAO og kommisjonen for genetiske ressursar også prioriterte område. FAO er vertskap for den globale alliansen for klimasmart landbruk, GACSA, som er etablert med eige sekretariat og arbeidsplanar.

Komiteen for matsikkerheit, CFS, er etablert som den mest inkluderande plattforma for arbeid med global matsikkerheit og ernæring. Komiteen held årlege møte i FAO med aktørar frå FN og andre utviklingsorganisasjonar, sivilt samfunn, privat sektor og forsking. Noreg er eit aktivt medlem og vektlegg arbeid med globale retningslinjer og rammeverket for matsikkerheit. Ernæring er eit sentralt område.

Antibiotikaresistens er eit viktig område for internasjonalt samarbeid innan mat og helse, og er i 2016 tema for eit toppmøte under FNs generalforsamling. OECD har også trappa opp arbeidet sitt med antibiotikaresistens.

Noreg er eitt av dei første landa som i 2016 rapporterer på oppfølginga av dei universelle berekraftsmåla, som blei vedtekne av Generalforsamlinga i FN i september 2015. Berekraftsagendaen set ambisiøse mål for arbeidet med økonomisk, sosial og miljømessig utvikling dei neste 15 åra.

Departementet vil aktivt støtte opp om FAO sitt arbeid med berekraftig skogforvaltning. FAO har ei særleg viktig rolle i samarbeidet med land om kartlegging av og utviklinga i forvaltning av skogressursane. Departementet vil også ta aktivt del i arbeidet under FAO sin kommisjon for genetiske ressursar og den internasjonale traktaten for

plantegenetiske ressursar for mat og landbruk. Dette inneber også vidareutvikling av det globale frølageret på Svalbard. Departementet arbeider spesielt for forbeteringar av det multilaterale systemet for tilgang og fordelsdeling knytt til genressursar i plantetraktaten. Dette vil bidra til meir effektiv planteforedling og høgare matproduksjon både i Noreg og i andre land.

Det er behov for eit sterkt og forpliktande internasjonalt samarbeid for å løyse grenseoverskridende skogpolitiske utfordringar og for å sikre ei berekraftig forvaltning av skog internasjonalt. FN sitt skogforum (UNFF) har ei rolle i å leggje premissar for berekraftig skogforvaltning globalt. I Europa samarbeider landa om berekraftig forvaltning av skog gjennom FOREST EUROPE, og Noreg vil delta aktivt i dette arbeidet.

Ministerrådet for fiskeri, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk (MR-FJLS) arbeider for ein berekraftig og konkurranseskjært bruk av naturressursar, mellom anna dei genetiske ressursane. Det er eit mål at ein gjennom felles nordisk innsats skapar meirverdi, *nordisk nytte*, for dei enkelte nordiske landa og innbyggjarane deira. Det fireårige samarbeidsprogrammet utgjer saman med dei årlege formannskapsprogramma og overordna initiativ, handlingsrommet for samarbeidet. Nidarosdeklarasjonen som blei vedteken på ministermøtet i Trondheim 2012, sette fokus på bioøkonomi, og temaet har vore på dagsordenen i MR-FJLS sidan 2014 då Island drog i gang dei treårige formannskapsprosjekta sine. Den finske formannskapen har i 2016 gjennomført prosjekt innanfor bioøkonomi og under den norske formannskapen i 2017 vil arbeidet innanfor bioøkonomi og grøn omstilling halde fram.

#### Matsikkerheit og landbruk over heile landet

Regjeringa vil stimulere til auka matproduksjon av omsyn til mellom anna norske forbrukarar og til beredskap. Verkemidla skal innrettast slik at dei bidreg til auka produksjon. Tilrettelegging for landbruk over heile landet krev framleis differensiering av verkemidla. Regjeringa vil sikre ein effektiv bruk av statlege overføringer, redusere kostnadsnivået og gi bonden nye og betre inntektsmogleigheter. Det skal satsast på alternativ næringsutvikling for å gi grunnlag for ein framtidssett landbruksproduksjon over heile landet.

#### Jordbruksoppgjaret

Verkemidla i jordbruksavtalen må utformast slik at den enkelte bonden finn rom for utvikling og

auka matproduksjon. Regjeringa legg vekt på å gjennomføre tiltak som aukar moglegheitene for tilpassing på det enkelte bruket. Det lokale ressursgrunnlaget og kompetansen til bonden bør i større grad avgjere tilpassingane, ikkje offentlege avgrensingar og komplekse tilskottsordningar.

Regjeringa vil sikre landbruket føreseielege rammevilkår som kan bidra til at den samla lønsemda i næringa kan bli betre i åra som kjem. Utøvarane i landbruket skal kunne ha ei inntektsutvikling og sosiale vilkår på line med andre grupper. Gode inntektsmogleigheter er ein føresetnad for auka matproduksjon og naudsint for at næringa skal rekruttere kompetent arbeidskraft og at unge menneske skal satse på ei framtid innanfor jordbruket. Ramma i jordbruksoppgjaret i 2016 legg til rette for ein inntektsvekst på 3,1 pst. frå 2016, før oppgjjer, til 2017. Dette utgjer om lag 10 700 kroner per årsverk. Delar av ramma fekk inntektseffekt frå 1.7.2016, og om prisauken blir realisert fullt ut, vil inntektene kunne auke med vel 1 pst. i 2016 og ytterlegare knapt 2 pst. i 2017.

Oppgjaret i 2016 vidarefører fordelingsprofilen frå jordbruksoppgjera i 2014 og 2015. Produksjonsavhengig støtte, heving av produksjonstak og fjerning av andre avgrensingar legg til rette for auka matproduksjon i Noreg. Regjeringa vil halde fram med å styrke landbruket gjennom forenkling av lover, reglar og støtteordningar og gjennom å oppheve avgrensingar som hindrar effektiv utnytting av kapasiteten på enkelbruk. Forenkling av verkemiddelapparatet forenklar kvar-dagen til bonden og bidreg til effektivitet, betre forvaltning og oversikt.

Departementet legg opp til at jord- og skogbruk blir kompensert for auke i mineraloljeavgift. Departementet vil komme tilbake til innretning på kompensasjonen ved jordbruksoppgjaret i 2017.

Landbruks- og matdepartementet arbeider med ei ny melding til Stortinget om jordbrukspolitikken. Fleire sentrale tema, som til dømes spørsmålet om produksjonsregionar for mjølk, oppfølging av arbeidsgrupperapport om forenkling av verkemidla i jordbrukspolitikken, oppfølging av rapporten *Landbruk og klimaendringer* og oppfølging av utvalet som har gått gjennom marknadsbalanseringa, blir etter ønske frå Stortinget, tekne med i meldinga. Økologisk jordbruksproduksjon vil også bli omtalt i meldinga, og oppfordringa frå Stortinget om å utarbeide ein strategi for økologisk jordbruk vil difor følgjast opp i etterkant.

Oppgjaret gir ein auke i målprisane på 190 mill. kroner frå 1.7.2016. Regjeringa gjer framlegg om å auke løvvinga til gjennomføring av jordbruksavtalen over kap. 1150 i 2017 med om lag

100 mill. kroner. I tillegg kjem om lag 90 mill. kroner som følge av kvantumsjusteringar, særleg grunna auka produksjon av korn og kjøtt.

### Eigedoms- og busetjingspolitikk

I Noreg utgjer dei om lag 150 000 landbrukseigedomane med bustadhus eit viktig grunnlag for sysselsetjing og busetjing, og for utvikling og produksjon av varer og tenester med utgangspunkt i landbruket.

For å styrke den private eigedomsretten og å forenkle eigedomslovgivinga i landbruket har regjeringa gjort framlegg for Stortinget om oppheving av regelen i konsesjonslova om priskontroll på landbrukseigedommar, jf. Prop. 124 L (2013–2014) *Endringer i konsesjonsloven og tvangsfyllbyrdelsesloven*. Stortinget vedtok i samband med handsaminga av lovframlegget ei rekje oppmodingsvedtak, jf. Innst. 153 L (2015–2016). Som oppfølging av desse, har departementet bestemt at det ikkje skal vere priskontroll ved overtaking av landbrukseigedommar med bustadhus når kjøpesummen er under 3,5 mill. kroner. Vidare har dei framlegga til endringar i konsesjonslova, jordlova og odelslova som Stortinget har bedt regjeringa komme tilbake til Stortinget med, vore på høyring. I tillegg har framlegg om endringar i jordlovas drivepliktsføresegn og delingsføresegn vore på høyring. Regjeringa tek sikte på å gjere framlegg om endringar i desse lovene våren 2017.

### Økonomisk og økologisk berekraftig reindrift

Reindrifta er ei urfolksnæring som er unik både i nasjonal og internasjonal samanheng. Reindrifta bidreg til eit levande landbruk gjennom beitebruk i fjellområde og utmark og har eit stort potensial for auka verdiskaping.

Reindrifta i delar av Finnmark har vore igjenom ein krevjande prosess med reduksjon av talet på rein der dette har vore for høgt. Dei tala som no ligg føre viser at ein i all hovudsak har lukkast i dette arbeidet. Gjennomgangen av siidaandelsinnehavarar si *Melding om reindrift* våren 2016, viser at reintalet ligg under det fastsette i Aust-Finnmark reinbeiteområde. For Vest-Finnmark reinbeiteområde ligg reintalet om lag 1 000 rein over det fastsette. Sjølv om innrapporterte tal viser at ein no har eit reinalt tilnærma i samsvar med fastsett tal i bruksreglane, er det likevel naudsynt å følge med på utviklinga. Det er vesentleg at reintalet held seg på eit berekraftig nivå. Stortinget sitt vedtak om endringar i reindriftslova

våren 2016, jf. Prop. 93 L (2015–2016), er ein viktig del av dette arbeidet.

For å nå dei reindriftspolitiske måla er det naudsynt at reindriftslova og reindriftsavtalen utfyller kvarandre. Gjennom arbeidet med fastsetjing av eit økologisk berekraftig reinalt har det blitt mogleg å knyte saman verkemidla over reindriftsavtalene og reindriftslova. Dei to siste reindriftsavtalane har støtta opp om dei som har følgt opp vedtaka om reduksjon, mens dei som ikkje har følgt reduksjonskrava ikkje har vore i posisjon til å få tilskott. Dei produksjonsretta tilskotta har blitt prioriterte framfor tilskott som ikkje direkte stimulerer til auka slakting og omsetnad. Også innanfor Reindriftens utviklingsfond er tiltak som legg til rette for auka slakting og omsetnad prioriterte. Auka kalveslakte-tilskott blir særleg trekt fram. Uttak av kalv reduserer presset på vinterbeita og med det tapa gjennom vinteren. Auka uttak av kalv bidreg også til auka produktivitet fordi tilveksten på kalv er større enn tilveksten på større dyr.

Reindrifta er svært arealavhengig, og inngrep og uro innanfor reinbeiteområda har auka dei siste tiåra. Plan- og bygningslova har fleire verkemiddel som gjer det mogleg med ei meir heilskapleg forvaltning av areal i det enkelte reinbeitedistriktet. For å legge til rette for ei betre sikring av areal nytta i reindrifta, er det viktig at fylkeskommunar og kommunar i dei samiske reinbeiteområda følgjer opp nasjonale føringer og tek plan- og bygningslova sine verkemiddel i bruk.

Regjeringa har starta opp arbeidet med ei ny stortingsmelding om reindriftspolitikken. Regjeringa vil fremje ei næringsretta melding. I arbeidet med meldinga vil departementet leggje opp til konsultasjonane med næringa, Norske reindriftsamers landsforbund (NRL) og Sametinget.

### Verdiskaping og berekraft

#### Konkurransekraft og lønsam utnytting av ressursane i landbruket

Regjeringa vil bidra til eit levedyktig landbruk ved å styrke moglegheitene for verdiskaping. Det er naudsynt med ein tydeleg politikk overfor dei som produserer varer og tenester med utgangspunkt i landbruket sine ressursar utanom tradisjonelt jord- og skogbruk. Meld. St. 31 (2014–2015) *Garden som ressurs – marknaden som mål* blei handsama av Stortinget våren 2016. Meldinga peikar på generelle tiltak knyttet til stimulering til gründerskap, vekst og innovative næringsmiljø, stimulering til vidare vekst og utvikling innanfor områda lokalmat og -drikke, landbruks- og utmarksbasert reiseliv, Inn på tunet, bioenergi og juletreproduksjon. Mel-

dinga synleggjer også verkemiddelapparatet sin verdi for å skape ei positiv utvikling. Ein samla Næringskomité uttrykte at stortingsmeldinga gir ei god skildring av utvikling og potensial for næringsutvikling i landbruket. Komiteen meinte vidare at utvikling av fleire alternative næringar i tillegg til primærproduksjon også bidreg til å styrke forståinga og legitimiteten for landbruket og landbrukspolitikken. Ein vesentleg del av løvtingane under Landbrukets utviklingsfond (LUF) er difor prioritert til ordningar som skal stimulere til næringsutvikling i landbruket, der investerings- og bedriftsutviklingsmidlane i landbruket (IBU-midlane) og Utviklingsprogrammet for landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping er dei største ordningane. I jordbruksoppgjøret dei siste åra har særleg avsetninga til investerings- og bedriftsutviklingsordninga blitt prioritert.

Dei regionale bygdeutviklingsprogramma synleggjer prioriteringar og tilpassingar av verkemiddelbruka innanfor næringsutvikling. Samspelet mellom forvaltning, forsking og næringa sjølv er avgjerande for å oppnå gode resultat på dette området.

Marknadsbalansering i jordbruket er evaluert av Hjelmengutvalet som la fram rapporten sin i juni 2015. Regeringa gjer framlegg til endringar i marknadsbalanseringa i den komande stortingsmeldinga om jordbruksnæringa.

God og rett kompetanse i landbruket står sentralt i arbeidet for å sikre eit aktivt landbruk, verdiskaping og busetting i heile landet. For å styrke kompetansehevande tiltak i landbruket, som sikrar fagleg kvalitet og fleksibel tilrettelegging, er det vedteke å greie ut ein nasjonal modell for eit agronomutdanningstilbod for vaksne. Utgreiinga vil bli gjennomført i samarbeid med næringa og utdanningsstyresmaktene.

Auka produksjon av mat i tider med endring i klima krev kompetanse i heile verdikjeda. Eit styrkt skogbruk, som skal bidra til å nå viktige klimamål, vil også innebere behov for auka rekruttering til næringa. Aktørar i skognæringa har gått saman om eit nasjonalt prosjekt for å møte rekrutterings- og kompetanseutfordringar i skogbruket – *Verg Skog*. Visjonen for prosjektet er å sikre samfunnet tilstrekkeleg tilgang på framtidsretta kompetanse for berekraftig forvaltning av skogressursane. Departementet støttar opp om dette prosjektet.

Økologiske driftsmåtar kan bidra med kunnuskap og erfaringar for meir miljøvennleg produksjon, samstundes som økologiske produkt representerer eit mangfold forbrukarane etterspør. Løvingane over jordbruksavtalen skal sikre stabilitet for produsentar med økologisk drift, uavhengig av

svingingar i marknaden. Samla for alle produktgrupper auka omsetnaden av økologiske produkt med 15 pst. frå 2014 til 2015. Den samla satsinga på økologisk produksjon over jordbruksavtalen i 2017 er på om lag 155 mill. kroner.

Verkemidla i nasjonalt og regionale miljøprogram skal bidra til at jordbruksproduksjonen fører til minst mogleg forureining og tap av næringssstoff. Arbeidet med å redusere utslepp til jord, vatn og luft blir følgt opp gjennom dei regionale miljøprogramma.

Departementet legg opp til ei vidare satsing for å redusere forureininga av fosfor, nitrogen og erosjon til vassdrag og kystområde. Departementet har i samarbeid med Klima- og miljødepartementet sett i verk ein gjennomgang av regelverket om lagring og bruk av husdyrgjødsel der målet er ei betre utnytting av næringssstoffa.

Det vil bli arbeidd med å redusere risiko ved bruk av plantevernmiddel. Ny handlingsplan for berekraftig bruk av plantevernmiddel blei fastsett i april 2016.

#### *Berekraftig skogbruk og konkurransedyktige skog- og trebaserte verdikjeder*

Eit aktivt og lønsamt skogbruk og konkurransedyktig skogindustri er viktig for busetting, sysselsetjing og næringsutvikling i store delar av landet. Skogsektoren er ein del av ein open, global marknad. Ein konkurransedyktig skogindustri i Noreg er avgjerande for velfungerande verdikjeder og for størst mogleg verdiskaping knytt til norsk tømmer.

Nedlegging av foredlingsindustri i Noreg dei siste ti åra, særleg innan papir- og masseindustri, har ført til ein sterk auke i tømmereksporten. Eksperten har førebels løyst dei største utfordringane med avsetning av massevirke og flis, og har samstundes vore viktig for at norske sagbruk har fått nok sagtømmer. Færre foredlingsbedrifter og meir eksport aukar transportarbeidet og -kostnadene, særleg knytt til råstoff og biprodukt, noko som er ei utfordring for lønsemada til desse bedriftene. Auka vidareforedling av norsk tømmer i lønnsame foredlingsbedrifter i Noreg vil vere avgjørende for auka verdiskaping og for sektoren sine positive nærings-, miljø- og klimabidrag lokalt, regionalt og nasjonalt.

Departementet vil leggje til rette for å auke oppbygginga av skogressursane og å styrke lønsemada i skogbruket. Nye klimatiltak i skog vil auke skogvolumet i eit langsiktig perspektiv, noko som vil bidra til å tryggje ressurstilgangen og grunnlaget for verdiskaping for skog- og trenæringa i framtida, sjå nærmare omtale nedanfor.

Dei viktigaste verkemidla i skogpolitikken er skogfond, tilskott til nærings- og miljøtiltak, tilskott til skogbruksplanlegging med miljøregistringar og tilskott til skogplanteforedling og produksjon av bioenergi. Verkemiddelbruken knytt til forbetring av infrastrukturen i skogbruket har høg prioritet. Ein god infrastruktur i form av vegar, jernbane og kaier er viktig for å auke verdiskapinga og styrke konkurransekrafta til fastlandsindustrien. Departementet vil difor leggje tilrette for bygging og ombygging av skogsvegar og bygging av tømmerkaier.

For å sikre eit godt grunnlag for berekraftig skogbruk framover, vil departementet føre vidare satsinga på skogbruksplanlegging med miljø-registreringar og kunnskapsprosjektet Miljø-registreringar i skog (MiS-prosjektet) ved NIBIO. Vidare står skogplanteforedling fram som eit viktig område. Foredlingsarbeidet gir grunnlag for auka verdiskaping, klimatilpassing og auka opp-tak av CO<sub>2</sub> i skog. Skogen har ei viktig rolle i klimapolitikken, og regjeringa vil styrke dei klimapolitiske målsetjingane i forvaltninga av norsk skog. Klimaforliket legg opp til ei aktiv forvaltning av skogressursane for å sikre eit høgt opptak av CO<sub>2</sub> i skog slik at karbonlageret i skogen stadig aukar. Tilveksten i skogen er no på sitt høgaste, men tilveksten vil gå ned ei stund framover. Hovudårsakene til dette er at mykje av skogen har nådd hogstmoden alder og at det har vore ein periode med låge investeringar i skogen. Regjeringa vil i 2017 vidareføre klimatiltak i skogsektoren frå klimaforliket, med midlar til tettare planting etter hogst og til gjødsling av skog. Vidare vil ein ved ein auke i løvvinga til skogplanteforedling sikre at plantematerialet i størst mogleg grad er tilpassa eit klima i endring. I tillegg vil pilotprosjektet om planting av skog på nye areal bli vidareført over budsjettet til Klima- og miljødepartementet.

Auka bruk av fornybar bioenergi og auka bruk av tre framfor innsatsfaktorar baserte på fossile ressursar, kan gi viktige bidrag til energiforsyninga og minske utsleppa av klimagassar. Auka produksjon av bioenergi skal bidra til å nå målet til regjeringa om større produksjon av fornybar energi og til å redusere utsleppa av klimagassar. Regjeringa vil vidareføre satsinga på bioenergi gjennom bioenergiprogrammet på jordbruksavtalen for 2017.

I eit lågutsleppssamfunn vil fornybare biologiske ressursar måtte erstatte fossile ressursar. Verdiskaping basert på berekraftig hausting av biomasse frå jord-, skog- og havbruk – bioøkonomien – kan difor få ein større plass i næringslivet i framtida. Noreg har god tilgang på bioråstoff. Basert på fornybar energi og relevant kompetanse

frå prosessindustri og petroleumsrelatert verksamhet, kan norsk biomasse frå jordbruk, skog og hav bli omdanna til eit breitt spekter av høgverdige produkt som vil bli etterspurd frå ei sterkt veksande verdsbefolkning. I tillegg må ein vente å sjå nye gjennombrott i bruksmåtar for bioteknologi på mange område.

Regjeringa vil føre ein politikk som gir næringslivet betre konkurranseskraft og rom for å skape større verdiar. Regjeringa tek sikte på å leggje fram ei melding til Stortinget om skog- og trenæringa hausten 2016. Meldinga skal ha eit verdikjedeperspektiv og peike på moglegheitene for å byggje opp under det grøne skiftet i norsk økonomi. Arbeidet med meldinga skal mellom anna byggje på Sundvolden-erklæringa, regjeringas klimapolitikk og satsing på auka konkurranseskraft. Auka aktivitet i skogbruket skal kombinerast med betre kunnskap om miljøverdiane i skog og styrkte miljøomsyn i skogbruket. Innspela frå SKOG22-strategien for skog- og trenæringa vil bli vurderte i arbeidet. Regjeringa la nyleg fram ein bioøkonomistrategi. Meldinga skal koordinerast med denne.

#### *Arealressursane, kulturlandskapet og klima*

Berre 3 pst. av arealet i Noreg er jordbruksareal. Det er viktig å ta vare på gode jordbruksareal og matjord. Samstundes må jordvernet balanserast mot storsamfunnet sine behov.

Aktiv drift i landbruket er den viktigaste føremessenaden for å ta vare på kulturlandskapet. Kulturlandskap forma av landbruket er viktige for identitet og tilknyting. Dei gir ei ramme for satsingar på kultur, lokal mat, friluftsliv, busetjing og turisme, og er leveområde for mange artar av planter og dyr. Variasjonen i dette kulturlandskapet må oppretthaldast, og ei målretta forvaltning kan bidra til å nå målet om å stoppe tapet av biologisk mangfold og ta vare på kulturminne. Dei kommunale miljøverkemidla og dei regionale miljøprogramma over jordbruksavtalen skal bidra til å halde det biologiske mangfaldet og kulturminna i kulturlandskapet ved lag. I tillegg er det viktig at kommunane forvaltar landskapsverdiane i den kommunale planlegginga og lagar planar som kan ligge til grunn for god forvaltning.

Landbruks- og matdepartementet vil også framover samarbeide med Klima- og miljødepartementet om dei 22 utvalde kulturlandskapa i jordbruket. Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet vil i 2017 gi Miljødirektoratet, Riksantikvaren og Landbruksdirektoratet i oppdrag å vurdere korleis viktige nasjo-

nale kulturlandskap best kan takast vare på, under dette utviding av ordninga med nasjonalt utvalde kulturlandskap. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Det genetiske mangfaldet innanfor planter husdyr og skogstre, utgjer ein viktig ressurs for landbruket ikkje minst i møte med nye utfordringar, som til dømes endring av klimaet. Landbruks- og matdepartementet vil følgje opp og sikre rulle-ring av dei fleirårige handlingsplanane for bevaring og berekraftig bruk av genetiske ressursar blant planter, husdyr og skogstre.

Departementet driftar Svalbard globale frøhvelv som har som mål å lagre sikkerheitskopiar av frø frå verdas viktigaste matvekstar. Frølageret har også ei viktig rolle når det gjeld å skape auka forståing for genetiske ressursar og det internasjonale samarbeidet om dette. Departementet vil leggje vekt på å sikre eit effektivt nordisk samarbeid om bevaring av genetiske ressursar i Nordisk genressurssenter (NordGen) og den nordiske partnarskapen for frøforedling, som har som mål å styrke planteforedlinga og nytte dei nordiske genressursane betre.

Skogen har ei viktig rolle i klimapolitikken. Regjeringa vil bruke skogen for å sikre eit høgt oppatak av CO<sub>2</sub>. Dette skal mellom anna skje ved å legge til rette for tettare planting av ny skog etter hogst, etablering av skog på nye areal, meir og betre skogplanteforedling og målretta gjødsling av skog. Det er utvikla miljøkriterium for planting av skog på nye areal og for målretta gjødsling. Samstundes skal skogressursane nyttast til å produsere meir fornybar energi og tremateriale.

Til jordbruksoppgeret 2016 blei det utarbeidd ein rapport frå ei arbeidsgruppe som har sett på landbruket sine utfordringar i møte med klimaendringane. Arbeidsgruppa meinte det er to hovedstrategiar for å redusere klimagassutsleppa frå jordbrukssektoren; reduserte utslepp innanfor same produksjonsvolum og endra konsum og samsetning av matforbruket.

Klimaendringar aukar risikoene for at nye plante- og dyresjukdommar og zoonosar etablerer seg i Noreg. Det venta smittepresset må bli møtt med god beredskap og førebyggjande tiltak. Departementet vil også prioritere midlar til planteforedling og utvikling av sortar med sikte på betre klimatilpassing. Det er eit særslangsig arbeid å prøve ut eller utvikle nye sortar til bruk i landbruket i Noreg.

Noreg skal vere blant dei leiande landa i arbeidet med produksjon av kunnskap for eit klimatilpassa landbruk, jf. mellom anna Meld. St. 33 (2012–2013) *Klimatilpasning i Norge*. Departe-

mentet legg opp til ein koordinert og målretta innsats innanfor forsking og utvikling (FoU). Departementet vil utvikle det internasjonale forskings-samarbeidet vidare.

## Oppmodingsvedtak

Vedtak nr. 416, 12. februar 2015

«*Stortinget ber regjeringen fremme forslag til virkemidler for å bedre konkurransen og effektiviteten i daglegvaremarkedet.»*

Grunnlaget for vedtak nr. 416 av 12. februar 2015 er *Representantforslag om å løfeste god handelskikk for å sikre viktige forbrukerinteresser*, jf. Dokument 8:12 S (2014–2015), Innst. 155 S (2014–2015).

Arbeidet med å finne verkemiddel for å betre konkurransen og effektiviteten i daglegvaremarknaden går føre seg i samarbeid mellom Landbruks- og matdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet. Det skal arbeidast med utgangspunkt i Daglegvarelovalets analysar og konklusjonar. I mars 2016 kom regjeringa med framlegg til tiltak om moglege endringar av konkurranselova der dette er formålsteneleg, og styrking av Konkurransetilsynets innsats overfor daglegvaremarknaden. Regjeringa vil også få gjennomført ei vurdering av etableringshinder i verdikjeda for mat.

Vedtak nr. 573, 2. juni 2015

«*Stortinget ber regjeringen i stortingsmelding om handlingsplan for naturmangfold, stortingsmelding om landbruk og stortingsmelding om skog- og trenæring gjøre en vurdering av aktuelle problemstillinger knyttet til myr.»*

Grunnlaget for vedtak nr. 573 av 2. juni 2015 er *Representantforslag om en mer helhetlig og langsiktig forvaltning av myr i Norge*, jf. Dokument 8:78 S (2014–2015), Innst. 304 S (2014–2015).

Spørsmål som er relevante for naturmangfold er handsama i Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet*. Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet har gitt eit felles oppdrag til Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet om å utarbeide ein plan for restaurering av våmark for perioden 2016–2020. Ein sentral premiss for arbeidet, er at det ikkje skal vere i konflikt med jord- og skogbruksinteresser. Det vil uansett ikkje vere aktuelt å tilbakeføre omdisponert myrareal der det er produktiv skog fordi dette vil medføre kar-

bontap og dermed betydelege utslepp. Drenerte myrer utan produktiv skog skal derimot prioriterast for restaurering. I den samanheng vil Landbruks- og matdepartementet revidere forskrift om berekraftig skogbruk, slik at både nygrøfting og reinsk av grøfter der det ikke er etablert produktiv skog, blir forbode. Klimaforliket legg til grunn at forskrift om nydyrkning blir revidert slik at også omsyn til klima blir tekne inn. Landbruks- og matdepartementet har i samråd med Klima- og miljødepartementet fått laga ei utgreiing om konsekvensane av ulike tiltak knytt til nydyrkning av myr, under dette forbod, med vekt på klimaeffekt og kostnad ved tiltaka. Problemstillingar knytt til myr blir tekne inn i arbeidet med meldingar til Stortinget om skog- og trenæringa og melding om jordbruksnæringa.

#### Vedtak nr. 140, 8. desember 2015

Stortinget gjorde 8. desember 2015 følgjande oppmodingsvedtak ved handsaminga av innstillinga frå næringskomiteen om nasjonal jordvernstrategi, jf. Innst. 56 S (2015–2016) og Prop. 127 S (2014–2015):

*«Stortinget fastsetter det årlige målet for omdisponering av dyrka mark til 4 000 dekar. Stortinget ber regjeringen sørge for at målet nås gradvis innen 2020.»*

Regjeringa har merka seg målet og vil følgje utviklinga nøyne fram mot 2020. Gjennomføringa av jordvernstrategien vil vere sentralt for å nå det fastsette målet.

#### Vedtak nr. 141, 8. desember 2015

Stortinget gjorde 8. desember 2015 følgjande oppmodingsvedtak ved handsaminga av innstillinga frå næringskomiteen om nasjonal jordvernstrategi, jf. Innst. 56 S (2015–2016) og Prop. 127 S (2014–2015):

*«Stortinget ber regjeringen*

- a. legge fram i revidert nasjonalbudsjett for 2016 positive virkemidler for kommunene som vil gjøre det enklere å unngå utbygging av dyrka mark
- b. etablere i løpet av 2016 et skolerings- og tilaksprogram for lokalpolitikere i norske kommuner, knyttet til ivaretakelse av dyrka og dyrkbar mark
- c. utrede om fylkeskommunen bør få større rolle i planarbeidet relatert til jordvern

- d. vurdere utvida meldeplikt for kommunene til Fylkesmannen ved omdisponering av dyrka mark, og komme tilbake til Stortingset med egnet forslag i løpet av 2016
- e. vurdere forsterking av vernebestemmelser i jordloven
- f. utrede endringer i lovgivningen som vil begrense og sikre åpenhet om opsjonsavtaler om kjøp av dyrka og dyrkbar jord for utbygging
- g. fremme forslag i regelverket slik at jordloven gjelder for omdisponert dyrka mark inntil den dyrka marka faktisk er bygd ned
- h. komme med forslag i løpet av 2016 for å øke nydyrkningen.»

Oppfølginga av oppmodingsvedtak nr. 141 a. om positive verkemiddel for kommunane, blei gjort i samband med revidert nasjonalbudsjett, jf. Prop. 122 S. (2015–2016), kapittel 2.10.

Til punkt b. i oppmodingsvedtaket, har fylkesmennene fått i oppdrag å gjennomføre opplæringstiltak for lokalpolitikarar i løpet av 2016. Landbruks- og matministeren har også i brev til kommunane understreka den viktige rolla fylkesmannen har som rettleiarar overfor kommunane i plansaker. Fylkesmennene har gitt tilbod til kommunane om opplæringstiltak og vil rapportere om dette i si rapportering for 2016 til departementet. Det er etablert kontakt med KS for å sjå på nye opplæringstiltak for nye folkevalde etter neste kommuneval.

Til punkt c. har Landbruks- og matdepartementet innhenta vurdering frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Fylkeskommunen er i dag forplikta som regional planmyndighet etter plan- og bygningslova § 7-1 til å utarbeide ein regional planstrategi i kvar valperiode i samarbeid med kommunar, statlege organ, organisasjonar og institusjonar som blir påverka av planarbeidet. Planstrategien skal mellom anna vurdere langsigktige utviklingsmoglegheiter og ta stilling til kva spørsmål som skal takast opp gjennom vidare regional planlegging. Den regionale planmyndigheita skal utarbeide regional plan for dei spørsmåla som er fastsette i den regionale planstrategien, jf. § 8-1, eller eventuelt setje i gang interkommunalt plansamarbeid etter § 9-1.

Fylkeskommunen har planfagleg rettleiingsansvar overfor kommunane og skal ha tilgang til naudsynt planfagleg kompetanse. Fylkeskommunen har myndighet til å fremje motsegn etter § 5-4. I Rundskriv H-2/14 om motseigner er dette konkretisert til å gjelde kulturminne-, kulturmiljø- og landskapsomsyn, friluftsliv, samordna areal- og

transportplanlegging, kjøpesenter, regional plan og planstrategi, barn og unge sine interesser, universell utforming, fylkesvegar, havbruksinteresser og akvakultur. Fylkeskommunen har ansvaret for å opprette, leie og vere sekretariat for regionalt planforum, jf. § 5-3.

Regjeringa har i *Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging*, vedteke ved kongeleg resolusjon 12. juni 2015, peika på at det er ei viktig oppgåve å ta vare på god matjord, samstundes som jordvernet blir balansert mot stor-samfunnet sine behov elles. Regjeringa har samstundes uttrykt ei forventning om at fylkeskommunane og kommunane fastset regionalt utbyggingsmønster, senterstruktur og hovedtrekka i transportsystemet, under dette knutepunkt for kollektivtrafikken. Regjeringa forventar også at det gjennom planlegginga blir trekt langsiktige grenser mellom by- og tettstadsområde og store samanhengande landbruks-, natur- og friluftsområde, og at staten, fylkeskommunane og kommunane legg vedtekne planar til grunn for eigne vedtak.

Det følgjer av dette at fylkeskommunen alle-reie i dag har eit breitt spekter av verkemiddel og ein betydeleg rolle i planarbeid knytt til jordvern, både på regionalt og kommunalt nivå.

Når det gjeld vurderingar av om fylkeskommunen bør få ei større rolle i planarbeidet som kan ha betydning for jordvernet, har Kommunal- og moderniseringsdepartementet ei melding til Stortinget om berekraftige byar og sterke distrikt under utarbeiding. Regjeringa vil i denne meldinga komme inn på spørsmål som vil vere av betydning for regional planlegging og for fylkeskommunen si rolle i planlegginga.

Punkt d. har Landbruks- og matdepartementet innhenta vurdering frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Her viser departementet til at det i komiteen sine merknader i Innst. 56 S (2015–2016) mellom anna står at «Komiteen viser til at enkeltsaker etter plan- og bygningsloven skal eller bør sendes fylkesmannen til uttalelse dersom de må behandles som en dispensasjon. En grunn til at de må behandles som en dispensasjon er at byggingen eller fradelingen av tomt medfører om-disponering av dyrket jord, og at det ikke er avklart i overordnet arealplan. Fylkesmannen vil da kunne uttale seg til kommunen om disse sakene og eventuelt påklage dem hvis kommunen ikke etterkommer fylkesmannens krav.

Komiteen mener det må vurderes om meldeplikten for enkeltsaker etter plan- og bygningsloven bør forsterkes ved at det sammen med meldingen skal være en utredning som viser alterna-

tive arealer som ikke er på dyrka eller dyrkbar jord.»

Kommunal- og moderniseringsdepartementet oppfattar at Stortinget sitt oppmodningsvedtak gjeld søknader om dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-1. Den meldeplikta som i dag gjeld i dispensasjonssakar er omtalt i § 19-1 fjerde punktum: «Regionale og statlige myndigheter hvis saksområde blir direkte berørt, skal få mulighet til å uttale seg før det gis dispensasjon fra planer, plankrav og forbudet i § 1-8.»

Det er i dag til ein viss grad opp til regionale og statlege styresmakter sjølvé å bestemme kva for dispensasjonssaker som skal sendast på høyring til regionale styresmakter. Det er i dag noko varierande praksis både rundt korleis dette blir gjort og kor hyppig brev m.v. blir oppdaterte.

Eksempelvis har Fylkesmannen i Oslo og Akershus i januar 2014 utarbeidd ein rettleiar i samarbeid med Akershus fylkeskommune, der dei klargjer kva for dispensasjonssaker som skal sendast på høyring. Det går her mellom anna fram at tiltak i strid med LNF-formålet, og som inneber inngrep i dyrka og dyrkbar jord og produktive landbruksområde, skal sendast på høyring til både fylkesmannen og fylkeskommunen. I rettleiaren er det vist til fylkesmannen sitt forventningsbrev til kommunane der det er peika på følgjande: «Alternativer til utbygging på dyrka og dyrkbar jord skal vurderes og vektlegges i arealplanleggingen. [...] I plan- og bygningsloven er adgangen til å gi dispensasjon fra planer begrenset. Fylkesmannen forventer at kommunene tilpasser sin praksis i tråd med dette. Vi anbefaler at vår dispensasjonsveileder brukes i saksbehandlingen. Dispensasjoner etter plan- og bygningsloven (PBL) i LNF-områder og regulering der jordloven fortsatt gjelder, krever også vedtak i kommunen om fradeling og/eller omdisponering etter jordloven §§ 9 og 12.»

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har inntrykk av at regionalt nivå gir god rettleiing til kommunane om handsaming av dispensasjonssaker, men at det kan vere rom for forbetingar, mellom anna ut frå at praksis verker å vere noko ulik frå fylke til fylke. Departementet er samd i at det kan vere gode grunnar til å stille krav om at vurderingar av alternativ til utbygging på dyrka og dyrkbar jord skal gå fram av sakene, slik komiteen peikar på. Dette opnar dagens regelverk for å krevje, men rettleiinga på området kan med fordel gjerast tydelegare og meir einskapleg.

Kommunal- og moderniseringsdepartemente-ter er oppteke av å få ein meir einsarta praksis mellom fylka når det gjeld rettleiing om hand-saming av dispensasjonssaker etter plan- og byg-

ningslova og at rettleiinga blir oppdatert oftare enn det som no ser ut til å vere tilfelle.

Til punkt e. har Landbruksdirektoratet på oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet greidd ut forsterking av verneføresegna i jordlova og vurdert moglege endringar i jordlova i rapport nr 21/2016 *Vernebestemmelsene i jordloven* av 1.9.16. Landbruksdirektoratet føreslår fleire endringar i jordlova, og Landbruks- og matdepartementet vil på denne bakgrunn vurdere direktoratet sitt framlegg og vege det opp mot dei ulempene som fleire reguleringar vil medføre.

Til punkt f. har Landbruksdirektoratet på oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet greidd ut spørsmåla knytte til opsjonsavtalar om kjøp av dyrka og dyrkbar jord i rapport nr. 20/2016 av 1.9.2016. Landbruksdirektoratet har vurdert moglege lovendringar, men vurderer det som utfordrande å lovregulere forholda rundt opsjonsavtalar, i det lovgivinga sin treffsikkerheit i alle tilfelle er prisgitt grunneigaren sin openheit og at grunneigaren retter seg etter lovgivinga. Dette kjem av at det, trass i dei reguleringar som eksisterer i dag og eventuelle nye reguleringar, er og vil vere fullt mogleg å inngå opsjonsavtalar i det skjulte. Utgreiinga viser også til at kommunane allereie i dag har myndighet til å fastsetje arealbruken gjennom plan- og bygningslova uavhengig av både kjente og ukjente opsjonsavtalar. Landbruks- og matdepartementet vil på denne bakgrunn vurdere direktoratet sitt framlegg og vege det opp mot dei ulempene som fleire reguleringar vil medføre.

Når det gjeld punkt g. fastset jordlova § 2 at lova gjeld for heile landet. § 2 gjer derimot unntak for §§ 9 og 12 i område som i reguleringsplan er lagt ut til anna formål enn landbruk eller omsynssone, eller i bindande arealdel av kommuneplan er lagt ut til bygging og anlegg eller til LNRF-område der «grunnutnyttinga er i samsvar med føresegner om spreidd utbygging som krev at det ligg føre reguleringsplan før deling og utbygging kan skje». Jordlova § 2 gjer ikkje unntak for andre føresegner i lova, inkludert føresegningene om driveplikt i § 8. Dette inneber at driveplikta gjeld sjølv om jordbruksareal er lagt ut til andre formål i arealplanane, så lenge arealet kan bli nytta til jordbruksformål og ikkje er teke i bruk i tråd med arealplan som er heimla i plan- og bygningslova. I framlegget til endring av konsesjonslova, jordlova og odelslova som har vore på høyring, jf. omtale ovanfor, har departementet bedt om høyringsinstansane sitt syn på om det er behov for ytterlegare klargjering på dette punktet.

Når det gjeld punkt h., er nydyrkning eit tiltak for å auke jordbruksproduksjonen. Dei siste åra har nydyrkninga vore svært omfattande samanlikna med omdisponeringa av dyrka mark. I 2015 var nydyrkninga om lag tre gonger så stor som omdisponeringa av dyrka mark, då 18 139 dekar blei tillate å dyrke opp, mot at 6 341 dekar blei omdisponerte. Omfanget av nydyrkninga har og auka betydeleg dei siste åra.

I mai 2015 handsama Stortinget eit representantforslag om ein meir heilskapleg og langsiktig forvaltning av myr i Noreg, jf. Dokument 8:78 S (2014–2015). I innstillinga til Stortinget, jf. Innst. 304 S (2014–2015) frå energi- og miljøkomiteen, er regjeringa mellom anna bedt om å revidere nydyrkingsforskrifta, og sikre at forskrifta set krav om vurdering av klimaomsyn. Revidering av forskrifta er sett i gang, og NIBIO har i den samanheng laga ei samanstilling av det eksisterande kunnskapsgrunnlaget knytt til nydyrkning av myr, og belyst ulike konsekvensar ved å leggje restriksjonar på nydyrkning – både samfunnsøkonomiske konsekvensar og konsekvensar for klimagassutslepp. Departementet vil i arbeidet sjå nærmare på om det skal leggjast restriksjonar på nydyrkning eller setje krav om bestemte nydyrkingsmetodar. Dette vil bli vurdert opp mot ønske om å auke nydyrkninga, og departementet tek sikte på å revidere forskrifta i løpet av 2017.

#### Vedtak nr. 455, 19. januar 2016

*«Stortinget ber om at utfasing av eksportstøtta til jordbruksprodukt vert gjennomført innan 2020, i tråd med WTO sitt vedtak av 19. desember 2015.»*

Vedtaket blei gjort i samband med Stortinget si handsaming av Meld. St. 29 (2014–2015) *Globalisering og handel – Muligheter og utfordringer for Norge i handelspolitikken*. Det er gjort greie for oppfølginga i Prop. 133 S (2015–2016) *Endringer i statsbudsjettet 2016 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppkjøret 2016 m.m.)* pkt. 5.2.

#### Vedtak nr. 483–491, 16. februar 2016

#### Vedtak nr. 483

*«Stortinget ber regjeringen legge frem en ny proposisjon om endringer i konsesjonsloven og tvangsfyllbyrdelsesloven.»*

**Vedtak nr. 484**

*«Stortinget ber regjeringen fastsette at det ikke skal være priskontroll ved overtakelse av en eiendom med bolighus, med mindre overdragelsessummen overstiger 3,5 mill. kroner.»*

**Vedtak nr. 485**

*«Stortinget ber regjeringen foreta en vurdering av om avgrensningen av beløpsgrenser og arealgrenser for praktisering av priskontroll bør fastsettes i en forskrift, og ber i tilfelle regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag om å innføre en slik forskriftshjemmel i konsesjonsloven.»*

**Vedtak nr. 486**

*«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag om nødvendig lovendring om å heve arealgrensene for konsesjonsplikt ved erverv av bebygd eiendom og lovbestemt boplikt til 35 dekar fulldyrka eller overflatedyrka jord.»*

**Vedtak nr. 487**

*«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag om at arealgrensen endres tilsvarende for odlingsjord etter odelsloven § 2.»*

**Vedtak nr. 488**

*«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag til hvordan priskontrollen på rene skog eiendommer kan oppheves.»*

**Vedtak nr. 489**

*«Stortinget ber regjeringen vurdere hvordan produktive jord- og skogbruksarealer på en eiendom kan overdras som tilleggsjord til eiendommer som har tilstøtende grenser, ligger i nærheten av, og/eller forpaktes, uten at det skal være nødvendig å søke samtykke til deling eller konsesjon. Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag om en slik endring.»*

**Vedtak nr. 490**

*«Stortinget ber regjeringen utrede regler som gjør at skogen på kombinerte jord- og skogbrukseiendommer kan unntas fra priskontroll, og komme tilbake til Stortinget med forslag til endrede regler.»*

**Vedtak nr. 491**

*«Stortinget ber regjeringen presisere overfor landbruksforvaltningen, fylkesmannsembetet, kommunene og fylkeskommunene at konsesjonslovens bestemmelser om priskontroll skal følges.»*

Grunnlaget for vedtak nr. 483–491 går fram av Innst. 153 L (2015–2016) *Om endringer i konsesjonsloven og tvangfullbyrdelsesloven (opphevelse av priskontroll)*, jf. Prop. 124 L (2013–2014).

Som oppfølging av vedtak nr. 483 og vedtak nr. 485–490 har forslaga til endringar i konsesjonslova, jordlova og odelslova som Stortinget har bedt regjeringa komme tilbake til Stortinget med, vore på høyring. Departementet tek sikte på å komme tilbake til Stortinget med forslag om endringar i desse lovene våren 2017. Vedtak nr. 484 og nr. 491 har departementet følgt opp med eige skriv, jf. rundskriv M-2/2016 til kommunane, fylkesmennene og Landbruksdirektoratet.

## Kap. 1138 Støtte til organisasjonar m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
70	Støtte til organisasjonar, <i>kan overførast</i>	26 344	34 509	29 509
71	Internasjonalt skogpolitisk samarbeid – organisasjonar og prosessar, <i>kan overførast</i>	3 023	4 291	1 251
72	Stiftinga Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK)			5 000
	Sum kap. 1138	29 366	38 800	35 760

### Post 70 Støtte til organisasjonar

#### Formål med løvvinga

Formålet med løvvinga er å bidra til å halde oppe aktiviteten i organisasjonar som arbeider innanfor landbruks- og matpolitiske satsingsområde. Departementet kan gi støtte til organisasjonar på nasjonalt nivå innanfor landbruks- og matområdet som:

- formidlar kunnskap, interesse og positive haldningars til landbruks- og matsektoren
- fremjar forståing for grøne verdiar hos ungdom spesielt og allmenta generelt
- bidreg til å synleggjere yrkesmoglegheiter knytt til gardsbruk og bygdenæringer
- fremjar miljøarbeid, verdiskaping og næringsutvikling knytt til grøn tenesteproduksjon
- fremjar likestilling i arbeidet sitt

Storleiken på tilskotta blir mellom anna fastsett ut frå ei vurdering av aktivitetsnivået til organisasjonane, den finansielle situasjonen deira og eventuelle andre tilskott organisasjonane får.

Innsendte årsmeldingar og revisorgodkjende rekneskap er grunnlag for oppfølging og kontroll. Eventuelle andre vilkår som blir lagde til grunn i tilskottsbrev til den enkelte organisasjon, blir også følgde opp.

#### Rapportering 2015

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om løvvingar til organisasjonar direkte i budsjettproposisjonen. I 2015 blei det fordelt 26,344 mill. kroner i støtte til 27 organisasjonar, jf. Tabell 2.3.

Tabell 2.3 Oversikt over støtte til organisasjonar, 2015

Organisasjon	Støtte 2015 (kroner)
Biologisk-dynamisk Foreining	151 500
Bondens marked	505 000
Det norske Skogselskap	1 151 400
Dyrebeskyttelsen	404 000
Dyrevernalliansen	404 000
Dyrevern Ung	101 000
Folkeaksjonen ny rovdyrpolitikk	1 515 000
Geitmyra matkultursenter for barn	404 000
Hageselskapet	1 111 000
Hanen	2 070 500
Hest og Helse	202 000
Kvinner i skogbruket	173 720
Natur og Ungdom	101 000
Norges Birøkterlag	223 210
Norges Bygdekvinnelag	404 000
Norges Bygdeungdomslag	101 000
Norges Vel	2 020 000
Norske lakseelver	505 000
Norsk Gardsost	252 500
Norsk Kulturarv	353 500
Norsk seterkultur	151 500
OIKOS – Økologisk Norge	2 929 000
Slipp oss til – ungdom inn i landbruket	252 500
Spire	101 000
TreSenteret	303 000
Vitenparken	3 282 500
4H Norge	7 171 000
<b>Sum</b>	<b>26 343 830</b>

### Budsjettframlegg 2017

Departementet gjer framlegg om ei løying på 29,509 mill. kroner for 2017. Landbruks- og matdepartementet har handsama søknader frå 42 organisasjonar. Løyvinga er fordelt på 30 organisasjonar, jf. Tabell 2.4. For 2016 blei det flytta 5,0 mill. kroner til Stiftelsen Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK) frå kap. 1136 post 50. Frå 2017 er det oppretta ein eigen post under kap. 1138, post 72 til dette formålet.

I budsjettproposisjonen for 2016 varsla departementet at tilskotta til organisasjonar ville bli

gjennomgått. Med bakgrunn i denne gjennomgangen vil støtte til organisasjonar bli lagt om frå grunnstøtte til prosjektstøtte frå 2018. Med denne omlegginga vil Stortinget vedta ramma for posten, og ordninga vil bli forvalta av Landbruksdirektoratet etter søknad om prosjektstøtte. I samband med omlegginga vil formålet med ordninga bli gjennomgått, og det vil bli utarbeidd nytt regelverk for ordninga.

Landbruks- og matdepartementet har over fleire år hatt eit tett samarbeid med 4H Norge. 4H-tilsette ved dei tidlegare fylkeslandbrukskontora var statleg tilsette før arbeidsgivaransvaret blei

overført frå staten til 4H Norge i 1993. 4H Norge står difor i ei særstilling blant dei organisasjonane som får støtte over kap. 1138, post 70. For å sikre

at dette samarbeidet kan vidareførast vil det frå 2018 bli oppretta ein eigen post under kap. 1138.

**Tabell 2.4 Oversikt over støtte i 2016 og budsjettframlegg for 2017**

Organisasjon	Støtte 2016	Forslag 2017
Biologisk-dynamisk Foreining	151 500	152 000
Bondens marked	505 000	505 000
Det norske Skogselskap	1 151 400	1 200 000
Dyrebeskyttelsen	404 000	404 000
Dyrevernalliansen	504 000	504 000
Dyrevern Ung	101 000	101 000
Folkeaksjonen ny rovdyrpolitikk	1 515 000	1 615 000
Geitmyra matkultursenter for barn	404 000	404 000
Hageselskapet	1 111 000	1 111 000
Hanen	2 070 500	2 171 000
Hest og Helse	202 000	232 000
Kvinner i skogbruket	173 720	174 000
Matsentralen Oslo	300 000	300 000
Matvett AS	415 000	415 000
Natur og Ungdom	101 000	0
Nettverk for GMO-fri mat og fôr	1 500 000	1 500 000
NOAH – for dyrs rettigheter	500 000	500 000
Norges Birøkterlag	223 210	250 000
Norges Bygdekvinnelag	404 000	404 000
Norges Bygdeungdomslag	101 000	140 000
Norges Vel	2 020 000	2 020 000
Norske lakseelver	505 000	550 000
Norsk Gardsost	252 500	280 000
Norsk Kulturarv	353 500	355 000
Norsk seterkultur	151 500	180 000
OIKOS – Økologisk Norge	2 929 000	2 929 000
Slipp oss til – ungdom inn i landbruket	252 500	255 000
Spire	101 000	101 000
Stiftinga Norsk senter for økologisk landbruk	5 000 000	0
TreSenteret	303 000	303 000
Ungt entreprenørskap <sup>1</sup>	350 000	0
Vitenparken	3 282 500	3 283 000
4H Norge	7 171 000	7 171 000
<b>Sum</b>	<b>34 508 830</b>	<b>29 509 000</b>

<sup>1</sup> Organisasjonen har ikkje levert søknad for 2017.

## **Post 71 Internasjonalt skogpolitisk samarbeid – organisasjoner og prosesser**

### **Formål med løyinga**

Posten omfattar midlar som skal dekkje Noreg sin del av finansieringa av internasjonale skogpolitiske prosesser. Noreg arbeider for eit sterkt og forpliktande internasjonalt samarbeid for å løyse grenseoverskridande skogpolitiske utfordringar og for å sikre ei berekraftig forvaltning av skog internasjonalt. FN sitt skogforum (UNFF) er ein viktig arena for dette globalt, mens FOREST EUROPE er den sentrale arenaen for samarbeid om skogpolitikk på regionalt nivå i Europa. FOREST EUROPE samlar dei europeiske landa og ei rekke internasjonale og frivillige organisasjoner om strategiar for å møte utfordringar og mogleigheter som skogsektoren i Europa står framfor. Det europeiske instituttet for skogforsking (EFI) er ein internasjonal organisasjon, der Noreg er medlemsstat og deltek i møte i styrande organ. EFI driv forsking og utgreiing av europeiske skogspørsmål, og er ein sentral aktør i å skaffe fram kunnskapsgrunnlag for utvikling av skogpolitikk både nasjonalt og internasjonalt.

Løyinga skal også nyttast til medverknad frå Noreg i andre forum for internasjonalt samarbeid om skogspørsmål, som til dømes FN sin organisasjon for ernæring og landbruk (FAO).

### **Rapportering 2015**

Over posten blei det løyvd midlar til internasjonalt skogpolitisk arbeid. Noreg har lagt stor vekt på det skogpolitiske samarbeidet i FOREST EUROPE, og hadde formannskapen for samarbeidet mellom 2008 og 2011. I 2011 tok Spania over formannskapen, og avslutta perioden med ein ministerkonferanse i Madrid i 2015. Noreg var fram til ministerkonferansen i Madrid medlem av koordineringskomiteen for FOREST EUROPE, og bidrog til finansieringa av prosessen gjennom ein årleg kontingent. I 2015 var denne på om lag 650 000 kroner, tilsvarande 8 pst. av det samla budsjettet for sekretariatet.

Løyinga på denne posten blei også nytta til å sikre rapportering til internasjonale organisasjoner og prosesser som dokumenterer berekraftig skogforvaltning globalt og regionalt. Arbeidet blir i hovudsak gjort av FN sin organisasjon for ernæring og landbruk (FAO) og United Nations Economic Commission for Europe (UNECE). Departementet gav tilskott til Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO), slik at instituttet kunne delta i arbeidet.

Noreg har i 2015 bidrige med 1 mill. kroner til eit fond oppretta av medlemslanda i EFI, som finansierer verksemda i Foresight and Policy Support Programme. Dette programmet skal bidra til å kople forsking og politikkutvikling, og vil vere nyttig i utviklinga av nasjonal skogpolitikk og europeisk skogpolitisk samarbeid.

Noreg har også bidrige til prosjektet Future Forest som NIBIO har delteke i. Formålet med det norske bidraget har vore å definere bruksområde for granproveniensar i Norden. Departementet har i 2015 gitt tilskott til at ungdom frå Noreg kunne delta i ein konkurranse for studentar i skogfag i Russland. Dette er eit viktig bidrag til rekruttering og til utveksling av kunnskap og erfaringar mellom land. NIBIO har også fått midlar til å delta på vegne av Noreg i internasjonalt skogsamarbeid, mellom anna i FOREST EUROPE, FAO og UNECE.

### **Budsjettframlegg 2017**

Departementet gjer framlegg om ei løying på 1,251 mill. kroner til internasjonalt skogpolitisk arbeid. Løyinga skal nyttast til oppfølging av internasjonale skogpolitiske prosesser og bidrag til EFI sitt arbeid i Foresight and Policy Support Programme.

## **Post 72 Stiftinga Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK)**

Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK) er ei privat, sjølvstendig stifting og eit nasjonalt senter for tverrfagleg kunnskapsformidling for å utvikle økologisk landbruk. NORSØK forvaltar også Tingvoll gard, som blir driven som eit økologisk gardsbruk.

Stiftinga arbeider med rådgiving og formidling av kunnskap. Fagområda er økologisk landbruk og matproduksjon, miljø og berekraft og fornybar energi.

### **Formål med løyinga**

Midlane skal gå til utvikling og formidling av kunnskap om produksjon og forbruk av økologisk mat. Aktuelle tiltak blir avklart i dialog mellom stiftinga og departementet.

## Budsjettframlegg 2017

I samband med handsaminga av budsjettet for 2016, blei det vedteke å opprette ein ny post 72 under kap. 1138 Støtte til organisasjonar. Samstundes skulle det overførast 5 mill. kroner frå post 70

til ny post 72. Ved ein inkurie blei ikkje posten teken inn i budsjettinnstillinga. Departementet legg opp til at dette blir korrigert frå 2017 og gjer difor framlegg om ei løyving på 5,0 mill. kroner for 2017. Løyvinga over kap. 1138, post 70 blir redusert tilsvarande.

## Kap. 1139 Genressursar, miljø- og ressursregisteringar

Post	Nemning	Rekneskap 2015	(i 1 000 kr)		Forslag 2017
			Saldert budsjett 2016		
70	Tilskott til miljø- og ressurstiltak, <i>kan overførast</i>	13 438			
71	Tilskott til genressursforvaltning og miljøtiltak, <i>kan overførast</i>		26 037	24 019	24 019
	Sum kap. 1139	39 475		24 019	24 019

### Post 70 Tilskott til miljø- og ressurstiltak

#### Formål med løyvinga

Over post 70 er det gitt støtte til tiltak og spreiing av kunnskap på hovudsaket berekraftig landbruk, med særskilt vekt på delmålet berekraftig bruk av og vern om landbruksareal og -ressursar. Det er naudsynt med god kunnskap om og godt oversyn over miljøverdiar og ressursar for å få til berekraftig arealbruk og næringsverksemd. Utarbeiding av arealressurskart, som gir næringsdrivande og forvaltninga tilgang til arealinformasjon av høg kvalitet, og registreringsprosjekt knytt til biologisk mangfald i skog er støtta over posten. Det er også gitt støtte til rapportering og resultatkontroll som reknar på effektar av miljøtiltak slik at ein kan vurdere omfanget av miljøforbetringane og måloppnåinga i jordbruk og skogbruk. Posten blei avvikla i 2016 og midlane flytta til andre postar, jf. Prop. 1 S (2015–2016) for Landbruks- og matdepartementet.

#### Rapportering 2015

Det blei løvd 7,4 mill. kroner til vedlikehald av arealressurskart til nytte for næringsdrivande og forvaltninga. I tråd med jordbruksavtalen inngått i 2011 er midlane knytte til framtidig vedlikehald av AR5-kartgrunnlaget, som landbruket bidreg med i det nasjonale kartsamarbeidet Geovekst. Dette sikrar at føretaka i landbruket har rett til gratis kartdata og flybilete. Karta ligg til grunn for tenesta Gardskart på internett frå Norsk institutt for bio-

økonomi (NIBIO), og gir alle eigalarar av landbruksseigedom tilgang til kart og arealstatistikk for eide dommen sin. I 2015 har NIBIO utført periodisk ajourhald av kartgrunnlaget i 40 kommunar, med eit jordbruksareal på til saman 1 164 km<sup>2</sup>. Det er no gjennomført andregongs periodisk ajourhald av 180 kommunar, mens 7 kommunar har fått gjennomført eit tredjegongs ajourhald. Arealressurskartet blir mellom anna nytta ved søknad om og kontroll av areatilskott.

Landbruks- og matdepartementet gav også i 2015 støtte til vidare arbeid med prosjektet Miljøregisteringer i Skog (MiS), som er eit standardisert og godt dokumentert opplegg for registrering av areal som er spesielt viktige for biologisk mangfald i skog. Det blei løvd 4,422 mill. kroner til dette arbeidet for 2015. Registreringane gir grunnlag for å ta miljøomsyn i skogbruket og blir i hovudsak utførte saman med andre ressursregisteringar som høyrer med i skogbruksplanane for skogeigedommene. Registreringane ligg også til grunn for miljøsertifiseringa i skogbruket og blir i tillegg nytta for å finne område aktuelle for frivillig vern. Norsk institutt for skog og landskap (no NIBIO) har i 2015 mellom anna lagt fram ein rapport med bidrag til korleis ein kan revidere registreringsopplegget der det tidlegare er gjort miljøregisteringar. Hausten 2015 arrangerte prosjektet ein stor konferanse for relevante aktørar med oppsummering av 15 år med miljøregisteringar. I tillegg blei Skogportalen – ei kartløysing med miljøinformasjon frå ulike databasar samla på ein nettstad – opna. MiS-livsmiljøa blir også registrerte i Landsskogtakseringa, noko som gir eit godt

grunnlag for arbeidet med politikkutvikling både for styresmaktene og skognæringa.

I MiS-delprosjektet om kulturminne har NIBIO i 2015 samarbeidd med Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) om bruk av fjernmålingsdata (LIDAR) for å samanlikne med data fra Riksantikvaren sin database over freda kulturminne (Askeladden). Ein slik kombinasjon av radar- og laserteknologi kan gjere rasjonell kvalitetssikring av kulturminneregistreringar mogleg i arbeidet med mellom anna skogbruksplanlegging.

Departementet lyste også ut midlar frå denne posten til informasjonstiltak knytt til ressurs- og miljøforvaltning i skogbruket. I alt 0,7 mill. kroner blei gitt i støtte til 6 organisasjoner og føretak til prosjekt i tråd med kriteria i kungjeringa. Vidare blei 0,225 mill. kroner nytt til rapporten *Bedre karakterisering av vannforekomster påvirket av jordbruk* som blei levert av Bioforsk i april 2015.

## **Post 71 Tilskott til genressursforvaltning og miljøtiltak**

### **Formål med løyvinga**

Over post 71 blir det gitt støtte til tiltak innanfor delmålet berekraftig bruk av og vern om landbruksareal og -ressursar som ligg under hovudmålet berekraftig landbruk. Tiltaka vil også kunne bidra til det tverrgående målet om å ta vare på norske interesser og sikre framgang i internasjonale prosessar. For å tilpassa matproduksjonen til nye behov, sikre biologisk mangfold og matsikkerheit, livskvalitet og velferd i framtidige generasjoner, er det avgjerande å ta vare på genetiske ressursar og sikre ei berekraftig forvaltning av desse. Genressursane kan spele ei viktig rolle ved tilpassing av landbruket til klimaendringane. Løyvingar over posten omfattar tiltak til styrking av arbeid nasjonalt og internasjonalt med å ta vare på og sikre berekraftig bruk av genressursar i jord- og skogbruket. Midlar til Miljøregistreringar i skog inngår også under denne posten.

### **Rapportering 2015**

Koordineringa av det nasjonale arbeidet med genressursforvaltning er lagt til Norsk genressurssenter, som var ei eining ved Norsk institutt for skog og landskap fram til 30.6.2015 og ved NIBIO frå 1.7.2015. Det er gjort greie for verksemda i senteret under kap. 1136, post 50.

Over post 71 blei det løvd tilskott til tiltak og aktivitetar i genressursforvaltninga etter råd frå

genressursutvala for planter, skogstre og husdyr og på grunnlag av handlingsplanar for vern og berekraftig bruk av genetiske ressursar i dei tre sektorane. Rulleringa av handlingsplanane for ein ny fireårsperiode er starta opp. Fleire aktivitetar er faste frå år til år, mellom anna tilskott til klonarkiv, ulike genbankar, interesselag for verneverdige husdyrrasar og vernebuskapar. I tillegg blei det lyst ut prosjektmidlar. Dei siste åra er det gitt tilskott til fleire prosjekt som har som mål å utvikle ny og lokal næringsverksemde basert på nasjonale genressursar.

Ved tildeling av tilskott i 2015 innanfor husdyrsektoren er det prioritert tiltak knytt til å auka kunnskap og informasjon om verdien av dei spesielle eigenskapane til dei nasjonale husdyrrasane. Mellom anna er samarbeidet med NordGen husdyr om dokumentasjonsprosjektet for Genbanken for verpehøns på Hvam vidaregåande skole vidareført.

Også innanfor plantesektoren er det lagt vekt på å karakterisere ressursane for vidare bruk i fordling og utvikling. Eit prosjekt som undersøkjer malteigenskapar til norske byggsortar er eit døme på det.

For skogstre blei det i 2015 gitt midlar til prosjekt som skal gi auka kunnskap om verdien av genetiske variasjonar i fleire norske treslag og om kunnskapsbaserte val for ei berekraftig skogplanteforedling.

Norsk genressurssenter ferdigstilte i 2015 Nasjonal rapport for biologisk mangfold for mat og landbruk, som blei organisert som eit prosjekt med ei referansegruppe med representantar frå ulike nasjonale fagmiljø. Landrapporten er eit bidrag til FAO sin State of the Worlds *Biodiversity for Food and Agriculture* som skal publiseraast i 2017.

Det nordiske genressursarbeidet er samla i NordGen, som har sete med administrasjon og plantegenetisk verksemde i Alnarp, Sverige, mens faglege oppgåver knytte til husdyr og skogstre er samlokaliserte med Norsk genressurssenter på Ås. NordGen fekk 1,7 mill. kroner i støtte til denne delen av verksemda. NordGen er sekretariat for den nordiske offentleg-private partnarskapen for planteforedling som er oppretta for å få i stand meir samarbeid og utnytte ressursane hos planteforedlingsinstitusjonane i Norden på ein slagkraftig måte. Partnarskapsmodellen har vekt internasjonal merksemde som eit nordisk døme på regionalt samarbeid mellom offentlege og private interessentar som skal fremje rettferdig og likeverdig samarbeid for å møte klimaendringar og miljøutfordringar.

Det blei utbetalt 711 675 kroner over posten til den internasjonale plantetraktaten sitt fond for nyttefordeling (Benefit Sharing Fund). Dette svarar til 0,1 pst. av verdien av omsett såvare i Noreg i 2014.

Svalbard globale frøhvelv er eit sikringstiltak for å ta vare på det biologiske mangfaldet i landbruket. Særskilte vekstar av stor verdi for den globale matforsyninga er sikra i kvelvet. Dette spesi-albygde frølageret, som er lagt inn i permafrossten i fjellet, husar sikkerheitskopiar av frø frå heile verda. 15 institusjonar la til saman inn 36 130 nye frøprøver i 2015. I 2015 blei det for første gongen henta ut frø frå frøhvelvet. The International Centre for Agricultural Research in Dry Areas (ICARDA) i Aleppo i Syria bad om å få tilbake 128 boksar med frø av dei 325 som dei har lagra på Svalbard. Formålet med uttaket var å dyrka fram nye frø for lagring i nabolanda til Syria og å sende nye friske frø tilbake til Svalbard. Ved utgangen av 2015 romma frøhvelvet sikkerheitskopiar av 837 858 frøprøver frå 67 institusjonar verda over. Frølageret har ei viktig rolle i det internasjonale samarbeidet om genetiske ressursar. Midlane i 2015 gjekk til drift av frølageret som mellom anna inkluderer husleige, kapitalkostnader, driftsutgifter til NordGen for arbeid med deponering av frø og informasjonsarbeid.

Departementet gav også økonomisk støtte på 4,450 mill. kroner til Stiftelsen Det norske Skogfrøverk til forvaltningsoppgåver over post 71. Oppgåvene omfattar kontroll etter forskrift om skogfrø og skogplanter, produksjons- og utviklingsoppgåver og informasjons- og opplæringstiltak knytte til anlegg for frøproduksjon. Løyvinga er avtalefesta med Skogfrøverket, jf. avtale om forvaltningsoppdrag frå 1995. Departementet gav også ei løyving til Skogfrøverket frå kap. 1149, post 73 for å styrke arbeidet med langsiktig skogplantefored-

ling. Midlane til Skogfrøverket er frå 2016 samla på denne posten med tilhøyrande rapportering.

Norsk Fjordhestsenter og Nord-Norsk Hestesenter fekk til saman 4,567 mill. kroner i 2015. Sentera har ansvar for allsidig verksemd for å fremje dei to nasjonale rasane fjordhest og nordlandshest/lyngshest. Talet på føl mellom dei nasjonale rasane er urovekkjande lågt, og trenden har vart i ein del år. I 2015 var det 82 fjordhestføl, 107 dølahestføl og 115 nordlandshest-/lyngshestføl, mot høvesvis 111, 129 og 79 i 2014. Nordlandshest/lyngshest har vist ein liten auke i føltalet. Dei andre viser framleis nedgang. Sentera er engasjerte i arbeidet med å ta vare på rasane og har mellom anna delteke i arbeid med å spesifisere eigenskapar der rasane har fortrinn (signatur-aktivitetar) framfor andre rasar. Desse blir nyttar i nye tevlingsformer (skeid) for dei nasjonale rasane, som kan fremje interessa for rasane og i neste omgang auke etterspørseelen.

Over posten blei det også løyvd 0,4 mill. kroner til stiftinga Det norske arboret til arbeidet med samlingar av tre og busker eigna for norske forhold og til formidlingsverksemd.

Stiftinga Norsk Hjortesenter fekk tildelt 1,124 mill. kroner for å vedlikehalde og vidareutvikle seg som kompetansesenter for hjort, både viltlevande og i oppdrett. Hjortesenteret bidreg til kunnskapsutvikling og auka kompetanse om hjort som ressurs, hos private, rettshavarar og i forvaltinga.

## Budsjettframlegg 2017

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 24,019 mill. kroner på post 71. Departementet legg opp til ei fordeling av løyvinga slik Tabell 2.5 viser.

Tabell 2.5 Budsjett for kap. 1139, post 71 i 2016 og budsjettframlegg for 2017 (1 000 kroner)

Tiltak	Budsjett 2016	Framlegg 2017
Genressurstiltak	7 040	7 040
Svalbard globale frøhvelv	4 363	4 363
Nordisk genressurssenter (NordGen)	1 850	1 850
Prosjektet Miljøregistreringar i skog (MiS-prosjektet) <sup>1</sup>	4 550	4 550
Nord-Norsk Hestesenter og Norsk Fjordhestsenter	3 147	3 147
Stiftelsen Det norske arboret og Norsk Hjortesenter	3 069	3 069
Sum genressursforvaltning og miljøtiltak	24 019	24 019

Dei genetiske ressursane er ein vesentleg del av det biologiske grunnlaget for auka matproduksjon og tilpassing til nye behov og utfordringar for landbruket. I eit internasjonalt perspektiv vil trugsmåla mot genetisk variasjon hindre utvikling av eit berekraftig landbruk. Avskoging, marginalisering av populasjonar, sjukdomsutbrott og klimaendringar trugar dei skogstregenetiske ressursane. Endra klima er ei utfordring, og vil krevje tilpassa plante- og dyremateriale. Internasjonale konvensjonar og avtalar stadfestar at Noreg har eit ansvar for å forvalte dei genetiske ressursane sine på ein berekraftig måte.

Over post 71 blir det løyvd midlar til ei rekke tiltak og prosjekt som er viktige for å følge opp strategiplanen for genressursforvaltning og handlingsplanane for vern og berekraftig bruk av genetiske ressursar i kulturplanter, husdyr og skogstre. Landbruksdirektoratet forvaltar tilskott til genressurstiltak og nye retningsliner blei fastsett av Landbruksdirektoratet i samråd med Landbruks- og matdepartementet 1.12.2015. Formålet med tilskottet er å styrke berekraftig bruk, utvikling og bevaring av genetiske ressursar innan planter, husdyr og skogstre som er eller kan bli viktige for mat og landbruk i Noreg.

Sikker drift og utviding av genbankar og kartlegging av nasjonale genressursar innanfor planter, husdyr og skogstre er sentrale oppgåver for bruken av desse midlane. Dei skal også bidra til berekraftige avlsprogram for små populasjonar av nasjonale husdyrrasar og rett skjøtsel av klonarkiv og av det genetiske og biologiske mangfaldet i kulturlandskapet. Det skal også leggjast vekt på mellom anna klargjering av rett til, tilgang til og handsaming av genetiske ressursar i tråd med nasjonalt lovverk og internasjonale avtalar og utgreining av følgjene av nye utfordringar som til dømes klimaendringar.

Departementet vil aktivt følge opp samarbeidet under Nordisk ministerråd og i NordGen, mellom anna det nordiske samarbeidet om frøforedling som er eit viktig langsiktig tiltak for å utvikle klimatilpassa plantemateriale. Innanfor NordGen er den faglege verksemda knytt til husdyr og skogstre lokalisiert i Noreg, og departementet gjer framlegg om støtte til denne verksemda i NordGen med 1,85 mill. kroner. Det er eit mål å utnytte synergieffektar som ligg i samlokalisering med Norsk genressurssenter. Det er også sett av midlar på posten til plantetraktaten sitt fond for nyttefordeling til oppfølging av lovnaden Noreg gav ved opninga av Svalbard globale frøhvelv, om å gi ei årleg støtte som svarar til 0,1 pst. av verdien av årleg omsett såvare. Midlane går til

bønder i utviklingsland og den berekraftige bruken deira av plantemangfald for å sikre lokal matsikkerheit.

Over posten vil det bli gitt tilskott til drift av Svalbard globale frøhvelv og til informasjonsverksemnd. Oppslutninga om frølageret på Svalbard blant verda sine genbankar er god, og det er innleidd langsiktig samarbeid med mange av desse. Den store interessa for det globale frølageret i internasjonale media og hos allmenta held fram. Dette viser at Svalbard globale frøhvelv er eigna til å gi auka forståing og medvit om plantemangfald og matvaresikring.

Kunnskapsoppbygging i MiS-prosjekta om biologisk mangfald og om kulturminne og miljøregisteringar i skogbruksplanlegginga held fram i 2017, og departementet gjer framlegg om ei løyving på 4,55 mill. kroner til dette. Slikt arbeid er avgjerande for ei kunnskapsbasert registrering, overvaking og forvaltning av naturmangfaldet. Det er viktig at skogbruket og utmarksnæringa har best mogleg kunnskap om miljøverdiane i skogen og kan ta omsyn til desse. Prosjektet tek sikte på å følge opp resultat og erfaringar i vidare arbeid med å utvikle gode og konkrete råd om miljøomsyn i skogbruket, og registreringane vil framleis bli nytta i arbeidet med å finne område aktuelle for frivillig vern.

Oppdaterte ressurs- og miljødata frå skogbruksplanlegginga blir forvalta av Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) på oppdrag frå Landbruksdirektoratet. I karttenesta Kilden hos NIBIO er relevant miljøinformasjon samla og tilpassa behova til næring og offentleg forvaltning i ein Skogportalen. Skogportalen er utvikla i samarbeid mellom Landbruks- og matdepartementet, Landbruksdirektoratet og PEFC-Norge. Artsdatabanken og Miljødirektoratet har vore med på å leggje til rette og levere data til denne nettportalen frå databasane sine.

Natur i Noreg (NiN) er eit system som skildrar all natur i Noreg, og i 2017 blir det arbeidd vidare for å sjå på korleis MiS kan bruke eit slikt nasjonalt, standardisert rammeverk. NiN blir heldt ved like og vidareutvikla av Artsdatabanken.

NIBIO tek sikte på å leggje fram ein rapport i 2017 frå samarbeidet med NIKE om bruk av fjernmålingsdata (LIDAR) for å samanlikne med data frå Riksantikvarens database over freda kulturminne (Askeladden) med sikte på eventuelt å kunne innarbeide informasjon om kulturminne i skogbruksplanlegginga.

Departementet gjer også framlegg om ei løyving på 3,147 mill. kroner til Norsk Fjordhest-senter og Nord-Norsk Hestesenter til oppgåver dei ut-

fører mellom anna i samarbeid med raselaga, for å fremje og bevare dei to nasjonale rasane fjordhest og nordlandshest/lynghest. Desse sentera fekk saman 1,5 mill. kroner i eingongsstøtte under handsaminga av revidert budsjett i 2015. Departementet har sett ned ei gruppe som skal vurdere bruk av genbevaringsmidla og komme med framlegg som skal vere retningsgivande for budsjett-posten.

Departementet vil føre vidare støtta til stiftingane Det norske arboret og Norsk Hjortesenter. Norsk Hjortesenter, som kompetansesenter, skal arbeide vidare for at både villevande hjort og hjort i oppdrett kan gi grunnlag for auka næringsutvikling og verdiskaping generelt, og i landbruket spesielt.

## Kap. 1141 Kunnskapsutvikling m.m. innan miljø- og næringstiltak i landbruket

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
50	Næringsøkonomisk dokumentasjon og analyse	12 703		
52	Kunnskapsutvikling og kunnskapsformidling om arealressursar, skog og landskap		51 048	
	Sum kap. 1141		63 751	

### Post 50 Næringsøkonomisk dokumentasjon og analyse

#### Formål med løyinga

Midlane på posten skal nyttast til å få fram kunnskap om føretaksøkonomi, nasjonal og internasjonal landbrukspolitikk og verdikjeda for matvarer. Dette er viktig i arbeidet for å nå landbrukspolitiske mål om matsikkerheit, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk.

#### Rapportering 2015

Midlane på posten blei for første halvår 2015 tildele Norsk institutt for landbruksøkonomisk forsking (NILF). Frå andre halvår blei instituttet ein del av Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO). Heilskapleg rapportering for kalenderåret 2015 går fram av kapittel 1136, post 50. For omtale av budsjettframlegget for 2017, sjå kap. 1136.

### Post 52 Kunnskapsutvikling og kunnskapsformidling om arealressursar, skog og landskap

#### Formål med løyinga

Midlane på posten er nytta til å få fram kunnskap om ressursar og miljøverdiar. Slik kunnskap er ein føresetnad for å sikre berekraftig verdiskaping og næringssutvikling basert på arealressursane og for ei god forvaltning av genressursane. Dette er viktig for å nå landbrukspolitiske mål om nok og trygg mat, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk. Løyningar til kunnskapsutvikling om ressursar og areal ved Norsk institutt for skog og landskap er også omfatta av posten.

#### Rapportering 2015

Midlane på posten blei for første halvår 2015 tildele Norsk institutt for skog og landskap. Frå andre halvår blei instituttet ein del av Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO). Heilskapleg rapportering for kalenderåret 2015 går fram av kapittel 1136, post 50. For omtale av budsjettframlegget for 2017, sjå kap. 1136.

## Kap. 1142 Landbruksdirektoratet

Post	Nemning	Rekneskap 2015	(i 1 000 kr)	
			Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Driftsutgifter	241 885	219 711	225 564
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	6 017	1 876	1 299
50	Arealressurskart		7 616	7 617
60	Tilskott til veterinærdekning	134 933	138 846	142 664
70	Tilskott til fjellstover	768	797	808
71	Omstillingstiltak i Indre Finnmark, <i>kan overførast</i>	5 702	9 519	4 400
72	Erstatninger ved ekspropriasjon og leige av rett til reinbeite, <i>overslagsløyving</i>	270	302	302
73	Tilskott til erstatninger mv. etter offentlege pålegg i plante- og husdyrproduksjon, <i>overslagsløyving</i>	52 153	45 610	55 610
74	Kompensasjon til dyreeigarar som blir pålagt beiteenekt		1 000	1 000
80	Radioaktivitetstiltak, <i>kan overførast</i>	402	2 500	500
Sum kap. 1142		442 131	427 777	439 764

### Post 01 Driftsutgifter

#### Formål med løvinga

Hovudformålet med løvinga er drift av Landbruksdirektoratet.

Landbruksdirektoratet er eit utøvande forvalningsorgan for dei sentrale landbrukspolitiske verkemidla og eit støtte- og utgreiingsorgan for Landbruks- og matdepartementet. Landbruksdirektoratet er også sekretariat for Omsetnadsrådet, Reindriftsstyret, Styret for Statens naturskadeordning, Styret for fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt, Styret for forskingsmiddel over jordbruksavtalen, Styret for Utviklingsfondet for skogbruket, Styret for Reindriftas utviklingsfond og Marknadsutvalet for reindsdyrkjøtt.

Hovudoppgåva til Landbruksdirektoratet er samordna, heilskapleg og effektiv forvaltning av økonomiske og juridiske verkemiddel retta mot primærlandbruket, landbruksbasert næringsmiddelindustri og handel. Verkemidla på området, som Landbruksdirektoratet skal forvalte i samsvar med lov/forskrift/regelverk for ordningane, skal bidra til god måloppnåing innanfor hovudmåla for landbruks- og matpolitikken. Landbruksdirektoratet skal gjennom kontroll og oppfølging

ved avvik bidra til å sikre at verkemidla blir forvalta trygt og effektivt i samsvar med regelverket.

Landbruksdirektoratet skal i tillegg til å administrere dei ulike ordningane, også vere eit støtte- og utgreiingsorgan for Landbruks- og matdepartementet. Landbruksdirektoratet skal ha oversikt over utviklingstrekk i ressursgrunnlaget og heile verdikjeda, bidra til erfaringsutveksling med næringa og samarbeid med anna forvaltning, ha god kunnskap om resultatoppnåing mot gjeldande politiske mål og gi innspel til Landbruks- og matdepartementet om utvikling av verkemiddelet, under dette forenkling. Landbruksdirektoratet skal drive formidling av fag- og forvaltningskompetanse og av landbruks- og matpolitikk til regional og lokal forvaltning. Landbruksdirektoratet skal samarbeide med fylkesmennene for å bidra til god lov- og tilskottsforvaltning på regionalt og lokalt nivå, mellom anna kontroll.

Landbruksdirektoratet har følgjande forvaltningsområde:

- Areal, skogbruk, ressursforvaltning og økologisk landbruk
- Reindrift
- Inntekts- og velferdspolitiske tiltak
- Marknadstiltak, handel og industri
- Administrasjon

## Rapportering 2015

Statens landbruksforvaltning (SLF) og Statens reindriftsforvaltning (SRF) blei slått saman til Landbruksdirektoratet 1. juli 2014. Samanslåinga prega i stor grad verksemda i direktoratet også i 2015, særskilt knytt til administrativ samordning av verksemda. Direktoratet la i 2015 vekt på å vidareutvikle verksemda og tenestene direktoratet tilbyr, og å setje organisasjonen betre i stand til å løyse oppgåvene sine. Oppdraget med å styrke Avdeling reindrift har stått sentralt.

I 2015 leverte Landbruksdirektoratet eit omfattande utgreiingsmateriale til jordbruksoppgjøret. Direktoratet har også vore ein sentral bidragsytar i sekretariata til dei mange utvala og arbeidsgruppene som greier ut landbrukspolitikken for framtida.

Landbruksdirektoratet skal bidra med å sikre ei økologisk berekraftig reindrift, og for første gong på mange år var talet på rein i 2015 om lag i samsvar med fastsett tal i bruksreglane. I enkelte siidaar var det likevel nokre få siidaandelar som hadde for mange rein, og i 2015 har arbeidet vore koncentrert om å følgje opp desse.

I 2015 var Landbruksdirektoratet prega av omfattande arbeid med IKT-utvikling. Den viktigaste kanalen for kommunikasjon mellom direktoratet og brukarane er nettportalen [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no).

Ny naturskadeerstatningslov tek til å gjelde 1.1.2017. Lova inneber endringar i regelverket som krev ei ny IKT-løysing for erstatningsordninga for naturskadar. Dette arbeidet blei sett i gang i 2015 og vil bli sluttført i 2016, jf. omtale under kap. 1148, post 22.

Eksisterande IKT-løysingar for produksjonstilskott vil i 2017 bli erstatta av eit nytt IKT-system. Arbeidet med ny løysing starta i 2015, og utviklinga vil også halde fram gjennom 2016. Parallelt blir det gjennomført ei omlegging av forvaltningsmodellen for produksjonstilskotta, noko som blir mogleg ved innføring av nytt IKT-system.

I 2015 gjennomførte direktoratet også eit stort arbeid med samordning av IKT-løysingar for dei to etatane som blei slått saman, Statens landbruksforvaltning og Statens reindriftsforvaltning. I tillegg til desse større prosjekta har direktoratet i 2015 kontinuerleg gjennomført større og mindre utviklingsarbeid innanfor IKT-området.

Landbruksdirektoratet etablerte i 2014 ei løysing for å gjere offentlege data tilgjengeleg hos Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI). Gjennom 2015 har publiseringa halde fram, slik at direktoratet no har publisert til saman 20 datasett.

I 2015 har direktoratet utvikla og teke i bruk ei ny løysing for å rapportere inn omsetnad av virke i skogbruket.

Landbruksdirektoratet følgjer opp at fylkesmennene utfører det regionale kontrollansvaret på landbruksområdet på ein god måte. Fylkesmannen utfører forvaltningskontrollar av kommunane og føretakskontrollar. Også innan reindriftsforvaltninga har fylkesmennene ei sentral rolle, mellom anna med kontroll av *Melding om reindrift* frå alle reindriftsutøvarane.

Landbruksdirektoratet har i 2015 hatt eit nært samarbeid med Tolldirektoratet og tollregionane der felles utfordringar er tekne opp.

Landbruksdirektoratet samarbeider med miljøforvaltninga i areal og miljøsaker. I 2015 blei det inngått samarbeidsavtale med Miljødirektoratet.

Samarbeidsavtalen mellom Landbruksdirektoratet og Mattilsynet skal sikre informasjons- og kompetanseutvikling, og legge grunnlaget for betre tenester til brukarane. I 2015 har det mellom anna vore omfattande samarbeid om antibiotika-resistente bakteriar (MRSA).

Nærare omtale av aktiviteten i Landbruksdirektoratet i 2015 finst i årsrapporten for 2015 på [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no).

## Budsjettframlegg 2017

Løyvinga skal dekkje driftsutgiftene til Landbruksdirektoratet. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 225,564 mill. kroner i 2017. Som følgje av overføring av oppgåver frå Politi- og lensmannsetaten til Landbruksdirektoratet i samband med at takst av naturskadar ikkje lenger skal fastsetjast ved lensmannsskjønn, er budsjettmidlar svarande til to årsverk overførte frå Justisdepartementet under Politi- og lensmannsetatens driftsbudsjett, kapittel 440, post 01 til direktoratets driftsbudsjett, kapittel 1142, post 01, med verknad frå 1.1.2017. Beløpet er sett til 1,9 mill. kroner.

Frå 1. januar 2014 blei dei fem nordlegaste fylkesmennene regional reindriftsmyndighet. Fylkesmennene har fram til no blitt finansiert gjennom ei belastningsfullmakt på kapittel 1142. Frå 2017 er det rammeoverført vel 26 mill. kroner frå kapittel 1142 til kapittel 525. Overføringa på vel 26 mill. kroner blir finansiert med 23,622 mill. kroner frå post 01, 1,4 mill. kroner frå post 71 og 1,0 mill. kroner frå post 80.

I tillegg til endringar som følgje av løns- og prisvekst og regjeringa si avbyråkratiserings- og effektiviseringsreform, er løyvinga korrigert som følgje av feil ved meirverdiavgiftsberekninga, jf. tidlegare korrigeringar i budsjetta for 2015 og

2016. I talet inngår også premie til Statens pensjonskasse, jf. omtale i Gul bok.

Under følger nærmere omtale av viktige oppgåver innanfor dei enkelte forvaltningsområda i 2017.

#### Areal, skogbruk, ressursforvaltning og økologisk landbruk

Landbruksdirektoratet vil i 2017 vidareføre arbeidet med å bidra til eit berekraftig skogbruk og til ein effektiv infrastruktur i skogen. Iverksetjing av klimatiltak i skog vil bli følgd opp i samarbeid med Miljødirektoratet.

Når det gjeld klima- og miljøomsyn i jordbruket, vil Landbruksdirektoratet vidareutvikle tiltaka med sikte på forenkling og målretting til det beste for klima, miljø og næring. Regional og lokal oppfølging av vassforskrifta og arbeid med kulturlandskap vil også vere viktige oppgåver for Landbruksdirektoratet i 2017. Landbruksdirektoratet skal ha oversikt over praktiseringa av naturmangfaldlova på landbruksområdet. Det er naudsynt med merksemd på jordvern både lokalt og sentralt for å ta vare på god matjord, jf. regjeringa sin jordvernstrategi og Stortinget si handsaming, som direktoratet vil arbeide med å følgje opp. Landbruksdirektoratet vil vidareføre samarbeidet med Miljødirektoratet på klima- og miljøområdet. Landbruksdirektoratet skal ivareta den landbruksfaglege sida av den todelte målsetjinga i rovviltpolitikken og legge til rette informasjon om utviklinga i beiteæringerane (husdyr, rein).

Arbeidet med å utarbeide ein strategi for økologisk landbruk er sett i gang. Landbruksdirektoratet vil bidra til dette arbeidet og følgje opp utviklinga når det gjeld produksjon og omsetnad av økologiske landbruksvarer.

Frå 1.1.2017 gjeld den nye naturskadeerstatningslova. Landbruksdirektoratet vil i 2017 legge vekt på informasjon om den nye lova og det nye søknadssystemet som er utvikla. Samstundes skal erstatningssaker etter dagens naturskadelov avsluttast.

#### Reindrift

Eit tilpassa beitetrykk til beitegrunnlaget er den mest alvorlege og krevjande utfordringa reindrifta står overfor. Den er særleg alvorleg fordi ei forsvareleg ressursutnytting er avgjerande for den samiske reindrifta si framtid i store delar av Finnmark. Sikring av eit stabilt reintal og oppfølging av dei siidaandelane og distrikta som har eit for høgt reintal, har difor høgaste prioriteten også i 2017. Ein

førebels gjennomgang av *Melding om reindrift for driftsåret 2015/2016* viser at reintalet i Aust-Finnmark ligg under det fastsette. For Vest-Finnmark ligg reintalet om lag 1 000 rein over det fastsette. Enkelte siidaar har auka reintalet sitt. Av siidaandelane som hittil har fått pålegg om tilpassing, har enkelte enno ikkje følt opp gitte vedtak. Reindriftsstyret vil følgje opp desse i samsvar med reindriftslova sitt kapittel om sanksjonar. I tillegg skal direktoratet saman med Fylkesmannen til ei kvar tid vurdere reintalsituasjonen i den enkelte siidaen og setje i verk naudsynte tiltak. Det vil også bli gjennomført offentleg kontrollerte teljinger hausten 2016. Ved større avvik mellom teljing og rapporteringane til reineigarane, vil det bli sett inn tiltak.

Det er naudsynt med auka kunnskap om dei ulike årsakene til tap i reindrifta og om samspelet mellom desse. Det er viktig å vidareføre arbeidet med å stimulere til auka slakting og eit berekraftig reintal i Finnmark. For å ha kontroll med utviklinga i reindrifta, skal Landbruksdirektoratet hente inn og gjere tilgjengeleg naudsynte grunnlagsdata, mellom anna om beitetilhøva og slaktevekter.

Direktoratet skal halde fram med å etablere samarbeid med andre offentlege organ, og gjere desse kjende med behovet i reindrifta for samanhengande areal og konsekvensane av ulike tiltak innanfor reinbeiteland for reindrifta. Vidare skal Landbruksdirektoratet arbeide for ei betre sikring av areala til reindrifta, arbeide for å dokumentere arealbruken og gjere denne kjent for kommunar og fylke.

Landbruksdirektoratet skal, saman med organa til næringa og andre aktørar, bidra til at dei økonomiske ressursane over reindriftsavtalen blir nytta på ein formålstenleg måte som gir størst verknad og verdiskaping. Ei viktig oppgåve for direktoratet er å legge til rette for samspel i verdikjeda.

Landbruks- og matdepartementet ber om fullmakt til å overskride løvinga under posten med inntil 0,5 mill. kroner ved forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein, jf. framlegg til vedtak III.

#### Inntekts- og velferdspolitiske tiltak

Innspel til forenkling og forbetringar av verke midla i jordbruksavtalen er viktig også i 2017.

I 2017 vil Landbruksdirektoratet legge vekt på å vidareutvikle den nettbaserte forvaltninga av tilskott og kvoteordninga for mjølk, med sikte på å bli meir brukarvennleg og å auke kvaliteten i forvaltninga.

For å ivareta naudsynt grad av driftssikkerheit, auke effektiviteten og leggje til rette for kontroll i forvaltninga av produksjonstilskotta og tilskott til avløsing ved ferie og fritid, vil Landbruksdirektoratet fram til 2017 utvikle eit nytt IKT-system for produksjons- og avløysartilskotta. Dette skal bygge på forvaltingssystemet eStil, som er teke i bruk i forvaltninga av regionale miljøprogram, jf. kap. 1150, post 21.

#### **Marknadstiltak, handel og industri**

Landbruksdirektoratet vil i 2017 arbeide for å sikre ei god forvaltning av dei ulike marknadsordningane for jordbruksråvarer. Landbruksdirektoratet vil vidareføre arbeidet med faglege analysar og grunnlagsmateriale til bruk i internasjonale forhandlingar (WTO, EU, EFTA). Marknadsovervaking med rapportering og analyse av nasjonale og internasjonale marknader for jordbruksråvarer er viktig.

Landbruksdirektoratet vil halde fram med å følgje nøye med på konkurransesituasjonen til den mest konkurranseutsette industrien som for edlar jordbruksråvarer (RÅK-industrien).

Landbruksdirektoratet vil forvalte importvernet for landbruksvarer i tråd med unilaterale, bilaterale og multilaterale forpliktingar, der avsetning for norske landbruksvarer er eit viktig mål.

#### **Administrasjon**

Landbruksdirektoratet vil i 2017 halde fram med å vidareutvikle datasistema slik at desse blir meir brukarvennlege og bidreg til effektivisering og god informasjonssikkerheit. Landbruksdirektoratet har som mål å levere alle tenestene sine digitalt der det er formålstenleg, og avvikle manuelle tenester som ikkje krev nærliek til brukaren. I 2017 vil nytt system for forvaltning av produksjonstilskott i jordbruket bli sluttført og teke i bruk. Direktoratet vil starte opp utvikling av nytt forvaltingssystem for ordningar under LUF m.m., jf. omtale i Prop. 127 S (2014–2015) kap. 7.12.1. Eit tredje system, ny IKT-løysning for naturskadeerstatning, blir teke i bruk frå og med årsskiftet 2016/2017 i samband med at nytt lovverk tek til å gjelde.

Arbeidet med sikkerheit og beredskap vil vere eit viktig område også i 2017.

Landbruksdirektoratet skal vidareutvikle styringssistema i verksemda, mellom anna innan internkontroll og halde fram arbeidet med å effektivisere verksemda og tenestene.

#### **Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald**

##### **Formål med løyinga**

Løyvinga skal dekkje utgiftene til oppfølging av Noreg sitt ansvar ved gjennomføring av ny reingjerdekonvensjon med Finland og for grensegjerda mot Sverige, Finland og Russland.

Posten skal også dekkje utgiftene til oppfølging av reinbeiteavtalar i Rørosregionen og til vedlikehald av konfliktførebyggande gjerde i Hammerfest. I tillegg skal posten dekkje eventuelle erstatningskrav frå finske styresmakter i samsvar med den gjeldande reingjerdekonvensjonen mellom Noreg og Finland og etablering av eit samla informasjonssystem for areal- og ressursovervaking for reindrifta.

##### **Rapportering 2015**

I samband med flytting til nye lokale i 2015 for Landbruksdirektoratet, avdeling reindrift i Alta, har det vore behov for å kjøpe ein del nytt inventar, jf. Prop. 26 S (2015–2016). Det er gjennomført vedlikehald av grensegjerde i 2015. Digitalisering av reindriftas arealbrukskart er starta.

#### **Budsjettframlegg 2017**

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 1,299 mill. kroner.

#### **Post 50 Arealressurskart**

##### **Formål med løyinga**

Over posten blir det gitt støtte til vedlikehald av arealressurskart (AR5) som gir næringsdrivande og forvaltninga tilgang til arealinformasjon av høg kvalitet.

##### **Rapportering 2015**

Posten blei oppretta i 2016. Løyvinga blei flytta frå kap. 1139, post 70. Sjå denne for rapportering for 2015.

#### **Budsjettframlegg 2017**

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 7,617 mill. kroner i 2017.

## **Post 60 Tilskott til veterinærdekning**

### **Formål med løvinga**

Formålet med tilskottet er å bidra til tilfredsstilande tilgang på tenester fra dyrehelsepersonell. Tilskottet blir gitt til kommunane, som etter dyrehelsepersonellova skal sørge for tilfredsstillende tilgang på tenester fra dyrehelsepersonell (veterinærar).

### **Rapportering 2015**

Hovuddelen av midlane har blitt nytta til vaktgodtgjering for veterinærar som deltek i klinisk veterinærvaktskifte utanom ordinær arbeidstid. Midlane har blitt fordelt mellom kommunane ut i frå vaktindeling. Ein mindre del av løvinga har vore nytta til stimuleringsstiltak for å sikre generell tilgang på tenester fra dyrehelsepersonell i næringssvake distrikt. Eit mindre beløp har tilsvarende vore nytta på Svalbard.

### **Budsjettframlegg 2017**

Departementet gjer framlegg om 142,664 mill. kroner i tilskott til veterinærdekning i kommunane.

Hovuddelen av den føreslattede løvinga på posten, om lag 123 mill. kroner, er tilskott til klinisk veterinærvaktskifte utanom ordinær arbeidstid. Midlane blir fordelt til kommunane ut i frå fastsett vaktindeling.

Framlegget til løving omfattar også om lag 14 mill. kroner som kommunane kan nytte til stimuleringsstiltak for å sikre tilfredsstillende tilgang på tenester fra dyrehelsepersonell i næringssvake distrikt. Midlane vil bli prioriterte til kommunar som har problem med å få stabil tilgang til veterinærtenester, og som legg planar for gode, lokale løysingar. Departementet legg til grunn at om lag ein firedel av kommunane i landet vil fylle kriteria for å kunne søkje midlar frå denne delen av løvinga. Eit mindre beløp kan tilsvarende nyttast på Svalbard.

I framlegget er det også lagt inn om lag 5,5 mill. kroner til administrative kostnader for kommunane.

## **Post 70 Tilskott til fjellstover**

### **Formål med løvinga**

Formålet med løvinga er å halde oppe tryggleiken i veglaust terrenge for mellom anna reingje-

tarar. Departementet har i dag tre statseigde fjellstover – Joatka, Mollisjok og Ravnastua. Fjellstovene blir drivne på kontrakt med Landbruksdirektoratet. Fjellstovene har plikt til å halde ope heile året.

### **Rapportering 2015**

Det er gitt tilskott til alle fjellstovene.

### **Budsjettframlegg 2017**

Departementet gjer framlegg om ei løving på 808 000 kroner.

## **Post 71 Omstillingstiltak i Indre Finnmark**

### **Formål med løvinga**

Formålet med løvinga er å finansiere ulike tilpassingar og tiltak for å leggje til rette for ei berekraftig reindrift i Finnmark.

Auka kunnskap om produksjon og tap vil vere viktig, både for å dempe konfliktar og for ei berekraftig forvaltning av reindriftsnæringa. Utgifter til auka kunnskap om produksjon og tap i reindrifta, blir dekte over denne posten.

Utover dette har formålet med løvinga vore å dekkje ei rekke tiltak for å følgje opp reindriftslova av 2007 og enkelte utviklings- og utgreivingskostnader.

### **Rapportering 2015**

Det er gjennomført reinteljing i Finnmark 2015. Det blei og arrangert eit lovseminar og ei fagsamling for fylkesmennene i 2015.

### **Budsjettframlegg 2017**

Departementet gjer framlegg om ei samla løving på 4,4 mill. kroner til omstillingstiltak i Indre Finnmark.

Utfordringa med å følgje opp godkjende bruksreglar er størst i dei distrikta i Finnmark der talet på rein ikkje er i samsvar med beiteressursane, og der talet på utøvarar er for høgt til at målet om økonomisk berekraft blir nådd. Det krev ekstra arbeid å følgje opp desse distrikta. Utover bruk av reglane etter reindriftslova, inneber oppfølginga mellom anna at ein skal leggje til rette for fellestiltak for betre infrastruktur og at ein framleis stimulerer aktivt til auka slakting og omsetnad av reinsdyrkjøtt. Kva for tiltak som blir sett i verk og finansierte over posten, vil vere avhengig av

mellan anna situasjonen i det enkelte distriktet og den til ei kvar tid gjeldande marknadssituasjonen.

Utgifter til teljing av rein og digitalisering av kart i Finnmark, nettverks- og kompetansetiltak i samband med at fylkesmennene blei regional reindriftsmyndighet frå 1.1.2014, blir dekte over posten. Vidare skal posten dekkje utgifter til overvakningsprogrammet for Finnmarksvidda, og enkelte utviklings- og utgreiingskostnader.

## **Post 72 Erstatningar ved ekspropriasjon og leige av rett til reinbeite**

### **Formål med løvinga**

Løvinga skal dekkje erstatningar ved ekspropriasjon og leige av rett til reinbeite i Trollheimen, jf. føresetnadene i overskjønnet heimla av Frostating lagmannsrett 2.9.1999 og inngåtte reinbeiteavtalar.

### **Rapportering 2015**

Det blei i 2015 utbetalt fastsette årlege erstatningar til 45 personar.

### **Budsjettframlegg 2017**

Departementet gjer framlegg om ei overslagsløying på 302 000 kroner for å dekkje utgifter til erstatningar ved ekspropriasjon av rett til reinbeite i Trollheimen og til beiteleige i samsvar med inngåtte reinbeiteavtalar i Trollheimen.

## **Post 73 Tilskott til erstatningar mv. etter offentlege pålegg i plante- og husdyrproduksjon**

### **Formål med løvinga**

Formålet med tilskottet er å gi produsentar erstatning for tap og dekning av visse utgifter i samband med pålagde tiltak mot sjukdommar, smittestoff og skadegjeraar hos dyr og planter, jf. § 22 i Ot.prp. nr. 100 (2002–2003) *Om lov om matproduksjon og mattryggleik mv. (matlova)*. Tilskottet skal også dekkje tap i samband med tiltak som blir sett i verk som følgje av antibiotikaresistente bakteriar (MRSA) i svinehaldet, tiltak for å redusere innhalten av radioaktivitet i storfe og småfe og visse andre kompensasjoner for å lette etterleving av krava i matlova og plikter i primærproduksjonen, jf. matlova § 31.

### **Rapportering 2015**

Det blei utbetalt erstatning for bekjemping av 6 ulike former for sjukdom og smitte, fordelt på 12 fylke.

Om lag 34 mill. kroner blei utbetalt etter påvising og sanering av MRSA hos svin. Dei største utbetalingane gjekk til Rogaland og Nord-Trøndelag. Kompensasjon, som blir gitt ved sanering av MRSA i svinehald, kjem i tillegg til ordinær erstatning ved pålagt nedslakting. Det blei utbetalt kompensasjon til 6 føretak i Rogaland, Hedmark og Oppland.

Den største delen av utbetalingane etter utbrot av planteskadegjeraar gjekk til kamp mot skadegjeraar i veksthusproduksjonen, heksekost i epleproduksjonen og lys ringråte i potetproduksjonen.

Landbruksdirektoratet sørger for tilstrekkelig lagerhald av produkt med berlinerblått, som førebyggande tiltak ved radioaktivitet i beiteområde. Lagervolumet våren 2015 var lågt, og Landbruksdirektoratet supplerte med eit volum tilsvarende om lag. 3 års venta forbruk.

### **Budsjettframlegg 2017**

Departementet gjer framlegg om ei overslagsløying på 55,610 mill. kroner.

## **Post 74 Kompensasjon til dyreeigarar som blir pålagd beitenekt**

### **Formål med løvinga**

Løvinga på posten blir nytta til å gi dyreeigarar økonomisk kompensasjon når Mattilsynet som følgje av fare for rovviltaangrep, med heimel i dyrevelferdslova, har gjort vedtak om beiterestriksjoner for storfe og småfe.

### **Rapportering 2015**

I 2015 blei det pålagt beiterestriksjonar på eitt føretak i Nord-Trøndelag, der kompensasjonen blir utbetalt i 2016.

### **Budsjettframlegg 2017**

Departementet gjer framlegg om ei løying på 1 mill. kroner.

## Post 80 Radioaktivitetstiltak

### Formål med løyvinga

Staten sitt ansvar for å dekkje kostnader som følge av radioaktivt nedfall etter Tsjernobylulykka har som prinsipielt utgangspunkt det vedtaket som regjeringa fatta om økonomisk skadesløyse 31.7.1986. Regelverket for radioaktivitetstiltak i reindrifta blir fastsett etter dei same prosedyrane som forskriftene etter reindriftsavtalen.

### Rapportering 2015

Forbruket varierer med behovet for radioaktivitetstiltak. I 2015 har det, i samsvar med dei seinare åra, vore eit avgrensa behov for tiltak.

### Budsjettframlegg 2017

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 0,5 mill. kroner.

## Kap. 4142 Landbruksdirektoratet

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Driftsinntekter, refusjonar m.m.	56 352	40 569	41 496
	Sum kap. 4142	56 352	40 569	41 496

### Post 01 Driftsinntekter, refusjonar m.m.

Posten gjeld driftsinntekter som Landbruksdirektoratet har knytt til m.a. sekretariatet for Omsetnadsrådet, Styret for fondet for forskingsavgift på

landbruksprodukt og Utviklingsfondet for skogbruket, administrasjon av ulike fond, prisutjamningsordninga og kvoteordninga for mjølk. Innntekter frå gebyr blir også førté på posten.

## Kap. 1144 Regionale og lokale tiltak i landbruket

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
77	Regionale og lokale tiltak i landbruket, <i>kan overførast</i>	9 505	4 118	
	Sum kap. 1144	9 505	4 118	

### Post 77 Regionale og lokale tiltak i landbruket

#### Formål med løyvinga

Formålet med løyvinga er å:

- styrke Fylkesmannen si rolle som kompetansesenter for kommunane
- bidra til desentralisering av ansvar og myndighet til kommunane på landbruksområdet

#### Rapportering 2015

I 2015 blei det nytta 9,5 mill. kroner over kap. 1144 post 77. Midlar er nytta for å styrke dialogen mellom fylkesmannen og den politiske og administrative leiinga i kommunane med omsyn til kommunane si rolle og ansvar innan landbrukspolitikken. I den samanheng er det også sett i verk kompetansehevande tiltak for kommunane si landbruksforvaltning.

Kommunane rapporterer på forvaltning av landbruksareal etter jordlova, plan- og bygningslova, konsesjonslova og odelslova gjennom rapporteringssystemet KOSTRA. Det har i 2015 blitt

nytta midlar til oppfølging og vidareutvikling av dette rapporteringssystemet. Det er også løyvd midlar for å styrke tilboden om kompetanse for lokal og regional forvaltning innan samfunnsplanlegging via Sekretariat for etter- og vidareutdanning i samfunnsplanlegging (Samplan/SEVS).

Det blei i 2015 løyvd særskilte midlar til Fylkesmannen i Finnmark for å koordinere prosjekt-samarbeidet mellom Noreg og Russland på landbruksområdet.

Fylkesmannen i Sør-Trøndelag har i 2015 fått støtte til eit pilotprosjekt for å styrke plan-, miljø- og landbrukskompetansen i kommunane i fylket.

### Budsjettfrailegg 2017

Kap.1144, post 77 utgår frå 2017. Delar av formåla som tidlegare har vore finansiert over posten vil bli dekte over kap. 1100, post 21.

## Kap. 1148 Naturskade – erstatningar

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
22	Naturskade, administrasjon, <i>kan overførast</i>	6 402	6 528	
71	Naturskade, erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	144 789	182 200	169 000
	Sum kap. 1148	151 191	188 728	169 000

### Post 22 Naturskade, administrasjon

#### Formål med løyvinga

Stortinget vedtok våren 2014 ny lov om erstatning for naturskadar (naturskadeerstatningslova). Lova vil erstatte gjeldande naturskadelov med unntak av reglane om sikring mot naturskadar og tek til å gjelde 1.1.2017. Landbruksdirektoratet vil ha det administrative ansvaret for statens naturskadeordning også etter den nye lova. Handsaminga av skadesakene vil skje etter ein rein forvaltningsmodell. Løyvinga under posten har vore nytta til utvikling av nytt elektronisk søknads- og sakshandsamingssystem for ordninga. Departementet gjer ikkje framlegg om vidare løyving under posten.

mot gjennom ei alminneleg forsikringsordning, og løyvinga skal nyttast til å dekkje desse utgiftene. Etter naturskadeerstatningslova blir søknadene om erstatning for naturskadar handsama etter ein rein forvaltningsmodell der Landbruksdirektoratet avgjer sakene (førsteinstans), mens klagene blir avgjorde av Klagenemnda for naturskadesaker (klageinstans). Direktoratet skal sørge for at krav om erstatning for naturskadar blir handsama raskt og forsvarleg. Direktoratet skal dessutan raskt kunne setje inn ein målretta og utvida innsats når naturkatastrofar oppstår.

Som følgje av overføring av oppgåver frå Politi- og lensmannsetaten til Landbruksdirektoratet i samband med at takst av naturskadar ikkje lenger skal fastsetjast ved lensmannsskjønn, vil budsjettmidlar svarande til to årsverk bli overførte frå Justisdepartementet under Politi- og lensmannsetaten driftsbudsjett, kapittel 440, post 01 til Landbruks- og matdepartementet under Landbruksdirektoratets driftsbudsjett, kapittel 1142, post 01, med verknad frå 1.1.2017. Beløpet er sett til 1,9 mill. kroner.

### Rapportering 2015

Arbeidet med utvikling av det nye søknads- og sakshandsamingsverktøyet for naturskadeerstatningsordninga starta opp i 2015. Det blei nytta 6,4 mill. kroner til dette arbeidet i 2015.

### Rapportering 2015

I 2015 blei det handsoma 1 250 krav om erstatning med samla skadetakst på 186,0 mill. kroner. Samla utgjorde utbetalingane 137,5 mill. kroner. I tillegg blei det utbetalt 6,9 mill. kroner til dekning av takseringskostnader og FoU-tiltak. Størstedelen av

### Post 71 Naturskade, erstatningar

#### Formål med løyvinga

Statens naturskadeordning gir erstatning for dei naturskadane det ikkje er mogleg å forsikre seg

erstatningsvedtaka i 2015 skreiv seg frå flaumskadar hausten 2014 på Vestlandet og flaumskadar hausten 2015 i Buskerud og Telemark.

### Budsjettframlegg 2017

Klimaframkrivingar viser at vi i Noreg må rekne med meir ekstremvær. Med ei slik utvikling kan det bli fleire og meir omfattande naturskadar i åra framover. Dei som blir råka av naturskade har på visse vilkår rett til erstatning over statens naturskadeordning etter naturskadeerstatningslova. I tillegg blir det dekt rettferdsvederlag, utgifter til mellom anna taksering av skadar, og naudsynte utgifter til ekstrahjelp og vedlikehald og utvikling av IKT-system for ordninga.

Erstatninga blir utbetalt etter at skaden er utbeta. Fristen for utbetring er tre år, og dette verkar inn på den årlege utbetalinga. Landbruksdirektoratet skal gi ei rask og forsvarleg handsaming av krav om erstatning som er heimla i naturskadeerstatningslova. Landbruks- og mat-

departementet følgjer opp ordninga på bakgrunn av mellom anna styringsdialog, rapportar og informasjon om økonomi.

Landbruksdirektoratet kan gi tilsegn for inntil 2 mill. kroner til forskingsprosjekt, informasjonstiltak og andre aktivitetar som bidreg til å redusere skadeverknadene av framtidige naturulykker, eller å auke effekten av dei ressursane som blir nytta på naturskadeområdet.

Løyvinga skal dekkje innfriing av både nye tilsegner og uteslåande tilsegner frå tidlegare år.

I samband med overgangen til den nye lova vil politiet bli oppmoda om å sende alle saker med skadedata i 2016 og tidlegare til handsaming så raskt som mogleg. Dette vil innebere at talet erstatningssaker i 2017 vil bli noko høgare enn for eit gjennomsnittsår.

Ut frå dette gjer departementet framlegg om ei løyving på 169,0 mill. kroner og ei tilsegnfullmakt på 40,5 mill. kroner for 2017, jf. Tabell 2.7 og framlegg til vedtak IV.

Tabell 2.6 Tilsegnfullmakt naturskadeerstatningar i 2017

	(mill. kroner)
Ansvar per 1.1.2016	86,2
+ Forventa tilsegn i 2016	135,0
= Sum	221,2
- Forventa erstatningsutbetalingar 2016	170,2
= Ansvar per 31.12.2016	51,0
+ FoU-tilskott, takseringskostnader o.a.	8,5
+ Forventa nye tilsegn i 2017	150,0
= Sum	209,5
Framlegg til løyving i 2017	169,0
Tilsegnfullmakt i 2017	40,5

## Kap. 1149 Verdiskapings- og utviklingstiltak i skogbruket

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
51	Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket	3 592	3 670	
71	Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	47 721	66 175	95 570
72	Tilskott til trebaserte innovasjonsprogram, <i>kan overførast</i>	33 328	19 500	
73	Tilskott til skog-, klima- og energitiltak, <i>kan overførast</i>	10 659	41 664	42 247
74	Tiltak for industriell bruk av biomasse, <i>kan overførast</i>	725	2 742	
Sum kap. 1149		96 025	133 751	137 817

### Post 51 Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket

#### Formål med løyvinga

Bakgrunnen for opprettinga av Utviklingsfondet for skogbruket var ein avtale mellom Finansdepartementet og Skogbrukets Arbeidsgiverforening om kompensasjon for opphevinga av refusjon for bensinavgift ved bruk av motorsag i skogbruket.

Vedtekten for Utviklingsfondet for skogbruket blei fastsette ved kgl. res. datert 25.2.1977, med endringar sist av 4.12.2014. Fondet har hatt i oppgåve å støtte opp om forsking, utvikling, informasjon og opplæring innanfor skogbruket. I styret for fondet har offentleg forvaltning og private organisasjonar innanfor skogsektoren vore representerte. Landbruksdirektoratet er sekretær for fondet.

#### Rapportering 2015

I 2015 blei det løyvd 3,592 mill. kroner til fondet. Totalt fekk ni prosjekt og tre reisestipend tilskott.

#### Budsjettframlegg 2017

Det er lagt opp til å prioritere ein auke i midlar til å forbetre infrastrukturen i skogbruket, jf. kap 1149, post 71. Departementet gjer framlegg om å avvikle tilskottet til Utviklingsfondet for skogbruk frå 2017 og viser vidare til at regjeringa har varsla ei melding til Stortinget om skog- og trenæringa,

der det blir gitt ein nærmare omtale av infrastruktursatsinga.

### Post 71 Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket

#### Formål med løyvinga

Skogen gir viktige bidrag til sysselsetjing og verdiskaping i heile landet. Regjeringa vil legge til rette for å vidareutvikle dei positive nærings-, energi- og klimabidraga frå skogen. Dette føreset at ein større del av det produktive skogarealet som kan drivast lønsamt, blir teke aktivt i bruk, med omsyn til mellom anna auka hogst, hausting av biobrensel og oppbygging av ny skog. Ein formålstenleg infrastruktur, med betre samanhengande standard frå skog til industri og vidare til marknadene, er eit satsingsområde for regjeringa. Ein god infrastruktur er avgjerdande for konkurransen til skogsektoren og for sektoren sitt positive bidrag til verdiskaping for distrikta og landet. Løyvinga skal bidra til modernisering og vidareutvikling av infrastruktur for transport og til andre verdiskapingstiltak i skogbruket.

#### Rapportering 2015

Det blei løyvd totalt 42,4 mill. kroner til infrastrukturtiltak i skogbruket over denne posten i 2015.

Av dette, blei 20 mill. kroner løyvd til vidareutvikling av skogsvegnettet. Desse midlane må sjåast i samband med midlar til same formålet over kapittel 1150, post 50. Løyvinga til tømmerkaier i

2015 var på 22,4 mill. kroner, i tillegg til midlar overført frå året før. Det blei løyvd midlar til Eikefjorden tømmerkai i Sogn og Fjordane, Surnadal Hamn i Møre og Romsdal og Finnsnes Regionhavn i Troms.

### Budsjettframlegg 2017

Departementet vil forsterke satsinga på infrastruktur i skogbruket. Tilskott frå posten vil bli gitt til verdiskapingstiltak med vekt på tiltak som kan bidra til å redusere transportkostnadene. For å kunne gjennomføre ei effektiv planlegging av større infrastrukturtiltak, der investeringane skjer over fleire år, vil departementet frå 2017 bruke ein kombinasjon av løying og tilsegningsfullmakt som verkemiddel.

Behova for investeringar i infrastruktur er store over heile landet, men utfordringane er ulike i kyst- og innlandsfylka. Mykje av den skogen som i dag er, eller som snart er hogstmoden, står langt frå veg eller i bratt og vanskeleg tilgjengeleg terreng. Dette gjeld særleg i mange av kystfylka. Ein stor del av skogsvegnettet i innlandsfylka er gammalt og treng opprusting for å tene dei transportbehova og dei krava som moderne transportutstyr stiller. Kommunale hovudplanar for skogsvegar er eit godt verktøy for å vidareutvikle skogsvegnettet. Tilskott til investeringar i nybygging og ombygging av skogsvegnettet er målretta og prioriterte tiltak for auka hogst og meir kostnadseffektiv tømmertransport. Gjennom tiltak som minskar faren for erosjon og lausmasseskred ved kraftig nedbør, vil desse investeringane også bidra til betre klimatilpassing av vegnettet i skogbruket.

Tilgang til kai og sjøtransport opnar for kostnadseffektive leveransar av trevirke og produktflyt til foredlingsindustri i Noreg og til marknader nasjonalt og internasjonalt. Tømmerkaier har blitt stadig viktigare som følgje av endringar i avsetninga av virke og marknadene for tømmer og treprodukt dei siste åra, også i etablerte skogområde på Sør- og Austlandet. Midlar over denne posten skal bidra til bygging og ombygging av kaier og kaiterminalar for rasjonell transport og logistikk av tømmer. Gode planprosessar og overføring av kunnskap og erfaringar frå prosjekt til prosjekt er viktig i dette arbeidet. Midlane til kai vil gi bidrag til aktivitet og sysselsetting. Kaiprosjekt som blir prioritert allereie i 2016 er mellom andre Mandal i Vest-Agder og Ørsta i Møre og Romsdal.

For 2017 vil det bli lagt særleg vekt på at den auka ramma på posten gir rom for tilskott til kaiprosjekt som bidreg til aktivitet og sysselsetting i fylka med sysselsetningsutfordringar.

Prosjekt som har komme langt i planlegginga er mellom andre Granvin i Hordaland. Under føresetnad av at prosjektet i Granvin møter kriteria som gjeld for kaitilskott, vil dette prosjektet stå for tur for tildeling i 2017. Det er Landbruksdirektoratet som forvaltar midlane til kaiprosjekt for departementet, og som, etter ein søknadsprosess, gir tilsegn.

Infrastrukturtiltaka bidreg til positive sysselsetnings- og verdiskapingseffektar og til å styrke konkurransekræfta i skognæringa. Departementet gjer framlegg om ei løying på 95,570 mill. kroner for 2017. Sidan tilskotta ikkje alltid kjem til utbetaing same året som dei blir gitt tilsegn, gjer departementet også framlegg om ei tilsegningsfullmakt for 2017 på 75 mill. kroner, jf. framlegg til vedtak IV.

### Post 72 Tilskott til Trebasert innovasjonsprogram

#### Formål med løyinga

Auka bruk av tre er eit viktig tiltak både i nærings- og klimasamanheng. Tre utgjer ein liten del av materialbruken innan bygg- og anleggsbransjen, særleg liten er delen i byar og tettstadar der den største delen av byggeaktiviteten skjer. SINTEF har i ein rapport frå våren 2016 slått fast at bruk av tre i varige konstruksjonar kan halvere utsleppa av klimagassen CO<sub>2</sub> sett i forhold til bruk av til dømes stål og betong.

Produktutvikling og kompetansebygging som gjer det rasjonelt og sikkert å byggje trehus i fleire etasjar er viktig for auka trebyggeri i urbane miljø. Utvikling av konkurransedyktige industrielle løysingar på dette området kan gi auka verdiskaping og energi- og klimavinstar.

#### Rapportering 2015

I 2015 blei ekstra innsats retta mot vekst i bedrifter og forprosjekt knytt til etablering av nyskapande miljø. Det blei løyvd 13,1 mill. kroner til 37 bedriftsretta prosjekt. Dette utgjer om lag 73 pst. av den samla ramma. Totalt 3 mill. kroner blei løyvd til sju bransjeprosjekt og 10,6 mill. kroner til mobilisering og administrasjon. Årsrapporten til Innovasjon Noreg for 2015 gir ein detaljert oversikt over prosjekta i Trebasert innovasjonsprogram.

Dei fleste prosjekta har retta seg mot vekst i bedrifter i form av produkt-/konseptutvikling i den enkelte bedrifta og utvikling i retning av høgare grad av industrialisering. Det har også blitt mobilisert til større samarbeid og det er sett i

gang forarbeid til bedriftsnettverk. Dette handlar om ein regional skog-/treklyng i Innlandet, eit skogmobiliserande nettverk i Midt-Noreg og eit nasjonalt initiativ i industrialisert bruk av tre.

Trebasert innovasjonsprogram har i følgje ei etterundersøking frå SSB for 2015 ført til auka verdiskaping, ein vekst i talet på tilsette og auka omsetnad i verksemndene.

### Budsjettframlegg 2017

Departementet gjer ikkje framlegg om ei eiga løying til auka bruk av tre i 2017. Det er lagt opp til å prioritere ein auke i midlar til å forbetre infrastrukturen i skogbruket, jf. kap 1149, post 71. Regjeringa har varsle ei melding til Stortinget om skog- og trenæringa, der det blir gitt ein nærmare omtale av skogpolitiske prioriteringar, under dette infrastruktursatsinga.

Det er naturleg at næringa etter 15 år med oftentleg innsats gjennom Trebasert Innovasjonsprogram og tidlegare ordningar, nå sjølv tek hand om utvikling av verdikjeda og nye produkt som kan styrke lønsemda og konkurranseseevna i næringa. Departementet legg til grunn at det framleis vil vere rom for å gi støtte til innovative prosjekt som fremjar bruken av tre som bygningsmateriale gjennom andre program i Innovasjon Noreg. I tillegg vil regjeringa opne for at midlar som er sett av til skogindustriinvesteringar også kan investerast i mogne unoterte bedrifter, jf. også Prop. 1 S (2016–2017) under Nærings- og fiskeridepartementet.

### Post 73 Tilskott til skog-, klima- og energitiltak

#### Formål med løyinga

Regjeringa vil styrke dei klimapolitiske målsettjingane i forvaltinga av skog. Med bakgrunn i klimaforliket legg regjeringa opp til å føre ein aktiv berekraftig skogpolitikk gjennom tiltak som skal bidra til å auke karbonlageret i skogen. Tilskott til tettare planting ved forynging av skog, til gjødsling av skog og til skogplanteforedling er sentrale tiltak for dette.

Stiftelsen Det norske Skogfrøverk har til oppgåve å sikre forsyninga av skogfrø i Noreg. Departementet har bidrige til dette gjennom ein avtale med Skogfrøverket om forvalningsoppåver frå 1995. Oppgåvene omfattar kontroll etter forskrift om skogfrø og skogplanter, produksjons- og utviklingsoppåver og informasjons- og opp-

læringstiltak knytt til anlegg for frøproduksjon. Skogplanteforedling er ein viktig del av forvalningsoppåverne som no krev fornying av frøplantasjar med det beste materialet frå plantasjar etablert frå 1960–70-talet. Fornying av skogfrøplantasjar dei neste 10 åra er avgjerande både for ei satsing på skogplanteforedling som klimatiltak og for å halde oppe produksjonen av foredra frø som i dag. Det er også ønskjeleg at større delar av landet får tilgang til foredra frø gjennom etablering av nye frøplantasjar.

Klimatiltaka i skog vil bidra til å styrke ressursgrunnlaget – og dermed grunnlaget for verdiskaping i skog- og trenæringa i eit langsiktig perspektiv.

### Rapportering 2015

Det blei i 2015 gitt ei løying på 4,804 mill. kroner til Stiftelsen Det norske Skogfrøverk for å styrke skogplanteforedlinga. Midlar til forvalningsoppåver ved Skogfrøverket blei fram til 2015 løyvd over kap. 1139, post 71, og er rapportert der.

I samband med Revidert nasjonalbudsjett 2015 blei 14 av dei 15 mill. kronene som var sette av til planting av skog på nye areal over Klima- og miljødepartementet sitt budsjett, overført til kapittel 1149, post 73. Midlane blir forvalta av Landbruksdirektoratet og skal gå til eit treårig pilotprosjekt. Prosjektet kom så seint i gang at det blei eit svært lågt forbruk i 2015. Mesteparten av midlane er difor overførte til 2016.

### Budsjettframlegg 2017

Departementet gjer framlegg om ei samla løying på 42,247 mill. kroner i 2017 til klimatiltak i skog som oppfølging av klimaforliket. Ein del av desse midla skal nyttast til tettare planting ved forynging av skog, til gjødsling i skog og til skogplanteforedling. Landbruksdirektoratet forvaltar midlane som bli sett av til tettare planting og gjødsling. Departementet vil vidareføre løyinga til klimatiltak på om lag det same nivået som i 2016.

Det er Skogfrøverket, i samarbeid med Norsk institutt for bioøkonomi, som driv planteforedlinga i Noreg. Oppgåvene ved Skogfrøverket er difor viktig for både den ordinære frøforsyninga og for vidareføring av satsinga på skogplanteforedling som klimatiltak.

Departementet gjer framlegg om å vidareføre løyinga til langsiktig skogplanteforedling og utvikling av Skogfrøverket på om lag det same nivået i 2017.

## **Post 74 Tiltak for industriell bruk av biomasse**

### **Formål med løyvinga**

Eit mest mogleg omstillingssyktig og tilstrekkeleg mangfaldig næringsliv er avgjerande for å sikre norsk konkurransekraft og framtidige arbeidsplassar. Det er eit stort potensial i å stimulere til vidareutvikling av produksjonsprosessar og ny næringsverksemd med utgangspunkt i fornybar biomasse frå primærnæringane.

Avansert teknologi gjer det mogleg å foredle råvarer frå primærnæringane, som til dømes trevirke, husdyrgjødsel og biprodukt frå slakteri- og fiskeforedling, til eit vidt spekter av verdifulle produkt som ingrediensar, kjemikaliar, materialar og energi. Det er mellom anna mogleg å auke bruken av fornybar biomasse, til dømes trevirke, som erstatning for meir ressurskrevjande eller oljebaserte produkt.

Det er også eit stort potensial i alternativ bruk av trevirke med sikt på utvikling av nye produkt og produksjonsmetodar. Tilrettelegging for ny næringsverksemd basert på skogressursane, vil opne for nye marknader for trevirke og auke verdien av tømmeret. Dette vil vere viktig for å auke

aktiviteten i skogbruket i tråd med måla for skogpolitikken.

### **Rapportering 2015**

Bioraffineringsprogrammet blei starta i 2013 som ein viktig del av Innovasjon Noregs bioøkonomisatsing. I 2015 blei det løvd 2,7 mill. kroner til programmet over Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett. Midlane har mellom anna gått til mobilisering og bevisstgjering av næringslivet om nye moglegheiter knytt til biobasert foredling, ny teknologi og nye marknadar. I 2015 har tilfanget av prosjekt knytt til oppskalering av nye produksjonsprosessar auka. Samla tilskott frå Bioraffineringsprogrammet til bedriftsleia forsking og utvikling var 19,2 mill. kroner over budsjetta til Landbruks- og matdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet.

### **Budsjettframlegg 2017**

Departementet gjer framlegg om at dei midlane som tidlegare er løyva over kap. 1149, post 74, blir flytta til kap. 1137, post 70.

## **Kap. 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.**

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Driftsutgifter	146		
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	8 585	12 500	21 500
50	Tilskott til Landbrukets Utviklingsfond (LUF)	1 177 081	1 203 053	1 148 053
70	Marknadsregulering, <i>kan overførast</i>	258 228	291 600	315 100
71	Tilskott til erstatningar m.m., <i>overslagsløyving</i>	20 154	43 000	43 000
73	Pristilskott, <i>overslagsløyving</i>	2 755 556	2 870 180	3 298 535
74	Direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	8 403 955	8 139 710	7 965 410
77	Utviklingstiltak, <i>kan overførast</i>	261 708	246 880	246 380
78	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	1 570 602	1 582 454	1 541 954
Sum kap. 1150		14 456 015	13 186 324	14 579 932

## Formål med løyingane

Kap. 1150 og kap. 4150 om jordbruksavtalen er basert på at jordbruket har forhandlingsrett med staten om prisar, tilskott og andre reglar for produksjon og omsetnad innanfor jordbruket. Ordningane under jordbruksavtalen er nokre av dei viktigaste verkemidla for å følgje opp måla og retningslinene i landbrukspolitikken.

For mange av postane er det underpostar der løyinga er styrt av satsar per eining og omsøkt volum. Volumet på dei enkelte underpostane vil variere frå år til år. Difor ser departementet det som formålsteneleg at eit auka behov for midlar på ein underpost kan dekkjast inn med unytta midlar på ein annan underpost under løyinga på same posten.

Kap. 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m. skal bidra til at måla for landbruks- og matpolitikken blir nådde. For meir om måla i jordbrukspolitikken for kommande budsjettperiode, sjå omtalen av dette i innleiinga i denne proposisjonen.

Fleire faktorar bidreg til at jordbruket i Noreg har eit høgt kostnadsnivå, som til dømes klima, topografi, at produksjonen etter internasjonale mål skjer i ein småskalastruktur og norsk pris- og kostnadsnivå generelt. Difor er mange av dei økonomiske verkemidla retta inn mot å sikre lønsam produksjon over heile landet, og for å stimulere til god agronomi og berekraftig produksjon. Mange av tilskottsordningane verkar mot fleire av måla samstundes. Det gjeld mellom anna tilskott som skal sikre det økonomiske grunnlaget for produksjon og velferd for næringsutøvarane. Verkemiddel som er meir målspesifikke vil også kunne påverke andre mål. Dette gjer at resultatomtaling som følgje av eit konkret tiltak eller tilskott ikkje gir nokon fullgod informasjon.

## Tilpassing til økonomiregelverket i staten

Av både budsjettekniske omsyn og av omsyn til verkemåten til dei ulike økonomiske verkemidla, kan ein ikkje vurdere hovudmåla post for post på budsjettkapitlet. Difor er det heller ikkje mogleg å ha ei isolert særeigen resultatrapportering på kvar enkelt ordning. Verkemidla under jordbruksavtalen skal samla sett gi rammevilkår som gir ei god måloppnåing både for næringa og samfunnet.

Det er behov for tilpassingar når det gjeld normal prosedyre for tilskottforvaltning. I omtalen under dette kapitlet gjer departementet årleg greie for hovudtrekka i tilpassingane for ulike ordningar og om bruken av ulike aktørar i forvaltninga av ordningane.

## Marknadsregulering og pristilskott/frakttilstkott

Tilstkott til produsert volum, til marknadsregulering og til frakt blir dekte over fleire ordningar under kap. 1150, postane 70 og 73, i nokon grad også under post 77. Satsane er baserte på fastsette kriterium, som produktgruppe, levert volum, distrikt m.m. Grunnlaget for tilskotta som blir utbetalte til produsentane via eit omsetnadsledd, vil normalt vere det same som grunnlaget for oppgjøret mellom omsetnadsledd og produsent. Ordningane utgjer ein del av avtalesystemet med fleire mål og verkemiddel som verkar samstundes mot dei same måla. Resultatrapporeringa skjer difor samla basert på rapportering fra Budsjettet for jordbruket i samband med den årlege proposisjonen om jordbruksavtalen. Rapporteringa blir i tillegg supplert av vurderingsrapportar og statusnotat frå heile forvaltninga som grunnlag for å vurdere korleis dei enkelte ordningane verkar.

Tilstkott som blir utbetalte via eit omsetnadsledd skil seg også frå normalprosedyren ved at tilskottsmottakarane normalt ikkje søker om tilskottet. Storleiken på tilskotta er ei direkte følgje av levert vare til omsetnadsleddet. Omsetnadsledda gjer ikkje eigne vurderingar ved forvaltninga av tilskotta. Dei blir difor ikkje rekna som tilskottsförvaltarar, men som medhjelparar. Vidare blir det ikkje sendt eigne tilskottsbrev til produsentane. Tilskottsbeløpet går normalt fram av avrekninga for kvar leveranse. Det blir heller ikkje kravd rapport, og det blir ikkje utført kontroll hos tilskottsmottakarane (produsentane) fordi tilskottet blir gitt mot levert vare. Naudsynt kontroll blir sikra ved kontroll hos omsetnadsledda som leverer grunnlaget for utbetalingane og som formidlar tilskottet til den enkelte produsenten. Samla sett bidreg dette til ei kostnadseffektiv forvaltning av ordningane.

## Direkte tilskott og tilskott til velferdsordningar m.m.

Desse ordningane ligg under jordbruksavtalen kap. 1150, postane 74 og 78. Også under post 77 har ein slike ordningar. Dei direkte tilskotta er baserte på objektive kriterium som talet på dyr, areal, produksjonstype, mengd og distrikt. Satsane står i høve til løyvd beløp og prioriteringar mellom ulike produksjonstypar, produksjonsomfang og lokalisering av driftseiningane. Velferdsordningane består i hovudsak av refusjon av utgifter til avløysing for sjukdom og ferie/fritid. Ein står her overfor same problemstillinga når det gjeld målformulering og kriterium for måloppnåing som for tilskott til marknadsregulering, pris og frakt, sjá ovanfor. For ordningane med direkte

tilskott og velferdsordningar, vil resultatrapporteringa også i hovudsak finne skje i rapporteringa i samband med proposisjonen om jordbruksoppgjøret. Det er heller ikkje for denne gruppa av ordningar aktuelt å hente inn rapport frå tilskottsmottakarane. Det gjeld også ordninga med tilskott til veterinære reiser der tilskott blir utbetalte etter søknad om refusjon av utgifter som allereie er oppsamla. Her kan det ikkje stillast vilkår til kva midlane skal nyttast til, eller krevjast rapportering om bruken av midlane.

### Kollektive overføringer

På enkelte område er det administrativt meir effektivt å overføre tilskott samla frå departementet og/eller Landbruksdirektoratet og direkte til ein felles mottakar framfor først å utbetalte tilskott til kvar produsent som igjen betalar inn til same sluttmottakar. Den auka godtgjersla i sjukepengeordninga for bønder er finansiert gjennom ei kollektiv overføring frå jordbruksavtalen til folketrygfondet. Ei anna kollektiv overføring er innbetalning av omsetnadsavgift for frukt og grønt på post 70. Oppfølginga av desse ordningane vil vere å føre over løvvde beløp til rett mottakar. I tillegg må ein regelmessig vurdere om ordningane verkar som føresett, og om overføringane gir eit rett uttrykk for reelle utgifter.

### Tilskott til skogkultur og miljøtiltak

Tilskott til skogkultur og miljøtiltak, som blir løvd med heimel i forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket, blir utbetalte som ein refusjon av dokumenterte utgifter basert på ein søknad sendt kommunen etter at tiltaket er gjennomført. Det blir ikkje søkt om tilsegn på førehand, og kommunens tilskottsbrev inneheld ikkje spesifikke vilkår om kva tilskottet skal nyttast til eller om rapporteringskrav.

Kommunane utarbeider retningsliner for prioritering av tilskotta. Årlege kunngjeringar inneheld informasjon om kva for tiltak som er rett-komne for tilskott og om den maksimale delen av tiltaket som tilskottet dekkjer. Kontroll av tilskottet skjer ved søknadshandsaminga. Ved avgrensa løvingssramme kan tilskottsdelen bli redusert. Den delen av tiltaksosten som ikkje blir dekt av tilskott kan dekkjast av skogfondsmidla til skog-eigaren. Det dreier seg årleg om mange tusen tiltak, og tilskottsbeløpene er ofte relativt små. Rapporteringskravet blir dekt ved at spesifiseringa av tiltaket er registrert i Landbruksdirektoratets fag-system for skogtiltak.

### Forvaltning

Hovuddelen av tilskottsforvaltninga er delegert til Landbruksdirektoratet. Størsteparten av dei administrative kostnadane til forvaltning av tilskottsordningane blir direkte dekte innanfor løvingane over kap. 1142, til fylkesmennene over Kommunal- og moderniseringsdepartementets kap. 525 og til kommunane gjennom rammetilskottet frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Det er ei særskilt løying på kap. 1150, post 21 som skal dekkje kostnader i samband med utgreningar i arbeidsgrupper, evalueringar og utvikling av nye IKT-/fagsystem i Landbruksdirektoratet. Det er ut frå erfaring usikkerheit knytt til kva for eit år desse kostnadane kjem til betaling. For å kunne ha naudsynt fleksibilitet, kan det framleis vere aktuelt å trekke nokre utviklings- og utgreiingskostnader på enkelte av tilskottsordningane.

På nokre område skjer forvaltninga av tilskott gjennom organ som ikkje er ein del av statsforvaltninga. Dette gjeld særleg Innovasjon Noreg. Kommunane er førstelinemyndighet for dei fleste økonometiske verkemidla på landbruks- og matområdet, og omsetnadsledda har som nemnt ovanfor, ei medhjelparolle i utbetalinger av tilskott til produsentane. I samband med ikkje-statleg tilskottsforvaltning har departementet klargjort ansvar og oppgåver for desse aktørane. På nokre område er det fastsett at eit oppnemnd styre, utval eller råd, skal tildele tilskottsmidlar, mens Landbruksdirektoratet er sekretariat og har ansvar for alle dei andre forvaltningsoppgåvene. I desse samanhengane er det departementet si vurdering at tilskottsforvaltninga framleis skjer innanfor statsforvaltninga.

Departementet og forvaltninga arbeider kontinuerleg med å få eit så velfungerande kontrollsysteem som mogleg. Det blir arbeidd med å styrke fylkesmennene sin kontrollfunksjon på landbruksområdet, og det blir mellom anna stilt krav til fylkesmannsembeta om at det kvart år skal utarbeidast ein risikobasert kontrollplan og gjennomførast forvaltningskontroll av kommunar og føretakskontroll. Når det gjeld kompetanse i landbruksforvaltninga, har fylkesmannen og Landbruksdirektoratet ein kontinuerleg oppfølging gjennom kontinuerleg rettleiing og rådgiving, kommunebesøk, særskilte kommunesamlingar og kompetansetiltak retta mot dei landbruksansvarlege i kommunane.

Samla sett har det målretta arbeidet med kontroll og oppfølginga av kontroll dei siste åra gitt gode resultat. Det er likevel framleis utfordringar knytt til kontroll og vidareutvikling av kontrollsysteema i landbruket. Dette går særleg på å sikre at

kommunane har tilstrekkeleg kompetanse og ressursar og at fylkesmannen og kommunane får ein meir systematisk oppfølging av avvik. Departementet legg til grunn at det er eit kontinuerleg behov for forbetring av kontrollsystema.

Riksrevisjonen har i fleire samanhengar peika på svakheiter knytt til systemet for kontroll med utbetalinger av tilskott over jordbruksavtalen og kommunane si rolle i tilskottsforvaltninga. Landbruks- og matdepartementet vil følgje opp dette området vidare framover.

## Rapportering 2015

Dei fire hovudmåla for norsk landbruks- og matpolitikk er matsikkerheit, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk. Ved sidan av å produsere varer og tenester for ein marknad, er norsk landbruks- og matsektor leverandør av ei rekke fellesgode, dvs. gode som ikkje kan omsettast i ein marknad. Landbruket bidreg til at dei fire hovudmåla blir nådde gjennom produksjon av varer og tenester for ein marknad i kombinasjon med produksjon av fellesgode.

Mål vil i stor grad verke inn på kvarandre gjennom å vere samanfallande og forsterke kvarandre. Samstundes kan mål vere motstridande på kort eller lang sikt. For å oppnå hovudmåla for politikken er mange av dei økonomiske verkemidla retta inn mot å sikre lønsam produksjon over heile landet, og for å påverke måten produksjonen skjer på. Mange av tilskottsordningane er *horisontale* ordningar, dvs. at dei verkar inn på fleire av måla samstundes. Det gjeld mellom anna tilskott som skal sikre det økonomiske grunnlaget for produksjon og velferd for næringsutøvarane. Verkemiddel som er meir målspesifikke vil også kunne påverke andre mål. Dette gjer at tradisjonell resultatmåling som følgje av eit konkret tiltak eller tilskott ikkje gir fullgod informasjon.

I tilknyting til måla for landbrukspolitikken, som omtalt mellom anna i innleiinga, finst det verkemiddel for å nå fleire av desse, både over jordbruksavtalen og på andre kapittel i budsjettet. Dette omfattar mellom anna økonomiske tiltak retta mot næringsutvikling, busetjing og sysselsetting og verkemidla for mattryggelse m.m. Produksjon av trygg mat er ein grunnleggjande føresetnad også for næringspolitikken i jordbruket, men dei spesifikke verkemidla er i stor grad av ikkje-økonomisk karakter, og dei matpolitiske verkemidla ligg utanfor avtalen. Det finst også fleire juridiske verkemiddel som kan verke mot same mål som dei økonomiske. Saman med at dette er tiltak og rammer for sjølvstendige næringsutøvarar, gjer

dette at måloppnåinga ikkje kan bli målt på enkelttiltak, men må gjerast på indikatorar som viser utviklingstrekk i næringa samla sett. For denne resultatrapporteringa, sjå del III.

## Jordbruksoppgjøret 2016

Det mest sentrale grunnlaget for jordbruksoppgjøret 2016 er regjeringa sin politiske plattform, handsaminga i Stortinget av proposisjonane om jordbruksoppgjera i 2014 og 2015 gjennom Innst. 285 S (2013–2014) og Innst. 385 S (2014–2015) og avtalen mellom regjeringspartia og samarbeidspartia av 28. mai 2014.

Jordbruksavtalen 2016–2017 som blei inngått mellom staten og Noregs Bondelag 15. mai, etter at Norsk Bonde- og Småbrukarlag braut forhandlingane, omfattar målprisane for perioden 1.7.2016 til 30.6.2017 og tilskott som blir utbetalte i 2017. Partane drøfta også justeringar av løyingane i 2016 innanfor ei uendra økonomisk ramme. Avtaleverket for jordbruket har til formål å regulere tiltak som er eigna til å fremje fastlagde mål for jordbruket, og som ikkje er uttømmande regulert ved lov, stortingsvedtak eller forskrift. Resultatet av jordbruksoppgjøret i 2016 blei lagt fram for Stortinget i Prop. 133 S (2015–2016) *Jordbruksoppgjøret 2016 m.m.* den 27. mai 2016, jf. Innst. 412 S (2015–2016).

Årets jordbruksavtale legg opp til ein sterkare inntektsvekst i jordbruket enn for andre grupper, med 3,1 pst. frå 2016 (før oppgjør) til 2017, og 18,75 pst. for perioden 2014–2017. Særleg tilskott til beite blei prioritert for å nytte utmarksressursane betre. Regjeringa prioriterte produksjonar som har marknadsmoglegheiter, og styrkte samstundes grunnlaget for den geografiske produksjonsfordelinga gjennom å redusere stimulansen til å gå over til grasproduksjon i dei typiske kornområda. Ved å auke kvalitetstilskottet til storfekjøtt og auke tilskottet til den beste kvaliteten stimulerer avtalen også til auka produksjon og kvalitet. Regjeringa vil skape gode investerings- og inntektsmoglegheiter for bøndene. Investeringstilskotta ble auka meir enn det jordbruket kravde, og saman med utsettjinga av lausdriftskravet gjer det små og mellomstore bruk betre moglegheit til å planlegge investeringar og nytte ut investert kapital.

## Budsjettframlegg 2017

I jordbruksoppgjøret blei den samla løyvinga på kap. 1150 auka med 100,0 mill. kroner. Postane 71 og 73 er overslagsløyvingar der satsar og volum styrer løyvingsbehovet. Over ordningane på post

73 er det lagt til grunn eit auka volum som aukar kap. 1150 med ytterlegare 90,5 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2016. Hovudårsaken er stor kornavling i 2015 og aukande kjøtproduksjon. Samla løying blir etter det 14 579,9 mill. kroner, mot 14 389,4 mill. kroner i saldert budsjett 2016.

## Post 21 Særskilte driftsutgifter

### Formål med løyvinga

Posten var ny frå 2015. Formålet med løyvinga er å kunne ha finansiering av kostnader knytt til utvikling av IKT-/fagsystem, evalueringar og arbeidsgrupper sett ned av avtalepartane eller vedteke av Stortinget der kostnadene ikkje er direkte relaterte til konkrete tilskottsordningar.

### Rapportering 2015

Det blei utbetalt 8,6 mill. kroner til driftskostnader, utgreiingar og evalueringar i 2015. Midlane har blitt brukt til:

- Fagsistema eStil (elektronisk system for tilskottforvaltning i landbruket), PT (produksjonstilskott) og avløysartilskott ved ferie
- Leveransedatabase for kjøtt og kraftfør
- Arbeidsgruppe for gjennomgang og forenkling av miljøverkemidla på jordbruksavtalen
- Arbeidsgruppe som vurderte forenkling av verkemidla på jordbruksavtalen
- Evaluering av tilskott til avløsing ved sjukdom

### Budsjettframlegg 2017

Landbruksdirektoratet arbeider for tida med ei omfattande fornying av IKT-plattforma for tilskottforvaltninga. Det blir lagt opp til at ein skal få både enklare søknadsprosessar og ein meir effektiv, trygg og kontrollerbar forvaltning. Det er lagt opp til at ein i framtida i større grad vil nytte digitale, kartbaserte søknader om tilskott.

I jordbruksoppgjerset var partane samde om å setje av 21,5 mill. kroner på posten i 2017. Dei fordelar seg med:

Arbeidsgrupper, utgreiingar og evalueringar	2,5 mill. kroner
Forvaltningssystem eStil og produksjonstilskott	8,0 mill. kroner
Fornyng av gamalt forvalt- ningssystem Saturn	11,0 mill. kroner

## Post 50 Tilskott til Landbrukets utviklingsfond (LUF)

### Formål med løyvinga

Midlane over posten blir løyvde til Landbrukets utviklingsfond (LUF). I tråd med vedtekten til LUF kan fondsmidlane nyttast til tiltak som tek sikte på å styrke og bygge ut næringsgrunnlaget på dei enkelte landbruksføretaka. Ordningane under LUF omfattar verkemiddel knytt til næringsutviklings- og miljøtiltak, irekna m.a. tilskottsordningar, utviklingsprogram og prosjekt. Auka verdiskaping er eitt av hovudmåla for landbruks- og matpolitikken, og fleire av verkemidla under LUF skal bidra til lønsam utnytting av dei samla ressursane på garden. For ordningane som blir forvalta av Innovasjon Noreg er målsetjingane om fleire gode gründerar, fleire vekstkraftige bedrifter og fleire innovative næringsmiljø sentrale.

Dei regionale bygdeutviklingsprogramma, irekna regionale næringsprogram, regionale miljøprogram og regionale skog- og klimaprogram, bidreg til at det blir laga regionale strategiar for verkemiddelbruken.

### Rapportering 2015

Departementet viser til Prop. 133 S for ei detaljert omtale av dei enkelte ordningane som er finansiert over LUF. Ordningane det er gitt støtte til kan grovt sett delast inn i sju område:

- Bedriftsretta midlar og støtte til Matmerk
- Tilrettelegging for næringsutvikling
- Rekruttering og kompetanse
- Forskingsmidlar
- Skogbruk og bioenergi
- Konfliktførebyggjande tiltak jordbruk/reindrift
- Verkemiddel innan miljø og økologisk landbruk

### Budsjettframlegg 2017

Med bakgrunn i Prop. 133 S (2015–2016) og Stortinget si handsaming av denne gjer departementet framlegg om ei løying for budsjetttåret 2017 på 1 148 mill. kroner under kapittel 1150, post 50. På grunn av redusert tilskottssramme frå LUF på 25 mill. kroner og redusert utbetalingsprognose for rentestøtteordninga på 30 mill. kroner, blir løyvinga til fondet redusert med 55 mill. kroner frå 2016. Fondet blir vidare tilført 21,7 mill. kroner i 2016 gjennom omdisponering av udisponerte midlar i 2016. Tabell 2.7 viser ei endring i likviditet for

2017 på minus 126,8 mill. kroner. Erfaringstal viser at den faktiske utviklinga kan avvike noko frå prognosane, m.a. som følgje av fråfall i ansvar. Kapitalsituasjonen og likviditetsutviklinga for LUF må haldast under oppsyn. Med utgangspunkt i

den negative prognosene for årsresultatet for fondet vil departementet gå gjennom ordningar med store unytta rammer og vurdere om desse midlane skal inndragast ved årsskiftet.

**Tabell 2.7 Framføring av kapitalsituasjonen for LUF 2015–2017 med prognoser over framtidige utbetalinger (mill. kroner)**

	Rekneskap 2015	Prognose 2016	Prognose 2017
Løyving	1 205,7	1 203,1	1 148,1
Eingongsoverføring <sup>1</sup>	-28,6	21,7	
Renteinntekter	18,7	14,0	14,3
Netto tilførsel av kapital i samband med investeringsslån	85,0	75,6	68,7
Andre inntekter	30,8	12,0	12,0
<b>Sum tilførsel</b>	<b>1 311,6</b>	<b>1 326,4</b>	<b>1 243,1</b>
<b>Sum utbetalingar</b>	<b>1 340,6</b>	<b>1 379,3</b>	<b>1 369,8</b>
Endring i likviditet og fordringar	-29,0	-52,9	-126,8
Likviditet, inneståande i Noregs Bank, inkl. a konto IN	1 588,5	1 602,0	1 543,9
Uteståande investeringsslån	325,0	258,6	189,9
<b>Likviditet og fordringar LUF per 31.12</b>	<b>1 913,5</b>	<b>1 860,6</b>	<b>1 733,8</b>

<sup>1</sup> I jordbruksoppgjerset 2015 blei 28,6 mill. kroner av løyvinga overført til post 73 for å bidra til finansiering av prisnedskriving korn.

Samla tilskottsramme i 2017 blir på 1 385,5 mill. kroner, inkl. rentestøtteutbetalingar jf. Tabell 2.8. Ein vesentleg del av tilskottsramma for LUF for 2017 er avsett til ordningar som skal stimulere til investering og bedriftsutvikling, næringsutvikling og gründerskap i landbruket. Skogbruk og ordningar knytt til klima- og miljøtiltak, utgjer ein an-

nan sentral del av tilskottsramma til fondet. For å imøtekomme det store investeringsbehovet og samstundes bidra til målretta tiltak som fremjar rekruttering er investeringsverkemidlane prioritert, med ein auke i tilskottsramme på 26,5 mill. kroner.

Tabell 2.8 Tilskottssramme for LUF (mill. kroner)

	2016	2017	Endring 2016–2017
Bedriftsretta midlar til investering og utvikling	548,00	574,50	26,50
<b>Tilrettelegging for næringsutvikling og verdiskaping</b>			
<i>Utgreiings- og tilretteleggingsmidlar (fylkesvise)</i>	60,00	48,00	-12,00
<i>Områderetta innsats</i>	6,00	0,00	-6,00
Rekruttering og kompetanse i landbruket <sup>1</sup>	26,00	26,00	0,00
Forsking	53,00	53,00	0,00
Matmerk	52,00	52,00	0,00
Utviklingsprogrammet – landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping	90,00	90,00	0,00
Bioenergiprogrammet	67,00	67,00	0,00
Skogbruk	214,00	214,00	0,00
Midlar til konfliktførebyggjande tiltak jordbruk/reindrift	1,50	1,50	0,00
Utsiktsrydding <sup>2</sup>	20,00	8,00	-12,00
Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)	95,00	95,00	0,00
Drenering <sup>3</sup>	80,00	58,00	-22,00
Investeringsstøtte organisert beitebruk	9,00	10,00	1,00
Klima- og miljøprogram	18,00	18,00	0,00
Biogass <sup>4</sup>	2,00	1,00	-1,00
Støtte til verdsarvområda og utvalde kulturlandskap	9,00	9,50	0,50
Utviklingstiltak innan økologisk landbruk	30,00	30,00	0,00
SUM tilskottssramme	1 380,50	1 355,50	-25,00
Rentestøtte – utbetalingar <sup>5</sup>	60,00	30,00	-30,00
SUM tilskottssramme inkl. utbetalingar rentestøtte	1 440,50	1 385,50	-55,00

<sup>1</sup> Løyvinga for 2017 omfattar 20 mill. kroner til fylkesvise midlar til rekruttering og kompetanseheving, og 6 mill. kroner til KIL.

<sup>2</sup> Løyvinga til ordninga blir redusert i 2017 ettersom løyvinga i 2016 blir rekna som dekkjande for både 2016 og 2017. Det blir lagt til grunn ei årleg tilskottssramme på 20 mill. kroner.

<sup>3</sup> Løyvinga til ordninga blir redusert i 2017 ettersom løyvinga i 2016 blir rekna som dekkjande for både 2016 og 2017.

<sup>4</sup> Løyvinga til ordninga blir redusert i 2017 ettersom løyvinga i 2016 blir rekna som dekkjande for både 2016 og 2017.

<sup>5</sup> Ordninga med rentestøtte blei avvikla i jordbruksoppgrjeret 2015. Det blir løyvd midlar over LUF til utbetaling av rentestøtte for 2017 for dei som har fått innvilga rentestøtte før 1.1.2016. Prognose for utbetalingar i 2017 er sett til 30 mill. kroner.

#### Investering og bedriftsutvikling i landbruket

Midlane til investering og bedriftsutvikling i landbruket har eit todelt formål; å bidra til utvikling av ny næringsverksemnd på landbruksseigedommane, med mål om auka sysselsetjing, og å bidra til utvikling og modernisering av det tradisjonelle landbruket, med særskilt mål om auka effektivisering av

produksjonen. Gjennom investeringar og moderniseringar i driftsapparatet og bruk av ny teknologi, oppnår ein auka effektivisering og produktivitet i landbruket. Ordninga er også eit målretta verkemiddel for å fremje rekruttering til næringa fordi yngre investerer i større grad enn eldre og delvis fordi mange eldre som investerer gjer det for å legge til rette for neste generasjon. Heile 77 pst. av til-

skotta til investering og bedriftsutvikling i landbruket blei i 2015 gitt til brukarar under gjennomsnittsalder i næringa, og 26 pst. av tilskotta blei gitt til unge under 35 år. Dessutan er unge under 35 år prioritert i delar av regelverket. Denne aldersgruppa får altså ein relativt stor del av tilskottsmidlane. Eit eige generasjonsskiftetilskott skal t.d. avhjelpe mindre investeringsbehov i samband med oppstart. Maksimal prosentsats for generasjonsskifteordninga er frå 1. juli 2016 heva med 10 prosentpoeng.

Investeringsbehovet i landbruket er stort, og investeringsverkemidlane er eit viktig risikoavlastande bidrag for å stimulere til auka investeringar. Løyvinga til investering og bedriftsutvikling blir auka med 26,5 mill. kroner til 574,5 mill. kroner samla i 2017. Maksimal prosentsats for tilskott til investeringar blir vidareført med inntil 33 pst. av kostnadsoverslaget for investeringa. Skal vi nå målet om auka produksjon, er det naudsynt å støtte opp om dei som ønskjer å vekse. Støtte til investeringsprosjekt som gir auka matproduksjon skal difor prioriterast. Lønsemeldsvurdering av prosjekta skal liggje til grunn for tildeling av midlar. Ulike eigeformer skal likestilla ved prioritering av søknader. Nye krav til dyrevelferd, irekna krevet om lausdriftsfjøs, og fornying av driftsapparatet skal vektleggjast. Energiomsyn og miljø- og klimavennleg teknologi skal inngå i vurderinga av søknader om tilskott der det er relevant.

Ordninga med risikolån blir vidareført. I rapporten *Økt rekruttering til landbruket* viser arbeidsgruppa til at risikolåneordninga med tilhøyrande tapsfond må prioriterast høgt. Det skal gjera ein gjennomgang av vilkåra for risikolån over ordninga.

I samband med Stortinget si handsaming av jordbruksoppgeret i 2015 blei Landbruks- og matdepartementet bedt om å vurdere om støtte til investeringar kan innvilgast allereie på hausten same året som midlane blir løyvde over jordbruksavtalen, sjølv om løyving over statsbudsjettet og utbetaling først skjer året etter. Bakgrunnen for dette er at ein kan få betre planleggings- og byggjeprosessar, betre avtalar med entreprenørar og leverandørar, og at det kan opne for at bygging kan starte tidlegare dersom ein har tilsegn om finansiering hausten før neste byggesesong. Med bakgrunn i dette og pågangen etter investeringsverkemidlar særskilt knytt til investering i driftsbygningar, har Innovasjon Noreg fått høve til å gi tilsegn om tilskott over IBU-midlane allereie på hausten same år som midlane blir avsett over jordbruksavtalen. Departementet har presisert at det må takast etterhald om Stortinget si handsaming av statsbudsjettet for 2017.

### Fylkesvise midlar til utgreiings- og tilretteleggingstiltak

Dei fylkesvise midlane til utgreiings- og tilretteleggingstiltak skal bidra til utvikling og fornying av det tradisjonelle landbruket og å understøtte utvikling av andre landbruksbaserte næringar gjennom utviklings- og kompetansehevande tiltak og mobiliseringstiltak. Midlane skal støtte opp om innleiande fasar og arbeid knytt til landbruksbasert næringsutvikling regionalt og kan gis til organisasjonar, institusjonar, kommunar og ulike former for samarbeidsorgan, hovudsakleg innanfor landbruket.

I årets jordbruksoppgjer blei det prioritert å løyve midlar til investering og bedriftsutvikling direkte til det enkelte føretak. Løyvinga til utgreiings- og tilretteleggingstiltak blir difor redusert med 12 mill. kroner og sett til 48 mill. kroner i 2017. Det blir lagt til grunn at den strategiske innretninga på bruken av midlane er godt samordna med innretninga på dei bedriftsretta verkemidlane regionalt.

### Rekruttering og kompetanseheving i landbruket

Agronomisk kompetanse og kunnskapsbasert driftsleiring er viktig for eit berekraftig landbruk, og for å nå målet om auka matproduksjon. Eit godt opplærings- og utdanningssystem bidreg til å sikre utøvarane i landbruket rett kompetanse. I tillegg til det formelle utdanningssystemet er ulike typar rådgivingstenester, nettverk, kurs og mentorordningar m.m. viktige kjelder til kompetanseheving for næringstutøvarane i landbruket.

I arbeidsgrupperapporten *Økt rekruttering til landbruket* blei betydningen av kompetanse for utvikling av næringa og for rekruttering til landbruket framheva. Kompetansebehovet i næringen er variert og avheng mellom anna av type produksjon. Alder ved overtaking av landbrukeigedom er jamt over høg i heile landet, og mange av dei som etablerer seg i næringa i dag har ei anna utdanning enn landbruksfagleg utdanning. I tillegg til dei ordinære utdanningsløpa er det difor naudsynt med fleksible løysingar for kompetanseheving. *Vaksenagronom* blir tilbydd på mange naturbruks-skolar i fylka. Dette er eit tilbod til vaksne med annan/høgare utdanning som har behov for agronomkompetanse. Tilboden varierer frå fylke til fylke både når det gjeld form og innhald. Eitt av arbeidsgruppa sine innspel handla om behovet for å utgjere ein nasjonal modell for vaksenagronom som sikrar fagleg og pedagogisk kvalitet og fleksibel tilrettelegging.

Det blir sett i gang ei utgreiing av ein nasjonal modell for vaksenagronom. Utgreiinga skal gjennomførast i samarbeid med næringa og utdanningsmyndighetene.

I jordbruksoppgjernet 2014 blei det avsett 4 mill. kroner til ei fleirårig satsing på rekruttering og gründerskap i landbruket. I Meld. St. 31 (2014–2015) *Garden som ressurs – marknaden som mål* blei det gjort framlegg om at satsinga skulle nytast til å prøve ut ei mentorordning i landbruket. Arbeidsgruppa som såg på rekrutteringa til landbruket kom med ytterlegare konkretisering av framlegget.

I tråd med arbeidsgruppa sitt framlegg blir det sett i gang ei utprøving av ei lågterskel mentorordning for landbruket i nokre utvalde regionar etter modell av prosjektet Kompetanseløft Trøndersk landbruk. Unge under 35 år skal prioriterast. Norsk landbruksrådgiving skal forvalte ordninga i tett samarbeid med Innovasjon Noreg og faglaga regionalt. Det blir teke sikte på oppstart av ei toårig prøveordning hausten 2016. Målet med forsøka må vere å utvikle ein metodikk for ei mentorordning i landbruket som er tilpassa næringa sine behov, og som kan ha overføringsverdi til heile landet. Prøveordninga skal evaluerast.

#### Fylkesvise midlar til rekruttering og kompetanseheving

Fylkeskommunane forvaltar verkemiddel til styrking av innsatsen innanfor rekruttering og kompetanseheving i landbruket. Dette ansvaret må sjåast i samband med fylkeskommunane sitt ansvar som skoleeigarar og regionale utviklingsaktørar. Her er dei vidaregåande skolane med utdanningsprogram naturbruk viktige for å rekruttere rett kompetanse til landbrukssektoren, og som ressurs for etter- og vidareutdanningstilboda i landbruket.

Løyvinga blir vidareført med ei ramme på 20 mill. kroner for 2017. Prioriterte område for ordninga er tiltak for å auke kompetansen i landbruket, irekna støtte til etter- og vidareutdanningstilbod for yrkesutøvarar i landbruket, og tiltak som rettar seg inn mot rekruttering og omdømmebygging.

#### Kompetanseutviklingsprogrammet i landbruket

Stiftinga Matmerk forvaltar Kompetanseutviklingsprogrammet i landbruket (KIL). Programmet skal bidra til kompetanseutvikling for yrkesutøvarar innan primærlandbruket eller innanfor andre næringar i tilknyting til landbruket,

gjennom utvikling av nasjonale og regionale kompetansetilbod.

Ramma på 6 mill. kroner til KIL blir vidareført for 2017. Det blir avsett inntil 500 000 kroner over KIL-ordninga til den varsla utgreiinga om ein nasjonal modell for vaksenagronom.

#### Forsking

Forskningsmidlane over jordbruksavtalen skal skaffe fram kunnskap som byggjer opp under dei landbruks- og matpolitiske måla. Midlane skal særskilt bidra til auka produksjon av mat, at maten er trygg og å betre bondens økonomi. Omsynet til miljø og klima skal gjennomgåande varetakast ved avtalestyret si disponering av midlane.

For 2017 skal kunnskapsutvikling i tråd med behov som går fram av rapporten *Landbruk og klimaendringer* frå januar 2016 prioriterast, særskilt forsking retta mot opptak og utslepp av klimagassar. Vidare skal forsking som aukar verdiskapinga i produksjonen av korn, storfekjøtt, frukt og grønt prioriterast. I dette ligg m.a. område som betre agronomi, sortsutvikling, fôrkvalitet og teknologiutvikling. Andre område det er aktuelt å vektleggje er utgreiingar som bidreg til å auke kunnskapsgrunnlaget innan andre landbruksbaserte næringar, til dømes knytt til lønnsmed og sysselsetjing for desse næringane, og studiar av produksjonsutfordringar innan økologisk landbruk. Løyvinga på 53 mill. kroner til forsking blir vidareført i 2017. Inntil 3 mill. kroner kan nyttas til utgreiingar.

#### Matmerk

Stiftinga Matmerk har som mål å styrkje konkurranseevna til norsk matproduksjon og å skape preferansar for norskprodusert mat. Det skjer gjennom arbeid med kvalitetssikring, kompetanse og synleggjering av norske konkurransefortrinn og opphav ovanfor matprodusentar, handel og forbrukarar. Stiftinga har i oppgåve å administrere og vidareutvikle Kvalitetssystem i landbruket (KSL), godkjennings- og merkeordninga for Inn på tunet, merkeordningane Nyt Norge, Beskyttede Betegnelser og Spesialitet, Kompetanseutviklingsprogrammet i landbruket (KIL), generisk marknadsføring av økologisk mat og å drifte den nye databasen lokalmat.no. Stiftinga skal også bidra til profilering og marknadsåtgang for norske matspesialiteter og drifte den nasjonale nettstaden for Inn på tunet.

Avsetninga til Matmerk blir vidareført i 2017 med 52 mill. kroner. Det blir lagt til grunn at Matmerk spesielt prioriterer KSL og utviklingsopp-

gåver knytt til modernisering og oppgradering av systemet. Vidare må drift av lokalmat.no, måling av omsetnad av lokalmat, merkeordningane, og oppgåver knytt til Inn på tunet prioriterast innanfor denne ramma. Frå 2018 er det behov for ein ny finansieringsplan for Nyt Norge-ordninga. Matmark må komme tilbake med ein slik plan i god tid før jordbruksforhandlingane 2017.

#### Utviklingsprogrammet

Utviklingsprogrammet – landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping skal skape vekst og verdiskaping innan lokalmat, reiseliv, reindriftsnæringa, Inn på tunet, innlandsfiske og andre landbruksbaserte næringar basert på landbruksressursar. Programmet er forvalta av Innovasjon Noreg og er eit sentralt verkemiddel for å nå måla i Meld. St. 31 (2014–2015) om vekst og gründerorskap innan landbruksbaserte næringar. Det blir tilbydd tilpassa kompetanse tiltak til bedriftene, finansiering til bedrifter som ønskjer å vekse og støtte til etablering av forpliktande produsentnettverk. Programmet gir også støtte til omdømmetiltak for å byggje stoltheit og auke kompetanse i næringa, og å auke kunnskap om lokalmat og landbruksbasert reiseliv hos forbrukarane, i marknaden og i samfunnet generelt.

Meld. St. 31 signaliserer klare ambisjonar for landbruksbaserte næringar dei nærmaste åra, og inkluderer mellom anna eit mål om ein omsetnad av lokalmat og -drikke på 10 mrd. kroner samla frå alle marknadskanalar innan 2025. Det bør framleis leggjast stor vekt på både vekstordninga og forpliktande produsentsamanslutningar, i tillegg til innsatsen retta inn mot det landbruksbaserte reiselivet. Den samla løyvinga til Utviklingsprogrammet blir vidareført med 90 mill. kroner i 2017.

I tråd med føringane i Prop. 77 S (2015–2016) Om reindriftsavtalen 2016/2017, blir det lagt opp til at Reinprogrammet blir forvalta som ein integrert del av Utviklingsprogrammet.

#### Bioenergiprogrammet

Auka produksjon av biobrensle og leveransar av biovarme frå landbruket gir auka verdiskaping og bidreg til å nå regjeringa sine mål i klima- og energipolitikken.

Utviklinga av gardsbaserte biogassanlegg innår også i Bioenergiprogrammet. Denne satsinga er frå 2015 koordinert med regjeringa sin biogassstrategi og etableringa av pilotanlegg som tek hand om husdyrgjødsel i kombinasjon med anna biologisk avfall.

Løyvinga blir vidareført med 67 mill. kroner for 2017. Norsk Gartner forbund blir tildelt 1 mill. kroner av løyvinga for å stimulere til framleis satting på klimavennleg produksjon.

#### Skogbruk

Eit aktivt og berekraftig skogbruk skapar verdiar og gir treprodukt som erstattar meir klimabelastande materialar, samstundes som skogressursane er ei viktig kjelde til fornybar energi. Skog i vekst tek opp karbon, og skogen er samstundes eit stort karbonlager. Nettoopptaket av karbon i skogen i Noreg er på om lag 26 mill. tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter per år.

Regjeringa vil leggje større vekt på klimapolitiske målsetjingar i forvaltninga av norske skogar. For å sikre overgangen til eit lågutsleppssamfunn, både i Noreg og andre land, blir skogen sin evne til opptak og lagring av karbon sentral framover. Aktuelle tiltak er både knytt til auka opptak, lagring og tiltak som gjer at trevirke kan erstatte meir utsleppsintensive materialar, og til at fornybar bioenergi frå skogen kan erstatte fossil energi. For å bidra til auka verdiskaping i heile verdikjeda for skog, vil regjeringa leggje til rette for å auke avverkinga. Regjeringa vil styrke miljøomsyna i skogbruket ved å ta i bruk dei nye verkemidla i naturmangfaldlova og verkemiddel for skogbruket; mellom anna miljøregistreringar, kunnskapsutvikling og Norsk PEFC Skogstandard, slik at uttaket av biomasse frå skog kan aukast samstundes som det biologiske mangfaldet blir ivaretake.

Eit godt fungerande skogsvegnett er avgjande for lønsam skogsdrift, og for utvikling av skogen sine positive nærings-, klima- og energibidrag. Investeringsnivået til både bygging og ombygging av skogsvegar har auka dei siste åra, med både offentlege og private midlar. Det er framleis stort behov for nybygging av skogsvegar og standardheving av gamle vegar. Behovet for nybygging er størst i kystfylka, særleg for skogsbilvegar. Mange kystfylke har store skogressursar som ikkje vil vere lønsame å bruke utan skogsvegar. Store delar av skogsvegnettet i dei tradisjonelle skogstroka på Sør- og Austlandet og i Trøndelagfylka er gamalt. Sjølv om det framleis er behov for noko nybygging av vegar også her, er dei største investeringsbehova knytt til standardheving av gamle vegar. Berre rundt 15 pst. av skogsbilvegnettet i dei tradisjonelle skogstroka er bygd eller bygde om for dei største tømmervogntoga på inn til 24 meter og 60 tonn totalvekt.

Berekraftig skogbruk krev eit godt og dokumentert kunnskapsgrunnlag for å gjere avve-

gingar mellom næring og miljø. Ei viktig kjelde til denne kunnskapen er Landsskogtakseringa.

Skogbruksplanlegging med miljøregisteringar er også eit sentralt verkemiddel i miljørbeidet i skogbruket. Gjennom dette arbeidet kan skogeigarane sjølve gjere avvegingar mellom bruk og vern i sine prioriteringar. Med høg aktivitet i skogbruket er det grunn til å vente auka omfang av skogbruksplanlegging i åra som kjem for å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for den auka avverkinga.

Kompetansehevande tiltak er sentralt for gjennomføringa av skogpolitikken. Skogbrukets Kurssinstitutt (Skogkurs) er ein sentral aktør i denne samanhengen, og rettar seg mot både offentleg og privat rettleiingsapparat, skogeigarar, skogsarbeidarar og entreprenørar over heile landet. Jamleg kompetanseheving er ein føresetnad for skogeigarane sine moglegheiter til sjølve å kunne leggje til rette for auka verdiskaping med basis i ressursane til eigedommen.

Løyvinga til skogbruk over jordbruksavtalen blir vidareført med 214 mill. kroner i 2017. Fordelinga mellom dei ulike verkemidla vil bli gjort etter drøftingar mellom avtalepartane på eit møte der også næringsorganisasjonane i skogbruket blir inviterte til å delta.

#### Konfliktførebyggjande tiltak jordbruk/reindrift

Løyvinga til konfliktførebyggjande tiltak mellom jordbruk og reindrift blir vidareført med 1,5 mill. kroner i 2017. Løyvinga er på nivå med tilsvarande løyving over reindriftsavtalen. Midlane frå dei to næringsavtalane blir forvalta samla av Fylkesmannen i Sør-Trøndelag. Det må arbeidast aktivt med å gjere ordninga kjent i aktuelle område.

#### Miljøsatsinga over jordbruksavtalen

Miljøsatsinga skal bidra til å halde kulturlandskapet ved lag og til å redusere miljøbelastninga frå jordbruket, som utslepp til luft og vatn. Fleire av miljøordningane bidreg også til betre agronomi og vil ha positiv verknad på produksjonen.

#### Utgreiing om landbruket sine utfordringar i møte med klimaendringane

I Stortinget si handsaming av jordbruksoppgjeret for 2014 blei det vedteke at landbruket sine utfordringar i møte med klimaendringane skulle utgreiast. Landbruks- og matdepartementet oppnemnte i mars 2015 ei arbeidsgruppe bestående av representantar frå næring, forvaltning og miljø-

organisasjonar. Arbeidsgruppa blei gitt i oppdrag å vurdere norsk klimapolitikk på landbruksområdet opp mot ny kunnskap som kjem fram i FNs klimapanel sin femte hovudrapport. Arbeidsgruppa skulle kartleggje kunnskapsstatus nasjonalt, undersøke kva for moglegheiter og utfordringar klimaendringane vil kunne gi for norsk landbruk. I tillegg skulle arbeidsgruppa vurdere om norsk jordbruk er rusta for å møte eventuelle endringar i forbrukarane sin etterspørsel etter mat produsert med eit lågare klimaavtrykk. Utgreiinga skulle også omfatte opptak i skog og lagring i jord og baserast på ny kunnskap frå klimapanelet og dei nye klimaframskrivningane som Norsk klimaservice-senter utforma i 2015. Gruppa avleverte rapporten *Landbruk og klimaendringer* 19.2.2016.

Arbeidsgruppa peiker på at norsk matproduksjon skjer med utgangspunkt i ressursgrunnen og at det ikkje er mogleg å produsere mat utan klimagassutslepp. Dei biologiske prosessane i landbruket kan ikkje erstattast på same måten som prosessar basert på ikkje-fornybare råstoff og fossilbaserte produksjonssystem. Arbeidsgruppa viser vidare til at landbruket er i ei særstilling samanlikna med andre delar av norsk økonomi, ettersom det finst svært få verkemiddel eller tiltak som berre er innretta med sikte på å redusere utslepp av klimagassar. Samstundes viser arbeidsgruppa til at det er eit betydeleg potensial for utsleppskutt, i storleiksordenen 10–20 pst. utsleppsreduksjon frå jordbruket, inkludert reduserte utslepp som rekneskapsførast i transport-, bygg- og arealsektoren, frå i dag og fram til 2030. Arbeidsgruppa meiner difor at klimaomsynet bør ha større vekt i utviklinga av jordbrukspolitikken, slik at også jordbruket i større grad kan bidra til å oppfylle Noregs klimamål.

Arbeidsgruppa meiner det er to hovudstrategiar for å redusere klimagassutsleppa frå jordbrukssektoren: Endring av samansettninga av matforbruket og reduksjon i utsleppa innanfor same produksjonsvolumet. Arbeidsgruppa har ikkje vurdert tiltak for å endre samansettning av matforbruket, då dette blei vurdert til å liggje utanfor arbeidsgruppas mandat.

Arbeidsgruppa meiner at norsk klimapolitikk for landbrukssektoren på overordna nivå fangar opp viktige tiltak og innsatsområde som er omtalte i FNs klimapanel sin femte hovudrapport. Arbeidsgruppa meiner at ein likevel med dagens innsats ikkje klarar å hente ut potensialet for utsleppskutt og auka opptak raskt nok.

Arbeidsgruppa peikar på 15 aktuelle tiltak som kan bidra til reduserte klimagassutslepp og auka opptak frå jordbrukssektoren. Arbeidsgruppa peikar samstundes på at det er naudsynt å utgreie

tiltaka vidare for å finne kostnadene ved tiltaka, moglegheitene for gjennomføring og aktuelle verkemiddel.

Klimautfordringane i landbrukssektoren er komplekse og i rapporten blir det påvist betydelege kunnskapsbehov. Arbeidsgruppa meiner den løpende utviklinga der ny forsking, teknologi og kunnskap takast i bruk, er blant dei viktigaste tiltaka for å få ned klimabelastninga frå landbruket. Arbeidsgruppa viser til at endra klima kan gi nye moglegheiter for produksjon som bøndene vil utnytte, men at det er krevjande å tilpasse seg endringsane og at det også vil medføre stor usikkerheit.

#### Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

I jordbruksoppgeret 2016 blei det avsett 95 mill. kroner for 2017. Partane var samde om at ordninga må utvidast til at eigar av bortleigd landbrukseigedom kan ha rett på tilskott, dersom det føregår ein tilskottsberettiga produksjon på eigendommen. For å gjere ordninga betre målretta mot klimautfordringane, skal hydrotekniske tiltak ha høgaste prioritet ved fordeling av midlar.

#### Tilskott til drenering av jordbruksjord

Godt drenert jordbruksjord er avgjerande for å kunne auke matproduksjonen i åra som kjem. Oppslutninga om ordninga har blitt lågare enn venta, og mykje tydar på at det er mindre areal som blir drenert no enn før tilskottsordninga blei innført i 2013. Ettersom det er svært mykje unytta midlar på ordninga, var partane samde om at avsetninga til ordninga kan reduserast med 22 mill. kroner, til 58 mill. kroner i 2017.

#### Utsiktsrydding i kulturlandskapet

Attgroing av kulturlandskapet og vegkantar er ei aukande utfordring mange stader i Noreg. Attgroing er ei ulempe for landbruket, og vil svekkje grunnlaget for mellom anna reiselivet som er ei næring i vekst. I jordbruksoppgeret 2015 blei det vedteke å etablere ei ny tilskottsordning som skal bidra til utsyn og fremje verdiar knytt til kulturlandskapet, og å gi klimagevinst ved at rydningsvirket kan nyttast til bioenergiformål der dette er mogleg. Det var avsett 20 mill. kroner til tiltaket i Hordaland, Sogn- og Fjordane og Møre- og Romsdal i 2016. Grunna forseinka iverksetjing av ordninga, er det ikkje venta at den får full utteljing i 2016. Partane var difor samde om at det er tilstrekkeleg med ei avsetning på 8 mill. kroner til ordninga i 2017.

Investeringsstøtte til tiltak i beiteområde (organisert beitebruk)

Ordninga stimulerer til effektivt samarbeid mellom dyreeigarar og realisering av naudsynt infrastruktur for effektiv utnytting av utmarksbeite til husdyrproduksjon. Beitebasert næringsdrift har utfordringer med ajourføring av samarbeidsformer til endringar i buskapsstruktur og andre samfunnsinteresser. Dette er krevjande prosessar som også kan innvilge støtte til prosjektleiing og juridisk kompetanse. Det er sett av 10 mill. kroner for 2017 til formålet, ein auke med 1 mill. kroner frå 2016.

#### Klima- og miljøprogram

Avsetninga til Klima- og miljøprogrammet blir vidareført i 2017 med 18 mill. kroner. Midlane skal i større grad prioriterast til prosjekt som bidreg til å følgje opp rapporten Klimaendringar og Landbruk. Døme på dette er klimarådgivningsprosjektet, framskaffing av betre kunnskap om potensialet og verknad av lagring av karbon i jordbruksjord for å bidra til reduserte klimagassutslepp, kunnskap om klimatilpassing, og rådgiving og informasjon om klimasmart landbruk.

#### Biogass

Forskrift om tilskott for levering av husdyrgjødsel til biogassanlegg blei sett i verk i desember 2014. Handtering av husdyrgjødsel i biogassanlegg reduserer metanutsleppa. Det er sett av 1 mill. kroner i 2017.

#### Støtte til verdsarvområda og til utvalde kulturlandskap

Det blei i jordbruksoppgeret 2015 vedteke å slå saman dei to ordningane frå 2016. Den samla avsetninga til ordningane er 9,5 mill. kroner, som inneber ein auke til Vestnorsk Fjordlandskap med 0,5 mill. kroner. Midlane til verdsarvområda og utvalde kulturlandskap skal sjåast i samband med midlar på budsjettet til Klima- og miljødepartementet.

#### Utviklingstiltak for økologisk landbruk

Avsetninga til utviklingstiltak blir vidareført med 30 mill. kroner i 2017.

## Post 70 Marknadsregulering, kan overførast

		(i 1 000 kr)		
Underpost	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
70.11	Marknadstiltak	24 400	24 400	24 400
70.12	Tilskott til råvarereprisutjamningsordninga m.m.	194 739	227 200	252 700
70.13	Tilskott til potetsprit og potetstivelse	39 089	40 000	38 000
	Sum post 70	258 228	291 600	315 100

### Underpost 70.11 Tilskott til marknadstiltak

Formålet med marknadstiltaka er å bidra til å nå målprisane for dei ulike jordbruksprodukta, jamne ut produsentpris og pris til forbrukarar over heile landet, skape avsetning for produsert vare og bidra til å sikre forsyningar i alle forbruksområde. I grøntsektoren blir kostnadene ved marknadsregulering og faglege tiltak dekte av løyinga til marknadstiltak, mens dei blir dekte gjennom omsetnadsavgift for andre produksjonar.

Departementet gjer framlegg om ei løying på 24,4 mill. kroner i 2017.

### Underpost 70.12 Tilskott til råvarereprisutjamningsordninga

Formålet med råvarereprisordninga (RÅK-ordninga) er å jamne ut skilnader i råvarekostnader mellom norske og utanlandske ferdigvarer som blir omsette i Noreg, og for norske varer som blir eksporterte. Det er viktig at løyingane over denne ordninga er avpassa engrosprisane på norskproduserte jordbruksvarer.

Prisane på verdsmarknaden kan variere mykje i løpet av kort tid. Det påverkar løyvingsbehovet til RÅK-ordninga. Endringane i målprisar i jordbruksoppgjerset påverkar også løyvingsbehovet. Den samla effekten av endringar i målprisar som følgje av jordbruksoppgjerset og prognosar for prisutviklinga på verdsmarknaden aukar løyvingsbehovet med 25,5 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løying på 252,7 mill. kroner i 2017.

### Underpost 70.13 Tilskott til potetsprit og potetstivelse

Formålet med prisnedskrivingstilskottet er å sikre avsetning av norsk potetsprit og potetstivelse gjennom marknadsordninga for potet. I jord-

bruksoppgjerset blei avsetninga til potetsprit redusert med 2 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løying på 38,0 mill. kroner til ordninga i 2017.

## Post 71 Tilskott til erstatningar m.m.

### Formål med løyinga

Formålet med løyinga er å redusere økonomiske tap som oppstår ved produksjon forårsaka av klimatiske forhold det ikkje er mogleg å sikre seg mot. Posten omfattar følgjande ordningar:

1. erstatning ved avlingssvikt i planteproduksjon
2. erstatning ved svikt i honningproduksjon

I jordbruksoppgjerset 2015 blei det vedteke å avvikle ordninga med tilskott til reparasjon av vinterskadd eng og ordninga med erstatning for tap av bifolk.

Erstatningsordningane som dekkjer kostnader i samband med statlege pålegg blir løvdé utanfor jordbruksavtalen, jf. kap. 1142, post 73.

### Rapportering 2015

Dei samla utbetalingane over ordninga i 2015 var på 20,2 mill. kroner mot om lag 45 mill. kroner i eit normalår. Underforbruket kjem av at det i 2014 og 2015 var gode avlingsår i store delar av landet, og relativt få hadde klimarelatert avlingssvikt.

### Budsjettframlegg 2017

Skader som oppstår i avlingsåret 2016 vil påverke løyinga i 2017 fordi mykje av utbetalingane først kjem året etter skaden. På det noverande tidspunkt har ikkje departementet grunnlag for å vurdere at skadeomfanget i 2016 vil skilje seg frå eit normalt år.

Departementet gjer framlegg om ei løying på 43 mill. kroner i 2017.

## Post 73 Pristilskott, overslagsløyving

Underpost	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
73.11	Tilskott til norsk ull	126 020	124 500	132 720
73.13	Pristilskott mjølk	606 844	610 900	610 500
73.15	Pristilskott kjøtt	826 819	1 072 600	1 410 100
73.16	Distriktstilskott egg	8 190	5 425	3 234
73.17	Distriktstilskott, frukt, bær, grønsaker og potet	89 646	86 400	87 100
73.18	Frakttilstskott	360 386	346 855	345 681
73.19	Tilskott til prisnedskriving av norsk korn	678 592	573 000	651 200
73.20	Tilskott matkorn	59 059	50 500	58 000
Sum post 73		2 755 556	2 870 180	3 298 535

### Budsjettframlegg 2017

#### Underpost 73.11 Tilskott til norsk ull

Formålet med tilskottet er å bidra til å nå måla for inntekts- og produksjonsutvikling i sauehaldet som ikkje i tilstrekkeleg grad kan sikrast gjennom marknadspolis og andre tilskott. Tilskottet skal også bidra til betring av kvaliteten på norsk ull og sikre avsetning i marknaden for norsk ull av god kvalitet.

I jordbruksoppgjerset blei ordninga prioritert mot å støtte produksjon av dei beste kvalitetane ved at fleire av dei dårlegaste kvalitetane takast ut av ordninga. Løyvinga blei vidareført på same nivået, men større volum enn tidlegare år gir grunnlag for ei auka løyving på 8,2 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 132,7 mill. kroner for 2017.

#### Underpost 73.13 Pristilskott mjølk

Løyvinga omfattar ordningane med grunntilstskott til geitmjølk og distriktstilskott for mjølk og mjølkeprodukt.

Formålet med pristilskott til mjølk er å bidra til ei inntekts- og produksjonsutvikling i mjølkeproduksjonen som bidreg til å halde busetjing og sysselsetjing i heile landet ved lag gjennom å jamne ut skilnader i lønsemda i produksjonen. Grunntilstskottet skal også bidra til rimelegare kjøtt og foredla kjøtprodukt til forbrukaren, mens kvalitetstilstskotta skal stimulere til auka produksjon av kjøtt med høg kvalitet.

Distriktstilskottet blir gitt med 9 ulike satsar for mjølk produsert i område med høge produk-

sjonskostnader i Sør-Noreg, og for all mjølk i Nord-Noreg. Satsane for distriktstilskott varierer fra null og opp til 180 øre per liter.

I jordbruksoppgjerset blei grunntilstskottet til geitmjølk og satsane i distriktstilskottet halde på same nivå.

Volumprognosene gir om lag uendra løyvingsbehov samanlikna med budsjett for 2016.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 610,5 mill. kroner til pristilskott for mjølk i 2017. Denne er fordelt med 70,3 mill. kroner til grunntilstskott geitmjølk og 540,2 mill. kroner i distriktstilskott til all mjølk.

#### Underpost 73.15 Pristilskott kjøtt

Ordninga omfattar grunntilstskott og distriktstilskott for kjøtt, kvalitetstilstskott for storfekjøtt og kvalitetstilstskott for heile slakt av lam og kje.

Formålet med tilskotta er å bidra til ei inntekts- og produksjonsutvikling i produksjonen som bidreg til å halde busetjing og sysselsetjing i heile landet ved lag gjennom å jamne ut skilnader i lønsemda i produksjonen. Grunntilstskottet skal også bidra til rimelegare kjøtt og foredla kjøtprodukt til forbrukaren, mens kvalitetstilstskotta skal stimulere til auka produksjon av kjøtt med høg kvalitet.

Distriktstilskott går i hovudsak til kjøtt frå grovfôrbaserte produksjonar differensiert på fem soner. Det blir også gitt distriktstilskott til produksjon av svinekjøtt i Nord-Noreg, Agder og Vestlandet unntake Rogaland.

Grunntilskottet for kjøtt blir berre gitt til slakt av sau/lam og geit/kje.

I jordbruksoppgjeret blei satsane for grunntilskott og alle distrikts tilskotta haldne oppe på same nivået som året før.

I 2016 blei tilskott til slakt av lam og kje lagt om frå å bli forvalta saman med produksjonstilskotta til å bli utbetalt via slakteria saman med slakteoppkjera. I dette året blei halvparten av tilskottet framleis utbetalt med bakgrunn i søknad om produksjonstilskott basert på talet på slakt levert året før. Frå 2017 vil heile tilskottet bli utbetalt på grunnlag av talet på slakt levert same året. Dette inneber at posten aukar med 242,5 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon på post 74.

For kvalitetstilskottet til storfekjøtt blei det gjort ei høgare prioritering av dei beste kvalitetane ved at satsen for kvalitet O blei redusert med ei krone, mens satsen for dei betre kvalitetane blei auka med 3 kroner. Dette aukar forbruket på ordninga med om lag 62 mill. kroner.

Volumprognosene viser ein viss auke i kjøttproduksjonen som gir ein effekt tilsvarende om lag 33,3 mill. kroner i auka pristilskott til kjøtt.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 1 410,1 mill. kroner i 2017. Av dette utgjer grunntilskottet til sau/lam og geit/kje 97 mill. kroner, kvalitetstilskottet til storfekjøtt 250,6 mill. kroner, distrikts tilskottet 590 mill. kroner og tilskott til lammeslakt og kjeslakt 472,5 mill. kroner.

### **Underpost 73.16 Distrikts tilskott egg**

Formålet med ordninga er å bidra til eggproduksjon i heile landet gjennom å jamne ut geografiske skilnader i lønsemada i produksjonen. Tilskottet omfattar Nord-Noreg og Vestlandet unna teke Rogaland. I jordbruksoppgjeret blei satsane redusert for både Vestlandet og Nord-Noreg tilsvarende ein reduksjon på 2,4 mill. kroner, mens det er prognosert ein volumauke tilsvarende 0,2 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 3,2 mill. kroner i 2017.

### **Underpost 73.17 Distrikts tilskott, frukt, bær, grønsaker og potet**

Formålet med ordningane er å betre inntekta for produsentane innan grøntsektoren, bidra til ein geografisk spreidd produksjon og stimulere til ordna omsetnadforhold.

Ordninga omfattar distriktsdifferensierte tilskott til konsumproduksjon av eple, pære, plomme, kirsebær, morellar og bær. I tillegg gis

det ein fast sats for pressfrukt og til potetproduksjon i Nord-Noreg. Det blir også gitt distriktsdifferensierte tilskott til veksthusproduksjonane tomat og slangeagurk og til salatproduksjon.

Distriktsdifferensieringa følger dei same sonene som tilskott til areal- og kulturlandskap.

I jordbruksoppgjeret blei satsane for distrikts tilskott for frukt og bær auka i sone 2–7 med 10–25 øre per kg tilsvarende 2 mill. kroner. I tillegg blei satsen for pressfrukt auka med 25 øre/kg, tilsvarende 1,3 mill. kroner. Volumprognosene gir ei innsparing på 2,6 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 87,1 mill. kroner i 2017.

### **Underpost 73.18 Fraktt tilskott**

Ordninga omfattar tilskott til frakt av kjøtt, egg, korn, kraftførvarer og kraftfør. Fraktt tilskotta skal bidra til å jamne ut prisane til produsent og forbrukar. Fraktt tilskotta er basert på at råvarekjøper og produsentane må dekkje ein eigenandel av kostnadane.

I jordbruksoppgjeret blei det ikkje gjort endringar i tilskotta til frakt. Volumprognosene gir ein liten reduksjon i løyvinga på om lag 1,2 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 345,7 mill. kroner i 2017, fordelt med 132,0 mill. kroner til kjøtt, 8,7 mill. kroner til egg og 205,0 mill. kroner til korn og kraftfør.

### **Underpost 73.19 Tilskott til prisnedskriving av norsk korn**

Formålet med prisnedskrivingstilskottet er å sikre avsetning av norskprodusert korn, erter og oljefrø gjennom marknadsordninga, og å skrive ned priisen på råvarer til matmjøl og kraftfør. For å fremje avsetninga av økologisk korn og erter, blir det gitt høgare satsar til økologisk produksjon.

I jordbruksoppgjeret blei målprisane auka med følgjande tillegg: matkveite 9 øre/kg, bygg 7 øre/kg, havre 6 øre/kg, oljefrø 7 øre/kg, mens målprisen på matrug ikkje blei endra. Samstundes blei det lagt til grunn ein auke i prisnedskrivingstilskottet med 2,5 øre/kg for å avgrense prisauke på matmel og kraftfør. Partane la til grunn at det gir ein auke i råvareprisane til kraftfør på 3 øre/kg. Endringa i prisnedskrivingstilskottet gir auka løyvingsbehov på 25,2 mill. kroner, mens prognosene for kornomsetnad i 2017 aukar løyvinga med 53,0 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 651,2 mill. kroner for 2017.

**Underpost 73.20 Tilskott til matkorn**

Formålet med ordninga er å gi grunnlag for ein rekningssvarande pris på norsk matkorn og samstundes halde prisen på matmjøl på eit nivå som kan sikre konkurranseskrafta til norskprodusert matmjøl og bakevarer samanlikna med import. Tilskottet blir gitt til norske matmjølprodusentar på grunnlag av forbruk av norskprodusert matkorn. Tollsatsen på import av matkorn blir

administrert ned til det same nivået som prisen på norsk matkorn minus prisnedskriving.

I jordbruksoppgjeret blei satsen auka med 4 øre/kg, tilsvarande 7,5 mill. kroner. Det er rekna at endringane i målpris og prisnedskriving av matkornet vil gi ei råvarereprisauke for matmjølbransjen på om lag 2 øre/kg.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 58,0 mill. kroner i 2017.

**Post 74 Direkte tilskott, kan overførast**

Underpost	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
74.11	Driftstilskott, mjølkeproduksjon og kjøttfeproduksjon	1 349 078	1 312 600	1 373 400
74.14	Tilskott til husdyr	2 601 937	2 351 110	2 182 010
74.16	Beitetilskott	790 484	803 000	854 500
74.17	Areal- og kulturlandskapstilskott	3 129 352	3 137 300	3 025 900
74.19	Regionale miljøprogram	427 693	428 500	422 400
74.20	Tilskott til økologisk landbruk	105 411	107 200	107 200
Sum post 74		8 403 955	8 139 710	7 965 410

**Budsjettframlegg 2017**

Ordningane under denne posten blir gjerne omtalt som produksjonstilskotta. Det er 2 søknadsomgangar per år. Jordbruksoppgjeret i 2016 ligg til grunn for søknaden i august 2016 som blir betalt ut i februar 2017, og søknaden i januar 2017 som blir betalt ut i juni 2017.

I 2017 vil det bli innført eit nytt forvaltnings-system for produksjonstilskotta og avløysartilskottet, med ein utbetaling per år, basert på søknad med registreringstidspunkt i mars og oktober. Utbetalingane i 2017 vil skje etter den gamle ordninga, mens første utbetaling etter det nye systemet etter planen kjem i februar 2018.

**Underpost 74.11 Driftstilskott, mjølkeproduksjon og kjøttfeproduksjon**

Formålet med driftstilskottet i mjølkeproduksjonen er å styrke økonomien i mjølkeproduksjonen. Tilskottet skal også jamne ut skilnader i lønsemd mellom føretak av ulik storleik og mellom bruk i Sør-Noreg og Nord-Noreg, og mellom Jæren og

resten av Sør-Noreg. Formålet med driftstilskottet i spesialisert kjøttfeproduksjon er å stimulere til meir norskprodusert storfekjøtt av høg kvalitet.

I jordbruksoppgjeret blei satsane for driftstilskottet auka med 8000 kroner per bruk. For føretak med færre enn 40 ammekyr, gir det ein auke på 200 kroner per ku. Kombinert med ein vidare nedgang i talet på føretak, som gir ei innsparing på 22,6 mill. kroner, gir dette ein auke i løyvinga på 60,8 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 1 373,4 mill. kroner for 2017.

**Underpost 74.14 Tilskott til husdyr**

Tilskottet skal bidra til å styrke og jamne ut inntektene til føretak med ulike husdyrproduksjonar og etter storleiken på husdyrhaldet. Ordninga skal også støtte birøkt og husdyrhald med dyr av storferasar som er definert som verneverdige.

Tilskottet blir gitt per dyr/slakt/bikube. Satsane per dyreslag blir avtrappa med aukande dyretal per føretak. I jordbruksoppgjeret blei satsane for tilskott til mjølkekøyru auka med 241 kro-

ner for dei første 16 kyr, og med 40 kroner for dei første 100 sauene over eit år. For tilskott til avlsgris og slaktegris blei satsane redusert.

I samsvar med avtalen frå jordbruksoppgjeret i 2015 er no tilskott til genbevaring av alle husdyrrasane lagt over frå dei regionale miljøprogramma til ein nasjonal ordning under denne posten. Samstundes blei satsen for bevaringsverdige storfe auka med 700 kroner per dyr. Samla er løvvinga til genbevaring på denne posten auka med 5,3 mill. kroner, men der om lag 4 mill. kroner er flytting av midlar frå post 74.19.

Den samla effekten som følge av endra satsar i jordbruksoppgjeret og tilpassing av løvingsbehovet til dyretalet, er eit auka løvingsbehov på 73,4 mill. kroner. Under post 73.15 er flyttinga av kvalitetstilskottet for lammeslakt og kjeslakt omtalt. Flytting av den siste halvdel av løvvinga frå post 74 til post 73 gir ei redusert løvving på 242,5 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løvving på 2 182,0 mill. kroner i 2017.

#### **Underpost 74.16 Beitetilskott**

Formålet med ordningane er å stimulere til pleie av kulturlandskap og å oppnå ei god utnytting av utmarksbeiteressursane.

Ordninga består av eit tilskott for dyr som beitar i utmark, og eit tilskott for dyr som beitar i kulturlandskapet (innmark og/eller utmark). Det er krav til minimum beitetid for å få rett til tilskotta, og dei som får tilskott for dyr som beitar i utmark kan også få det generelle beitetilskottet for dei same dyra.

I jordbruksoppgjeret blei satsane for tilskott til utmarksbeite auka med 42 kroner for kyr, storfe og hest, mens det blei auka med 12 kroner per dyr for sau, lam og kje. For beitetilskottet blei det ikkje gjort endringar. Saman med prognosane som viser eit auka forbruk av tilskott med gjeldande satsar, gir dette ei auka løvving på posten med 51,5 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løvving på 854,5 mill. kroner i 2017, som fordeler seg med 434,5 mill. kroner til dyr på utmarksbeite og 420 mill. kroner i generelt beitetilskott.

#### **Underpost 74.17 Areal- og kulturlandskapstilstskott**

Formålet med tilskottet er å bidra til å skjøtte, vedlikehalde og utvikle kulturlandskapet gjennom aktiv drift, og til å halde jordbruksareal i drift i samsvar med gjeldande landbrukspolitiske mål. Til-

skottet er ein del av det nasjonale miljøprogrammet, og må kunne dokumentere oppfølging av miljøkrav knytt til produksjonen for å oppnå maksimalt tilskott.

Ordninga er samansett av eit kulturlandskapstilstskott med den same satsen per dekar til alt jordbruksareal som fyller vilkåra for arealtilskott. Som eit tiltak for å nå målet om aktivt jordbruk over heile landet, blir det i tillegg gitt eit arealtilskott der satsane per dekar er differensiert ut frå type produksjon og kvar i landet produksjonen skjer. Dette skal bidra til å styrke og jamne ut inntektene mellom ulike produksjonar, og mellom distrikta.

I jordbruksoppgjeret blei satsen i det generelle kulturlandskapstilstskottet redusert med 13 kroner per dekar til 172 kroner. Det gir ei innsparing på 119 mill. kroner.

For å stimulere til ei betre produksjonsfordeling mellom kornområda og grasproduksjon, blei partane i jordbruksoppgjeret samde om å redusere arealtilskottet til grasproduksjon i sone 1 og noko i sone 3–4, mens arealtilskottet til korn blei auka i sone 1–4. Etter dette blei arealtilskottet til gras redusert med 20,0 mill. kroner, mens arealtilskottet til korn aukar med 36,0 mill. kroner.

Tilpassing av løvvinga til den gjeldande arealfordelinga gir ei innsparing på 8,3 mill. kroner for posten sett under eitt.

Departementet gjer framlegg om ei løvving på 3 025,9 mill. kroner i 2017. Dette fordeler seg med om lag 1 464,0 mill. kroner i kulturlandskapstilstskott og 1 561,8 mill. kroner i arealtilskott.

#### **Underpost 74.19 Regionale miljøprogram (RMP)**

Formålet med ordninga er å sikre miljøkvalitetar og kulturlandskap og å hindre erosjon og avrenning av næringssalt til vatn gjennom regionalt og lokalt tilpassa regelverk for økonomisk støtte.

Ordninga opnar for at fylka kan støtte dei tiltaka som er mest målretta i sitt område, og vil bidra til å hindre attgroing og stimulerer til beiting og auka opplevingskvalitetar i kulturlandskapet. Rapportering tyder på stor aktivitet omkring arbeidet i fylka og at det gir auka målretting og differensiering av miljøarbeidet.

Regionale miljøprogram bidreg til gjennomføring av mange regionalt tilpassa miljøtiltak. Dette gir betre måloppnåing enn gjennom nasjonale ordningar, fordi miljøutfordringane varierer frå fylke til fylke.

I jordbruksoppgjeret blei det gjort enkelte forenklinger i ordninga. Tilskott til genbevaring av husdyrrasane blei i jordbruksoppgjeret 2016 vedteke flytta til ei nasjonal ordning under tilskott til

husdyr på post 74.14. Dette reduserer løyvinga på posten med om lag 4 mill. kroner frå 2017. Partane var samde om å auke tildelinga til Nord-Trøndelag og Nordland med 0,5 mill. kroner for å setje av friarealer for gås.

Den samla løyvinga på posten er etter dette redusert med 6,1 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 422,4 mill. kroner i 2017.

#### **Underpost 74.20 Tilskott til økologisk landbruk**

Formålet med posten er å stimulere til at ein større del av jordbruksproduksjonen skjer i form

av økologisk produksjon. Ordninga omfattar ekstra arealtilskott og husdyrtildeling til økologisk produksjon.

I jordbruksoppgjeren blei satsane for tilskott til økologisk produksjon av grønsaker, frukt og bær auka med 150 kroner per dekar, og til poteter med 100 kroner per dekar. Dei ekstra husdyrtildeskotta til økologisk produksjon blei auka for alle husdyrslag innanfor ei ramme på 6,4 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 107,2 mill. kroner i 2017. Dette fordeler seg med 68,4 mill. kroner i husdyrtildeling og 38,8 mill. kroner i arealtilskott.

#### **Post 77 Utviklingstiltak, kan overførast**

Underpost	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
77.11	Tilskott til dyreavl m.m.	85 354	86 500	83 300
77.12	Tilskott til frøavl m.m.	13 141	13 720	13 720
77.13	Tilskott til rådgiving	82 500	82 500	84 500
77.14	Tilskott til pelsdyrfôrlag	17 800		
77.15	Tilskott til kvalitetstiltak	49 912	51 160	51 860
77.17	Tilskott til fruktager	13 000	13 000	13 000
Sum post 77		261 708	246 880	246 380

#### **Budsjettframlegg 2017**

##### **Underpost 77.11 Tilskott til dyreavl m.m.**

Tilskott til dyreavl m.m. skal bidra til avlsmessig framgang og populasjonar av friske og sunne husdyr tilpassa miljøet. Ordninga skal også sikre genetisk variasjon i populasjonane og byggje på bererkraftige prinsipp basert på ein tilstrekkeleg stor effektiv avlspopulasjon og inkludering av funksjonelle eigenskapar i avlsmålet.

Løyvinga skal sørge for at kostnadene med inseminering av ku og svin kan haldast på om lag same nivå i heile landet og bidra til å jamne ut kostnadene mellom husdyrbrukarar som nyttar veterinærreinester.

I jordbruksoppgjeren blei maksimaltsatsen for veterinærreise med båt auka samstundes som det blei sett eit tak for andre kostnader knytt til båtreise som samla er venta å gi 1 mill. kroner i innsparing.

For 2017 er det prognosert 24,6 mill. kroner i tilskott til semintenester, 44,5 mill. kroner til veterinærreiser og 14,2 mill. kroner til avlsorganisasjonar.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på om lag 83,3 mill. kroner for 2017.

##### **Underpost 77.12 Tilskott til frøavl m.m.**

Formålet med ordninga er å fremje frøforsyning av gras, belgvekstar, rotvekstar og grønsaker med klimatilpassa sortar. Det kan nyttast tre ulike typar tilskott under ordninga; pristilskott, arealtilskott og lagringstilskott. For å sikre tilgang av klimatilpassa såvare blir det også gitt tilskott til overlagring av såkorn mellom kornsesongar.

Tilskottet til frøavl blir gitt til sertifisert frøavl av godkjende sortar. Ny revidert forskrift for ordninga vil bli fastsett hausten 2016. I jordbruksoppgjeren blei avsetninga til frøavl på 10,0 mill. kroner vidareført. Eventuelle endringar i reglar og satsar

tilpassast løvvinga. Også avsetninga til lagring av såkorn blei vidareført med 3,7 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løvving på 13,7 mill. kroner for 2017.

### **Underpost 77.13 Tilskott til rådgiving**

Formålet med ordninga er å bidra til kunn-skapsoppbygging hos bøndene ved å leggje eit økonomisk grunnlag for drift i dei lokale rådgivingseiningane hos Norsk Landbruksrådgiving (NLR). Rammevilkåra og utfordringane for landbruket krev både næringspolitiske tilpassingar, produksjonstilpassingar og faglege tilpassingar. Løvvinga over jordbruksavtalen er med på å sikre eit likeverdig rådgivingstilbod over heile landet.

Rådgivingseiningane utgjer eit fagleg bindeledd mellom landbruksforskinga og landbruket. NLR si verksemeld er viktig for å utvikle god agronomi og auka kompetanse i næringa. Dei har kjernekompetanse på god agronomi og gir råd innan planteproduksjon, maskin- og byggteknikk, næringsutvikling, føretaksøkonomi, økologisk landbruk, miljøtiltak, klimatiltak og HMS.

Partane i jordbruksoppgjeret var samde om at NLR skal ha ansvar for arbeidet med styrking av datagrunnlaget for plantevernmiddelet. Vidare skal NLR forvalte mentorordning for landbruket i samarbeid med Innovasjon Noreg. Minst 14 mill. kroner av dei tildelte midlane skal gå til HMS-rådgiving og minst 5,5 mill. kroner skal nyttast til byggteknisk rådgiving. Utover dette blir rådgivingsaktiviteten i NLR halde oppe på same nivå som i dag innan alle rådgivingsområda NLR har ansvaret for. Prosjektet *Klimarådgiving på gardsnivå* er eit nytt, viktig arbeid NLR er involvert i med siktet på å få etablert eit godt rådgivingstilbod for klimatiltak og klimatilpassing i jordbruket.

Departementet gjer framlegg om ei løvving på 84,5 mill. kroner for 2017, ein auke på 2 mill. kroner.

### **Underpost 77.15 Tilskott til kvalitetstiltak**

Ordninga skal bidra til å gjere norske jordbruksprodukt meir konkurransedyktige på heimemarknaden og på eksportmarknadene.

Formålet med framavlsarbeidet og det offentlege engasjementet i dette er å skaffe den norske potet- og grøtnæringa plantemateriale som er kontrollert for bestemte skadegjeraar, og med definerte eigenskapar tilpassa norske forhold. Formålet med å gi tilskott til statskontrollert settepoteavl er å stimulere til auka bruk av settepoter av høg kvalitet.

Departementet gjer framlegg om ei løvving på 51,86 mill. kroner i 2017 som er fordelt på følgjande tilskottsordningar:

Utvikling av plantemateriale – oppformering	35,36 mill. kroner
Kvalitetstiltak settepoteavl	7,50 mill. kroner
Handlingsplan for berekraftig bruk av plantevernmiddel	9,00 mill. kroner

### **Underpost 77.17 Tilskott til frukt lager**

Formålet med tilskottet til frukt lager er å fremje eit forpliktande samarbeid om felles lagring, sortering, pakking og omsetnad av frukt som bidreg til å sikre forbrukarane tilgang på norsk kvalitetsfrukt. Det blei ikkje gjort endringar i jordbruksoppgjeret.

Departementet gjer framlegg om ei løvving på 13 mill. kroner til ordninga i 2017.

## Post 78 Velferdsordningar, kan overførast

Underpost	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
78.11	Tilskott til avløysing for ferie/fritid	1 174 809	1 177 719	1 167 019
78.12	Tilskott til avløysing for sjukdom m.m.	164 858	167 700	158 400
78.14	Tilskott til sjukepengeordninga i jordbruket	88 000	88 000	73 000
78.15	Tilskott til landbruksvikarordninga	60 649	64 000	63 000
78.16	Tilskott til tidlegpensjonsordning for jordbrukarar	82 287	85 035	80 535
Sum post 78		1 570 602	1 582 454	1 541 954

### Budsjettframlegg 2017

#### **Underpost 78.11 Tilskott til avløysing for ferie/fritid**

Formålet med ordninga er å leggje til rette for at husdyrbrukarar skal kunne ta ferie og få ordna fritid og hjelp til avlasting gjennom å bidra til finansiering av leige av arbeidskraft.

Tilskottet blir rekna ut på grunnlag av satsar per dyr. Satsane er differensierte etter dyreslag, men avgrensa til eit maksimalt tilskott per føretak på 74 200 kroner. Det er eit krav i ordninga at det skal kunne dokumentarast faktiske kostnader til avløsing.

I jordbruksoppgjeret blei det ikkje gjort endringar i denne ordninga. Reduksjon i talet på føretak med husdyr gir ei innsparing på knapt 11 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løying på 1 167 mill. kroner for 2017.

#### **Underpost 78.12 Tilskott til avløysing for sjukdom m.m.**

Formålet med ordninga er å bidra til å finansiere avløsing på føretak med husdyrproduksjon, honningproduksjon eller heilårs veksthusproduksjon, og til føretak med planteproduksjon i onne-periodar. Finansieringa skal skje når brukaren på grunn av sjukdom eller andre særlege grunnar ikkje kan ta del i arbeidet på bruket.

Tilskottet til husdyrbrukarar blir fastsett ut frå utrekna maksimalt tilskott i ordninga med tilskott til avløysarutgifter for ferie og fritid. For veksthusprodusentar blir tilskottet fastsett ut frå veksthus-arealet. Ut frå dette grunnlaget blir det rekna ut

maksimale dagsatsar for tilskottet. Tilskottet blir gitt for faktiske utgifter til avløsing, opp til maksimal dagsats for det enkelte bruk.

I jordbruksoppgjeret blei dagsatsen auka frå 1 500 kroner til 1 530 kroner, tilsvarende 3,4 mill. kroner. Samstundes gir redusert bruk av ordninga ei innsparing på vel 12 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løying på 158,4 mill. kroner for 2017.

#### **Underpost 78.14 Tilskott til sjukepengeordninga i landbruket**

Den kollektive innbetalinga over jordbruksavtalen til sjukepengeordninga dekkjer NAV sine kostnader knytt til auke i sjukepengane frå 65 til 100 pst. av sjukepengegrunnlaget ved sjukdom utover 16 dagar. Tilskottet blir utbetalt av NAV til jord- og skogbrukarar som oppfyll dei generelle vilkåra for utbetaling av sjukepengar. Løvinga blir fastsett ut frå NAV si utbetaling over ordninga dei seinare åra. Midlane blir overførte sentralt til Folketrygda. Reduserte utbetalingar har gitt ei innsparing på 15 mill. kroner på ordninga.

Departementet gjer framlegg om ei løying på 73 mill. kroner til ordninga for 2017.

#### **Underpost 78.15 Tilskott til landbruksvikarordninga**

Formålet med landbruksvikarordninga er å sikre at primærprodusentane over heile landet har tilgang på arbeidshjelp når dei treng det ved akutt sjukdom eller i andre krisesituasjonar. Det er eit mål at ordninga vil nå eit omfang på 240 årsverk. Maksimal støtte per årsverk er 270 200 kroner.

I jordbruksoppgjernet blei det ikkje gjort endringar, men det er prognosert ei innsparing på 1 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 63 mill. kroner for 2017.

inntektene sine frå jordbruk/gartneri og skogbruk. Det er prognosert ein vidare reduksjon i talet på dei som får tilskott over ordninga, tilsvarande ei innsparing på 4,5 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 80,5 mill. kroner for 2017.

### **Underpost 78.16 Tilskott til tidlegpensjonsordninga for jordbrukarar**

Formålet med ordninga er å bidra til lettare generasjonsskifte for dei som har hatt hovuddelen av

### **Kap. 4150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.**

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
85	Marknadsordninga for korn		45	
	Sum kap. 4150		45	

#### **Formål med løyvinga**

Posten omfattar inntektene frå prisutjamningsbeløp på kraftfôrråvarer.

Ordninga har som formål å sikre tilnærma like konkurransevilkår mellom korn og andre råvarer i kraftfôr til husdyr. I jordbruksavtalen blir det rekna ut referanseprisar for protein og fett som gir om lag den same råvareprisen for energien i desse varene som for norsk korn. Råvarer som soyabønner blir ikkje pålagt toll når dei blir importert til Noreg som mat. Den delen av dette som blir brukt til produksjon av kraftfôr til husdyr blir då pålagt ei prisutjamning.

#### **Rapportering 2015**

Verdemarknadsprisane på soya og proteinråvarer har i lengre tid vore så høge samanlikna med priisen på norskprodusert korn at det ikkje blei gort prisutjamning i 2015 og 2016.

#### **Budsjettframlegg 2017**

I jordbruksoppgjernet ga prisendringane på norsk korn grunnlag for ein auka referansepris på soya 6,3 øre per kg.

Verdemarknadsprisane er framleis så høge at det likevel ikkje er prognosert prisutjamningsbeløp i 2017.

### **Kap. 1151 Til gjennomføring av reindriftsavtalen**

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
51	Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet	45 900	35 600	31 600
72	Tilskott til organisasjonsarbeid	6 100	6 100	6 100
75	Kostnadssenkande og direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	65 168	68 700	74 200
79	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	2 185	2 600	2 600
	Sum kap. 1151	119 353	113 000	114 500

## Formål med løvinga

Kapittelet omfattar løvingar til gjennomføring av reindriftsavtalen.

Reindriftsavtalen er, ved sida av reindriftslova, det viktigaste verkemiddelet for å følgje opp måla og retningslinene i reindriftspolitikken. I forhandlingane om reindriftsavtalen blir dei sentrale økonomiske verkemidla drøfta, mellom anna ut frå dei behova og utfordringane næringa til ei kvar tid står overfor.

For nærmere omtale av mål og strategiar i reindriftspolitikken, og resultata frå dei ulike tiltaka som sorterer under reindriftsavtalen, sjå omtale under kat. 15.30, Prop. 77 S (2015–2016) *Reindriftsavtalen 2016/2017* og Innst. 278 S (2015–2016). Nærare omtale av målsetjingane for dei enkelte ordningane på kapittelet går fram av budsjettframlegg for 2017.

## Tilpassing til økonomiregelverket i staten

Tilsvarande som for tilskottsforvaltninga under kap. 1150, er det også behov for tilpassingar til dei normale prosedyrane for ordningar under kap. 1151. Kostnadssenkande og direkte tilskott under post 75 og velferdsordningar under post 79 er baserte på fastsette kriterium. Ordningane utgjer ein del av avtalesystemet med fleire mål og ei rekke verkemiddel som verkar samstundes mot dei same måla. Resultatrapporteringa skjer difor samla basert på rapportering frå *Økonomisk utval for reindrifta* før dei årlege forhandlingane om reindriftsavtalen. Rapporteringa blir i tillegg supplert av vurderingsrapportar og statusnotat frå forvaltninga som grunnlag for å vurdere korleis dei enkelte ordningane verkar. For ordningane under postane 75 og 79 er det ikkje aktuelt å hente inn rapport frå tilskottsmottakarane.

Hovuddelen av tilskottsforvaltninga er delevert til Landbruksdirektoratet. Størsteparten av dei administrative kostnadene til forvaltning av tilskottsordningane blir direkte dekte innanfor løvingane over kap. 1142. For å kunne ha naudsynt fleksibilitet vil det likevel vere aktuelt å trekke nokre utviklings- og utgreiingskostnader på nokre av tilskottsordningane. Det same gjeld store evalueringar. På enkelte område skjer forvaltninga av tilskott gjennom Innovasjon Noreg (IN). I samband med dette har departementet klargjort ansvar og oppgåver for IN. Vidare er det på ein del område eit styre som forvaltar ordningar. Dette styret er partssamansett. Styret skal tildele tilskottsmidlar, mens Landbruksdirektoratet er sekretariat for styret.

## Rapportering 2015

Reindriftslova av 2007 skal gi grunnlag for ei god indre organisering og forvaltning av reindrifta. I tillegg skal reindriftsnæringa etter lova, gjennom internt sjølvstyre, sjølv spele ei aktiv rolle og ha ansvaret for at reindrifta er berekraftig. Eit sentralt verktøy i denne samanhengen er bruksreglane. Dei siste åra har styresmaktene sitt arbeid vore prega av bistand og tett oppfølging av næringa sitt arbeid med å utarbeide bruksreglar og oppfølging av vedtak om øvre reintal. Sjå kap. 1142 for nærmere omtale.

Tal frå rekneskapet i totalkalkylen viser ein nedgang i resultatoppnåinga frå 2013 til 2014. Det samla vederlaget for arbeid og eigenkapital er redusert frå 59,1 mill. kroner til 54,1 mill. kroner. Denne reduksjonen kjem i hovudsak av ein nedgang i erstatningane og ein auke i kostnadane. Førebelse tal viser ei meir positiv utvikling i 2015. Hovudårsaka til dette er ein auke i slakteuttaget og i gjennomsnittsprisen til reineigarar.

Marknadssituasjonen for reinsdyrkjøtt er god. Alt av kjøtt på lager er bortimot seld ved inngangen til sommaren 2016. I motsetning til i 2010 og 2011 inneber dette at reineigarane ikkje har problem med å få levert rein til slakteri.

## Budsjettframlegg 2017

Den 16. februar 2016 kom staten og Norske Reindriftsamers Landsforbund (NRL) fram til ein avtale for 2016/2017. Reindriftsavtalen for 2016/2017 har ei ordinær ramme på 114,5 mill. kroner. Dette er ein auke på 1,5 mill. kroner samanlikna med reindriftsavtalen 2015/2016.

Hovudmålet med reindriftsavtalen 2016/2017 er å legge til rette for å utvikle reindriftsnæringa som ei rasjonell marknadsorientert næring som er berekraftig i eit langsiktig perspektiv. I tråd med regjeringsplattforma blir tiltak som står opp om økologisk berekraft prioriterte. Gjennom arbeidet med fastsettjing av eit økologisk berekraftig reintal har det blitt mogleg å knyte saman verkemidla over reindriftsavtalen og reindriftslova. Dei to siste reindriftsavtalane har støtta opp om dei som har følgt opp vedtaka om reduksjon, mens dei som ikkje har følgt reduksjonskrava ikkje har vore i posisjon til å få tilskott. Dei produksjonsretta tilskotta har blitt prioriterte føre tilskott som ikkje direkte stimulerer til auka slakting og omsetnad. Også innanfor Reindriftens utviklingsfond (RUF) er tiltak som legg til rette for auka slakting og omsetnad blitt prioritert. Særleg bør auken av kalvelslaktet tilskottet trekkjast fram. Uttak av kalv redu-

serer presset på vinterbeita og med det tapa gjennom vinteren. Auka uttak av kalf bidreg også til auka produktivitet fordi tilveksten på kalf er større enn tilveksten på større dyr.

Den framforhandla avtalen forsterkar ytterlegare den næringsretta merksemda, og står opp om forvaltninga av reindrifta som ei næring. Ved at avtalen legg til rette for auka slakting og omsetnad av reinsdyrkjøtt i alle ledd i verdikjeda, gir avtalen grunnlag for ei positiv utvikling og auka innstening hos den enkelte reineigaren. Samstundes underbyggjer den framforhandla avtalen den dreininga ein har hatt i reindriftsavtalen sine verkemiddel dei siste åra, med ei tilrettelegging for dei reindriftsutøvarane som har reindrift som hovudverksamhet. Dette er i tråd med komiteen sin fleirtalsmerknad i samband med Stortingets handsaming av reindriftsavtalen 2016/2017, jf. Innst 277 S. (2015–2016).

Departementet gjer framlegg om løvningar under kap. 1151 for 2017 i samsvar med Stortinget si handsaming av reindriftsavtalen for 2016/2017, jf. Innst. 277 S (2015–2016). I omtalen av dei enkelte postane er det gjort kort greie for formål og innhald i dei ulike ordningane. Nærare omtale finst i Prop. 77 S (2015–2016) *Reindriftsavtalen 2016/2017 og endringer i statsbudsjettet 2016 m.m.* og Innst. 277 S (2015–2016).

### **Post 51 Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet**

Reindriftas Utviklingsfond (RUF) skal gjennom bruk av økonomiske verkemiddel bidra til å ut-

vikle reindriftsnæringa i samsvar med dei reindriftspolitiske måla. Frå fondet blei det gjort følgjande avsetningar:

- 1,45 mill. kroner til konfliktførebyggjande tiltak,
- 5,50 mill. kroner til Utviklingsprogrammet
- 2,00 mill. kroner til vidareføring av fagbrevordninga,
- 4,00 mill. kroner til ulike marknadsføringstiltak,
- 3,20 mill. kroner til pramming av rein,
- 0,25 mill. kroner til lærings- og omsorgsbaserte tenester
- 0,60 mill. kroner til drift av nytt klassifiseringssystem
- 1,00 mill. kroner til fjerning av gammalt gjerde materiell m.m.
- 0,50 mill. kroner til reindriftsfagleg medverkanad i regional forvaltning
- 1,50 mill. kroner til utvikling av NRL som organisasjon

Avsetningane frå RUF utgjer samla 31,6 mill. kroner. Dette er ein reduksjon på 4,0 mill. kroner samanlikna med Reindriftsavtalen 2015/2016.

### **Post 72 Tilskott til organisasjonsarbeid**

Dei store utfordringane reindriftsnæringa står overfor krev ei aktiv deltaking frå næringa sjølv. Organisasjonstilskottet til Norske Reindriftsamers Landsforbund (NRL) er sett til 6,1 mill. kroner, av dette 200 000 kroner til HMS-tiltak i reindrifta.

### **Post 75 Kostnadssenkande og direkte tilskott, kan overførast**

		(i 1 000 kr)		
Underpost	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
75.11	Frakttilskott	1 743	3 000	2 500
75.12	Tilskott til driftseiningar og tamreinlag	52 702	55 400	61 300
75.13	Distrikts tilskott	10 723	10 300	10 400
	Sum post 75	65 168	68 700	74 200

Tilskotta skal bidra til å fremje berekraft, kvalitet og produktivitet i reindrifta, heve inntekta og verke utjamnande mellom einingar i næringa. Departementet gjer framlegg om ei samla løvning under posten på 74,2 mill. kroner for 2017, jf. omtalen nedanfor.

#### **Underpost 75.11 Frakttilskott**

Formålet med frakttilskottet er å bidra til å jamne ut prisane på reinsdyrkjøtt til reineigarane i ulike distrikt og å bidra til konkurransen og auka slakting og omsetnad av reinsdyrkjøtt. Tilskottet skal

også bidra til meir slakt av rein før innflytting til haust- og vinterbeite. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 2,5 mill. kroner.

#### **Underpost 75.12 Tilskott til siidaandelar og tamreinlag**

Dette tilskottet er inndelt i følgjande ordningar:

**Produksjonspremie:** Formålet med produksjonspremien er å premiere innsats, produksjon og vidareforedling i næringa. Produksjonspremien til siidaandelane blir rekna med 37 pst. av avgiftspliktig sal av kjøtt og biprodukt frå rein. Viðare blir det utbetalt produksjonspremie for andre avgiftspliktige inntekter frå vidareforedla produkt frå reinen. Det blir ikkje utbetalt produksjonspremie for avgiftspliktig inntekt som overstig 0,6 mill. kroner per siidaandel og 1 mill. kroner per tamreinlag. Produksjonspremien blir utbetalt til eigaaren av siidaandelen. For tamreinlaga vil årsrekneskapen danne grunnlaget for utrekninga av produksjonspremien. Det er sett av 29,5 mill. kroner til produksjonspremien.

**Etableringstilskott:** Ordninga med tilskott ved overdraging av siidaandel blir vidareført med ein sats på 80 000 kroner det første året, deretter blir satsen sett til 65 000 kroner dei to påfølgjande åra. Det er sett av 1,9 mill. kroner til etableringstilskott.

**Særskilt driftstilskott til ungdom:** Det blir gitt eit særskilt driftstilskott på 25 000 kroner til leiar av siidaandelar som er under 30 år per 1. januar 2017. Der er sett av 1,4 mill. kroner til ordninga med særskilt driftstilskott til ungdom.

**Kalveslaktetilskott:** Satsen for tilskottet er 475 kroner per kalv. Det er sett av 26,6 mill. kroner til ordninga med kalveslaktetilskott.

**Ektefelletillegg:** Ordninga med tillegg til siidaandelar der begge ektefellane eller sambuarane utøver aktiv reindrift er fastsett med ein sats på 30 000 kroner. Det er sett av 1,6 mill. kroner til ordninga med ektefelletillegg.

Samla blir det gjort framlegg om ei løyving på 74,2 mill. kroner.

#### **Underpost 75.13 Distriktstilskott**

Formålet med distriktstilskottet er å bidra til at reinbeitedistrikta skal kunne ta auka ansvar for utvikling av næringa i ei berekraftig retning. Dette inneber å få talet på rein i balanse med beitegrunnlaget, sikring av areala til reindrifta, auka lønsemd og tilrettelegging for kriseberedskap.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 10,4 mill. kroner.

#### **Post 79 Velferdsordningar**

Det er sett av 1,0 mill. kroner til ordninga med tidlegpensjon. Satsen for einbrukarpensjon er 100 000 kroner per år, og to brukarpensjon er sett til 160 000 kroner. Posten omfattar ordninga med medlemsavgift til folketrygda og sjukepengeordninga. Det gjeldande regelverket og dei gjeldande satsane blir ført vidare.

Det er sett av 1,0 mill. kroner til ordninga med særskilt tilskott for leigd hjelp ved svangerskap/fødsel. Tilskottet skal bidra til å styrke stillinga til kvinner i reindrifta. Det gjeldande regelverket og dei gjeldande satsane blir ført vidare.

Det er sett av 0,6 mill. kroner til sjukepengeordninga. Den kollektive innbetalingera over reindriftsavtalen til sjukepengeordninga dekkjer tilleggspremien for ein auke av sjukepengane frå 65 pst. til 100 pst. av inntektsgrunnlaget for sjukdom utover 16 dagar. Fødselspengar blir også gitt med 100 pst. av inntektsgrunnlaget. Løyvinga er rekna ut med utgangspunkt i samla næringsinntekt for dei utøvarane i reindrifta som går inn under ordninga. Midlane blir overførte sentralt til folketrygda.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 2,6 mill. kroner.

### **Kap. 1161 Myndighetsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver på statsgrunn**

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
70	Tilskott til Statskog SFs myndighetsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver	13 912	14 215	14 215
75	Tilskott til oppsyn i statsalmenningar	9 939	10 156	10 156
	Sum kap. 1161	23 851	24 371	24 371

## **Post 70 Tilskott til Statskog SFs myndighetsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver**

### **Formål med løyinga**

Posten omfattar tilskott til Statskog SF sitt arbeid med dei oppgåvene som er omtalte i avtalen mellom Statskog SF og Landbruks- og matdepartementet om delegerte myndighetsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver.

Statskog SF skal sørge for at dei rettane bruksrettshavarar og andre har på eigedommane blir sikra i samsvar med lover, forskrifter og politiske retningslinjer. Føretaket skal arbeide for ei areal- og ressursdisponering som er tenleg for samfunnet, for dei distrikta der eigedommane ligg og for staten som eigar. Innanfor skogbruket følgjer oppgåvene av lov om skogsdrift i statsallmenningar, og oppgåvene er særleg knytte til utvising av virke i statsallmenningar til dekking av bruksrettar. I tillegg inngår arbeid med salsvirke til inntekt for allmenningsfonda.

Vidare utfører Statskog SF offentlegretslege oppgåver der føretaket handlar som offentleg styresmakt, handsamar saker og gjer vedtak i samsvar med fjellova og lov om skogsdrift mv. i statsallmenningarne. Statskog SF sine utgifter til tilskottsforvaltninga for post 75 Oppsyn i statsallmenningar blir også dekte av denne posten.

I tillegg til dei lovpålagde oppgåvene har Statskog SF ei rekke oppgåver som har grunnlag i pålegg og retningsliner frå departementet. Statskog SF skal vere til stades på eigedommane og ha oppsyn og kontakt med brukarar av areala. Statskog SF har eit eige feltapparat for naturopsyn og forvaltning av statleg grunn i Nordland og Troms. Tenesta skal gjennom informasjon og rettleiing, overvaking, skjøtsel og tilrettelegging bidra til å sikre naturverdiar og bevaring av biologisk mangfald. Fjelltenesta sel tenester til fleire oppdragsgivarar, mellom anna miljøvernstyresmaktene. Statskog SF har inngått ein samarbeidsavtale med Statens naturopsyn (SNO) om at Fjelltenesta skal utføre offentlegretsleg naturopsyn for SNO.

Statskog SF skal legge til rette for at folk flest skal kunne drive eit aktivt friluftsliv på føretaket sine areal. Som ledd i dette arbeidet held føretaket opne husvære i fjellet, merkjer stiar og løyper og byggjer og driv vedlikehald av bruer, klopper, rasteplassar og fiskebrygger. Tiltaka har ofte innslag av kulturminnevern. Statskog SF har eit nært samarbeid med miljøvern-, landbruks- og helsestyresmakter og dei frivillige organisasjonane i dette arbeidet.

### **Rapportering 2015**

På post 70 er det i 2015 rekneskapsført 13,912 mill. kroner, som er i samsvar med løyvinga. Rekneskapen viser at det er nytta 2,1 mill. kroner på skogbruksverksemd i statsallmenningane i 2015. Dette er litt høgare enn året før. Om lag 33 000 m<sup>3</sup> tømmer og ved er utvist til bruksrettshavarane eller seld til inntekt for allmenningsfonda. Samla utgjer avverka kvantum i 2015 om lag 60 pst. av balansekvantumet. Det blei brukt i underkant av 0,2 mill. kroner til offentlegretslege oppgåver der føretaket har handla som offentleg styresmakt. Dette er mindre enn frå året før, og kjem mellom anna av at det har vore færre klagesaker.

Vidare viser rekneskapen at det i 2015 blei brukt 5,5 mill. kroner til oppsyn, og dette er om lag på same nivå som året før. Oppsynet rettar seg mot førebyggjande verksemd, ordinært oppsyn, vedlikehald og skjøtsel av areala. I 2015 har oppsynet vore meir til stades i oppsynsområdet enn i 2014.

Til arbeidet med friluftsliv blei det i 2015 brukt om lag 5,3 mill. kroner, ein nedgang på om lag 0,6 mill. kroner samanlikna med 2014. Tiltaka er utførte i samsvar med føretaket sin eigen *Handlingsplan for friluftslivet 2013–2015*. I 2015 har Statskog SF mellom anna arbeidd med å markere friluftslivets år.

### **Grunneigarfondet**

Statskog SF har ansvaret for forvaltninga av grunneigarinntektene frå statsallmenningane. Inntektene går inn på eit eige fond, Grunneigarfondet. Hovuddelen av inntektene er frå festekontraktar i statsallmenningane, i tillegg kjem inntekter frå fallrettar, eigedomsutvikling og andre grunndisponeringstiltak. Bruken av Grunneigarfondet er regulert i § 12 i fjellova. Inntektene skal nyttast til dekning av utgifter til administrasjon av statsallmenningane og til stønad til ein fellesorganisasjon for fjellstyrta (Noregs Fjellstyresamband). Fondet skal også nyttast til tiltak i statsallmenningsane, med siktet på verdiskaping og lønsame arbeidsplassar. Slike tiltak skal gjennomførast i samråd med Noregs Fjellstyresamband.

Behaldninga i Grunneigarfondet var per 31.12.2015 på 9 mill. kroner. Dette er ein auke på 0,9 mill. kroner samanlikna med 2014. Inntektene var på 23,7 mill. kroner, og kostnadene på 23,3 mill. kroner. Resultatet for 2015 var på 0,6 mill. kroner. Økonomien i Grunneigarfondet er viktig for omfanget av og kvaliteten på Statskog SF sin admini-

strasjon og forvaltning og føretaket si moglegheit for å bruke midlar til tiltak. Tilskottet til Noregs Fjellstyresamband er 2,6 mill. kroner for 2016 og 2,7 mill. kroner for 2017.

Allmenningsfonda var per 31.12.2015 på 88,6 mill. kroner. Fonda skal saman med avsett skogfond på opp mot 1 mill. kroner nyttast til investeringar i skogbruket i den enkelte allmenningen.

## Budsjettframlegg 2017

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 14,215 mill. kroner.

Statskog SF sine oppgåver knytte til skogbruk i statsallmenningar omfattar planlegging og gjennomføring av arbeidet med utvising av virke til dei med bruksrett, skogbruksplanar, miljøregisteringar i skog, landskapsplanar med vidare.

Det vil også i 2017 vere behov for å føre tilsyn med Statskog SF sine areal for å ivareta staten sine rettar som grunneigar. Fjelltenesta tek dette i vare på statsgrunn i Nordland og Troms gjennom oppsyn, nærvær og brukarkontakt.

Statskog SF skal i 2017 halde fram med å legge til rette for allmenta si bruk av og tilgang til areala. Innsatsen skal i hovudsak rettast mot kvalitetssikring og vedlikehald av eksisterande anlegg og tilbod som fremjar sikkerheit for og vern av kulturminne, og informasjon om tilboda. Det er behov for vedlikehald av opne husvære for allmenta. Mange av desse blei tidlegare nytta i næringsverksemد, og er viktige kulturelement som bør haldast i stand så langt som mogleg. Statskog SF er no i ferd med å selje ein del av desse husværa, men det vil framleis vere utfordringar knytt til vedlikehald av damanlegg, husvære o.a. som treng opprusting. Departementet ber Statskog SF halde fram med å samarbeide med andre aktørar for å bidra til merksemد retta mot friluftsliv og dei store moglegheitene allmenta har til å drive friluftsliv i statsallmenningane og på anna statsgrunn.

Statskog må også i 2017 prioritere arbeid med forvaltningsplanar for Statens kulturhistoriske eigedommar (SKE).

## Post 75 Tilskott til oppsyn i statsallmenningane

### Formål med løyvinga

Posten dekkjer tilskott til dei oppsynsordningane fjellstyrha har i statsallmenningane i samsvar med § 36 i fjellova. Fjellstyrha kan tilsetje oppsynsmenn til å føre tilsyn med statsallmenningen.

Oppsynsmenn blir lønte av fjellkassa. Når tilsettinga av oppsynsmenn er skjedd i samsvar med oppsynsordninga som departementet har godkjent og innanfor årlege budsjett, har fjellstyra krav på å få refundert halvparten av lønsutgiftene frå denne posten. Ordninga skal legge til rette for å ivareta samfunnsinteresser, oppsyn og tilrettelegging der staten som grunneigar har eit spesielt ansvar. Fjellstyret gir ein instruks for oppsynstenesta, som blir godkjend av Statskog SF. Forvaltninga av tilskottsordninga er delegert til Statskog SF.

Statsallmenningane i Sør- og Midt-Noreg utgjer om lag 27 mill. dekar, tilsvarande 11 pst. av alt utmarksareal i Noreg. Dette er viktige område for rekreasjon og lokal næringsutvikling. Fjeloppsynt har til oppgåve å bidra til berekraftig bruk av statsallmenningane. Dei skal førebyggje miljøkriminalitet og bidra til at offentlegretslege vedtak blir overhaldne, utføre oppgåver for grunneigaren (Statskog SF) m.m. Som eit ledd i dette arbeidet driv fjeloppsynt informasjon, tilrettelegging, skjøtsel, naturovervakning og kontroll. Oppsynsmenn kan bli gitt politifullmakt etter politilova § 20.

## Rapportering 2015

I 2015 blei det vel 9,9 mill. kroner i tilskott til fjellstyrha for oppsynsordningane i statsallmenningane. Statskog SF har fordelt midlane på grunnlag av fjellstyrha sine budsjett, rekneskap og rapportering og etter ein nøkkel som mellom anna tilgodeser små fjellstyre. 66 av 94 fjellstyrer mottek tilskott. Noko under halvparten av tilskottet er brukt på feltarbeid knytt til oppsyn og skjøtsel, mens dei resterande midlane er brukte til sakshandsaming og anna innearbeid som gir rett til tilskott. For 2015 er det rapportert om i underkant av 7 000 kontollar. Det er knytt noko usikkerheit til tala, då rapporteringa ikkje har vore heilt lik frå år til år. Det er rapportert om 118 ulovlege forhold. Dette er ein nedgang frå 2013, og svært lågt samanlikna med situasjonen tidleg på 2000-talet.

## Budsjettframlegg 2017

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 10,156 mill. kroner. Fjeloppsynt utgjer i dag om lag 60 årsverk, og av dette er det 43 årsverk som utløyser rett på tilskott. Løyvinga på posten gir grunnlag for eit synleg oppsyn i statsallmenningane og rom for vidare tilrettelegging for friluftslivet.

Oppsyn i statsallmenning skjer både gjennom fjelloppsynet og det offentlegrettslege oppsynet Statens naturoppsyn driv. Fjelloppsynet si lokale forankring og kunnskap er eit viktig bidrag i det

samla oppsynet. Det er naudsynt med eit godt samarbeid mellom fjelloppsynet og Statens naturoppsyn.

## Kap. 4162 Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
90	Avdrag på lån	34 074	10 000	25 000
	Sum kap. 4162	34 074	10 000	25 000

### Post 90 Avdrag på lån

#### Budsjettframlegg 2017

Under posten blir det ført inntekter frå avdrag på det statlege lånet Statskog SF fekk i samband med oppkjøpet av Borregaard Skoger AS, Borregaard

Vafos AS og Børresen AS frå Orkla ASA, jf. Prop. 11 S (2010–2011) *Kapitalforhøyelse og statlig lån til Statskog SF*. Etter avtalen mellom Statskog SF og Landbruks- og matdepartementet er minimumsavdraget på 10 mill. kroner. Med utgangspunkt i føretakets nedbetalingsplan er venta avdrag i 2017 sett til 25 mill. kroner.

## Kap. 5576 Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
70	Forskinsavgift på landbruksprodukt			150 000
71	Totalisatoravgift	137 645	125 000	135 000
	Sum kap. 5576	137 645	125 000	285 000

### Post 70 Forskinsavgift på landbruksprodukt

Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt blei oppretta i medhald av lov av 26. juni 1970 om forskingsavgift på visse landbruksprodukt. I tråd med lova er formålet å sikre økonomisk grunnlag for forsking på landbruksprodukt som blir nytta til å framstille nærings- og nytingsmiddel og på fôrkorn til husdyr. Frå og med 2017 er midlane tekne inn i Statsbudsjettet. Inntektsposten har ein motsvarande utgiftspost under kap. 1137, post 54.

Det er usikkerheit knytt til dei endelige inntektene frå forskingsavgifta på landbruksprodukt, og departementet gjer difor framlegg om ein meir-

inntektsfullmakt mellom kap. 5576, post 70 og kap. 1137, post 54, jf. framlegg til vedtak II.

### Post 71 Totalisatoravgift

Under posten blir det ført inntekter frå avgift på totalisatorspel.

I 2015 var den samla omsetnaden på totalisatorspel 3 727 mill. kroner. Dette var 2,1 pst. høgare enn året før. For 2017 er det budsjettert ut frå ein samla omsetnad på om lag 3 650 mill. kroner. Departementet gjer framlegg om ei løyving under posten på 135 mill. kroner. Det er i framlegget lagt til grunn ein uendra avgiftssats på 3,7 pst. av omsetnaden.

## Programkategori 15.40 Forretningsdrift

Inntekter under programkategori 15.40 fordele på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert		Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
			budsjett	2016		
5651	Aksjar i selskap under Landbruks- og matdepartementet	33 150	5 000		-100,0	
5652	Statskog SF – renter og utbytte	56 745	24 500	18 060	-26,3	
	Sum kategori 15.40	89 895	29 500	18 060	-38,8	

### Kap. 5651 Aksjar i selskap under Landbruks- og matdepartementet

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert		Forslag 2017
			budsjett	2016	
85	Utbytte		33 150	5 000	
	Sum kap. 5651		33 150	5 000	

### Post 85 Utbytte

Landbruks- og matdepartementet forvalta fram til 31.12.2015 staten sin eigardel i Veterinærmedisinsk oppdragssenter AS (VESO). Dette ansvaret er frå 1.1.2016 overført til Nærings- og fiskeridepartementet, jf. omtale i Prop. 122 S (2015–2016) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2016*. Det bokførte utbyttet for 2015 på 33,130 mill. kroner kjem i sin heilskap frå VESO, og er nærmare omtalt i Prop. 26 S (2015–2016) *Endringar i statsbudsjettet for 2015 under Landbruks- og matdepartementet*.

### Graminor AS

Graminor AS driv planteforedling, sortsrepresensasjon og oppformering for å sikre at norsk jord- og hagebruk får tilgang på klimatilpassa, variert og sjukdomsfritt plantemateriale. Selskapet tek imot lisens- og foredlaravgift ved omsetnad av sjukdomsfritt plantemateriale i marknaden, forskingsmidlar frå jordbruksavtalen og tilskott, jf. omtale under kap. 1150, post 77.

Staten eig 34 pst. av aksjane i selskapet. Av dette forvaltar departementet 28,2 pst., mens Norsk institutt for bioøkonomi forvaltar 5 pst. og Noregs miljø- og biovitkskaplege universitet 0,8 pst. Dette skal sikre eigar- og samfunnsinteresene i planteforedling og oppformering av plantemateriale i Noreg.

Graminor AS hadde i 2015 ein omsetnad på 62 mill. kroner og eit resultat etter skatt på 1,8 mill. kroner. Det blei ikkje utbetalt utbytte for 2015.

Graminor AS har utarbeidd ein strategi for verksemda, og den er lagt til grunn for budsjettet for 2017. I strategien blir verksemda skissert som ei forretningsmessig verksemrd basert på planteforedling, representasjon og prebasisproduksjon og planteforedling på vegne av staten. I strategien til verksemda er det lagt til grunn ein langsiktig utbyttepolitikk basert på stabilitet og på at ein stor del av det årlege overskottet skal haldast tilbake til finansiering av planteforedlingsaktivitet. Det blir difor ikkje budsjettert med utbetalt utbytte i 2017.

Staten kategoriserer selskapa i den direkte eigarskapen basert på staten sitt mål med eigarskapen. Dette har bidrige til å tydeleggjere staten sitt mål med eigarskapen i det enkelte selskapet. Staten sin eigarpost i Graminor AS har ikkje tidlegare vore plassert i ein av dei fire kategoriene, men blir no plassert i kategori 4 der staten har sektorpolitiske målsetjingar med eigarskapen. Dette er i tråd med målet med staten sitt eigarskap i selskapet, som er å sikre at norsk jord- og hagebruk får tilgang på klimatilpassa, variert og sjukdomsfritt plantemateriale.

### **Instrumenttjenesten AS**

Instrumenttjenesten AS blei etablert i 1991 for å levere datatenester til seks forskingsinstitusjonar som også var eigarar. Kundeforholdet til eigarane blei i 2010 overført til ITAS Eierdrift AS. Instrumenttjenesten AS leverer tenester, system og utstyr til forskingsinstitusjonar, næringsliv og forvaltning for bruk innanfor miljøovervaking, meteorologi, hydrologi og geoteknikk. Statens formål med eigarskapen er å leggje til rette for effektiv forsking og utvikling i sektoren. Staten eig heile selskapet. Verksemder under Landbruks- og matdepartementet forvaltar 60 pst. av aksjane, mens verksemder under Kunnskapsdepartementet forvaltar dei resterande 40 prosentane. Instrumenttjenesten AS hadde i 2015 ein omsetnad på 26,4 mill. kroner og eit resultat etter skatt på 1,3 mill. kroner. Det blir ikkje budsjettert med utbetalt utbytte i 2017.

### **ITAS Eierdrift AS**

ITAS Eierdrift AS blei etablert i 2009 og driftar sentrale datasystem og system og utstyr for klimamålingar for eigarane. Slike tenester blei før 2010 utført av Instrumenttjenesten AS. Staten eig heile selskapet. Verksemder under Landbruks- og matdepartementet forvaltar 76 pst. av aksjane, mens verksemder under Kunnskapsdepartementet forvaltar dei resterande 24 prosentane. ITAS Eierdrift AS hadde i 2015 ein omsetnad på 7,7 mill. kroner og eit årsresultat etter skatt på 0,05 mill. kroner. Det blir ikkje budsjettert med utbetalt utbytte i 2017.

### **Kimen Såvarelaboratoriet AS**

Kimen Såvarelaboratoriet AS er eit lite selskap med ein omsetnad på om lag 11 mill. kroner og der staten eig 51 pst. av aksjane. Dei to andre eigarane, Felleskjøpet Agri BA og Strand Unikorn AS,

eig 34 og 15 pst. Innskottet til staten ved etableringa var 4,08 mill. kroner. Felleskjøpet Agri BA og Strand Unikorn AS har skote inn 2,72 og 1,2 mill. kroner.

Staten kategoriserer selskapa i den direkte eigarskapen basert på staten sitt mål med eigarskapen. Dette har bidrige til å tydeleggjere staten sitt mål med eigarskapen i det enkelte selskapet. Staten sin eigarpost i Kimen Såvarelaboratoriet AS har ikkje tidlegare vore plassert i ein av dei fire kategoriene, men blir no plassert i kategori 4 der staten har sektorpolitiske målsetjingar med eigarskapen. Dette er i tråd med målet med staten sitt eigarskap i selskapet, som er å drive såvareanalysar av frø og såkorn for å sikre at den norske såvarebransjen får utført dei naudsynte produksjons- og forvaltningsanalysar som er fastsett i forskriftene for såvare, floghavre, plantehelse og planteproduksjonsområdet. Selskapet har også som mål å halde oppe eit nasjonalt kompetansesenter og fagmiljø innan såvareanalysar og å drive verksemd innan område som grensar opp til dette.

Staten sitt innskott i selskapet er ikkje gjort av forretningsmessige grunnar, og det er difor ikkje sett nærmare avkastningskrav eller utvikla ein utbyttepolitikk for selskapet. Selskapet er på fleire område einaste tilbydar i den norske marknaden og det er ikkje ønskjeleg at høge prisar på tenestene reduserer talet på analysar. Statens formål med eigarskapen i selskapet er, saman med dei to mest sentrale aktørane innan såvaremarknaden, å bidra til at det finnест eit selskap som fyller selskapet sitt formål. Statens formål vil også vere å sjå til at prisar på tenestene er rimelege samanlikna med kostnadene samstundes som at selskapet har ein tilstrekkeleg solid økonomi til å tote variasjonar i etterspørselet etter tenestene.

Venta framtidig reduksjon i oppdragsmengda gjer også at det bør førast ein forsiktig utbyttepolitikk, slik at selskapet har ein eigenkapital som gir moglegheit for omstilling.

### **Staur gård AS**

Staur gård AS har ansvar for å drive eigedommen Staur i Stange. Eigedommen er eigd av staten, og forholdet mellom staten som eigar og selskapet som leigetakar av eigedommen er regulert i eigen leigeavtale frå 2013. Staur gård AS har eit sektorpolitisisk ansvar for å leggje til rette for forskings- og forsøksverksemd i jordbrukssektoren og å drive eigedommen på ein best mogleg måte. Av dei viktigaste funksjonane på garden er teststasjonen for storfe, seminstasjonen for sau og korn- og plante-

forsøk i regi av Graminor AS. Selskapet driv også gjestegarden på Staur, som særleg er retta mot lokale og nasjonale samfunnsinstitusjonar. Eigendommen Staur gård AS driv, er spesiell og eignarta, og hagen, parkanlegget og fleire bygningar er freda av Riksantikvaren. Selskapet har til oppgåve å drive eigedommen på ein rasjonell måte innanfor ramma av desse omsyna.

Selskapet hadde i 2015 ein omsetnad på 10,2 mill. kroner og eit driftsmessig underskott på om lag 558 000 kroner. Selskapet sin eigenkapital er

no nede på eit kritisk nivå. 2016 ser også ut til å bli eit krevjande år. Departementet følgjer utviklinga i selskapet tett.

Staten kategoriserer selskapa i den direkte eigarskapen basert på staten sitt mål med eigarskapen. Dette har bidrege til å tydeleggjere staten sitt mål med eigarskapen i det enkelte selskapet. Staten sin eigarpst i Staur gård AS har ikkje tidlegare vore plassert i ein av dei fire kategoriane, men blir no plassert i kategori 4, der staten har sektorpolitiske målsetjingar med eigarskapen.

## Kap. 5652 Statskog SF – renter og utbytte

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
80	Renter	4 645	4 500	2 060
85	Utbytte	52 100	20 000	16 000
	Sum kap. 5652	56 745	24 500	18 060

### Mål og strategiar

Statkog SF forvaltar om lag ein femdel av landarealet i Noreg. Statkog SF er den største skog-eigaren i landet med om lag 7 pst. av det samla skogarealet. Resten er fjell- og utmarksareal, for det meste i Troms og Nordland. I Sør-Noreg er ein stor del av arealet (om lag 27 000 km<sup>2</sup>) statsallmenning, der lokalbefolkinga har ulike bruksrettar slik som tømmer, ved og beite.

Statkog SF er med sin kompetanse og si erfaring innanfor skog- og utmarksområdet, ein sentral aktør i ei berekraftig forvaltning av dei norske skog- og utmarksressursane. Føretaket er også viktig for å løyse oppgåver knytte til skog- og utmarksspørsmål. Statkog SF skal ut frå vedtekten forvalte, drive og utvikle statlege skog- og fjelleigedommar med tilhøyrande ressursar, det som står i samband med dette og anna naturleg tilgrensande verksemnd. Innanfor ramma av målsetjinga kan Statkog SF også drive andre eigedommar og yte andre former for tenester. Statkog SF skal legge vekt på å oppnå eit tilfredsstillande økonomisk resultat, drive aktivt naturvern og ta omsyn til friluftsinteresser. Ressursane skal utnyttast balansert.

Skogbruk er det viktigaste forretningsområdet til Statkog SF. Etter kjøpet av skogeigedomane frå Orkla ASA, jf. Prop. 11 S (2010–2011) *Kapitalforhøyelse og statlig lån til Statkog SF*, har

den samla hogsten til Statkog SF auka frå om lag 150 000 m<sup>3</sup> til 400 000 m<sup>3</sup> per år. Statkog har som mål å utnytte skogproduksjonen som grunnlag for verdiskaping og høge skogverdiar, og føretaket har ambisjon om å vere den dyktigaste industrielle skogeigaren i landet. Skogbruket i Statkog SF rettar seg mellom anna etter Norsk PEFC Skogstandard for eit berekraftig skogbruk.

Departementet si styring, oppfølging og kontroll av Statkog SF

Departementet si styring og kontroll av Statkog SF følgjer reglane i lov om statsføretak og vedtekten til føretaket. Alle avgjerder frå eigaren som er bindande for føretaket sitt styre, skjer som vedtak i føretaksmøte. Det ordinære føretaksmøtet i Statkog SF er i juni, og utover dette blir det kalla inn til ekstraordinært føretaksmøte ved behov.

Spørsmål om korleis føretaket handsamar myndigheita som er delegert gjennom fjellova og allmenningslova, ligg utanfor sjølv eigarstyringa, og blir handtert gjennom eigne kontaktmøte og tildelingsbrev, jf. kap. 1161.

Departementet har kontakt med og får informasjon frå føretaket i aktuelle saker. For å styrke eigarstyringa blei det i 2011 innført regelmessige kontaktmøte mellom departementet og Statkog SF knytt til mellom anna Statkog SF si framleg-

ging av kvartalsresultat. Økonomien i verksemda og viktige hendingar blir gjennomgått på kontaktmøta og på ordinært føretaksmøte.

Landbruks- og matdepartementet sine forventingar til Statskog SF er tekne inn i Prop. 1 S (2015–2016).

#### Vidareføring og utviding av arronderingssalet frå Statskog SF

Arronderingssalet, som er ein del av oppfølginga av Statskog SF sitt skogkjøp i 2010, jf. Prop. 11 S (2010–2011), kom i gang i 2011. Salet omfattar spreidde skogeigedommar på om lag 600 000 dekar som Statskog SF eigde før 2010, og skal etter planen vere gjennomført innan 2017. Fram til hausten 2016 er det seld 187 eigedommar som til saman utgjer 400 000 dekar fordelt på 75 kommunar i 16 fylke. 70 pst. av eigedommene er selde til lokale kjøparar, mens 20 pst. er selde til kommunar og til Miljødirektoratet. Konsesjonshandtering står alt for nokre av eigedommene.

Regjeringa vil styrke det private skogbruket ved å selje areal frå Statskog SF tilsvarende det Statskog SF har kjøpt dei siste åra, jf. Sundvoldenerklæringa. Som ei oppfølging av dette, vedtok det ekstraordinære føretaksmøtet i Statskog SF i oktober 2014 å undersøke ulike modellar for organisering og privatisering av Statskog SF si skogverksemd. Utgreiinga omfattar ei vidareføring og eventuelt også ei utviding av arronderingssalet. Utgreiinga skulle også kartlegge korleis allmentas tilgang og vilkår for jakt, fiske og friluftsliv kunne påverkast av privatisering og korleis ein kan sikre at dette ikkje blir därlegare. Statskog SF sin rapport frå utgreiinga blei lagt fram for ekstraordinært føretaksmøte i mars 2015, og er sidan offentleggjort.

Utgreiinga frå Statskog SF konkluderte med at det kan vere fornuftig å auke arronderingssalet med 150 000 dekar utover det pågående salet på om lag 600 000 dekar som blei sett i gang av Regjeringa Stoltenberg i 2011. Dette vil betre føretaket sin eigedomsstruktur og samstundes bidra til å styrke det private skogbruket.

I ekstraordinært føretaksmøte i januar 2016 blei det opna for at Statskog SF kan utvide det på-

gåande arronderingssalet med inntil 150 000 dekar der dette gir arronderingsgevinst for føretaket. Føretaket har innarbeidd ei slik utviding i sine planar, der det er lagt opp til at salet vil halde fram til 2020.

#### Rapportering 2015

Resultatet etter skatt var på 27,068 mill. kroner i 2015. Resultatet er 103 mill. kroner lågare enn i 2014, noko som i hovudsak kjem av vesentleg lågare eingongsinntekter frå skogvern, ekstraordinære nedskrivningar av energiprosjekt og noko lågare avverking.

#### Post 80 Renter

I samband med at Statskog SF kjøpte selskapa Borregaard skoger AS, Borregaard Vafos AS og Børresen AS frå Orkla ASA, fekk føretaket eit statleg lån på 475 mill. kroner, jf. Prop. 11 S (2010–2011). I 2015 blei det betalt 4,6 mill. kroner i renter på lånet. Saldo på lånet var på 125 mill. kroner per 31.12.2015.

#### Post 85 Utbytte

Utbetalt utbytte til staten frå Statskog SF i 2015 var 52,1 mill. kroner.

#### Budsjettframlegg 2017

Utbyttepolitikken for Statskog SF blei endra i 2014, jf. Prop. 1 S (2014–2015), med verknad frå resultatåret 2014. Utbyttesatsen er 40 pst. for perioden 2014–2016, for deretter å auke til 75 pst. Utbyttet frå føretaket for 2016 blir sett til 40 pst. av årsresultatet etter skatt. Det blir budsjettert med eit ordinært utbytte for 2016 på 16,0 mill. kroner. Endeleg framlegg til ordinært utbytte vil bli fastsett når årsresultatet for 2016 ligg føre, og vil bli lagt fram i den ordinære budsjettprosessen. Vedtak om utbytte blir gjort på ordinært føretaksmøte første halvår 2017. Rentene på lånet vil vere på om lag 2,56 mill. kroner i 2017. Avdrag på lånet er omtalt under kap. 4162.

*Del III*

*Rapportering på dei landbruks-  
og matpolitiske måla*



### 3 Nærare om dei ulike måla

I Prop. 1 S (2014–2015) la Landbruks- og matdepartementet fram ein revidert og forenkla målstruktur for landbruks- og matpolitikken. Det

er ikkje lagt opp til endringar på denne for 2017. I denne delen blir det lagt opp til å rapportere på status knytt til dei ulike måla.

Matsikkerheit	Landbruk over heile landet	Auka verdiskaping	Berekraftig landbruk
Produsere og sikre tilgang til maten forbrukarane etterspør	Balansert geografisk utvikling i landbruket	Konkurransedyktig råvareproduksjon og næringsmiddelindustri	Ivareta landbrukets kulturlandskap
Sikre forbrukarane trygg mat	Sterkt og effektivt landbruk	Lønsam utnytting av gardens samla ressursar	Berekraftig bruk av og vern om landbrukets areal og ressursgrunnlag
God dyre- og plantehelse og god dyrevelferd	Ei økologisk og økonomisk berekraftig reindrift	Berekraftig skogbruk og konkurransedyktige skog- og trebaserte verdikjeder	Redusert utslepp av klimagassar, auka lagring av karbon og gode klimatilpassingar
<b>Ei effektiv landbruks- og matforvaltning</b>			
<b>Forsking, innovasjon og kompetanse skal bidra til at hovudmåla i landbruks- og matpolitikken blir nådde</b>			
<b>Ivareta norske interesser og sikre framgang i internasjonale prosessar</b>			

Figur 3.1 Målstruktur for Landbruks- og matdepartementet

## 4 Overordna mål: Matsikkerheit

### Produsere og sikre tilgang til maten forbrukarane etterspør

Regjeringa vil stimulere til auka matproduksjon. Hovudoppgåva til jordbruket er matproduksjon, og verkemidla skal innrettast slik at dei bidreg til auka produksjon.

Sjølvforsyningsgraden seier kor stor del av matvareforbruket på engrosnivå, rekna på energibasis, som kjem frå norsk produksjon av jordbruksprodukt eller fisk. Importerte innsatsvarer og eksport av t.d. fisk blir halde utanfor ved berekning av sjølvforsyningsgraden. Den gir først og fremst eit bilet på delen av heimemarknaden målt i energi som er produsert i Noreg. Den kan, per definisjon, ikkje overstige 100 pst.

Sjølvforsyningsgraden for varer som er produserte i jordbruket vert særleg påverka av våret, men også av ulike kvalitetskrav, prisar, landbrukspolitiske verkemiddel og internasjonale handelsavtalar. Sjølvforsyningsgraden er gjennomgåande høg for husdyrprodukt, og klart lågare, og fallande, for planteprodukt. Etter fleire år med reduksjon i sjølvforsyningsgraden frå 2008, auka den med 3 prosentpoeng frå, 47 til 50, frå 2014 til 2015. Dette har i stor grad å gjere med at kornavlingane har vore gode.

Av det samla förbehovet (grovfôr og kraftfôr) er om lag 20 pst. importerte råvarer. Bruken av norsk korn i kraftfôr er avhengig av våret. Krav til energi- og proteininnhald i kraftfôret gjer at delen karbohydrat blir redusert. Av dei tre hovudføremåla i kraftfôr, er delen norskprodusert særleg redusert for fett- og proteinfraksjonen.

Næringsmiddelinustrien sin del av heimemarknaden, målt på verdibasis, har falle frå 86 pst. i 2005 til om lag 80 pst. i 2015. Importen av landbruksvarer (inkl. fiskefôr) auka med 11 pst. frå 2014 til 2015, til eit nivå på 59,1 mrd. kroner. Delar av auken i importverdien i 2015 kjem av at den norske krona blei svekka mot euro og dollar. Av dei importerte landbruksvarene er litt under halvparten matvarer (ikkje fiske- eller dyrefôr) som er i direkte konkurrans med norsk produksjon. Importen av slike varer auka med i underkant av 4 pst. frå 2014 til 2015. Det er underskott av norsk

storfekjøtt, korn og i grøntsektoren, men overskott av egg. Marknaden for svinekjøtt var i 2015 i balanse etter fleire år med overskott.

Matmerk administrerer og utviklar Kvalitets-system i landbruket (KSL), merkeordningane Nyt Norge, Beskytta nemningar og Spesialitet og har ansvaret for generisk marknadsføring av økologisk mat.

KSL ligg til grunn for alle merkeordningane Matmerk forvaltar. Det er gjennomført 5 500 eksterne KSL-revisjonar i 2015 mot 5 782 i 2014.

Ved utgangen av 2015 var 2 570 produkt frå 70 verksemder godkjent for Nyt Norge-merket, ein auke på 380 produkt og 10 nye verksemder sidan 2014. 84 pst. av forbrukarane som kjenner til merket seier at det gjer at dei får lyst til å kjøpe norsk mat.

I alt har 285 mat- og drikkeprodukt frå 76 leverandørar Spesialitet-merket ved utgangen av 2015, ein netto vekst på 41 produkt sidan året før. Merket blir tildelt for tre år av gongen og ein del produkt har i løpet av 2015 mista merket eller valt å ikkje søkje om fornying. Beskytta nemningar hadde 24 godkjente produkt i 2015, med Telemarkseple som det siste produktet som er godkjend.

Det er eit mål at 15 pst. av matforbruket og matproduksjonen skal vere økologisk i 2020. Det blir lagt vekt på at satsinga skal bidra til balanse mellom produksjon og etterspørsel. Samla for alle produktgrupper auka omsetnaden av økologiske produkt i daglegvarehandelen med 15 pst. frå 2014 til 2015. Det blei omsett økologiske matvarer for i alt om lag 2 mrd. kroner i 2015. Dette utgjer 1,6 pst. av totalmarknaden.

Lokalmat er definert som mat- og drikkevarer med ein lokal identitet, særskild opphav eller spesielle kvalitetar knytt til produksjonsmetode, tradisjon eller råvarer. Omsetnaden av lokalmat har auka jamt dei siste åra og aukar framleis meir enn omsetnad av andre produkt. Mykje av omsetnaden går gjennom kanalar som Bondens marknad og direkte sal frå produsent. Av den samla omsetnaden av daglegvarer gjennom daglegvarekjedene i 2015 var 2,2 pst. lokalmat. Dette talet inkluderer også produkt som ikkje er mat.

### Sikre forbrukarane trygg mat

All mat som blir omsett i Noreg skal vere trygg. Trygg mat er viktig for Noreg som matnasjon. Produksjon av trygg mat skapar tillit og sikrar avsetning av varer og legitimitet for eit levande landbruk og næringsmiddelindustri. Eit godt utval av sunn og helsefremjande mat er viktig for at forbrukarane kan velje eit sunt kosthald.

Infeksjon gjennom næringsmiddel er framleis eit stort helseproblem internasjonalt. Noreg har generelt færre smittestoff i mat samanlikna med andre land. Ein stor del av dei melde tilfella av matborne infeksjonar kjem frå smitte i utlandet. Førekomsten av smittestoff i husdyr og mat produsert i Noreg, er låg samanlikna med dei fleste andre land, sjølv om enkelte smittestoff har eit reservoar også blant norske husdyr.

**Tabell 4.1 Oversikt over næringsmiddelborne infeksjonar der smitta har skjedd i Noreg**

Diagnose	2011	2012	2013	2014	2015
Campylobacteriose	1 175	1 114	1 147	1 365	877
E. coli-enteritt	120	115	121	197	225
– av dette EHEC	26	55	79	97	126
Listeriose	19	26	18	20	12
Salmonellose	314	260	237	230	183
Shigellose	66	11	17	12	11
Yersiniase	33	22	31	177	49
Samla	1 727	1 548	1 571	2 001	1 357

Kjelde: msis.no 8 (data henta 04.08.2016)

For å halde den gode statusen ved lag, blir det lagt vekt på kontinuerleg overvaking, slik at tiltak kan setjast inn i tide. Faktorar som verkar inn på førekomensten av matborne infeksjonar i Noreg, er mellom anna, auka internasjonal handel med mat, nye matvanar og nye produksjonsrutinar.

Sjølv om mattryleiken i Noreg generelt er god, opplever vi kvart år fleire større og mindre utbrott av matborne infeksjonar. Talet på varsle utbrott har vore ganske stabilt dei siste åra. Dei siste åra har det vore ein auke i utbrot der smittekjelda har vore importerte grønsaker og bær.

Utbreidd bruk av overflatevatn som råvasskjelde, mange små vassverk med varierande grad av handtering av vatn og dårlig leidningsnett, gjer at drikkevatn sannsynlegvis er ei større og viktigare smittekjelde i Noreg enn i land vi kan samanlikne oss med.

Tilstanden er god med omsyn til framandstoff og restar av legemiddel i mjølk, kjøtt og fisk og når det gjeld restar av plantevernmiddel i vegetabilsk mat. Det er ei særleg utfordring med sal av kosttilskott som inneholder udeklarerte og ulovlege ingrediensar eller som er tilsett legemiddel. Bruk av slike kosttilskott kan føre til alvorleg helseskade. Det er også ei utfordring

knytt til produkt som blir omsett over internett og postordre.

### God dyre- og plantehelse og god dyrevelferd

God plante- og dyrehelse er viktig for mattryleik, kostnadseffektivitet og ein langsiktig og bererkraftig matproduksjon. Ein stor del av det globale potensialet for matproduksjon blir ikkje utnytta i dag på grunn av skadegjerarar i planteproduksjon og dyresjukdommar. Klimaendringar og auka ferdsel over landegrenser er risikofaktorar for både plante- og dyrehelsa.

Plantehelsa er generelt god i Noreg samanlikna med mange andre europeiske land, sjølv om det kvart år er tilfelle av skadegjerarar i frukt- og potetproduksjonen.

Helsesituasjonen i norske husdyrpopulasjonar er god. Det er svært få tilfelle av salmonellainfeksjon blant norske husdyr samanlikna med mange andre land. Smitte til menneske frå norskprodusert kjøtt og kjøttprodukt er difor uvanleg.

Antibiotikumbruken i norsk husdyrhald er svært låg i internasjonal sammenheng. Antibiotikumbruken har blitt redusert samstundes som det har vore ein auke i gjennomsnittleg storleik på

besetningane. For norske mjølkekesbesetningar viser statistikken mindre bruk av antibiotikum i store besetningar enn i små. Dyktige og ansvarsbevisste bønder, ansvarsfulle veterinærar og eit godt samarbeid mellom næringa og styresmakten er avgjerande faktorar for den gode situasjonen i Noreg.

Sjølv om antibiotikabruken i norsk husdyrhald er låg, er det dei seinare åra påvist LA-MRSA (dyreassoserte methicillinresistente *Staphylococcus aureus* – bakteriar) i svinebesetningar. Det er sett i verk omfattande tiltak for å prøve å hindre at denne bakterien får fotfeste i norsk svinehald. Det er også påvist antibiotikaresistente tarmbakteriar (ESBL-produserande og kinolinresistente *E. coli*) i norske fjørfebesetningar. Vitskapskomiteen for

mattryggleik vurderte i 2015 risikoene for overføring av antibiotikaresistens frå mat og matproduserande dyr i Noreg. Dei konkluderte med at det er lite sannsynleg at vi blir utsette for antibiotikaresistente bakteriar frå norske matvarer.

God dyrevelferd er eit mål i seg sjølv, og er i tillegg eit gode for samfunnet og eit konkurransesfortrinn for norsk mat.

Generelt er dyrevelferda i Noreg betre enn i mange andre land. Det er stor offentleg merksamhet på dyrevelferd. Sjølv om dyrevelferda generelt er god, er det framleis utfordringar knytt til dyrevelferd i enkelte produksjonar og hos enkelte eigarar av både produksjonsdyr, sports- og familiedyr.

## 5 Overordna mål: Landbruk over heile landet


### Balansert geografisk utvikling i landbruket

Regjeringa vil leggje til rette for landbruk over heile landet. Dette krev ei geografisk differensiering av verkemidla i landbruket.

I perioden 1979–1999 auka det registrerte jordbruksarealet med 8,2 pst. I perioden 1999–2015 er det anslått ein reduksjon på vel 5 pst. i følgje berekningar frå Budsjettetnemnda for jordbruksareal. Tala frå 2015 viser at reduksjonen i jordbruksarealet dei siste åra har flata ut. Registrert totalareal var på sitt høgaste i 1998. Nedgangen i jordbruksarealet skjer i all hovudsak innan åker og hage, noko som går fram av Figur 5.1. I det samla jordbruksarealet inngår også overflatedyrka jord og innmarksbeite. Slikt areal utgjer om lag 18 pst. av totalarealet i slutten av perioden, mens det utgjorde vel 10 pst. i 1989.

Frå 2005 har nytt digitalt kartgrunnlag vore i bruk som kontrollgrunnlag ved søknad om produksjonstilskott. Overgangen blei fullført i 2014. Tal frå Landbruksdirektoratet viser at det nye kartverket i perioden 2005–2013 innebar ein reduksjon i arealet på om lag 3,3 pst. Effekten av nytt kartverk kan både vere ei følgje av meir nøysomhet i bruk av kartverket, men også at endringar i landbrukspraktikken har ført til redusert behov for landbruksareal.


Redusjonen i samla jordbruksareal i drift i perioden 1999–2015 har først og fremst skjedd på Vestlandet, i Agder-fylka og i Nord-Noreg. Dei førebelsene tala for 2015 viser at eng og beite har auka noko på Vestlandet frå 2014 til 2015, mens dei andre kategoriane er uendra. Dei siste ti åra, i perioden 2005–2015, er arealet av open åker på Austlandet redusert med om lag 250 000 dekar mens arealet av eng og beite har auka med om lag 160 000 dekar. Auken i areal av enge og beite på Austlandet har vore ei ønskt utvikling, delvis som følje av behov for å redusere avrenning til vassdrag, og delvis som følgje av auka hold av ammeku og sau som har vore prioritert i fleire av dei siste jordbruksoppgrjera. For å bidra til å halde norsk matkornproduksjon oppe og redusere overgangen frå korn til gras på Austlandet, blei støtta for kornareal auka og støtta for grovfôrareal på Austlandet redusert i jordbruksoppgrjeren i 2016. Figur 5.1 viser utviklinga i arealet i dei ulike landsdelane i perioden.



Figur 5.1 Utvikling i areal fordelt på landsdelar, pst.

For dei grasbaserte produksjonane har produksjonen av storfekjøtt samla sett gått noko ned det siste tiåret. Nedgangen har vore størst i Rogaland, på Vestlandet og i Trøndelag, mens Austlandet har hatt ein auke. Produksjonen av kumjølk har samla sett hatt ein auke dei siste ti åra. Auka har

vore størst på Austlandet, i Agder/Telemark, i Rogaland og i Trøndelag. Produksjonen av sau og lam har også hatt ei positiv utvikling dei siste ti åra, med størst auke på Austlandet, Vestlandet og i Trøndelag.



Figur 5.2 Grasbasert husdyrproduksjon fordelt på landsdelar, 2010–2015, pst.

Jord- og skogbruk stod for i alt 3,5 pst. av den samla sysselsetjinga i Noreg i 2015. I alt var det om lag 37 359 sysselsette personar i jordbruket og reindrifta og vel 6 100 i skogbruk og tenester knytt til skogbruket i 2015, jf. Tabell 5.1. Samstundes var over 32 284 sysselsette i jordbruksbasert

matindustri og i underkant av 15 000 sysselsette i skogbruksbasert industri. Den regionvise fordelinga av sysselsetjinga i jordbruket over tid er relativt stabil. Rogaland skil seg ut med ei større auke i den jordbruksbaserte sysselsetjinga enn resten av landet.

Tabell 5.1 Sysselsette personar i landbruket

	Totalt tal sysselsette	Sysselsette i jordbruk og reindrift	Sysselsette i skogbruk	Sysselsette i matindustri	Sysselsette i skogbruksbasert industri	Sysselsette i landbruket	Sysselsette i landbruksbasert industri	Landbruksbasert sysselsetjing som del av samla sysselsetjing
	tal	tal	pst.	tal	pst.	tal	pst.	pst.
Østfold	115 873	1 863	5,0 %	309	5,1 %	3 091	9,6 %	1 443
Akershus	263 581	1 762	4,7 %	546	8,9 %	2 078	6,4 %	478
Oslo	451 379	160	0,4 %	123	2,0 %	3 767	11,7 %	187
Hedmark	86 164	3 215	8,6 %	1 177	19,3 %	2 184	6,8 %	1 928
Oppland	86 785	3 898	10,4 %	669	11,0 %	1 444	4,5 %	1 082
Buskerud	123 368	1 636	4,4 %	652	10,7 %	1 277	4,0 %	970
Vestfold	104 524	1 459	3,9 %	264	4,3 %	2 408	7,5 %	717
Telemark	73 885	1 028	2,8 %	461	7,6 %	476	1,5 %	313
Aust-Agder	47 332	543	1,5 %	320	5,2 %	317	1,0 %	707
Vest-Agder	86 864	944	2,5 %	248	4,1 %	863	2,7 %	1 146
Rogaland	237 082	4 913	13,2 %	91	1,5 %	3 952	12,2 %	1 301
Hordaland	253 693	2 010	5,4 %	141	2,3 %	2 291	7,1 %	580
Sogn og Fjordane	53 769	2 024	5,4 %	104	1,7 %	1 070	3,3 %	571
Møre og Romsdal	127 702	2 172	5,8 %	133	2,2 %	1 172	3,6 %	563
Sør-Trøndelag	161 766	2 678	7,2 %	229	3,8 %	2 906	9,0 %	1 049
Nord-Trøndelag	61 742	3 189	8,5 %	383	6,3 %	1 109	3,4 %	1 024
Nordland	113 940	2 210	5,9 %	172	2,8 %	640	2,0 %	610
Troms	82 565	974	2,6 %	69	1,1 %	986	3,1 %	148
Finnmark	36 596	681	1,8 %	14	0,2 %	253	0,8 %	19
<b>Sum</b>	<b>2 568 610</b>	<b>37 359</b>	<b>100,0 %</b>	<b>6 105</b>	<b>100,0 %</b>	<b>32 284</b>	<b>100,0 %</b>	<b>90 584</b>
								<b>100,0 %</b>

Kjelde: NIBIO


Landbruksnæringa betyr relativt sett meir for syselsetjinga i område med spreidd busetjing og småsenterregionar enn i meir sentrale område av landet. Områda med spreidd busetjing og småsenterregioner har over fleire år hatt ein større og meir vedvarande nedgang i sysselsetjinga enn andre regionar.

### Sterkt og effektivt landbruk

For å nå målet om eit sterkt og effektivt landbruk, må produksjonsgrunnlaget (areal og struktur) vere innretta på ein tenleg måte. Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at over halvparten (59 pst.) av jordbruksverksemndene hadde mellom 100 og 499 dekar jordbruksareal i drift i 2014. I overkant av 4 000 jordbruksverksemder hadde 500 dekar og meir jordbruksareal i drift. I år 2000 hadde 2,5 pst. av jordbruksverksemndene 500 dekar og meir jordbruksareal i drift og i 2014 var dette talet på i overkant av 9 pst.

I dei siste åra har tala for jordbruksverksemndene analysert på BA-sentralitet vist om lag den same strukturfordelinga som 2014-tala viser. Om lag 69 pst. av jordbruksverksemndene ligg i ulike former for byregionar. Størst del ligg i småbyregionane (26 pst.) og minst del i område for spreidd busettad (9 pst.). Småbyregionane er også dei regionane som har flest dekar jordbruksareal i drift (om lag 2,6 mill. dekar) og mest leigd areal (i underkant av 1,2 mill. dekar). Tala frå åra 2013 og 2014 for desse regionane viser også at det eigde jordbruksarealet i drift har gått ned (frå 1 460 800 dekar til 1 456 300 dekar). Det same gjeld for jordbruksarealet i drift som blir leigd (frå 1 162 400 dekar til 1 160 200 dekar).

Det er i dag eit stort omfang av leigejord. Over halvparten av jordbruksverksemndene (58 pst.) driv landbruksproduksjon både med leigd og eigd jordbruksareal. Om lag 31 pst. av jordbruksverksemndene driv produksjonen berre på jordbruksareal som er eigd av verksemndene. 7 pst. driv landbruksproduksjon berre med jordbruksareal som er leigd, jf. Figur 5.3 som viser jordbruksverksemndene fordelt etter jordbruksarealet i drift. Tala for perioden 2012 til 2014 viser ein liten auke av jordbruksverksemder som driv produksjon med berre leigd jordbruksareal (frå 2012 til 2013). Bortsett frå dette viser utviklinga i perioden ein nedgang i talet på jordbruksverksemder som driv landbruksproduksjon både med eigd og leigd jordbruksareal.



Figur 5.3 Jordbruksverksemder etter jordbruksareal i drift, 2014

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Det eigde jordbruksarealet i drift på jordbruksverksemndene var på 5,5 mill. dekar i 2014. Det leigde jordbruksarealet var vel 4,3 mill. dekar. Samanlikna med tala frå 2013 viser dette ein nedgang i det eigde jordbruksarealet i drift (21 600 dekar) og ein auke i jordbruksarealet som blir leigd av jordbruksverksemndene (17 900 dekar). Gjennomsnittleg areal per jordbruksverksemnd var 229 dekar i 2014 (fordelt på 128 dekar eigd areal og 101 dekar leigd areal). Det er om lag det same som året før og 14 dekar meir enn i 2010. Av jordbruksarealet i drift var i alt 44 pst. leigejord i 2014 og 2013 mot 43 pst. i 2012.

Regjeringa vil legge til rette for ein variert egedomsstruktur der bonden sin rett til å disponere over eigen eiedom er i tråd med eigne val og prioriteringar. Statistikk frå SSB viser om lag 185 700 registrerte landbrukseigedommar i 2014. Dette er landbrukseigedommar som består av minst 5 dekar jordbruksareal og/eller minst 25 dekar produktiv skog. Ei gruppering av landbrukseigedommene etter storleiken på det eigde jordbruksarealet viser mange eiedommar med lite jordbruksareal. Hovudtyngda (71 pst.) av eiedommene hadde mellom 5 og 100 dekar eigd jordbruksareal i 2014. Om lag 17 pst. hadde over 100


og under 500 dekar eigm̄d jordbruksareal. Litt under éin pst. hadde eigm̄d jordbruksareal på 500 dekar og meir. 7 pst. av eigedommane var registrerte utan eigm̄d jordbruksareal. Desse tala frå 2014 viser om lag same fordeling av eigedommar og jordbruksareal som i 2013.

Tal frå KOSTRA i 2015 viser at om lag 15 pst. av dei som søkte om samtykke til å dele ein landbrukseigedom, ønskte å selje jorda som tilleggsjord til annan landbrukseigedom, dvs. at areal frå 625 eigedommar blei fordelt som tilleggsjord til annan landbrukseigedom i 2015. Tala frå 2009–2012 viser ei prosentfordeling på om lag 11 pst. og for åra 2013 og 2014 høvesvis 14 pst. og 15 pst.

Av dei 185 700 registrerte landbrukseigedomane i 2014 har om lag 164 490 eigedommar (89 pst.) minst 5 dekar eigm̄d jordbruksareal. Av desse har om lag 50 pst. av eigedommane jordbruksareal som berre blir drive ved bortleige. Dette jordbruksarealet er det andre enn eigar av jorda som driv. Om lag 23 pst. av eigedommane blir drivne berre ved hjelp av eige jordbruksareal der eigaren sjølv også er brukar av arealet, jf. Figur 5.4 som viser landbrukseigedommar med minst 5 dekar eigm̄d jordbruksareal i 2014. Tala for perioden 2012 til 2014 viser små endringar for eigedommar som berre blir drivne ved bortleige, ein nedgang i talet på eigedommar der eigaren sjølv også er brukar av areala og ein liten auke i talet på eigedommar som både har areal som anten blir drive av eigaren sjølv eller av andre ved bortleige.

Fordelinga av landbrukseigedommane på BA-sentralitet i 2014 viser om lag same prosentfordeling av eigedomsmassen for eigedommane med minst 5 dekar jordbruksareal mellom regionane som for året 2013. Om lag 66 pst. av landbrukseigedommane ligg i ulike former for byregionar, størst del ligg i småbyregionar (28 pst.) og minst del i område for spreidd busetnad (11 pst.). Tala for 2014 viser også, til liks med tala for 2013, at småbyregionar hadde flest landbrukseigedommar med jordbruksareal som berre blir drive ved bortleige (14 pst.) og flest eigedommar der eigar sjølv også er brukar av areala (6 pst.). Blant regionane var det også småbyregionane som hadde flest landbrukseigedommar utan registrert jordbruksaktivitet i 2014.

Investeringsbehovet i landbruket er stort. Innanfor det tradisjonelle landbruket er det særskilt behov for modernisering av driftsapparatet og investeringar for å auke effektiviseringa av produksjonen.



Figur 5.4 Landbrukseigedommar med minst 5 dekar eigm̄d jordbruksareal, 2014

Kjelde: Statistisk sentralbyrå landbrukseigedommar

Dei siste ti åra har bruttoinvesteringane auka med om lag 17 pst. i nominelle verdiar. Budsjett-nemnda prognoserer ein auke på vel 4 pst. i investeringane, inkl. nye leasingkontrakter i 2015. Nemnda reknar med vekst både for bygningar, maskiner og grøfting. Målt i faste prisar (volum) nådde investeringane sitt lågaste nivå sidan opptrappinga på 70-talet i 2001. Investeringsvolumet har auka sidan det, og dei siste åra har nivået vore om lag 8,5 mrd. kroner målt i 2014-prisar. Om lag 4 mrd. kroner er knytt til investeringar i driftsbygninga.

Tabell 5.2 Gjennomsnittleg bruttoinvestering per bruk innanfor driftsgranskningane i jordbruket 2014 fordelt på regionar

Regionar	(1000 kroner)
	Bruttoinvestering per bruk
Austlandet	
Flatbygder	441,7
Andre bygder	291,2
Agder og Rogaland	
Jæren	374,8
Andre bygder	481,8
Vestlandet	284,9
Trøndelag	
Flatbygder	395,9
Andre bygder	339,0
Nord-Noreg	320,1

Tabell 5.2 gir ei oversikt over gjennomsnittleg bruttoinvestering per bruk innanfor driftsgranskningane i jordbruket for 2014 fordelt på regionar. For 2014 omfattar driftsgranskningane 912 enkeltbruk og 30 samdrifter. Ettersom tala baserer seg på alle deltakarane i driftsgranskningane, vil det innanfor kvar region også vere bruk som ikkje investerte i 2014. Talet for investeringsnivå må difor sjåast i lys av dette. Storleiken på investeringsnivået for det enkelte bruket vil elles mellom anna vere avhengig av produksjonstype og bruksstørleik. Med utgangspunkt i tal frå driftsgranskningane finn ein dei største bruttoinvesteringane per bruk i Agder og Rogaland utanom Jæren, på flatbygdene på Austlandet og på flatbygdene i Trøndelag.

### Ei økologisk og økonomisk berekraftig reindrift

Regjeringa vil sikre økonomisk berekraft i reindrifta gjennom auka slakteuttak og betre lønsemd.

Tilgangen på slaktedyr er avhengig av kalvetilgangen, tap av dyr og kor mange dyr reineigaren set til livdyr. Etter fleire år med reduksjon i slaktevolumet, blir det ein auke av uttaket i 2015. Det samla uttaket på registrerte slakteri var i 2015 på om lag 77 000 rein. Dette er ein stor auke sett i høve til 2014 (63 100 rein). Kalveandelen ligg på om lag 78 pst. Dette er ein auke på 7–8 prosentpoeng i høve til dei siste åra. Høgare slakteuttak og ein auke av kalveandelen viser at stimuleringa ved auking av dei produksjonsretta tilskota har hatt positiv verknad. Tilbakehald av tilskott over reindriftsavtalen og dokumenterte rovvilsterstatningar i høve til dei som ikkje har følgt opp gitte vedtak om reduksjon, har også verka positivt på slakteuttaket.

Produktivitet samanlikna med talet på rein kan fortelje mykje om korleis tilpassinga mellom rein og beite er i eit område. Ein høg totalproduksjon per livrein vil ofte innebere god kalvetilgang, lite tap og gode slaktevekter. Når ein snakkar om produktivitet er maksimalt varig avkastning eit sentralt omgrep. Med maksimalt varig avkastning meiner ein tilpassinga mellom talet på rein, beitegrunnlag og driftsform som gir den høgaste stabile avkastninga over tid utan å redusere beitegrunnlaget. Totalproduksjonen per livrein varierer mykje mellom reinbeiteområda og mellom distrikta i det enkelte område. Sidan driftsåret 09/10 er den samla produksjonen redusert frå 8,0 kg per livrein til 5,2 kg per livrein i 2014/2015.

Tal frå totalkalkylen for reindrifta viser ein nedgang i resultatoppnåinga dei siste åra. Redusjonen kjem i hovudsak av ein nedgang i kjøttinnektene grunna ein reduksjon i slakteuttaket. I tillegg har det vore ein vesentleg auke i kostnadene dei siste åra. Vederlaget for arbeid og eigenkapital blir redusert frå 59,1 mill. kroner i 2013 til 54,1 mill. kroner i 2014. Målt per årsverk er vederlaget til arbeid og eigenkapital redusert frå 62 100 kroner i 2013 til 56 400 kroner i 2014 og målt per siidaandel er vederlaget til arbeid og eigenkapital redusert frå 103 600 kroner i 2013 til 94 500 kroner i 2014.

## 6 Overordna mål: Auka verdiskaping

### Konkurransedyktig råvareproduksjon og næringsmiddelindustri


Landbrukspolitikken skal legge til rette for ein kostnadseffektiv matproduksjon. Regjeringa vil styrke landbruket gjennom ytterlegare forenkling av lover, reglar og stønadsordningar, og sikre landbruket føreseielege rammevilkår som kan bidra til at næringa si samla lønsemd kan bli betre i åra som kjem.

Jordbruket stod i 2015 for i underkant av 46 000 årsverk i følgje Budsjettet til jordbruket. Nærings- og nyttingsmiddelindustrien, inklusive fisk, drikkevarer og tobakk, er den nest største industribransjen i Noreg og hadde i 2015 ein brutto produksjonsverdi på om lag 194 mrd. kroner, ein auke på om lag 6 pst. frå året før. Næringsmiddelindustrien bidrog med 43,5 mrd. kroner i verdiskaping i 2015. Det er ei gjensidig binding mellom norsk næringsmiddelindustri og norsk landbruk, og det er viktig å sikre verdiskaping og lønsemd i heile verdikjeda. Betydelege delar av næringsmiddelindustrien foredlar norskproduserte råvarer, samstundes som den i aukande grad er eksponert for internasjonal konkurranse. Det er viktig å halde ved lag norsk matproduksjon som kan sikre tilgang på norske råvarer til næringsmiddelindustrien over heile landet, for å sikre at norske forbrukarar får den maten dei ønskjer. Importen av næringsmiddel aukar, men det gjer også den samla omsetnaden av matvarer i Noreg.

Det siste tiåret har samla produksjonsvolum i jordbruket auka med 2,8 pst. Produksjonen av husdyrprodukt har auka med om lag 6,5 pst., mens produksjonen av planteprodukt har gått ned

med vel 5,5 pst. Det er særleg det kraftførbaserte husdyrhaldet som har auka, i tillegg til delar av det grovførbaserte. Desse produksjonane har dei siste åra hatt problem med marknadsbalansen, først i svineproduksjonen og så i fjørfeproduksjonen. Produksjonen av storfekjøtt er redusert med vel 3,5 pst. i tiårsperioden, men dei siste to åra har produksjonen auka. Den negative produksjonsutviklinga for sau og lammekjøtt har snudd, og etterspørselet etter lammekjøtt i den norske marknaden kan no dekkjast med norsk produksjon. Produksjonsvolumet har dei siste ti åra auka med over 10,5 pst., ein auke som hovudsakelg har komme dei siste tre åra. I 2016 er det fare for overproduksjon av sau og lam.

Produksjonen har falle for korn, poteter, frukt og blomar det siste tiåret. For korn har dette både å gjere med redusert areal og svak avlingsutvikling knytt til dårleg vær. Gode avlingsår i 2014 og 2015 var ikkje tilstrekkeleg til å snu den negative trenden, men avlingane i 2015 var rekordhøge og gav den sjette største kornproduksjonen nokon gong. Produksjonen av grønsaker har hatt ein auke på om lag 14 pst., mens fruktproduksjonen er redusert med 18 pst. Produksjonen av bær er om lag uendra perioden sett under eitt, men produksjonen har hatt ein auke dei siste åra. I grøntsektoren har marknadsforholda vore utfordrande både som følge av nasjonale forhold, som til dømes endringar i eigarskap og organisering i omsetnadskanalane, og importkonkurranse. Redusert produksjon av blomar kjem særleg av at snittblomar mister marknadsmoglegheiter til import. Samla sett er det marknadsmoglegheiter for auka planteproduksjon, mellom anna av korn og i delar av grøntsektoren.



Figur 6.1 Endring i produksjonsvolum frå 2007–2016, i følgje normalisert rekneskap.

Kjelde: Budsjett nemnda for jordbruket

Hovudbiletet for produksjonsutviklinga er at for produksjonar med vekst, kjem veksten i meir sentrale område. Produksjonen elles flyttar seg i mindre grad. Endringar i den geografiske fordelinga må sjåast i samband med produksjonsutviklinga. Den sterke produksjonsutviklinga som har vore på fjørfe har først og fremst komme i Trøndelag, Rogaland og på Austlandet, men produksjonen er frå 2014 noko meir redusert i Trøndelag enn i dei to andre landsdelane. I Trøndelag har eggproduksjonen auka betydeleg dei siste åra, mens den er stabil i andre område. Auken i grønnsaker på fri-land har komme på Austlandet. Auken i svinekjøttproduksjonen har vore størst i Rogaland, men også i Agder/Telemark og i Nord-Noreg. For utvikling i geografisk fordeling innan grasbaserte produksjonar, sjå rapporteringa under hovudmålet Landbruk over heile landet.

Lønsemd er den viktigaste drivaren for den enkelte mjølkeprodusenten sine avgjerder. Dette inneber at det først og fremst er økonomiske ver-kemiddel som bidreg til den geografiske produksjonsfordelinga. Innan produksjonsregionane er det ikkje nokon systematisk flytting av kvoter mot områda med dei beste produksjonsføresetnadene, men det er ein aukande konsentrasjon av mjølkeproduksjon innan produksjonsregionane ved at kvoter blir kjøpt opp av produsentar i område der

det allereie er sterke produsentmiljø/-klynger. Sterke fag- og produsentmiljø synes å ha større betydning enn naturgitte produksjonsføresetnader.

I følgje Nasjonalrekneskapen var bruttoproduktet i jordbruk og skogbruk i faste 2005-prisar 19,45 mrd. kroner i 2015. Dette inneber ein auke på 3,6 pst. frå 2014. Produktivitetsveksten i jordbruket er høg. Jordbruket har dei siste ti åra hatt ein gjennomsnittleg vekst i brutto arbeidsproduktivitet på 4,1 pst. per år. Tilsvarande produktivitetsmål for norsk industri (bruttoprodukt per timeverk) viser ein gjennomsnittleg årleg vekst på 1,5 pst. dei siste ti åra, i følgje det tekniske berekningsutvalet for inntektsoppgjera. Gjennomsnittleg vekst for Fastlands-Noreg var 1,0 pst.

Regjeringa vil sikre landbruket føreseielege rammevilkår som kan bidra til at næringa si samla lønsemd kan auke også i kommande år. Det er avgjerande at utøvarane i landbruket skal kunne ha ei inntektsutvikling og sosiale vilkår på line med andre grupper. Innanfor desse rammevilkåra har utøvarane i landbruket, som sjølvstendige næringsdrivande, ansvar for si eiga inntekt. Regjeringa vil styrkje bruk som har ressursgrunnlag til å vere heiltidsbruk. På knapt halvparten av bruken blir det utført meir enn eitt årsverk, og desse bruken står for meir enn 80 pst. av produksjonen.

Frå 2014 til 2016 er bruttoinntektene i jordbruket berekna å auke med om lag 1,6 mrd. kroner, mens kostnadane, inkludert realrentekostnaden, har auka med i underkant av 0,1 mrd. kroner. Vederlag til arbeid og eigenkapital for jordbrukssektoren aukar dermed med 1,5 mrd. kroner frå 2014 til 2016. Tala er inkludert verdien av jordbruksfrådraget.

I jordbruksoppgjera i 2014 og 2015 blei det semje om til saman 40 større og mindre forenklingstiltak. Departementet vil føre vidare arbeidet med forenkling av dei landbruks- og matpolitiske verkemidla, og kjem tilbake til Stortinget med framlegg til forenklingar i den komande meldinga til Stortinget om jordbruksnæringa.

Det er gjennom mange år gjennomført endringer av større og mindre grad i systema og rutinane for å følge opp endringer i regelverket for tilskottssordningane. IKT-løysingane skal bidra til ein enklare kvardag både for innbyggjarar og næringsdrivande, og bidra til ei effektiv forvaltning. Det er lagt ned ein stor ressursinnsats på IKT-området i Landbruksdirektoratet dei siste åra for å gjere det enklare for bønder, skogeigarar og næringsmiddelindustri å kommunisere med verksamda. Denne satsinga har også gjort det mogleg for fylkesmannen og kommunane å forvalte dei landbrukspolitiske verkemidla meir effektivt. Stadig fleire av tenestene til Landbruksdirektoratet har blitt gjort tilgjengelege digitalt, og direktoratet arbeider vidare med å utforme eit nytt fagsystem for forvaltning av produksjons- og avløysartilskotta (eStil). Systemet som etter planen skal takast i bruk i 2017, vil gi ein auka grad av driftssikkerheit og effektivitet i forvaltninga, og vil legge betre til rette for å føre kontroll med ordningane.

### **Lønsam utnytting av dei samla ressursane på garden**

Det er heilt sentralt for landbruks- og matpolitikken at dei ulike verkemidla bidreg til lønsam utnytting av dei samla ressursane på garden. Meld. St. 31 (2014–2015) *Garden som ressurs – markanden som mål* tydeleggjer regjeringa sine ambisjonar for landbruksbasert næringsutvikling utanom tradisjonelt jord- og skogbruk.

Dei fleste bedriftsretta verkemidla over Landbrukets utviklingsfond (LUF) er forvalta av Innovasjon Noreg (IN), der måla om fleire gode gründerar, fleire vekstkraftige bedrifter og fleire innovative næringsmiljø er sentrale. Samstundes er det viktig å vere klar over at dei offentlege verkemidla verkar saman med fleire andre faktorar, og


det er difor svært krevjande å måle utvikling i lønsemid, produktivitet og omsetnad som følge av tildelingar. Ettersom dei fleste landbrukskundane hos IN er enkelpersonføretak eller personkundar, er det soleis ikkje tilgjengeleg rekneskapstal på same måten som for aksjeselskap. Dette gjeld særleg for mottakarar av midlar til investering og bedriftsutvikling. Departementet vil i samarbeid med IN jobbe vidare med korleis få ei betre resultat- og effektmåling av dei bedriftsretta verkemidla som IN forvaltar på landbruksområdet.

Tilgang til investeringsverkemiddel bidreg til fornying av produksjonsapparatet i landbruket og framtidig vekst og utvikling i landbruksbaserte næringar. Midlane til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-midlar) er Landbruks- og matdepartementet sitt viktigaste verkemiddel for å fremje investeringstiltak i landbruket. Det er det stor etterspørsel etter investeringsverkemiddel, og det er naudsynt å gjere ei omfattande siling av prosjekta på kommunenivå i forkant for å utnytte rammene best mogleg. Knapt 80 pst. av tilskottsmidlane går til fornying av produksjonsanlegg for tradisjonelt landbruk, dvs. knytt til delmålet om vekst i bedrifter. Ein betydeleg del av dei vel 20 pst. som går til landbruksbaserte næringar utanom tradisjonelt jord- og skogbruk er knytt til delmål om fleire gode gründerar. Innovasjon Noreg sin rapport om bruk av IBU-midlar for 2015 anslår ein sysselsettjingsvekst på om lag 455 årsverk samla for dei prosjekta det er løyvd støtte til innan tiltaksgruppene etablerartilskott, bedriftsutvikling og investeringar i andre landbruksbaserte næringar.

Innanfor *Utviklingsprogrammet – landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping* – har aktivitetene dei siste åra vore retta mot vekstkraftige bedrifter og auka merksemid på forpliktande producentsamanslutningar. Kundeeffektundersøkingane til IN viser at Utviklingsprogrammet i betydeleg grad er utløysande for realisering av prosjektet. Undersøkingane viser også at ordninga bidreg positivt til kompetanseheving og samarbeid. Ein stor del av kundane opplyser at programmet har bidrege til betring i lønsemid for prosjekta og auka omsetnad. Innovasjonsnivået på prosjekta ligg nokså stabilt, og er for dei fleste av verkemidla på landbruksområdet hovudsakleg knytt til innovasjon på bedriftsnivå. Det er behov for meir kunnskap om korleis programmet verkar og effektar av dei ulike tiltaka. Hausten 2016 blir det sett i gang ei særskild evaluering for å undersøke mellom anna den bedriftsøkonomiske effekten av vekstordninga nærmare. Vekstordninga er etablert for å kunne gjere bedriftene i stand til å møte auka etterspørrelse.

Driftsgranskingane til Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) er ei viktig kjelde til kunnskap om utvikling og lønsemid innanfor dei landbruksbaserte næringane utanom tradisjonelt jord- og skogbruk. Av dei 912 enkeltbruka som var med i driftsgranskingane i 2014 hadde 82 pst. omsetnad knytt til anna landbruksbasert næringsutvikling. Prosentdelen bruk med tilleggsnæringar av vesentleg omfang var størst på Austlandet og minst på Vestlandet og i Nord-Noreg. Omsetnaden seier noko om kor høgt aktivitetsnivået i bedriftene er, men ikkje nødvendigvis noko om forteneiste og

inntekt. 58 pst. av bruken hadde ein omsetnad på meir enn 20 000 kroner knytt til andre landbruksbaserte næringar. Gjennomsnittleg omsetnad på desse bruken var 219 900 kroner, ein auke på 29 300 frå året før. Omsetnaden auka frå 2013 til 2014 i alle regionar, men auka mest på Austlandet og Vestlandet, jf. Figur 6.2. Vestlandet har, slik figuren viser, hatt høgst omsetnad i tilleggsnæring i åra 2012–2014. Den høge omsetnaden på Vestlandet kjem i hovudsak av svært høg omsetnad på nokre få bruk der tilleggsnæringa har vore under oppbygging gjennom fleire år.



Figur 6.2 Omsetnad tilleggsnæring, kroner per bruk. Bruk med omsetnad over 20 000 kroner i tilleggsnæring. Regionar, 2012–2014

Overskottet frå andre landbruksbaserte næringar utgjorde i gjennomsnitt 7 pst. av samla inntening på alle bruk i driftsgranskingsutvalet. Driftsoverskott per time varierer mykje frå dei ulike typar av næringar. Både maskinkøyring og gruppa anna tenesteyting (m.a. Inn på tunet, klauvskjæring og saueklipping) har hatt høgare driftsoverskott per time enn tradisjonelt jordbruk. For gruppene turisme og vareproduksjon er det stor variasjon mellom år og vesentleg lågare driftsoverskott per time enn innanfor det tradisjonelle jordbruket. Driftsgranskingane viser likevel at bidraget frå bygdenæringane til familieøkonomien samla sett er liten. Det er krevjande å få god statistikk over utviklinga innanfor bygdenæringane. Departe-

mentet vil jobbe vidare med siktet på å utvikle eit betre system for resultatmåling på området.

#### Berekraftig skogbruk og konkurransedyktige skog- og trebaserte verdikjeder

Skogbruket og trebasert industri sysselsette rundt 21 000 personar i 2015. Av desse var totalt 6 100 personar sysselsette i skogbruket og tenester knytt til skogbruket. Den trebaserte industrien (utanom møbel) hadde ein samla omsetnad på om lag 35 mrd. kroner i 2015. Det blei selt tømmer til industriformål med ein bruttoverdi på 3,4 mrd. kroner dette året

Norsk skog- og treindustri har gått gjennom store strukturendringar dei siste 10 åra. Nedlegging av store treforedlingsbedrifter i denne perioden har ført til lågare etterspørsel etter massevirke og flis på heimemarknaden. I hovudsak som følgje av dette, har eksporten auka. I 2015 blei det eksportert om lag 4 mill. m<sup>3</sup> tømmer, som var 0,4 mill. m<sup>3</sup> meir enn året før. Av dette blei rundt 70 pst. av volumet eksportert til Sverige og 26 pst. til Tyskland.

Det blei avverka vel 10 mill. m<sup>3</sup> tømmer for sal til industrien i 2015, det høgaste talet på fleire år. Når hogst av ved til brensel blir lagt til, er den samla hogsten likevel berre rundt halvparten av den årlege nettotilveksten for all skog på om lag 25 mill. m<sup>3</sup>.

I 2015 blei det i Noreg sett ut rundt 31 mill. skogplantar, ein auke på om lag 2 mill. frå året før.

Dette er det høgaste nivået for planting på om lag 10 år. Areal der det er utført ungskogpleie har auka med om lag 10 000 dekar til 276 000 dekar frå 2013 til 2015. Arealet for markflekkning auka med snautt 6 000 dekar frå 2014 til i alt 73 000 dekar i 2015. Arealet med nyplanting var på 182 000 dekar, ein auke på 23 000 dekar frå året før.

Det blei bygd og ferdigstilt om lag 110 km med nye skogsbilvegar og ombygd rundt 360 km med eksisterande skogsbilvegar. I tillegg blei det bygd om lag 150 km med nye traktorvegar og om lag 70 km blei bygd om. 90 pst. av skogsbilvegane og 30 pst. av traktorvegane blei bygde med tilskott. I 2015 investerte skogeigarane i Noreg i alt 205 mill. kroner i skogsbilvegar og 39 mill. kroner i traktorvegar.

## 7 Overordna mål: Berekraftig landbruk

Norsk landbruk forvaltar store delar av norsk natur gjennom jordbruk, skogbruk, reindrift og annan aktivitet. Landbruket skapar økonomiske verdiar, mat, trevirke og andre miljøgode av ulike slag. Kulturlandskapet er eit produkt av eit aktivt landbruk. For å sikre at befolkninga i dag og framtidige generasjonar har tilgang til nok og trygg mat, tømmer og treprodukt, energi og andre varer og tenester, må landbruket ha eit langsiktig perspektiv for vern og berekraftig bruk av areal og ressursgrunnlaget i landbruket. Gjennom metodar for berekraftig produksjon skal landbruket bidra til redusert forureining og utslepp av klimagassar, leggje til rette for auka opptak av klimagassar og for naudsynt tilpassing av produksjonen til klimaforholda i framtida.

### Ivareta landbruket sitt kulturlandskap

Det er eit mål å ta vare på og utvikle landbruket sitt kulturlandskap.

I alt blei det brukt 4,2 mrd. kroner på kulturlandskapsformål i 2015. Midlane blei nytta til å hindre attgroing i Noreg, oppretthalde eit variert og levande kulturlandskap i heile landet og til å ta vare på spesielle og verdifulle landskap og kulturmiljø. Ein del areal med særskilte landskapsverdiar kan takast vare på ved tradisjonell slått. Det blei gitt tilskott på 14 mill. kroner til slått av 77 000 dekar lokalt verdifulle jordbrukslandskap og 43,8 mill. kroner til skjøtsel av 346 000 dekar bratt jordbruksareal. Det blei også gitt tilskott på i alt 505 000 kroner til skjøtsel av 1 900 særeigne landskapselement som åkerholmar, gardsdammar og store tre. Landbruks- og matdepartementet samarbeidde med Klima- og miljødepartementet om 22 utvalde kulturlandskap i jordbruket i 2015, der oppgåvene har vore å ta vare på viktige miljø- og landskapsverdiar gjennom istandsetting og skjøtsel. Til saman blei det løyvd 12 mill. kroner til satsinga i 2015.

Dyrka jord er ein grunnleggjande ressurs for å kunne produsere mat og sikre matforsyninga på kort og lang sikt. Det registrerte jordbruksarealet i drift i 2015 utgjorde vel 9,8 mill. dekar. Samanlikna med 2014 viser tala ein liten nedgang på om lag 15 000 dekar.

Husdyrbeiting i utmark bidreg til skjøtsel av kulturlandskapet, til å halde utmarka ope og har samstundes ein positiv verknad på det biologiske mangfaldet. I satsingar som utvalde kulturlandskap i jordbruket, verdsarvområda og utvalde naturtypar er beiting i mange tilfelle eit viktig skjøtseltiltak. Dei ulike dyresлага har ulik innverknad på naturmangfaldet, og det er difor behov for storfe, geit og sau på beite. Det har vore ein nedgang på knapt 3 pst. i talet dyr på beite i perioden 2000 til 2014. Talet dyr på utmarksbeite auka med 3 pst. frå 2014 til 2015.

### Berekraftig bruk av og vern om landbruket sitt areal- og ressursgrunnlag

#### Omdisponering av areal

Stortinget handsama jordvernstrategien til regjeringa 8.12.2015, og vedtok innstillinga til næringskomiteen, jf. Innst. 56 S (2015–2016). I oppmodningsvedtak nr. 140 fastsette Stortinget det årlege målet for omdisponeringa av dyrka jord til under 4 000 dekar, og bad regjeringa om at målet blir nådd gradvis innan 2020. For 2015 viser KOSTRAtala frå SSB at det blei omdisponert 6 341 dekar dyrka jord (fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite) frå landbruk til andre formål.

Talet på dekar godkjent nydyrka mark gjekk ned frå 18 572 dekar i 2014 til 18 139 dekar i 2015, men ligg framleis høgt samanlikna med situasjonen på 2000-talet. I alt blei 854 søknader om nydyrkning handsama i 2015. Sidan 2007 er godkjent nydyrka mark i gjennomsnitt 15 870 dekar per år.

Oppfølging av Stortinget sine oppmodningsvedtak om jordvern er omtalt i kategori 1530. Andre tiltak frå arbeidet med å følge opp regjeringa sin jordvernstrategi er:

#### Byutviklingsavtalar og bymiljøavtalar

Regjeringa vil vidareføre arbeidet med byutviklingsavtalar og bymiljøavtalar for betre samordning og heilskapleg planlegging i byregionane.

Regjeringa har som mål at veksten i persontransporten i byområda skal skje med kollektivtransport, sykling og gange. Målet vil ligge til

grunn for bymiljøavtalane, som er eit viktig verktøy for å styrke samordninga av areal- og transportplanlegginga i byområda. Arealforpliktingane i bymiljøavtalane vil bli følgt opp gjennom utviklingsavtalar.

Det er forhandla fram ein bymiljøavtale for Trondheim, som tek til å gjelde i løpet av kort tid. Ein forhandlar no om ein bymiljøavtale for Oslo og Akershus. Vidare kan det bli aktuelt å starte forhandlingar med Nord-Jæren og Bergen i løpet av 2016. Ein vil truleg starte forhandlingar i dei fem andre byområda som er aktuelle for bymiljøavtale, etter at regjeringa har lagt fram Nasjonal transportplan for perioden 2018–2029.

Det blir teke omsyn til jordvern i planlegginga etter plan- og bygningslova. Det gjeld både for dei enkelte transporttiltaka som blir finansierte gjennom bymiljøavtalane, og i kommuneplanar og regionale planar som blir vedtekne og som skal bygge opp under nullvekstmålet for personbiltrafikk.

Eit utbyggingsmønster som gir kompakte byar og legg til rette for meir kollektivtransport, gange og sykkel er naudsynt for å nå nullvekstmålet for personbiltrafikk. På lang sikt vil eit slikt utbyggingsmønster vere mindre arealkrevjande enn ei meir spreidd og bilbasert utvikling. Bymiljøavtalar og byutviklingsavtalar kan difor bidra til mindre nedbygging av naturområde og dyrka mark.

Nullvekstmålet for personbiltrafikk vil derimot krevje tett utbygging ved kollektivknutepunkt og -aksar. I Akershus ligg fleire stasjonar omgitt av matjord. Dette kan gi auka konfliktnivå i enkelt-saker. Det er viktig at utbygging skjer i tråd med statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.

#### Avgjerdsprosessar i konseptvalutgreiingar (KVU) og eksterne kvalitetssikringar (KS1)

Regjeringa vil gå gjennom korleis jordvern og andre omsyn blir tekne vare på i konseptvalutgreiingsprosessane.

I konseptvalutgreiingar blir det gjort ein samfunnsøkonomisk analyse i tråd med krava i statens kvalitetssikringsordning. Analysen blir gjennomført i hovudsak etter Statens vegvesens handbok V712 *Konsekvensanalyser*. Både prissette og ikkje-prissette konsekvensar blir vurderte. Jordvernomsyn blir handsama som ein ikkje-prissett konsekvens.

I utgangspunktet blir same utgreiingsmetode bruka i konseptvalutgreiingar, kommunedelplanar og reguleringsplanar. Konseptvalutgreiingar blir vanlegvis gjennomførte på eit tidleg stadium i planlegginga og for eit stort geografiske område.

Vegliner er i liten grad fastlagde på dette stadiet, og det er vanskeleg å fastslå korleis prosjekt og tiltak vil virke inn på ulike verneomsyn. Det er difor vanleg å vurdere potensial for konflikt med ulike verneomsyn. Transporttetatane nytter seg av tilgjengelege registreringar og har dialog med ulike vernestyresmakter, som Fylkesmannen når det gjeld jordvern, og interessegrupper.

I planlegginga av samferdselsprosjekt kan det oppstå målkonfliktar. I prosjekt som angår jordvernomsyn, må nasjonale mål for omdisponering av dyrka mark bli vegne opp mot nasjonale mål for transportpolitikken om å tilby eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvennleg transportsystem som dekkjer samfunnets behov for transport og fremjar regional utvikling.

Metodikken for konseptvalutgreiingar er utvikla som ein generell metode for bruk på ulike type problemstillingar innanfor samferdsel og uavhengig av skiftande politiske syn. Ein gjennomgang av nasjonale mål og strategiar som er aktuelle for utgreiingsområdet, inngår i analysane. Utgreiingas mandat frå Samferdselsdepartementet er sentralt i dette arbeidet.

Om regjeringa ønsker å løfte fram særskilte omsyn, kan det gis konkrete føringar i mandatet for den enkelte konseptvalutgreiinga. Jordvern er døme på dette i ein del utgreiingar. Ei naturleg følgje er at dette omsynet blir løfta fram under viktige generelle samfunnsmål og får ein meir tydelig plass. Uansett om jordvern er løfta fram som eit viktig mål eller ikkje, vil temaet bli handsama i den samfunnsøkonomiske analysen om konsepta angår dyrka mark.

#### Konsekvensanalyser – jordressursar som ikkje-prissette konsekvensar i samferdselsprosjekt

Statens vegvesen planlegg å ferdigstille den pågåande revisjonen av handbok V712 *Konsekvensanalyser* i løpet av 2017.

#### Tiltak for å avgrense forureining

Reduksjon av vassforureininga (avrenning av næringsstoff og plantevernmiddel) er viktig for at vatn skal oppnå god, økologisk tilstand, jf. vassforskrifta. Konsentrasjonar og tap av næringsstoff frå jordbruksareal varierer mykje frå år til år grunna variasjonar i nedbør, temperatur og jordbruksdrifta. Åkerareal utan vernande plantedekkje haust og vinter gir større risiko for erosjon. Årlege tilskott til tiltak for redusert jordarbeiding om hausten er difor eitt av dei viktigaste tiltaka for å redusere vassforureininga frå jordbruket. Innsat-

sen er størst der vassførekommstane har eller har hatt dårlig tilstand, slik som i Østfold, Akershus, Hedmark og Oppland. I 2015 blei det gitt i alt 192 mill. kroner i tilskott til tiltak for redusert jordarbeiding, vegetasjonssoner, fangdammar og hydrotekniske anlegg. Dette er ein nedgang frå 2014, grunna reduserte budsjetttrammer. Det har vore ein nedgang i areal i stubb (inga haustpløying) sidan 2011, men frå 2014 til 2015 har det vore ein liten auke og om lag 40 pst. av alt kornareal låg i stubb over vinteren. Det har i heile denne perioden vore vektlagt å målrette innsatsen mot dei areala der det er mest viktig å gjennomføre tiltak, noko som kan ha medført at redusert jordarbeiding i mindre grad blir gjennomført på lite utsette areal. Det er for tidleg i prosessen å rapportere på kva slags verknad dette har for statusen i vassførekommstar som følgje av tiltak som allereie er sett i gang.

Salet av plantevernmiddel varierer årleg mellom anna grunna klimatiske forhold. Det er difor vanskeleg å seie noko sikkert om risikoutviklinga på kort sikt. I dei siste åra har det i hovudsak vore ei dreiling mot bruk av preparat med lågare helse- og miljørisiko. Basert på omsetnad av plantevernmiddel, er berekna helserisiko for 2015 redusert til 77 pst. av 1996/97-nivå, mens berekna miljørisiko er redusert til 72 pst. av 1996/97-nivået.

#### Økologisk jordbruksareal og husdyrproduksjon

Økologisk areal utgjorde 443 600 dekar i 2015, om lag 4,5 pst. av det samla jordbruksarealet (medrekna karensareal, areal under omlegging, er delen 4,8 pst.). Areal i karens hadde ein sterkt vekst frå 2007 til 2009, men har dei siste åra hatt ein tydeleg nedgang. Det var ein nedgang i dei fleste typar økologisk areal, med unntak av areal til potet, grønsaker og bær, der det var ein liten auke. Husdyr i økologisk driftsform utgjer førebels ein liten del av det samla talet på husdyr i Noreg. Frå 2014 til 2015 var det ein auke i talet på dyr som storfe og sau. Tal på økologisk storfe utgjer 3,5 pst. av storfehaldet, mens sau og lam utgjer 4,6 pst.

#### Skogbruksplanlegging og miljøregistrering

I 2015 blei det utarbeidd skogbruksplanar med miljøregistreringar (MiS) for om lag 2,3 mill. dekar skog. Dette er noko mindre enn året før, men fordi desse prosjekta går over fleire år svingar tala frå år til år. Med bakgrunn i dei behova for tilskotsmidlar fylkesmennene melder er det grunn til å tru at aktiviteten vil auke framover. Det meste

av det økonomisk drivverdige skogarealet i skogstroka på Sør-Austlandet er no kartlagt, og det blir starta opp nye skogbruksplanprosjekt med revisjon av miljøregistreringar frå tidlegare. Før eksisterande data blir ført vidare i nye planar, blir dei kvalitetssikra, og nøkkelmetopar som er øydelagde av hogst eller av andre grunnar blir og erstatta av nye. På Vestlandet og nordover er det framleis store område som ikkje er dekte med skogbruksplanar med miljøregistreringar, og det er starta eit arbeid for å auke innsatsen på kartlegging i desse områda.

Med grunnlag i dette arbeidet tek skogeigarane særlege omsyn til miljøverdiane. Det er no sett til side eit samla areal med nøkkelmetopar på omkring 750 000 dekar. Miljøinnsatsen frå det private skogbruket sikrar god miljødokumentasjon og gode miljøomsyn i næringsverksemada og bidreg mellom anna til å redusere behovet for ofentlege vernevedtak.

#### Landbruket sine genressursar

Genmangfaldet innanfor landbruket er viktig for tilgangen til mat i verda og for at husdyr, matplanter og skogstre skal kunne tilpassast nye og endra dyrkings- og driftsforhold og nye krav til sluttprodukta. Oppfølginga av nasjonale handlingsplanar for berekraftig bruk og bevaring av gamle husdyrrasar, plantesortar og variasjonen innanfor artane av skogstre bidreg til at ikkje potensielt verdifulle genressursar skal gå tapt.

Av dei 39 husdyrrasane som er rekna som nasjonale i Noreg er 20 i kategorien *Kritisk truga* i 2015. Fire av storferasane og tre hesterasar er blant desse. Ytterlegare 9 rasar blir rekna som *Truga*. Det er sett i verk tiltak som skal sikre dei truga og kritisk truga rasane for framtida. I 2015 blei det registrert ein auke i talet på dyr for alle dei nasjonale kurasane. For dei store avlspopulasjonane ligg det føre tal for effektiv populasjonsstorleik, som gjer greie for talet på dyr som bidreg med gen i neste generasjon. Ein effektiv populasjonsstorleik på minst 50, og helst over 100, blir rekna for å vere berekraftig. For 2015 er dette talet for NRF (Norsk raudt fe) 227, norsk kvit sau 89, spælsau 63, norsk sjeviot 49, norsk mjølkegeit 320 og for norsk landsvin 135.

I 2015 var det i alt 11 bevarings- og tradisjonssortar på den norske sortslista. Det er også oppretta bruksgenbankar for gamle sortar innan korn og potet, der interesserte bønder kan få materiell for utprøving. Nasjonalt er det etablert 22 klon-samlingar for grønsaker, poteter, urter, frukt, bær, staubar og roser. Noreg samarbeider med dei an-

dre nordiske landa om nordisk genbank for frø som ligg til Nordisk genressurssenter (NordGen) under Nordisk ministerråd.

I upløgde og permanente enger har viktige engvekstar fått utvikle seg over lang tid og tilpassa seg til klima og andre vekstvilkår. Dette har resultert i stor genetisk variasjon i viktige eigenskapar. I 2015 var det i alt 584 slike in situ bevaringslokallitar med genressursar i kulturlandskap som blir haldne ved like etter skjøtselsplan og avtalar. Brorparten (545) av engene inngår i Handlingsplan for slåttemark hos Miljødirektoratet. Dei andre er stort sett resultat av initiativ i fylke der ymse støtteordningar bidreg til at tradisjonell skjøtsel og drift held fram.

Innanfor skogbruket er gran det treslaget som er best karakterisert genetisk. Per 31.12.2015 var 3 176 individ utprøvd i skogplanteforedlinga på gran. Desse dannar grunnlaget for eit utval av dei beste individua for produksjon av foredda frø i frøplantasjar, og neste generasjon foredlingspopulasjon, jf. målsetjingar i Strategi for skogplanteforedling 2010–2040. For å bevare genetiske ressurser in-situ, er det oppretta genressursreservat for skog i nokre verneområde. Desse bidreg til å sikre den potensielle tilgangen til genetisk materiale frå ulike klima og veksestadar. Det er oppretta 23 genressursreservat for skog, som omfattar 10 ulike treslag (under dette alm, ask, barlind, bøk, kristtorn, lind, sommareik, spisslønn, vintereik og gran).

Svalbard globale frøhvelv er i dag det største sikkerheitslageret i verda for biologisk mangfald innanfor vekstar, og er eit norsk tiltak av stor verdi for den globale matforsyninga. Dette spesialbygd fryselageret husar sikkerheitskopiar av frø frå nasjonale og internasjonale frøsamlingar. Ved slutten av 2015 har i alt 67 institusjonar til saman deponeert 875 931 frøprøver i frøhvelvet. I 2015 henta ICARDA tilbake meir enn 38 000 frøprøver for å dyrka fram nye frø for lagring i nabolanda til genbanken som ligg i Aleppo i Syria. Frø skal så sendast tilbake til Svalbard for ny langtids sikringslagring. Meir enn ein tredel av alt mangfaldet av matplanter som i følgje FNs organisasjon for ernæring og landbruk (FAO) ligg lagra i frøsamlingar verda over er med dette sikra i Svalbard globale frøhvelv.

#### God agronomi

God agronomi vil kunne bidra til auka husdyrproduksjon og avling, og kan også gi betre kvalitet i produksjonen. Auka kunnskap knytt til betre agronomi, klimatilpassingar og miljøomsyn hos den

enkelte bonde og i heile apparatet rundt norsk matproduksjon er naudsynt for å nå måla som regjeringa set for berekraftig produksjon av nok og trygg mat, og for å kunne auke den landbaserte produksjonen av mat i tråd med etterspørrselen til den veksande befolkninga. Kompetanseauken på desse områda blir kombinert med auka kunnskap om korleis klimagassutslepp, som følge av matproduksjon, kan haldest så låge som mogleg.

Forsking på matområdet har hatt høg prioritet i Landbruks- og matdepartementet, noko som blir reflektert i forskingsløyvingane. Berekingar frå Noregs forskingsråd viser at løyingane frå departementet retta mot matområdet har lege på omlaging det same høge nivået dei siste tre åra. Kvaliteten på forskinga er generelt god, og Noreg ligg i den internasjonale kunnskapsfronten på enkelte område, til dømes innanfor avl, teknologiutvikling og reduksjon av klimagassar. Gjennom løyingar til BIONÆR-programmet i Noregs forskingsråd har Landbruks- og matdepartementet støtta opp under nærings- og forvaltningsretta forsking knytt til den landbruksbaserte verdikjeda – frå råvareproduksjon og fram til forbrukar. Resultata frå forskinga skal komme til nytte både hos næringsutøvarar og forbrukarar.

God dyre- og plantehelse er avgjerande for berekraftig produksjon av trygg mat. Klimaendringar med auka fare for introduksjon av nye skadegjerarar og sjukdommar vil krevje ny kunnskap på dette området. Fleire prosjekt finansierte gjennom Noregs forskingsråd har støtta opp under forsking for å sikre god dyre- og plantehelse.

Innanfor området agronomi blei det lagt vekt på utfordringane norsk jordbruk står overfor knytt til forventningane om auka matproduksjon, vidareføring av norsk sjølbergingsgrad og landbruk i heile landet. Det blei starta opp eit stort prosjekt, AGROPRO. Prosjektet er eit samarbeid mellom Noregs miljø- og biovitskaplege universitet og Norsk institutt for bioøkonomi, med eit samla budsjett på 40 mill. kroner over 4 år.

#### Reduserte utslepp av klimagassar, auka lagring av karbon og gode klimatilpassingar

All matproduksjon startar med fotosyntesen. I utgangspunktet er difor alt jordbruk basert på opp-tak av CO<sub>2</sub>. Jordbruksaktivitetar og særleg husdyrhald er også opphav til utslepp av klimagassar, hovudsakleg i form av metan (CH<sub>4</sub>) og lystgass (N<sub>2</sub>O). Jordbruket sitt utslepp av klimagassar var i 2014 på 4,4 mill. tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar og utgjorde om lag 8,3 pst. av dei samla norske utsleppa. Utsleppet frå jordbruket har blitt redusert

med 11,1 pst. frå 1990 til 2014. Samstundes var det ein auke i dei nasjonale utsleppa samla sett. Redusert bruk av gjødsel og færre storfe er hovudårsakene til nedgangen i utslepp frå jordbrukskunsten.

### Karbonlagring i skog og jord

Regjeringa vil legge større vekt på klimapolitiske mål i forvaltninga av norske skogar.

I 2014 stod norske skogar for eit nettoopptak på 30,8 mill. tonn CO<sub>2</sub>. Når anna areal utanom skog blir teke med, blir nettoopptaket 25,4 mill. tonn, noko som svarar til om lag halvparten av dei samla norske utsleppa av klimagassar.

Når ein skal vurdere den samla klimaeffekten frå skogsektoren, må ein også ta med reduksjonen i klimagassutslepp ved bruk av fornybart skogråstoff til substitusjon av fossile utslepp i form av trebruk i byggsektoren og bioenergi.

Netto karbonopptak i skog er eit resultat av differansen mellom brutto opptak i form av tilvekst og utslepp som følgje av hogst. Sidan tømmerhogsten i Noreg har vore på eit temmeleg stabilt nivå rundt 10 mill. kubikkmeter årleg, har omfangset av forynging av skog mykje å seie for skogen sin tilvekst og karbonopptak. Ikkje sidan 2001 har det blitt planta meir skog enn i 2015. I alt blei 172 000 dekar tilplanta dette året, ein oppgang på 14 000 dekar frå 2014. Samla blei det planta 30,9 mill. skogplanter i fjor.

Vidare er skogen sin alder ved hogst viktig når det gjeld skogen som opptaksmekanisme og lager for karbon.

### Omfang av bruk av tre i varige konstruksjonar

Tre som bygningsmateriale har klare miljømessige fortrinn, og Noreg har store utnytta skogressursar. Bruk av tre legg grunnlaget for lokal og regional næring.

Tresatsinga til regjeringa har dei siste åra blitt forvalta av Innovasjon Noreg gjennom Trebasert Innovasjonsprogram. Målet har vore auka bruk av tre og styrkt konkurranseskraft i næringa. Pro-

grammet har gjennom fleire år hatt høg aktivitet og gjennom mobilisering og finansiell stønad bidrige til realisering av alt frå arkitektoniske konsept til byggprodukt og konstruksjonsmetodar. Programmet har bidrige til å utvikle det moderne trebyggeriet slik at tre blir vurdert som eit aktuelt materiale av arkitektar, utbyggjarar, folk som utviklar eigedommar og entreprenørar.

### Produksjon og bruk av bioenergi

Landbrukssektoren er leverandør av råstoff til bioenergi til andre sektorar og til intern bruk i næringa. Landbruks- og matdepartementet medverkar til auka produksjon og bruk av bioenergi. Bioenergiprogrammet gir mellom anna støtte til investering i gardsvarmeanlegg og anlegg for sal av biovarme. Programmet bidreg såleis til meir miljøvennlege energiløysingar både i landbruket og i andre sektorar. Støtta over bioenergiprogrammet utgjer om lag det halve samanlikna med elsertifikatordninga målt i kroner per kilowattime. I 2015 blei det gitt støtte til færre prosjekt over programmet enn i 2014, likevel blei det ein auke i samla planlagd energiproduksjon, samanlikna med 2014. I programmet si levetid er det i alt etablert over 1530 gardsvarmeanlegg, 31 anlegg i veksthus og 185 varmesalsanlegg med ein samla planlagd energiproduksjon på 350,5 GWh.

### Klimatilpassing

Klimaendringane vil påverke landbruket i stor grad, og vil mellom anna endre føresetnadene for planteproduksjon. God tilpassing til eit klima i endring blir viktig for å redusere sårbarheita og for å utnytte moglege gevinstar som følger med klimaendringane. Planteforedling er eit viktig tiltak for klimatilpassing, og departementet bidreg til å styrke skogplanteforedlinga. Over jordbruksavtalen blir det også gitt støtte til å få fram nytt sjukdomsfritt og klimatilpassa plantemateriale for jord- og hagebruksvekstar.

## 8 Ei effektiv landbruks- og matforvaltning

Landbruks- og matdepartementet har samfunnsoppgåver som er viktige for enkeltmenneske og næringsliv over heile landet. Forvaltninga skal vere organisert slik at ho har god gjennomføringskraft, løyser sentrale oppgåver effektivt med god kvalitet, og legg til rette for auka verdiskaping i næringslivet.

Landbruks- og matforvaltninga har ein desentralisert struktur med arbeidsplassar over heile landet. Oppgåveløysinga er såleis fordelt mellom nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. Etter 1.7.2015 har departementet fire underliggjande verksemder. Direktorats- og tilsynsoppgåver er lagt til Mattilsynet og Landbruksdirektoratet. Landbruks- og matdepartementet har to underliggjande forskingsinstitutt, Veterinærinstituttet (VI) og Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO). VI og NIBIO er organiserte som forvaltningsorgan med særskilt fullmakt. Sjå nærmare omtalt under kat. 15.10, 15.20 og 15.30.

### Andre viktige utøvarar i landbruks- og matforvaltninga

I tillegg til departementet og underliggjande verksemder er det fleire aktørar som utgjer landbruks- og matforvaltninga, men som ikkje ligg direkte under Landbruks- og matdepartementet. Dei viktigaste er kort omtalt under.

*Fylkesmannen* har ansvar for oppfølging av nasjonal landbruks- og matpolitikk regionalt og lokalt. Fylkesmannen forvaltar juridiske og økonomiske verkemiddel innanfor sektoren, og er pådrivar for utvikling innan landbruket. Fylkesmannen er administrativt underlagt Kommunal- og moderniseringsdepartementet, mens Landbruks- og matdepartementet har det faglege ansvaret for arbeidet til embeta på landbruks- og matområdet.

*Fylkeskommunane* har som regional nærings- og samfunnsutviklar ansvar for oppgåver innanfor verdiskaping, klima, samfunnsplanlegging, rekruttering og kompetanseheving i landbruket.

Samarbeidet i dei regionale partnarskapene legg til rette for å styrke utnyttinga og målrettinga av verkemidla innanfor landbruks- og matsektoren.

*Innovasjon Noreg* forvaltar midlar til investering og bedriftsutvikling og anna programstøtte til både tradisjonelt landbruk og andre landbruksbaserte næringar. Innovasjon Noreg er organisert som eit særlovsselskap, og er eigd av staten ved Nærings- og fiskeridepartementet og fylkeskommunane i fellesskap. Selskapet utfører tenester for Landbruks- og matdepartementet med bakgrunn i dei føringane som blir gitt i det årlege oppdragsbrevet frå departementet. Selskapet har iverksett eit omfattande digitaliseringaprosjekt for å forenkle og forbetra kundedialogen, avbyråkratisere tenestene, automatisere interne prosessar og oppgradere selskapet sine fagsystem. I 2016 har Landbruks- og matdepartementet løyvd 7,7 mill. kroner til digitaliseringaprosjekten og delen av prosjekten som omfattar landbrukskundane. Prosjekt for ny digital flate for landbrukskunden og ny effektiv handsaming for kunderådgivar starta sommaren 2016. Målet er at nye digitale løysingar for landbrukskundane skal takast i bruk i 2017.

*Kommunane* er førsteline for forvaltning av landbrukslovgivinga og dei fleste økonomiske verkemiddla i landbruket, og har ei sentral rolle som nærings- og samfunnsutviklar. Finansiering av oppgåvene inngår i inntektssystemet for kommunane. Gjennom den regionale partnarskapen skal fylkeskommunane, fylkesmennene og Innovasjon Noreg styrke kommunane sitt arbeid på landbruks- og matområdet.

### Ei enkel og brukarvennleg forvaltning med god kvalitet

Regjeringa vil oppnå ein mest mogleg effektiv bruk av ressursane i samfunnet. I forvaltningsarbeidet er det viktig at dei landbruks- og matpolitiske verkemidla blir utvikla på ein slik måte at dei er enkle å bruke for næringsdrivande, forvaltninga og samfunnet elles.

Forenklings- og effektiviseringsarbeid har stor merksemd i Landbruks- og matdepartementet og i dei underliggjande verksemndene.

#### Organisasjonsendringar og arbeid med effektivisering i dei underliggjande verksemndene

I juni 2014 vedtok regjeringa å fusjonere forskingsinstitutta Bioforsk, Norsk institutt for skog og landskap og Norsk institutt for landbruksøkonominisk forsking frå 1. juli 2015. Dei tre institutta hadde til saman ca. 725 tilsette. Etter ein interimperiode på om lag eitt år, blei *Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO)* oppretta som planlagt. Eit omfattande arbeid utført av interimsstyret og dei tilsette resulterte i at målet om eit styringsdyktig institutt frå og med fusjonstidspunktet blei nådd. Formålet med fusjonen er å etablere eit fagleg og økonomisk robust forskings- og utviklingsmiljø, som leverer kunnskap av høg kvalitet og relevans til næring og forvaltning. Meir ressursar skal nytast til utvikling av ny kunnskap, innovasjonsretta arbeid og støtte til forvaltninga, og mindre ressursar skal gå til administrasjon, drift og vedlikehald. Gjennom forsking og kunnskapsproduksjon skal instituttet bidra til matsikkerheit, berekraftig ressursforvaltning, innovasjon og verdiskaping innanfor verdikjedene for mat, skog og andre biobaserete næringar. NIBIO har eit eige styre, og hovudkontoret er på Ås. I tillegg til hovudkontoret har instituttet 17 einingar ulike andre stadar i landet. I juni 2015 vedtok departementet endringar i den regionale strukturen til NIBIO. Formålet er å styrke instituttet fagleg og økonomisk gjennom å effektivisere og redusere regionale einingar.

Målet med å opprette *Landbruksdirektoratet* 1. juli 2014 var å oppnå ei meir solid og effektiv landbruksforvaltning, og å styrke reindriftsforvaltninga i Alta. Leiinga i Alta er no styrkt og administrative ressursar er samordna og effektivisert. Fleire prosjekt er gjennomført innan forvalnings- og systemutvikling for å auke kapasiteten og betre kvaliteten på sakshandsaminga. I løpet av 2015 har dette gitt resultat både i form av betre sakshandsamingstid og auka kvalitet på tenestene.

Direktoratet skal arbeide for at søker- og sakshandsamingssistema er effektive og sikre, og spelar årleg inn framlegg til departementet om vidareutvikling av regelverk og forvaltingssystem. Det blir også stadig jobba med utgreiingar som har til mål å forenkle verkekommidel under jordbruksavtalen. Tidstjuvarbeidet i direktoratet har stor merksemd og to konkrete utviklingsprosjekt er i gang. Det eine gjeld etablering av nytt IKT-

system for digital forvaltningsstøtte for kommunar, fylkesmenn og for direktoratet sjølv. Det andre er eit nytt elektronisk søker- og sakshandsamingssystem i samband med at ny naturskadeerstatningslov tek til å gjelde 1.1.2017.

*I Mattilsynet* har omorganiseringa prega 2015. Målet har vore å utvikle og tilpasse tilsynet til samfunnet og brukarane sine behov fram mot 2020. Antal regionar er redusert frå 8 til 5, og talet på leiarar er redusert med 30 pst. Den nye organiseringa skal frigjere ressursar til tilsyn, regelverksutvikling, kommunikasjon/rettleiing og kunnskapsinnhentinganalyse. Det blir kontinuerleg jobba med forbetingar og utvikling av meir effektive arbeidsprosessar med betre metodikk og bruk av ny teknologi. Smilefjesordninga som blei innført i 2016 er eit godt døme på dette. Ordninga effektiviserer tilsynet og revolusjonerer kommunikasjon rundt tilsynsresultat. Forbrukarane får med ein gong tilgang til informasjon om dei hygieniske forholda ved stadane som er med i ordninga.

Mattilsynet har komme langt i å vidareutvikle tidstjuvprosjektet til å bli ei arbeidsform. Interne tidstjuvar er registrert i deira eigen forbettingsportal. Arbeid med vidare oppfølging av tidstjuvar og kontinuerleg forbeting er viktig for å utvikle ein lærande organisasjon, særleg når ny organisasjon er under utvikling.

*Veterinærinstituttet* har redusert bemanninga betydeleg sidan 2014. Gjennom reduksjon i bemanninga har verksemda blitt rasjonalisert og effektivisert.

Instituttet har starta eit arbeid med å modernisere diagnostikken og styrke samhandlinga med feltapparatet for å få sendt inn betre og meir eigna materiale for diagnostiske undersøkingar. Moderne kommunikasjonsverktøy gjer det også mogleg å formidle biletar av sjuke dyr og organ. Slike hjelpemiddel endrar det diagnostiske arbeidet. Resultatet blir meir kostnadseffektiv helseovervakning og diagnostikk, betre smittevern og styrkt landsdekkande beredskap.

Nye behov i næringane påverkar kva for tenester som er etterspurte. Dei regionale einingane må ha høgt kunnskapsnivå om brukarane og inneha spesialiserte funksjonar. I tett samarbeid med andre verksemder skal dei vere viktige aktørar for næringsutvikling i regionane. Verksemda i Tromsø skal halda fram i grøn sektor. Vidare er samarbeidet mellom Veterinærinstituttet og andre kunnskapsmiljø i Bergen styrkt. Det er underteknna ei intensjonsavtale om samarbeid med Universitet i Bergen, og Veterinærinstituttet er blitt medlem av The Norwegian Seafood Innovation Cluster.

Arbeidet med det nye Veterinærinstituttet på Ås er omfattande. Samarbeidet mellom Veterinærinstituttet og dei andre landbruksinstitutta og universitetet på Ås blir styrkt. Dette vil bli eit løft både for grøn og blå sektor.

### Digitalisering

Digitalisering av offentlege tenester og interne arbeidsprosessar er viktig for å modernisere, forenkle og forbetra forvaltninga. Verksemndene i landbruks- og matsektoren skal tilby fleire og meir brukarretta digitale tenester. Digitale tenester bidreg til å gi ein enklare kvardag for innbyggjarar og næringsdrivande, samstundes som det legg til rette for at stat og kommune kan løyse oppgåvene meir effektivt. Vidare skal digitale tenester bidra til å skape grunnlag for verdiskaping, kvalitet i offentlege tenester, demokratisk deltaking og inkludering. Verksemndene skal arbeide for at digital kommunikasjon skal vere hovudregelen for kontakt med forvaltninga.

Tilsynssystemet til *Mattilsynet* (MATS) står sentralt i arbeidet til verksemnda. Målet er å leggje til rette for at brukarar får løyst oppgåvene sine i systemet på enklast mogleg vis. Det er difor lagt ned mykje arbeid i å identifisere og eliminere ulike tidstjuvar for å gjere systemet meir brukarvennleg og effektivt. Mattilsynet har i 2015, i samband med eit prosjekt for å innføre «smilefjes» for å synleggjere resultatet av tilsyn i serveringsverksemder, utvikla regelverk, tilsynsmetodikk og ein mobil klient som legg til rette for gjennomføring av heile tilsynsprosessen ute i verksemndene.

*NIBIO* utviklar IKT-løysingar som forenklar, fornyar og forbetrar arbeidsprosessar blant offentlege og private aktørar innan jordbruk, skogbruk og reindrift. Gjennom NIBIO sitt «Gårdskart på internett» har landbruksforvaltninga på kommunalt og regionalt nivå fått ein forenkla tilgang til informasjon knytt til arealressursar og areatal gjennom kart og statistikk. Instituttet har gjennomført ei stor satsing på den nye kartløysinga «Skogportalen» der all miljøinformasjon for skogforvaltning no er samla på ein stad. Her kan skogeigar, entreprenørar og forvaltning finne relevant dokumentasjon for ulike formål. NIBIO utviklar ulike kartløysingar som bidreg til effektivisering av forvaltninga både hos direktoratet, i kommunane og hos dei næringsdrivande.

Målet til *Landbruksdirektoratet* er å tilby elektroniske tenester som er enkle og effektive for brukarane, og som skal gi mest mogleg effektiv og korrekt forvaltning. I tillegg er det viktig med høg informasjonstryggleik og data av god kvalitet.

I 2015 har direktoratet gjennomført eit omfattande arbeid med samordning av IKT-løysingar for dei to tidlegare etatane Statens landbruksforvaltning og Statens reindriftsforvaltning som 1.7.14 blei slått saman til Landbruksdirektoratet. Ny naturskadelov tek til å gjelde 1.1.2017, og arbeidet med ny IKT-løysing starta i 2015. Eksisterande IKT-løysingar for produksjonstilstskott vil i 2017 bli erstatta av eit nytt IKT-system og arbeidet med dette blei starta opp i 2015.

### Styring av underliggjande verksemder

Meir effektiv drift og betre utnytting av ressursane ligg til grunn for styringa av etatane under Landbruks- og matdepartementet. Departementet har delegert mykje av gjennomføringa av politikk til underliggjande verksemder. For å oppnå ei mest mogleg effektiv styring og leiing av dei underliggjande verksemndene er departementet oppteken av å gi klare mål og tydelege prioriteringar i styringsdialogen samstundes som verksemndene skal ha fridom til å utøve oppgåvene sine. Departementet har utarbeidd mål for sektoren som blir lagt til grunn for styringa av dei underliggende verksemndene (sjå innleiing). Resultatindikatorane som departementet har identifisert og teke i bruk gir verdifull informasjon om resultatoppnåinga i sektoren, men må oftaast supplerast med kvalitative analysar.

På det administrative området legg departementet særleg vekt på at verksemndene skal utvikle den interne verksemddsstyringa, og at landbruks- og matforvaltninga oppfyller dei krava som økonomiregelverk i staten pålegg alle statlege verksemder. Departementet har merksemd på internkontroll og risikostyring i underliggende verksemder. Begge institutta har vedteke å etablere internrevisjon for å forbetra drifta.

### Kommunikasjon med omverda

Landbruks- og matdepartementet skal bidra til oftentleg merksemd om landbruks- og matpolitiske spørsmål og problemstillingar. Ny kunnskap og informasjon på aktuelle saksområde skal raskt gjerast lett tilgjengeleg, mellom anna på nettsida [www.regjeringen.no/lmd](http://www.regjeringen.no/lmd). Kvar dag får om lag 6 000 abonnantar på departementet si nyhende-teneste informasjon frå fag- og politikkområdet.

Dette er ein vesentleg del av innsatsen for å presentere informasjon som skapar interesse, har høg truverde og aukar kunnskapen om landbruks- og matpolitikken. Saker på høyring og oftentleg postjournal blir presentert på nettsida til departementet. Dette gjer allmenta høve til å få informasjon og kunnskap om det arbeidet som skjer i departementet.

oversikt over utviklinga i årsverka i landbruks- og matforvaltninga. Forvaltningsorgan med særskilt fullmakt; Veterinærinstituttet og NIBIO er også ein del av landbruks- og matforvaltninga. Desse verksemndene hentar delar av inntekta si frå oppdrag i marknaden, og vil såleis ikkje vere eigna til å bli tekne med i årsverkoversikta under som gjeld forvaltningsverksemder som får heile inntekta si frå statlege løyvingar.

### Årsverk i landbruks- og matforvaltninga

Landbruks- og matforvaltninga er representert over heile landet og i alle fylke. Tabell 8.1 gir ei

Tabell 8.1 Årsverk i den statlege landbruks- og matforvaltninga, tal per 1.1

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	Endring i pst. 2011–2016
Landbruks- og matdepartementet	153	148	144	148	145	138	-9,8
Mattilsynet	1 326	1 328	1 329	1 319	1 281	1 257	-5,2
Landbruksdirektoratet <sup>1, 2</sup>	243	243	243	217	218	214	-11,9
Fylkesmannens landbruksavdeling	333	326	322	314	309	299	-10,2
Fylkesmannen som regional reindriftsstyresmakt <sup>1</sup>				32	34	33	
<b>Sum</b>	<b>2 055</b>	<b>2 045</b>	<b>2 038</b>	<b>2 030</b>	<b>1 987</b>	<b>1 941</b>	<b>-5,5</b>

<sup>1</sup> Det regionale nivået i reindriftsforvaltninga blei frå 1.1.2014 flytta frå Statens reindriftsforvaltning til fylkesmannsembata.

<sup>2</sup> Statens landbruksforvaltning (SLF) og Statens reindriftsforvaltning (SRF) blei slått saman til Landbruksdirektoratet frå 1.7.2014. Tala for perioden 2010–2014 gjeld SLF og SRF samla.

For ressursbruk på ulike område, sjå årsrapportane til dei ulike verksemndene.

### Gode system for samfunnstryggleik og beredskap

Landbruks- og matdepartementet har ansvar for samfunnstryggleik og beredskap i eigen sektor. Ansvaret er hovudsakleg knytt til matproduksjon og mattryggleik, sjå omtale under del II programkategori 15.10 Matpolitikk og kap. 1115 Mattilsynet.

Landbruks- og matdepartementet er førebudd på å møte kriser i eigen sektor og på å yte bistand til andre departement i sektorovergripande kriser. Viktige element i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap er å sikre personell og kritisk infrastruktur på best mogleg vis, slik at departementet og underliggende verksemder i størst mogleg grad kan drive verksemda vidare, uavhengig av uønskte hendingar og kriser. Dette omfat-

tar til dømes fysisk tryggleik, informasjonstryggleik og personelltryggleik. Departementet er oppteken av at arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap skal vere sporbart og integrert i departementet sitt planverk, styringssystem og i styringsdialogen med underliggende verksemder.

Departementet legg vekt på høg leiarmerksammeid i styringa av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet. Ein overordna analyse av risiko- og sårbarheit inngår i departementet sitt arbeid med tryggleik og beredskap. I styringsdialogen med underliggende verksemder får arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap systematisk merksammeid, mellom anna gjennom formidling av krav til områda i tildelingsbrev og i verksemdsinstrukasjone, og i den ordinære styringsdialogen. I 2015 gjennomførte/deltok departementet i 9 øvingar, mellom anna ei øving med temaet ein alvorleg sjukdom på dyr.

Mattilsynet gjennomførte i 2015 ei nasjonal øving med temaet rabies, med særskilt merk-

semd på risiko- og krisekommunikasjon. Regionane har på si side arrangert 18 beredskapsøvingar med scenario i tråd med eigen eller fylkesmannen sin analyse av risiko- og sårbarheit. Mattilsynet har også arbeidd med opplæring innan beredskap i samarbeid med andre, mellom anna innan oppklaring av sjukdomsutbrot hos folk, atomberedskap, og feltarbeid ved alvorlege smittsame sjukdommar hos dyr. Opplæringa blir utarbeidd som e-læring, og vil vere tilgjengeleg for dei Mattilsynet samarbeider med, til dømes Sivilforsvaret.

Landbruksdirektoratet har viktige beredskapsoppgåver innan samfunnstryggleik og beredskap. Dette omfattar handtering av hendingar og kriser innan matforsyning, skog, natur- og avlingsskadar. Beredskapsplanverket skal sørge for at Landbruksdirektoratet er i stand til å vidareføre funksjonane sine i ein krisesituasjon. Verksemda nyttar i stor grad IKT i forvaltninga, og ein viktig del av beredskapsplanverket er tiltak for å kunne handtere kritiske hendingar på IKT-området. Direktoratet gjennomførte i 2015 ei øving om matsikkerheit og ei øving i kriseadministrasjon.

## 9 Forsking, innovasjon og kompetanse skal bidra til at hovudmåla i landbruk og matpolitikken blir nådde

Forsking og forskingsbasert innovasjon er blant dei viktigaste verkemidla for å nå hovudmåla i norsk landbruks- og matpolitikk – matsikkerheit, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk. Regjeringa legg difor til rette for ein kontinuerleg høg kunnskapsproduksjon. I denne rapporteringa vil innsats og resultat på utvalde område bli omtalt innanfor dei tre delmåla for landbruks- og matforskinga:

- Målretta bruk av midlar til forsking og innovasjon
- Kunnskap og kompetanse er tilgjengeleg for næring og forvaltning
- Ein effektiv instituttsektor i samspel med andre

### Målretta bruk av midlar til forsking og innovasjon

Løyvingane til forsking og innovasjon skal bli brukt mest mogleg målretta for å nå hovudmåla i landbruks- og matpolitikken.

Gjennom løyvingar til forsking og innovasjon har Landbruks- og matdepartementet støtta opp under nærings- og forvaltningsretta forsking knytt til den landbruksbaserte verdikjeda – frå råvareproduksjon til forbrukar, og lagt grunnlaget for auka innovasjon og konkurransekraft i næringa.

### Nok og trygg mat

Forsking på matområdet har høg prioritet i Landbruks- og matdepartementet, noko som blir reflektert med store forskingsløyvingar dei seinare åra.

For å sikre at maten som kjem fram til forbrukar er trygg, er det avgjerande å sjå heile verdikjeda under eitt. Eit stort tal prosjekt innanfor planteproduksjon, husdyrhald og næringsmiddelindustri er med på å sikre nok og trygg mat.

Løyvingar frå Landbruks- og matdepartementet finansierer store nasjonale forskarprosjekt, innovasjonsprosjekt i næringslivet og norsk deltaking i europeiske forskarnettverk. Det er nyleg

sett i gang eit stort forskarprosjekt, BioFresh, leia av NIBIO, som skal studere framtidig veksthusproduksjon av ferske grønsaker i Noreg. Hovudmåla er å auke og styrke tverrfagleg kunnskap og kompetanse om berekraftige, lukka produksjonsystem i veksthus og betre matsikkerheit gjennom intensivering av produksjonen, og stimulere til auka konsum av trygge og sunne grønsaker av høg kvalitet. Midlar frå Fondet for Forskingsavgift på landbruksprodukt og Forskingsmidlar over Jordbruksavtalen blir også nytt til forsking innanfor både matsikkerheit og mattryggleik. Av nye prosjekt finansiert av departementet er antibiotikaresistens i kyllingproduksjon og tiltak mot matborne virus.

Forskarprosjektet iProsess, leia av SINTEF Fiskeri og havbruk, skal utvikle nye konsept og metodar for berekraftig verdiskaping i matproduksjon, både for marin- og landbaserte matprodukt. Sentralt står utvikling av prosessinnovasjoner, konsept og forretningsmodellar for betre utnytting av råstoff og reststoff for å auke lønsemada og redusere avfallsmengda. Innanfor husdyrproduksjon og dyrehelse er prosjektet FeedMileage ved Noregs miljø- og biovitskaplege universitet (NMBU) komme godt i gang. Målet er å gjere husdyra meir robuste, slik at dei i større grad kan nyttiggjere seg lokale fôrressursar, mellom anna gjennom avl for auka føreffektivitet. Innanfor temaet antibiotikaresistens, velferd hos svin og optimisering av velferd og produksjon av kylling blir det gjennomført forsking i samarbeid med europeiske nettverk.

Fleire prosjekt finansiert gjennom Noregs forskingsråd har støtta opp under forsking for å sikre god dyre- og plannehelse. Dei siste åra er det utvikla mykje ny kunnskap om plantesjukdommar, sortsutvikling og klimatilpassing, til dømes korleis vintertoleranse blir utvikla i plantane. Forsking innan dyre- og plannehelse kan ha stor innverknad på og grenseflater mot mattryggleik, og dette er område som bør bli sett i samanheng.

### Boks 9.1

Forskningsprosjektet AGROPRO vurderer ulike metodar for agronomi for auka matproduksjon. I prosjektet undersøkjer forskarane, i samarbeid med næringsaktørar, moglegheiter og grenser for at forbetra agronomisk praksis kan bidra til auka og berekraftig matproduksjon i Noreg. Mellom anna er ein jordpakkingsmodell (Terranimo) tilpassa norske vilkår (jord, klima, maskiner og språk) for å gi råd til enkeltbønder om maskinval, dekkutrusting og risiko for pakkingsskadar. Bonden kan legge inn opplysingar frå eigen gard, frå det enkelte skiftet og med eigne maskinar, og får diagram som viser om det er fare for skadelig jordpakking. Det er utvikla ein modell for korleis kornavlingane blir påverka av jordarbeiding ved ulikt vassinnhald, og avlingstapet ved utsett såtid. I prosjektet er eit stort tal på sortar av bygg, kveite og havre undersøkt med tanke på toleranse mot vassmetta og pakka jord.

mobilisere næringslivet til å investere meir i FoU. Det er også lagt vekt på å betre forskings- og innovasjonssamarbeidet mellom blå og grøn sektor. Nofima AS har ein viktig funksjon i arbeidet med å hente ut synergiar frå eit slikt samarbeid.

Bruken av ressursar på forsking i næringsmiddelindustrien har auka dei siste åra. Mange nye innovasjonsprosjekt er sette i gang, og mykje av forskings- og utviklingsinnsatsen går til å betre mattryygghet gjennom auka kompetanse og kunnskap, produktivitetsauke gjennom betre lagring, kvalitetshøvding og betre produkt gjennom prosesoptimalisering og hygieniske tiltak. Betre utnytting av råstoff og utnytting av restråstoff er også tema som blir undersøkt. Næringsmiddelindustrien har vore involvert i fleire av prosjekta på matområdet. Samarbeidet mellom næringsmiddelindustrien og forskingsmiljøa er såleis styrkt, og fleire bedrifter har innført ny teknologi basert på dei forskningsresultata som er produkt av samarbeidet. Samarbeid og forskingsbasert innovasjon er viktig for å auke konkurransekrafta i næringsmiddelindustrien.

### Auka verdiskaping

Forsking skal bidra til auka verdiskaping i landbruks- og matsektoren. Landbruks- og matdepartementet bidreg til å vidareutvikle ein kunnskapsbasert landbruks- og matsektor i heile landet ved å stimulere næringane i sektoren til å forske meir og til å nytte seg av andre si forsking, både nasjonalt og internasjonalt. Departementet har innretta forskningsmidlane slik at dei støttar opp under innovasjonsaktivitetar i næringane gjennom tydelege forskingsprioriteringar i verdikjeda og god dialog med aktørar som kan finansiere forskinga.

Mange av verdikjedene innanfor matområdet har liten tradisjon for eiga forsking. Ei årsak er strukturen i primærnæringane med mange mindre føretak og stor geografisk spreiing. Offentleg finansiering av forsking er difor svært viktig, og næringsetta forskingsinnsats innan landbruksnæringa blir finansiert gjennom Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt (FFL).

Brukstyrt og innovasjonsorientert forsking har høg priorititet. Stor forskningsaktivitet er ein føresetnad for å halde oppe og styrke konkurransesevna i skog- og næringsmiddelindustrien. Brukstyrt innovasjonsarena (BIA), og tematisk innretta program som BIONÆR og store program som ENERGIX, har vore viktige verkemiddel for å

### Boks 9.2

Nortura har i samarbeid med nasjonale og internasjonale aktørar gjennomført INFORMED-prosjektet for å handtere sentrale utfordringar knytt til automasjon i kjøttindustrien. Prosjektet har utvikla tre sensorsystem som automatiserer løysingar i kjøttindustrien. Systema skal forenkle og betre produksjonskontrollen. Både forskings- og kjøttindustripartniane i dette prosjektet har etablert ny kunnskap i utviklinga av desse teknologiane. Kunnskapen er relevant både for vidareutvikling av sensorar for industriformål og til bruk i nye prosjekt. Resultata har stort potensial for praktisk bruk i kjøttindustrien.

Forskningsprogramma BIONÆR og ENERGIX følger opp overordna politiske føringer for å levere kunnskap om skog- og trebasert næringsverksamhet.

Det blir arbeidd målretta med å etablere store tverrfaglege prosjekt som analyserer kva rolle skogen har i klimasamanheng. Dette arbeidet dekkjer heile livslaupet, frå etablering, skjøtsel og avverking, til livslaupsanalyser innanfor verdikjeda tremekanisk industri, papirindustri og bio-

energi. Det er eit komplekst samspel mellom primærproduksjon, hausting og bruken av trebaserte produkt i samfunnet. Dette gjer tværfaglege tilnærmingar og eit tett samarbeid mellom næringssliv, forsking og forvaltning, heilt naudsynt. Ei utfordring for forskinga er å bidra med kunnskap til arbeidet med å balansere auka innsats for klimatiltak i skog, økonomisk avkastning i skogbruket, og omsyn til miljøverdiar og biologisk mangfald.

### Boks 9.3

Firmaet Terratec starta i 2015 innovasjonsprosjektet HyperBio – bruk av ny teknologi for å redusere kostnader og auke presisjonen ved kartlegging av skog. Prosjektet skal utvikle nye og betre metodar for skogkartlegging frå fly ved bruk av opptak av hyperspektrale bilet og LiDARdata (laserregistrering) og automatisert prosessering av data. Firmaet sitt mål er å kunne tilby ein unik skogkartleggings-tjeneste som ikkje finst på marknaden i dag.

### Berekraftig landbruk

Regjeringa vil stimulere til auka matproduksjon mellom anna av omsyn til norske forbrukarar og beredskap. Samstundes er omsynet til miljø og klima viktig. For å nå dette målet er det avgjerrande at dei ressursane vi rår over blir utnytta på ein best mogleg måte. Avlsarbeid for størst mogleg produksjon av friske og sunne dyr, og sortutvikling som sikrar eit plantemateriale tilpassa klimaforholda, vil vere viktig i denne samanhenget. Løyvingar frå Landbruks- og matdepartementet finansierer fleire prosjekt på dette området, og fleire av prosjekta har brei medverknad frå brukarar. Norsk avlsarbeid er leiande internasjonalt, og kan by på store moglegheiter for samarbeid innanfor forsking og næring. Det er til dømes sett på modellar for avlsframgang og utvikla ein ny metodikk for å inkludere nye eigenskapar i avls-måla. Avlsorganisasjonane innanfor alle husdyrarar deltok i prosjektet. Kunnskap som sikrar berekraftig og klimatilpassa produksjon av mat, som kunnskap knytt til betre agronomi, vil få endå større plass i tida framover.

Produksjon og bruk av fornybar energi er ein viktig del av bidraget frå landbruket til å redusere utslepp av klimagassar. Hovudsatsinga på energiforsking skjer gjennom programmet ENERGIX,

som er Noregs forskingsråd sitt store program innanfor miljøvennleg energi. Prosjekta er i hovudsak retta mot utvikling av nye og meir effektive konverteringsprosessar frå råstoff til energi, medrekna både varme og elektrisk straum. Innanfor bioenergiforskinga har områda miljø og klima, hausting av skog til produksjon av varme og drivstoff, og biogass frå husdyrgjødsel og matavfall vore sentrale område for departementet.

### Boks 9.4

Biodiversitet trugast av gjengroing, og i Noreg blir det færre dyr på utmarksbeite. Det er eit politisk mål, også internasjonalt, å stoppe tap av biologisk mangfald. Prosjektet BIOPOLICY er finansiert av MILJØFORSK. Ved hjelp av modellen JORDMOD har forskarane rekna seg fram til at innskrenka auke i jordbruks-subsidiar kan stimulere til auka bruk av utmarksbeite med 15 pst. Dette vil betre verne om det biologiske mangfaldet i naturlandskapet. Mangfaldet er mellom anna svært viktig for pollinerande artar. Bøndene ønskjer å nytte utmarka til mellom anna beite, med føresetnad om at det løner seg økonomisk. Prosjektet har mellom anna bidreg til å vise at jordbrukspolitikk må sjåast i samband med miljøpolitikk.

### Næringslivet si deltaking i forskingsprosjekt på departementet sitt område

Landbruks- og matforskinga skal bidra til at næringsslivet styrker sin eigen forskingsinnsats, og i større grad nyttiggjer seg av forskingsbasert kunnskap. Midlane til forsking frå Landbruks- og matdepartementet går i stor grad til næringssretta prosjekt som har krav om medverknad frå næringa, og ein stort del av prosjekta krev også medfinansiering frå næringslivet. Krav om medverknad frå næringa bidreg til å gjøre forskinga meir relevant og løysingsorientert når det gjeld problemstillingar i landbruks- og matnæringa.

Forskningsrådet sitt program Verkemiddel for regional innovasjon (VRI) er retta mot meir forsking i næringsslivet. VRI-programmet skal stimulere til auka samarbeid med regionale partnarskap, FoU-miljø og andre relevante utviklingsaktørar for å styrke læring, innovasjon og verdiskaping i føretak med liten FoU-erfaring. Auka merksamd på erfarings- og kunnskapsutveksling

mellan regionalt og nasjonalt nivå har medført ein tett samarbeidsstruktur mellom dei regionale representantane og dei sentrale næringsretta programma i Forskingsrådet.

SkatteFUNN er ei skattefrådragsordning, og har ingen direkte løyingar frå departementa. Ordninga er likevel eit viktig verkemiddel for innovasjon og verdiskaping i næringslivet. Aktivitetn ligg på eit høgt nivå, særskilt på områda jordbruk og mat, som har vore aukande dei siste åra. Aktivitetn indikerer at dette er eit treffande verkemiddel for innovasjon i landbruks- og matsektoren.

### Internasjonal forskingsaktivitet

Dei norske forskingsinstitutta har eit stort internasjonalt engasjement. Norsk landbruks- og matforsking er mellom anna godt representert i internasjonalt samarbeid gjennom ulike European Research Area-nett (ERA-NET) og fellesprogram (JPI, Joint Programming Initiatives).

EUs rammeprogram for forsking og innovasjon, Horisont 2020, har opna for auka deltaking frå norske landbruks- og matforskningsmiljø. Mellom anna er spørsmål knytt til matsikkerheit og klima høgst aktuelle forskingsområde i Horisont 2020. Internasjonalt forskingssamarbeid på desse områda er viktig for å løyse globale utfordringar, for å heve kvaliteten og fornye norsk forsking og for å kunne forstå og nytte forskingsresultat frå andre land. Samarbeid er i tillegg naudsynt for at Noreg skal kunne ta sin del av ansvaret for den internasjonale kunnskapsoppbygginga på sentrale område. Det er viktig å leggje til rette for best mogleg utnytting av samarbeidet.

Horisont 2020 har ei sterk kopling mot dei ulike fellesprogramma (JPI, Joint Programming Initiatives). På landbruks- og matområdet er det sett i gang to JPI'ar, av dette er ein knytt til landbruk, matsikkerheit og klimaforandringar (JPI-FACCE, Agriculture, Food security and Climate change), og ein til området mat og helse (JPI – A healthy Diet for a healthy life).

Norske forskarar hevdar seg godt i konkurransen med andre land, og har så langt komme med i kvart tredje prosjekt som er finansiert innanfor landbruk, mat og grøn bioøkonomi i Horisont 2020.

### Kunnskap og kompetanse er tilgjengeleg for næring og forvaltning

Som grunnlag for innovasjon og utvikling er det viktig å få ei god spreing av relevant kunnskap

### Boks 9.5

Noreg deltek i FACCE SURPLUS ERA-Nettet som finansierer prosjekt innanfor landbruk og andre biobaserte produkt. Det er norsk deltaking i 2 prosjekt:

NIBIO koordinerer prosjektet INTENSE som skal bidra til at landareal som ikkje lenger egnar seg til landbruk blir oppgradert til å kunne produsere biomasse for ein europeisk bioøkonomi. Jordforbetring og identifisering av plantar som bidreg til formålet vil stå sentralt i forskinga.

Det andre prosjektet heiter SWEEDHART og har NTNU som partner. Dei skal jobbe med berekraftige tiltak mot ugras og utnytting av ugras til biobaserte materiale og energi.

frå universitet og institutt. For å få dette til må det leggjast til rette for at fleire aktørar saman kan bidra i formulering av kunnskapsbehov og finansiering.

Effektiv kommunikasjon og formidling av forskingsbasert kunnskap på landbruks- og matområdet er ein grunnstein for institutta. Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO), Bygdeforskning, og Veterinærinstituttet (VI) publiserer og formidlar mykje av forskinga si også utanfor dei vitskaplege kanalane. Som til dømes i rapportar, fagmøter, fagblad og i media.

Det samla talet på publikasjonspoeng per forskarårsverk auka frå 2014 til 2015 for alle tre institutta, men noko av årsaka til auken kan ha å gjere med ny berekningsmodell. Den populærvitskapslege formidlinga var stor for alle institutta i 2015, med mange avis kronikkar, intervju og foredrag. Det er høgt fagleg nivå hos forskarane, og delen av tilsette med doktorgrad per forskarårsverk har auka frå 2014 til 2015. Som tidlegare år scorar dei landbruksfaglege forskingsinstitutta betydeleg høgare på denne indikatoren enn instituttsektoren sett under eitt.

Institutta har ein stor del forskarar med doktorgradsutdanning, og i 2014 og 2015 blei det til saman avglat 26 doktorgrader ved institutta. Doktorgradsutdanning er viktig for rekrutteringa til institutta, men også for næringsliv og forvaltning som har behov for høg kompetanse på viktige fagområde.

## Søking til yrkesfag og høgare utdanning i landbruks- og matfaga

God rekruttering av fagpersonar med rett kompetanse er viktig for å sikre eit sterkt landbruk og ein sterk matindustri.

Søkjartalet til yrkesfag i naturbruk i vidaregåande skolar er låg, men har hatt ein klar auke dei siste par åra. Dei fylkeskommunale skolane hadde ein auke på 15 pst siste år. Den positive tendensen gjeld også dei private skolane.

Rekruttering av fagpersonar med matfagleg utdanning til industrien er ei utfordring. Det er for få søkerar som etter vg1 restaurant – og matfag går vidare til vg2 matfag som skal gi fagarbeidarar som matindustrien treng. Dei fleste innan restaurant- og matfag søker vidare på vg2 kokk og servitør.

Søkjartala til studiane i produksjonsretta landbruksfag viser også i 2016 ein auke frå året før. Søkinga til skogfag ved Noregs miljø- og biovitskaplege universitet (NMBU) har gått noko ned frå 2015 til 2016, men er framleis betydeleg høgare enn for 2014, og det er langt fleire søkerar enn studieplassar. Søkinga til dei ulike tilboda innan skogfag ved Høgskolen i Hedmark har og vist ein liten auke. Samla sett har det dei siste par åra vore ei positiv utvikling i talet på søkerar til høgare landbruksutdanning, og det er særleg tal på søkerar med landbruksstudiet som førsteval som har auka siste året. Like fullt er det framleis behov for auka rekruttering til fleire av landbruksstudiane, og det er langt færre søkerar til landbruksfaga enn til anna høgare utdanning.

## Søking til etter- og vidareutdanning

Rapportane fra fylkeskommunane på bruken av midlar over jordbruksavtalen til rekruttering, likestilling og kompetanse viser at desse midlane løysar stor aktivitet i etter- og vidareutdanning som gir kompetanse dei næringsdrivande i landbruket treng. Etterspørselet er særleg knytt til praktisk retta kompetansetiltak for dei som er på veg inn i landbruksnæringa.

## Rekruttering til næringsliv og forsking

Rekruttering, både til næringa og til forskingsmiljøa, representerer ei stor utfordring for å sikre forskingskvaliteten i framtida. Sjølv om rekrutteringa har auka dei seinaste åra så har studenttala innanfor dei tradisjonelle landbruksfaga vore så låge at det framleis er vanskeleg å rekruttere doktorstipendiatar.

For å oppnå auka rekruttering må det stimulerast til auka samarbeid både internt i sektoren og på tvers av sektorane.

## Ein effektiv instituttsektor i samspel med andre

Ein økonomisk solid instituttsektor er ein viktig føresetnad for at den skal vere i stand til å bidra til at ein når hovudmåla i landbruks- og matpolitikken. Dei tre landbruksfaglege forskingsinstitutta – NIBIO, Veterinærinstituttet og Norsk senter for bygdeforskning – omsette i 2015 for 1090,1 mill. kroner og utførte 945 årsverk, og av desse var 475 forskarårsverk. Av dei tilsette hadde 400 doktorgrad. Sjå også kap. 1137, post 51.

## Institutta må vere økonomisk solide

I 2015 hadde Bygdeforskning og Veterinærinstituttet eit driftsoverskott, mens NIBIO hadde eit driftsunderskott. Driftsunderskottet må sjåast i samband med at NIBIO i juli 2015 blei etablert ved samanslåing av NILF, Bioforsk og Norsk institutt for skog og landskap. Departementet følgjer nøye med på den økonomiske utviklinga for institutta. Dei tre institutta NIBIO, Bygdeforskning og Veterinærinstituttet oppnådde gode resultat innan forsking og innovasjon i 2015.

Om lag ein tredjedel av driftsinntekta til dei tre institutta er knytt til forvalningsoppgåver som blir finansiert av mellom anna Landbruks- og matdepartementet. Hovuddelen (om lag fire femdeinar) av forvalningsoppgåvene er kunnskapsutviklingsmidlar som departementet prioritærer direkte gjennom tildelingsbreva til institutta for å sikre kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling, statistikk, analyse, politisk avgjerdssstøtte og beredskap for landbruks- og matsektoren.

Basisløyvinga, som utgjer om lag 14 pst. av driftsinntektene, blir tildelt frå Forskningsrådet, som både fastset og utbetalar basisløyving til institutta på primærnæringsarenaen. Forskningsrådet lyser også ut midlar gjennom forskingsprogramma. Desse konkurrerer institutta om, både når det gjeld kvalitet og relevans. Internasjonale inntekter utgjer om lag 2,3 pst. for Bygdeforskning, NIBIO og Veterinærinstituttet, og det er eit klart mål å auke denne delen.

I tillegg konkurrerer institutta om oppdragsinntekter i marknaden, som utgjer om lag 14 pst. av driftsinntektene. Nivået på den nasjonale etterspørselet er ei hindring for å utvikle denne delen av aktiviteten, og institutta vurderer kontinuerleg moglegheitene for å etablere aktivitet innanfor nye marknader.

For å sikre institutta sin kompetanse, forskingskvalitet og økonomi, må ein framover auke publiseringa og talet på doktorgradar innanfor sektoren.

#### Samspel nasjonalt og internasjonalt

Samspel med andre aktørar er naudsynt for fagleg utvikling, for å byggje nettverk og for å vere i stand til å hente og ta i bruk kunnskap som er utvikla internasjonalt. Difor er internasjonalisering av forskinga svært viktig for å byggje opp instituttsektoren. Både innanfor europeiske fellesprogram (JPI-ar) og samarbeid mellom Europeisk program-til-program samarbeid (ERA-nett) i matsektoren blir det i aukande grad stilt krav om god nasjonal samordning og effektivt samspel med dei europeiske satsingane. Bilateralt samarbeid er viktig for å heve kvalitet og relevans på norsk utdanning og forsking. Dei landbruks- og matfaglege forskingsinstitutta sin internasjonale innsats er også omtalt under delmål 1 *Målretta bruk av midlar til forsking og innovasjon*.

Forsking gjennom programaktivitet skal dekke landbruks- og matområdet sitt bidrag til å sikre relevant forsking for sektoren. Innsatsen

skjer gjennom forskingsprosjekt og tiltak direkte retta mot næringslivet. Dette er sentrale verkemiddel for å nå målet om høg kvalitet og relevans i forskinga. Basisløyvingane til instituttsektoren og sentersatsingane er også viktige reiskapar for å sikre forsking med høg kvalitet og relevans.

Forskningsrådet peiker på at fleire aktørar frå næringsliv og instituttsektor samarbeider godt innanfor denne type prosjekt. Viktige aktørar innanfor sektoren har godt gjennomslag på dei opne arenaene som ikkje har finansiering frå Landbruks- og matdepartementet. Nokre av dei største aktørane i næringslivet har i ein femårsperiode vore Borregaard AS, Norske Skogindustrier ASA, Nortura, Tine og GENO.

Dei tre forskingsinstitutta under Landbruks- og matdepartementet sitt ansvarsområde har mest samarbeid med NMBU og Nofima AS. Det er også eit betydeleg samarbeid med mellom anna NTNU, SINTEF, UiO, UiS, UiB, UiT, Høgskolen i Hedmark, Transportøkonomisk institutt (TØI), Norsk institutt for luftforskning (NILU), CICERO, Forsvarets forskingsinstitutt (FFI), Norsk regnesentral og Statens arbeidsmiljøinstitutt, som no er ein del av Høgskolen i Oslo og Akershus.

## 10 Ivareta norske interesser og sikre framgang i internasjonale prosesser

På landbruksområdet har Noreg sluttet seg til ei rekje internasjonale avtalar som dekkjer mellom anna handel, plante- og dyrehelse, skog og klima. Mange avtalar og mykje regelverk blir fornya med jamne mellomrom. Noreg kan ha særeigne nasjonale interesser som må inkluderast i avtaleverket. Dette kan vere særskilde løysingar som er tilpassa dei naturgitte forholda (plante- og dyrehelse) eller kostnadsnivået (importvernet), og som er naudsynte for å kunne oppfylle måla for landbrukspolitikken.

### Handelsavtalar

Dei sentrale avtalane for handel med landbruksvarer er WTO-avtalen, EØS-avtalen og EFTA sine frihandelsavtalar. I samsvar med artikkel 19 i EØS-avtalen skal Noreg og EU gjennomgå vilkåra for handelen med basis jordbruksvarer med sikte på ei gradvis liberalisering. Noreg og EU har tidlegare inngått to slike artikkel 19-avtalar. Avtalane har ført til auka gjensidig marknadstilgang for landbruksvarer der ost og kjøtt er særleg viktige. I februar 2015 starta nye artikkel 19-forhandlingar mellom Noreg og EU om auka marknadstilgang for jordbruksvarer. EFTA forhandlar med ei rekje land om å inngå handelsavtalar, mellom andre India, Malaysia, Indonesia og Vietnam. Desse forhandlingane omfattar handel med både uforedla og foredla landbruksvarer. Noreg har inngått 26 slike frihandelsavtalar, som omfattar i alt 37 land. I første halvår 2016 blei forhandlingane med Filippinane og Georgia avslutta.

Meld. St. 29 (2014–2015) *Globalisering og handel* slår fast at bevaring og styrking av det multilaterale handelssystemet er Norges primære handelspolitiske interesse. I WTO-forhandlingane var det i 2015 framgang i den breie forhandlingsrunden som starta opp på ministerkonferansen i Doha i 2001. På ministerkonferansen Nairobi i desember 2015 blei medlemslanda m.a. samde om å eliminere bruken av eksportsubsidie med direkte verknad. Noreg, Canada og Sveits fekk eit unntak som gir moglegheit til å vidareføre eksportsubsidiar til ost, smør, svinekjøtt og foredla landbruksvarer fram til utgangen av 2020.

I sum utgjer dei internasjonale avtalane for handel eit omfattande sett av forpliktingar Noreg må overhalde når det gjeld importvern, omfang og innretning av landbruksstøtte og omfanget av eksportstøtte. Verkemiddelbruken i landbrukspolitikken må tilpassast slik at Noreg held seg innanfor gjeldande avgrensingar for bruk av landbruksstøtte. Forpliktingane inneber også omfattande årleg rapportering til WTO og Noreg sine bilaterale handelspartnarar. Noreg legg stor vekt på å ha eit ope handelssystem som synleggjer oppfølginga av handelsforpliktingane.

Importvernet er eit av fleire virkemiddel som påverkar konkurranseasjonen for norske jordbruksprodukt. Meld. St. 29 (2014–2015) viser til at framtidige handelsforhandlingar framleis skal «vektlegge norsk landbruks bekjettelsesbehov». Vidare at «[d]efensive interesser på landbruksområdet avveies mot våre generelle handelspolitiske interesser og offensive interesser på andre områder.» Det blir også vist til at regjeringa vil «arbeide for en friere handel med landbruksvarer for å bidra til global velferdsutvikling og matsikkerhet, samt av hensyn til norske forbrukere og mangfoldet i det norske matmarkedet.» På sikt vil endringane i landbrukspolitikken gi eit meir effektivt landbruk og styrke konkurransekrafta for norske jordbruksprodukt. Styrkt konkurransekraft vil kunne gi moglegheit for å senke importvernet. Dette vil vere til fordel for forbrukarane ved at det blir lagt til rette for eit breiare produktutval i butikkane.

### Matsikkerheit

Omfattande handel med innsatsvarer, planter, dyr og mat over landegrenser krev eit sterkt internasjonalt samarbeid om regelverk og tilsyn. Dette er naudsynt for å sikre trygg mat som møter krav frå forbrukarane og for å fremje god plante- og dyrehelse. Aktiv deltaking i internasjonalt arbeid er naudsynt for å påverke utviklinga av standardar og regelverk for å ivareta norske synspunkt og for å bidra til utveksling og utvikling av kunnskap.

Krava på matområdet blir i stor grad utforma i samsvar med internasjonal utvikling. Hovuddelen av det norske regelverket på matområdet er EØS-basert. Matområdet er i følge NOU 2012:2 *Utenfor og innenfor*, det kvantitatittv største området under EØS-avtalen, med om lag 40 pst. av rettsaktene. Regjeringa legg vekt på ein aktiv Europapolitikk. Som del av oppfølgjinga utarbeider Nærings- og fiskeridepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet, som alle har fagansvar på matområdet, felles prioriteringar for arbeidet retta mot EU.

Noreg tek aktivt del i internasjonalt arbeid mellom anna i Codex Alimentarius Commission (FNs organisasjon for ernæring og landbruk (FAO) og Verdas helseorganisasjon (WHO) sin organisasjon for matvarestandardar), Verdas dyrehelseorganisasjon (OIE) og Verdas plannehelseorganisasjon (IPPC). Desse organisasjonane utviklar standardar som blir lagt til grunn i WTO/SPS-avtalen for handel, og som også legg premisar for regelverket i EU.

Matsikkerheit står sentralt på 2030-agendaen som eit av dei 17 berekraftsmåla FN vedtok i 2015. Berekraftsmåla er universelle og ambisiøse. Dei nye måla og tiltaka som følgjer av dei vil gjelde alle land. Innsatsen for å nå måla vil bli ei krevjande oppgåve som vil forene utanrikspolitikk og innanrikspolitikk. Måla kombinerer miljø, økonomi og sosial utvikling, og skal til saman vere eit vegkart for den globale innsatsen for ei berekraftig utvikling. I 2016 skal FN utvikle indikatorar som skal vise om måla blir nådde, og Noreg og andre land skal levere dei første rapportane om oppfølgjinga. Matsikkerheit blir på denne måten kopla endå tydelegare til berekraftig utvikling og bruk av naturressursane.

Det er framleis nær 800 millionar menneske som er kronisk underernært og utan moglegheit til å føre aktive liv. Talet har gått ned dei siste åra som følge av fleire utviklingstrekk. Stabil og inkluderande økonomisk utvikling har vore nøkken for å nedkjempe svolt og underernæring. Matsikkerheit kan best realiserast gjennom ein heilskapleg politikk, noko som krev innsats langs heile verdikjeda for mat. Det er viktig å leggje til rette for at store og små bønder får auka produktivitet og tilgang til velfungerande marknader. Langvarig konflikt, politisk ustabilitet og naturkatastrofar bidreg derimot til langvarige kriser og manglende matsikkerheit.

Innsatsen for bevaring, berekraftig bruk og rettferdig godedeling av genetiske ressursar er viktig for departementet. Dette blei følt opp i FAO sin kommisjon for genetiske ressursar og i den inter-

nasjonale plantetraktaten for mat og landbruk i 2015. Noreg er medlem av arbeidsgruppa som skal komme med framlegg for å betre funksjonen til den globale fordelingsmekanismen, som sikrar foredlarar, forskarar og bønder tilgang til viktige plantegen for mat og landbruk. Noreg er også byråmedlem i Plantetraktaten på vegne av den europeiske regionen for perioden 2015–2017 og er med på å arrangere ein internasjonal konferanse i Indonesia i september 2016 om rettane bønder har til såvarer.

### Internasjonalt samarbeid

Landa i Europa samarbeider framleis i FOREST EUROPE og vil utvikle dette samarbeidet vidare. I 2012 og 2013 blei det forhandla om ein juridisk bindande europeisk avtale om berekraftig skogforvaltning etter eit vedtak på ministerkonferansen i regi av FOREST EUROPE i Oslo i juni 2011. Det blei ikkje semje om ein avtale. I 2015 blei det arrangert ein FOREST EUROPE ministerkonferanse i Madrid. Her vedtok ministrane mellom anna at ein anerkjenner resultatet frå forhandlingskomiteen, og at ein vil vurdere moglegheita for å finne grunnlag for å starte opp igjen med forhandlingar innan 2020. Dei europeiske ministrane fatta også vedtak om å arbeide for å fremje skogen si rolle i den grøne økonomien og samarbeide vidare om å sikre eit berekraftig skogforvaltning i eit endra klima.

FN sitt skogforum UNFF er ein viktig aktør i arbeidet med å fremje forståinga av berekraftig skogforvaltning globalt. Den 11. sesjonen av UNFF blei halden i mai 2015. Her blei det vedteke at vidare arbeid skal konkretiserast i ein strategisk plan, og ein legg opp til ei betre deltaking frå frivillige organisasjonar i forumet sitt arbeid.

FN sin organisasjon for mat og landbruk (FAO) er ein viktig aktør for å fremje berekraftig skogforvaltning. FAO har ei særleg viktig rolle i samarbeidet med land om ressursoversikter og kartlegging av utviklinga i forvaltning av skogressursane. FAO fremjar kunnskap om rolla skogen har når det gjeld matsikkerheit. FAO leiar og koordinerer samarbeidet mellom dei ulike organa i FN og andre institusjonar som er engasjert i skogsørsmål, det såkalla Collaborative Partnership on Forests (CPF).

Noreg samarbeider også med European Forest Institute (EFI), som er eit forskningsnettverk basert på ein mellomstatleg konvensjon der Noreg er part. Instituttet forskar mellom anna på utviklinga av skognæringa i Europa og gjer eit omfattande arbeid knytt til rammevilkår for sektoren. EFI produserer eit viktig kunnskapsgrunnlag for europeiske

styresmakter innanfor økonomi, klima, andre rammevilkår og internasjonal konkurranse i skognæringa.

Ministerrådet for fiskeri, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk (MR-FJLS) har heilt sidan Nidarosdeklarasjonen blei vedteke på ministermøtet i Trondheim i 2012, arbeidd for å følgje opp måla om samarbeid for berekraftig og konkurransedyktig produksjon innan sektorane. Den islandske

formannskapen har gjennom si satsinga på bioøkonomi tatt arbeidet vidare, mellom anna i NorBio, eit tværfagleg prosjekt med fokus på berekraftig utnytting av dei biologiske ressursane og auka meirverdi for miljø og samfunn. Formannskapsprosjekta i MR-FJLS er treårige og arbeidet er tatt vidare av den danske formannskapen i 2015 og det finske i 2016.

*Del IV*  
*Sørskilde tema*



## 11 Auka produktivitet og meir effektiv økonomi i landbruks- og matforvaltninga

Auka produktivitet og ein meir effektiv økonomi står sentralt når Landbruks- og matdepartementet no arbeider med meldingar til Stortinget på politikkområda jordbruk, skog og reindrift. I styringa av etatane under departementet har meir effektiv drift og betre utnytting av ressursane stor merksemrd. Omorganiseringar har blitt gjennomført for å effektivisere forvaltninga ytterlegare. I løpet av dei to siste åra er talet på verksemder under departementet redusert frå sju til fire – Landbruksdirektoratet, Mattilsynet, Veterinærinstituttet (VI) og Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO). Det blir framleis arbeidd med å realisere gevinstane av omorganiseringane, samstundes som arbeidet med å identifisere behovet for ytterlegare effektivisering internt i verksemdene vil halde fram.

### Betre produktivitet og økonomi i jordbruket

Jordbruket har dei siste ti åra hatt ein auke i arbeidsproduktiviteten, målt som bruttoprodukt per timeverk, på 4,1 pst. per år. Det er om lag fire gonger meir enn anna aktivitet i Fastlands-Noreg. Samla faktorproduktivitet auka med 2,6 pst. per år. I industrien auka den med 1,1 pst. og var uendra i andre vareproduserande næringar i Fastlands-Noreg. I dei tre siste jordbruksoppgjera 2014–2016 har regjeringa endra politikken med tanke på auka produktivitet og meir konkurransekraftig produksjon. Det er mellom anna gjort ved å auke den enkelte bonden sin valfridom og legge betre til rette for større bruk, som nyttar arbeid og kapital betre.

I tillegg går det føre seg arbeid med sikte på å auke bruttoproduktet gjennom FoU, rådgiving, avl og planteforedling. Departementet vil føre vidare dette arbeidet. Betre fôrutnytting, betre fôring, nye sortar og betre dyrkingsteknikkar er avgjerande for å auke produktivitetten framover. Arbeidet med betre grovfôr er også viktig for at produktivitetsauken kan skje med grunnlag i norske fôrressursar og det norske jordbruksarealet. Vidare er det naudsynt å betre kvaliteten på jorda for å auke arealproduktiviteten. Mellom anna vil auka omfang av grøfting ha stor tyding.

### Infrastruktur og foredlingsindustri

Vidareutvikling av skogsvegnettet er eit målretta tiltak for lønsam skogsdrift og auka hogst på større delar av det produktive skogarealet. Eit godt skogsvegnett senkar transportkostnadane og er med på å sikre råstoffleveransar til konkurranseedyktige prisar til foredlingsbedrifter i skog- og trenæringa. Utbygging av tømmerkaier bidreg også til reduserte transport- og logistikkostnader knytt til båtfrakt av tømmer og treprodukt mellom aktørar i Noreg eller i utlandet. Vidareutvikling av skogsvegnettet og tømmerkaier, som heng saman med det offentlege vegnettet i begge endar, støttar opp om regjeringa si satsing på betre samanhengande standard på vegnettet og andre infrastrukturtiltak for å styrke konkurranseevna til norsk næringsliv. Kartlegging og utbetring av flaskehalsar for transport av tømmer og anna tungtransport på offentlege vegar, særleg i kommunesektoren, vil ha stor verknad på lønsemda i skogsektoren. Regjeringa vil halde fram arbeidet med å betre vilkåra for tømmer- og anna godstransport, og vil omtale dette nærmare i den komande meldinga til Stortinget om skog- og trenæringa.

Skog- og trenæringa er strategisk viktig for å utvikle norsk bioøkonomi, og kan gi mykje større bidrag til sysselsetjing og verdiskaping enn i dag. Det er ein ambisjon at mest mogleg av norsk tømmer blir foredra i bedrifter i Noreg der det er lønnsamt. I dag blir om lag 40 pst. av tømmeret, særleg massevirke, eksportert – i hovudsak som følgje av nedlagt treforedlingsindustri og redusert etterspørrelse dei siste 10 åra. Effektivisering og vidareutvikling av etablerte skogindustribedrifter er sentralt for å halde konkurransekrafta ved lag og som grunnlag for nyetableringar av virkesbrukande industri.

### Lovarbeid

Landbruks- og matdepartementet har sendt framlegg til endringar i konsesjonslova, jordlova og odelslova på høyring. Innhaldet i framlegga følger i hovudsak opp Stortinget sine oppmodingsvedtak

nr. 483 til 490. Framlegga vil føre til at kommunen skal handsame færre konsesjonssøknader enn i dag, det vil bli færre overtakingar der kommunen skal gjere priskontroll og færre får plikt til å bussetje seg på ein landbrukseigedom som vilkår for konsesjonsfridom. I tillegg føreslår departementet unntak frå plikta til å søkje delingssamtykke og konsesjon viss den som overtek jord eller skog skal leggje arealet som blir delt frå til ein annan landbrukseigedom for å styrke drifta av han. Departementet føreslår dessutan unntak frå plikta til å søkje samtykke til deling og konsesjon ved overdraging av enkelte tomter til bustad, fritidsføremål eller til naust. Framlegga vil gi bonden auka råderett over sin eigen eigedom, og dei legg til rette for at det blir enklare å få tak i tilleggsjord og dele frå tomter. I tillegg blir det føreslått endringar i jordlova som gjer det enklare å oppfylle driveplikta ved utleige. Mellom anna er framlegget at kravet om at leigeavtalane skal vare i minst 10 år oppheva. Framlegga vil også gjere kommunane sine oppgåver enklare når det gjeld oppfølging og kontroll med at driveplikta blir oppfylt.

Departementet vurderer å endre reindriftslova og jordskiftelova slik at reindrifta får høve til å nytte jordskifteretten på interne forhold i reindrifta. Samstundes blir det vurdert tiltak som sikrar ein meir effektiv bruk av reindriftslova sin meklingsregel.

### **Effektiv forvaltning**

Talet på årsverk i landbruks- og matforvaltninga er betydeleg redusert sidan 2010, og arbeidet med å identifisere ytterlegare potensial for å effektivisere forvaltninga vil halde fram.

Landbruksdirektoratet blei etablert 1. juli 2014 ved å slå saman Statens landbruksforvaltning og Statens reindriftsforvaltning. Direktoratet arbeider målretta for å auke kapasiteten og betre kvaliteten på sakshandsaminga og tenestene. Av spesifikke prosjekt under arbeid kan nemnast nye fag-system for produksjonstilskott, Landbrukets utviklingsfond og naturskade. Det blir også vurdert å gjere endringar i forvaltninga av produksjons- og avløysartilskotta, med sikte på å finne ein modell som gir betre effektivitet og forsvarleg forvaltning.

Ny lov om erstatning for naturskader tek til å gjelde 1. januar 2017. Gjeldande ordning blir erstatta med ein langt enklare forvaltningsmodell

der Landbruksdirektoratet tek hand om heile handsaminga. Den nye naturskadeerstatningslova vil gi ei meir effektiv handsaming av sakene og raskare utbetaling av erstatning til den enkelte skadelidde.

I 2014 blei områdestyra for reindrift avvikla, og deira oppgåver og det administrative ansvaret for områdekontora blei overført til dei fem nordlereste fylkesmannsembeta. Departementet vurderer ytterlegare endringar i forvaltninga av reindrifta for både å effektivisere ytterlegare og for å oppnå større grad av likehandsaming. Departementet vil også gjennomføre ein prosess for å avdekkje forhold som hindrar rask og effektiv oppfølging av brot på gjeldande regelverk. Kontroll av reintal, beitebruk og overvaking av lavbeita er viktig for styresmaktene i ressurskontrollen. Reinteljingar er svært ressurskrevjande, samstundes som dagens metodikk ikkje alltid gir nøyaktig nok informasjon. Departementet legg opp til bruk av ny teknologi som inneber at ressurskontroll kan bli gjort på ein meir effektiv måte.

Omorganiseringa av Mattilsynet frå februar 2015 har lagt eit godt grunnlag for ei meir einskapleg og effektiv forvaltning. Den regionale verksamnda er samla i eitt forvaltningsnivå, og talet på regionar er redusert frå åtte til fem. Omorganiseringa førte til 30 pst. færre leiarar. Føresetnadene for å utvikle eit meir einskapleg tilsyn er betre ved at regionane har fått eit tydelegare ansvar for å koordinere tilsyna sine. Det blir arbeidd vidare med å utvikle effektive arbeidsprosessar, både når det gjeld tilsyn, utvikling av nytt regelverk og effektive IKT-verktøy. Eksport av sjømat er eit anna område der ein arbeider med IKT-løysingar som gjer arbeidet enklare for næringa og for Mattilsynet.

### **Effektive forskingsinstitutt**

Norsk institutt for bioøkonomi blei etablert 1. juli 2015, ved samanslåing av 3 forskingsinstitutt. Formålet med fusjonen er å etablere eit fagleg og økonomisk sterkt forskings- og utviklingsmiljø. Meir ressursar skal nyttast til utvikling av ny kunnskap, innovasjonsretta arbeid og støtte til forvaltninga, og mindre til administrasjon og drift. Instituttet arbeider med å vidareutvikle administrative system og fagstrategiske handlingsplanar som understøttar målet om å bli det leiande instituttet innan bioøkonomi.

## **12 Nasjonal oppfølging av berekraftsmål 2:**

Landbruks- og matdepartementet er gitt ansvaret for å koordinere oppfølginga av berekraftsmål 2 om å «utrydde svolt, oppnå matsikkerheit og betre ernæring, og fremme berekraftig landbruk». I denne samanhengen omfattar «landbruk» all matproduksjon, også fiskeri og havbruk. I det følgjande er det kommentert korleis regjeringa følger opp ulike delmål under berekraftsmål 2.

Regjeringas mål og bruk av virkemiddel i den nasjonale landbruks- og matpolitikken, helse- og sosialpolitikken og fiskeripolitikken oppfyller i stor grad berekraftsmål 2.

Ei ny melding til Stortinget om jordbruksnæringa skal leggjast fram hausten 2016. Meldinga vil omtale område som er viktige for den nasjonale oppfølginga, m.a. klimatiltak i jordbruket.

**Delmål 2.1 Matsikkerheit:** Regjeringas politikk legg til rette for kontinuerleg produksjon av mat på land og i hav, ivaretaking av produksjonsgrunnlaget og eit velfungerande handelssystem som sikrar stabil tilgang til mat. Mattryggleiken er god i Noreg, det er få tilfelle av sjukdom som følge av matsmitte. Vi har også god status for dyrevelferd, dyrehelse og plantehelse.

**Delmål 2.2 Ernæring:** Ernæringssituasjonen i Noreg er jamt over god. Førekomst og utvikling av overvekt, samt ikkje-smittsame sjukdomar er utfordringar, jf. berekraftsmål 3. Vidare er det påvist underernaering hos ein del eldre, og inntaket av enkelte næringsstoff er for lågt i nokon grupper av befolkninga. For store delar av befolkninga er inntaket av metta feitt, salt og sukker for høgt, samstundes som inntaket av frukt, bær, grønnsaker og fisk er for lågt. Regjeringa arbeider med ein tverrsektoriell handlingsplan for kosthald (2017–2021). Denne handlingsplanen er ei oppfølging av Folkehelsemeldinga, Meld. St. 19 (2014–2015) Mestring og muligheter. Det er viktig å leggje til rette for sunne val. Kunnskap og informasjon om samanhengen mellom kosthald, ernæring og helse er grunnleggjande. Regjeringa vil leggje til rette for meir samarbeid om forsking, innovasjon og næringsutvikling mellom forskingsmiljøa og matnæringa om mat, ernæring og helse.

**Delmål 2.3 Produktivitet:** Produktivitetsutviklinga i matproduksjonen har i mange år vore større enn i andre næringar, blant anna som følgje av auka produksjon og yting per eining, teknologiske forbetingar og strukturendringar. Regjeringa innrettar verkemidla slik at dei bidreg til auka produksjon, med vekt på moglegheiter for auka verdiskaping, og omsynet til klima og miljø.

**Delmål 2.4 Berekraftig produksjon:** Regjeringas politikk for matproduksjon skal bidra til ein berekraftig bruk av produksjonsressursane. Politikken skal ta i vare miljømål på ei rekke område, mellom anna produksjon av miljøgode, naturmangfold, klima og redusert forureining. Måla blir i varierande grad oppnådd. Særleg på vassmiljø og ammoniakkutslepp er det forbettingspotensiale.

Klimaendringar er ei utfordring for matproduksjonen globalt og nasjonalt. Jordbruket, fiskeri- og havbruk må tilpasse seg eit klima i endring og samstundes ta sin del av ansvaret for å redusere utsleppa av klimagassar. Klimatiltak er ein viktig del av den nasjonale landbrukspolitikken. Regjeringas politikk på dette området vil bli omtalt i eit eige kapittel i den komande meldinga til Stortinget om jordbruksnæringa.

Betre ressursutnytting i heile verdikjeda er eit viktig mål for regjeringa, også reduksjon av matsvinn. Matsvinn blir følgt opp under berekraftsmål 12.

**Delmål 2.5 Genetiske ressursar:** Noreg gir årleg eit bidrag tilsvarande 0,1 % av omsetninga av såvarer i Noreg til «Fondet for fordelsdeling» under «Den internasjonale traktaten for plantegenetiske ressursar for mat og landbruk», og bidreg også til å ta vare på ville slektingar av kulturplanter. Noreg er part til konvensjonen om biologisk mangfold og Nagoya-protokollen som også er ein del av den internasjonale ramma for arbeidet med genressursar. Noreg har også ansvar for Det globale frøhvelvet på Svalbard som er eit viktig bidrag til global forvalting av plantegenetisk mangfold. Noreg vil føre vidare ein aktiv politikk for bevaring og berekraftig bruk av genressursar, og samordne arbeidet for å ta vare på ville kulturplanter.

**Internasjonal oppfølging**

Internasjonalt blir berekraftsmål 2 følgt opp gjennom FAO og WHO sitt arbeid med matsikkerheit, mattrøggleik, ernæring og helse. Noreg bidreg til utrydding av svolt og utvikling av landbruk, fiskeri og havbruk i u-land. Over bistandsbudsjettet støttar Noreg fattige i utviklingsland sine moglegheiter til auka inntekter og betre ernæring gjennom verdi-

skaping i jordbruk, skogbruk og fiskeri og gjennom styrka forvaltning. Ressursane for matproduksjon må takast vare på. Retten til mat som ein menneskerett og vektlegging av likestilling er grunnleggjande for norsk bistandspolitikk. Noreg arbeider gjennom WTO for meir rettferdige globale handelssystem for matvarer, irekna avvikling av eksportstøtte.

## 13 Sektorovergripande miljøpolitikk

### Mangfaldige skogar

I skogbruket står mellom anna arbeidet med skogbruksplanlegging, miljøregistrering i skog (MiS-prosjektet) og Landsskogtakseringa, og FoU knytt til skogbruk og biologisk mangfold, sentralt. Årleg blir det produsert om lag 3 mill. kubikk-meter ny daud ved i dei norske skogane. Samarbeid med miljøstyresmaktene om frivillig vern og vidareutvikling av miljøstandardar i skogbruket er to viktige tilnærmingar til å ta vare på naturmangfoldet i skogen. Norsk skogbruk er ISO 14001-sertifisert etter dei krava som blei nedfelt i *Levande Skog-standarden* i 2006.

I 2015 blei det utarbeid skogbruksplanar med miljøregistreringar (MiS) for om lag 2,3 mill. dekar skog. Dette er noko mindre enn året før, men fordi desse prosjekta går over fleire år svingar tala frå år til år. Med bakgrunn i dei behova for tilskotsmidlar fylkesmennene melder er det grunn til å tru at aktiviteten vil auke framover. Det økonomisk drivverdige skogarealet er på i underkant av 70 mill. dekar. Vel 85 pst. av dette arealet er kartlagd med MiS-registreringar. Det er no starta opp nye skogbruksplanprosjekt i område der det er miljøregistreringar frå førre runde. Før eksisterande data blir ført vidare i nye planar, blir dei kvalitetssikra og reviderte. Det blir då vurdert om det er behov for ny kartlegging.

Med grunnlag i dette arbeidet tek skogeigiane særlege omsyn til miljøverdiane, både i registrerte livsmiljø og der miljøverdiane er meir spreidd. Det er no samla sett til side meir enn 100 000 livsmiljø med eit samla areal på omkring 500 000–600 000 dekar. Miljøinnsatsen frå det private skogbruket sikrar god miljødokumentasjon og gode miljøomsyn i næringsverksemda og bidegr mellom anna til å redusere behovet for offentlege vernevedtak.

For å lette tilgangen til skogbruks- og miljø-data, har departementet teke initiativ til å samle relevant dokumentasjon i ein årleg rapport om bekräftig skogbruk – næring og miljø. Den første rapporten kom våren 2014. Rapporten dokumenterer skogen sitt store ressurspotensial, verdien i

klimasamanheng og resultata av miljøomsyn som har blitt innført dei seinaste tiåra.

### Verdifulle kulturminne og kulturlandskap

Attgroing og nedbygging av kulturlandskapet er eit trugsmål mot naturmangfaldet, særleg i artsrike naturtypar som slåttemyr, slåttemark og beitelandskap. Landbruks sitt kulturlandskap og verdifulle naturverdiar skal sikrast gjennom eit aktivt landbruk, og det skal bli lagt til rette for at verkemidla i naturmangfaldlova kan verke saman med verkemidla i landbruks- og matpolitikken. Miljøsatsinga i jordbruksplanen er organisert under Nasjonalt miljøprogram, med nasjonale, regionale og lokale tiltakspakkar. 22 100 føretak fekk utbetalt midlar innanfor dei regionale miljøprogramma (RMP) i 2015 for gjennomførte tiltak i vekstsesongen 2014 for å redusere erosjon og næringsstoffavrenning, hindre attgroing eller ta vare på verdifulle kulturlandskap og naturtypar. I alt blei det løvd 430 mill. kroner under RMP i 2014. Om lag 61 pst. av dei lokale midlane (Spesielle miljøtiltak i jordbruksplanen) blei løvd til tiltak for å fremje verdiar i jordbruks kulturlandskap, kulturmiljø, naturmangfold og friluftsliv, mens 32 pst. av midlane gjekk til tiltak for å redusere forureining til vatn. I tillegg samfinansierer landbrukssektoren og miljøsektoren satsinga Utvalde kulturlandskap i jordbruksplanen kvar med 6 mill. kroner i 2015 (i alt 12 mill. kroner). 22 område som inneholder særskilde verdiar knytte til naturmangfold og kulturminne og kulturmiljø er peikte ut. Liknande samfinansiering er det for verdsarvstadane Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyane, der verdiane i områda m.a. er knytt til jordbruks kulturlandskap og er avhengige av aktiv jordbruksdrift. Landbruks- og matdepartementet bidreg med 3 mill. kroner.

Beiting i utmark er viktig for å vareta kulturlandskapet og for mange plante-, sopp- og dyrearter. Ein større del av tilskotta er dei seinaste åra blitt retta inn mot beiting. Dei ulike dyreslagene har ulik innverknad på naturmangfaldet, og det er difor behov for at både storfe, geit og sau er på beite. Det var registrert om lag 2,3 mill. beitedyr i utmark i 2014. Talet på storfe og tal på dyr på utmarksbeite

har halde seg stabilt frå 2013 til 2014. Ser ein på perioden frå 2000 til 2014, blei det ein nedgang på knapt 3 pst. på beitande dyr. Prinsippet om differensiert forvaltning i rovdyrforliket frå 2011 vil påverke utmarksbeite for sau i prioriterte rovdyrområde.

Jordbruket sitt kulturlandskap inneholder eit stort mangfold av kulturminne og kulturmiljø, frå gravhaugar og rydningsrøyser til bygningar, vegfar og steingjerde. Landbruket er ein viktig kulturerberar gjennom vidareføring av kunnskap om tradisjonell byggeskikk, materialbruk og tradisjonell handverkskompetanse, mattradisjonar og andre kulturhistoriske verdiar. Delar av jordbruksdrifta, som til dømes ploying, grøfting og nydyrkning, kan vere eit trugsmål mot kulturminne. Dette gjeld spesielt automatisk freda kulturminne, både dei som ligg over og under bakkenivå. Landbruksbygningar representerer store bruksressursar, men også vesentlege utfordringar knytt både til sikring og ein auke i bruken, det å finne gode løysingar ved endringsbehov og sikre naudsynt vedlikehald.

Eit godt samarbeid mellom kulturminnesektoren og landbrukssektoren er avgjerande for å bevare kulturminne i jordbruket. Ivaretaking av kulturminne er ei prioritering for SMIL- og RMP-midlane, og det finst eigne midlar til Utvalde kulturlandskap i jordbruket som bidreg til bevaring og bruk av kulturminne.

### **Genetiske ressursar**

Genetiske ressursar er ein vesentleg del av det biologiske grunnlaget for matsikkerheita i verda. Landbruks- og matdepartementet bidreg til bevaring og berekraftig bruk av dei genetiske ressursane i landbruket gjennom internasjonalt og nordisk samarbeid, kontakt med næringsaktørar og tiltak for å stimulere næring, bønder og frivillige aktørar til å ta i bruk dette mangfaldet. For å sikre tilgang av funksjonelle husdyr til klimasoner og produksjonsformer som ein har i dag, og som ein kan få i framtidia, er det viktig å ta vare på stor variasjon innanfor og mellom husdyrrasar. Norsk Genressurssenter og Genressursutvalget for husdyr har vurdert dei gamle husdyrrasane i Noreg. Svalbard globale frøhvelv er etablert av den norske regjeringa for sikker lagring av sikringskopiar av frøa i verdas genbankar. Ved utgangen av 2015 romma frøhvelvet sikkerheitskopiar av 837 858 frøprøver frå 67 institusjonar verda over. I 2015 blei frø henta ut frå frøhvelvet for første gong. The International Centre for Agricultural Research in Dry Areas (ICARDA), i Aleppo, Syria bad om å få

tilbake 128 boksar med frø av dei tota 325 boksar med frø som dei har lagra på Svalbard. Formålet med uttaket var å dyrka fram nye frø for lagring i nabolandet Syria og å sende nye friske frø tilbake til Svalbard. I tillegg ble det deponera 36.130 ulike nye frø i frøkvelvet frå 15 genbankar.

Det blir også løyvd særleg tilskott til bevaringsverdige husdyrrasar. Tal frå 2015 viser at alle utanom ein av dei bevaringsverdige storferasane har hatt ein auke i talet på avlsvyr, mens den kritisk truga storferasen Vestlandsk raudkolle har hatt ein tilbakegang på 5 pst.

### **Jordvern**

Stortinget handsama jordvernstrategien til regjeringa den 08.12.2015 og vedtok innstillinga til næringskomiteen, jf Innst. 56 S (2015–2016). I oppmodningsvedtak 140 fastsette Stortinget det årlege målet for omdisponeringa av dyrka mark til under 4 000 dekar, og ba regjeringa om at målet nås gradvis innan 2020. For 2015 viser KOSTRA-tala frå Statistisk sentralbyrå (SSB) at det blei omdisponert 6 341 dekar dyrka jord til andre formål enn landbruk.

Talet på dekar godkjent nydyrka mark gjekk ned frå 18 572 dekar i 2014 til 18 139 dekar i 2015, men ligg framleis høgt samanlikna med situasjonen på 2000-talet. I alt blei 854 søknader handsama i 2015. Sidan 2007 er godkjent nydyrka mark 15 870 dekar per år i gjennomsnitt.

Berre 3 pst. av arealet i Noreg er jordbruksareal. Nye tal viser ein tilbakegang i samla jordbruksareal dei siste åra. Det registrerte totalarealet var på det høgaste i 1998. I perioden 1999–2015 er det anslått ein reduksjon i samla jordbruksareal på 528 000 dekar (om lag 5 pst), ifølgje berekninigar frå Budsjettetnemnda for jordbruket. Denne nedgangen kjem i stor grad av at eit nytt kartgrunnlag gir eit meir oppdatert og meir nøyaktig areal enn tidlegare, men også av at areal har gått ut av drift i den aktuelle perioden. Godkjend nydyrka areal har sidan 2010 vore meir enn dobbelt så stort som den varige omdisponeringa av dyrka jord, noko som bidreg til å redusere denne nedgangen i totalarealet.

Sjå også omtale i del 3.

### **Aktivt friluftsliv**

Landbruksareala utgjer ein stor del av arealet i landet og har store verdiar knytt til natur og kulturarv. Skogen, utmarksareala, vegane og stiane i kulturlandskapet er viktige for ferdsel, friluftsliv og grønt reiseliv. Grønt reiseliv er landbruket sitt

bidrag til oppfølginga av reiselivsstrategien til regjeringa, *Destinasjon Norge*. Landbruks- og matdepartementet har fleire reiselivsrelaterte satsningar. Statskog SF har ein viktig rolle i å tilrettelegge for friluftsliv på statsgrunn.

### **Giftfritt miljø**

Tidlegare utsleppsproblem frå gjødselslager og siloar er i stor grad løyst, og fosforbruken i landbruket er langt betre tilpassa plantenes opptak no enn tidlegare. Avrenning av næringsstoff frå jordbruksareala er framleis ei utfordring for vasskvaliteten i utsette vassdrag og kystområde. Mildare vintrar med kortare frostperiodar har bidrige til å auke utfordringa frå avrenning.

I tråd med målet i vassforskrifta om god økologisk tilstand, arbeider landbruksforvaltninga på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå med å følgje opp sektoransvaret, mellom anna ved å setje i verk naudsynte tiltak i landbruket. Det blir også gjort ein innsats for å kvalitetssikre kunnskapen med omsyn til effektar og kostnader av tiltak innanfor landbrukssektoren. Det er behov for å utforme eit felles system for korleis effektar av tiltaka skal dokumenterast og overvakast i vassdrag som er påverka av jordbruksystemet. Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet har, på oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet, utarbeidd ein rapport med framlegg til eit slikt system. Rapporten tek mellom anna for seg korleis dette blir gjort i nokre andre land.

### **Plantevern**

Kjemiske plantevernmiddel kan ha uønskja effektar på helse og miljø. Bruk av plantevernmiddel varierer mykje mellom år mellom anna som følge av variasjonar i verforhold og kor stort areal det er av ulike vekstar. I perioden 2010 til 2014 var den gjennomsnittlege berekna helserisikoen for brukarar av plantevernmiddel og den gjennomsnittlege berekna miljørisikoen om lag 16 pst. lågare enn i 1996/1997. Det blei våren 2016 fastsett ein ny handlingsplan for berekraftig bruk av plantevernmiddel (2016–2020). Handlingsplanen legg mellom anna vekt på auka kunnskap om rett bruk av plantevernmiddel og alternativ til kjemiske tiltak mot skadegjerarar.

### **Økologisk mat**

Det er eit mål at 15 pst. av matforbruket skal vere økologisk i 2020. Satsinga på dette området skjer med utgangspunkt i Landbruks- og matdeparte-

mentet sin handlingsplan *Økonomisk, agronomisk – økologisk!* Rettleiing og kompetanseutvikling i heile verdikjeda er viktig for å styrke økologisk produksjon. Areal i økologisk drift utgjer om lag 4,5 pst. av det samla jordbruksarealet i Noreg, 5,1 pst. medrekna karensareal. Samla for alle produktgrupper auka omsetnaden av økologiske produkt i daglegvarehandelen mednesten 15 pst. frå 2014–2015. I alt blei det omsett for om lag 2 mrd. kroner i 2015, svarande til 1,6 pst. av totalmarknaden.

### **Stabilt klima**

Regjeringa vil nå klimamåla for landbrukssektoren; – både jordbruks- og skogsektoren, gjennom iverksetjing av tiltak som følgjer av regjeringsplattforma og klimaforliket.

Klimagassutsleppa frå jordbrukssektoren er først og fremst metan og lystgass frå husdyrhald, gjødsling og jordarbeiding. Utsleppa frå norsk jordbruk utgjorde om lag 8,3 pst. av dei samla nasjonale klimagassutsleppa i 2014 (4,4 mill. tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar av i alt 53,9 mill. tonn). Sidan 1990 er utsleppa frå jordbrukssektoren redusert med om lag 11,1 pst. Hovudårsaka til nedgangen er redusert bruk av gjødsel og færre storfe. Skogen og andre areal står likevel for eit høgt netto opptak av CO<sub>2</sub> tilsvarende 26,7 mill. tonn i 2013. Dette er ein auke på 16,6 mill. tonn frå 1990. Optimal utnytting av husdyrgjødsel bidreg til å redusere klimagassutsleppa, reduserer behovet for handelsgjødsel og betrar vassmiljøet. Nasjonalt pilotprosjekt for meir miljøvennleg handtering av husdyrgjødsel har vore i gang sidan 2008. Ordninga omfattar 170 000 dekar i ei rekke utvalde område, og har hatt positive resultat. Endra jordarbeiding er eit sentralt tiltak innanfor Regionale miljøprogram som både reduserer klimagassutsleppa og betrar vassmiljøet. Delen av jordbruksarealet med åker i stubb har gått noko ned det siste året. Auka merksemd mot soppsumitte i åkeren og meir målretta tiltak kan vere faktorar som forklarer denne utviklinga.

I dag er det nokre få gardsbaserte biogassanlegg i drift i Noreg. Dette tilsvavar bruk av om lag 1 pst. av gjødsela. Gjennom utviklingsprogrammet for klimatiltak, programma Bionær og EnergiX til Forskningsrådet og bioenergiprogrammet til Innovasjon Noreg, blir det arbeidd aktivt med å utvikle løysingar for å auke biogassproduksjonen og dermed redusere klimagassutsleppa frå norsk jordbruk.

Meir nedbør som følgje av klimaendringar vil kunne vere til skade for avlingar og føre til ein auke i erosjon. Med eit varmare og våtare klima

vil dessutan nye sjukdommar og skadegjerarar etablere seg i Noreg. Desse vil kunne gjere stor skade i plantedyrking og påverke skog, kulturlandskap og naturmangfald. Eit aukande problem med sjukdom og skadegjerarar kan føre til auka bruk av plantevernmiddel som gir negative effektar på helse og miljø. Generelt ligg Noreg likevel i den delen av Europa der klimaendringane vil kunne føre med seg dei største vinstane for landbruket. Tilpassing av landbruket til klimaendringane er avgjerande for å førebygge og begrense skadane frå både ekstremvær og gradvise endringer, samstundes som ein skal kunne oppnå ein mogleg auke i produksjonen som følgje av auka temperatur og lengre vekstsesong. Ein føresetnad for dette er at det blir teke i bruk planter og sortar som kan utnytte auka veksttid. Høgare temperatur og lengre veksttid kan også gi grunnlag for nye og meir varmekrevjande produksjonar, som til dømes meir haustsådd korn og matkornproduksjon i område der kort veksttid hindrar dette i dag. Lengda på dagen vil likevel vere ein avgrensande faktor utan bruk av kunstig lys, sjølv om ein temperaturauke opnar for ein lengre vekstsesong. Denne effekten er størst i Nord-Noreg. I område der redusert sommarnedbør ikkje gir underskott på markvatn, vil ein lengre vekstsesong i kombinasjon med auka CO<sub>2</sub>-innhald i lufta gi grunnlag for auka tilvekst av skog.

## **Skog og klima**

Netto CO<sub>2</sub>-opptak i norske skogar har lege på mellom 27 og 36 mill. tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar årleg dei siste åra. Det høge talet har samanheng med at avverkinga i norske skogar har vore nokså stabil kring 10 mill. kubikkmeter, mens tilveksten har har auka år for år. Dei siste åra har avverkinga vore på rundt 40 pst. av tilveksten. Målet om inntil 14 TWh auke i bruken av bioenergi innan 2020 ligg fast, og virke frå skogen er det viktigaste råstoffet for bioenergi. Auka avverking vil mellom anna krevje meir hogst av lauv og furu i område med lågare økonomisk avkastningsevne. Mykje av skogen som kan avverkast i dei nærmaste 40–50

åra ligg i område med manglande vegdekning og vanskelege driftsforhold. Eit lønsamt skogbruk og satsing på bioenergi er avhengig av god infrastruktur tilpassa moderne driftsutstyr.

Regjeringa føreslår ei uendra løyving for 2017 samanlikna med 2016 på 33 mill. kroner til dei tre tiltaka for auka karbonopptak i skog; respektive tettare planting, gjødsling og planteforedling. Klimatiltak i skog vil først ha ein verknad på lang sikt når det gjeld auka nettoopptak av CO<sub>2</sub>, med unntak av gjødsling der ein vil sjå ein verknad alle reie etter 10 år. Det er difor vanleg å snakke om den potensielle effekten i løpet av eit skogomløp, som normalt er på 70–100 år. Frå tiltaket er gjenomført vil effekten komme gradvis utover i omløpet. Kor stor effekten vil vere i form av auka CO<sub>2</sub>-opptak, vil avhenge av kor lenge tiltaka varer og grad av opptrapping. Dei tre tiltaka er anslått til potensielt å ville medverke til eit årleg auka opptak på 3–3,3 mill. tonn CO<sub>2</sub> i eit langsiktig perspektiv.

## **Miljø- og samfunnsansvar i offentlege anskaffingar**

Landbruks- og matdepartementet har i samsvar med handlingsplanen for miljø og samfunnsansvar i offentlege anskaffingar, innført eit miljøleiningssystem i departementet. Departementet blei EMAS-registrert i mars 2016. EMAS står for Eco Management and Audit Scheme og er EU sin frivillige fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon. Ordninga starta i 1993 og er eit tilbod til føretak og statlege, fylkeskommunale og kommunale etatar som ønskjer å programfeste mål for å ivareta miljøet i produksjon og tenesteyting. Gjennom EØS-avtalen kan også norske verksemder delta.

I denne samanhengen er departementet særleg oppteken av miljøaspekta knytt til anskaffingar av varer og tenester, transport og forbruk av energi og papir. Til hjelp i dette arbeidet er det utarbeidd ei miljøhandbok og ein handlingsplan. Tiltaka i handlingsplanen er implementert.

## 14 Likestilling

Det er eit uttrykt mål i landbrukspolitikken at kvinner og menn skal ha dei same moglegheitene til å drive næringsverksemd innanfor landbruk og i tilknytte landbruksbaserte næringar. Kvinner kan tilføre nye idear og trekke inn andre verdiar i drifta, som bidreg til næringsutvikling, nyskaping og eit løft for økonomien. Statistikken for jordbruksverksemduene i 2014 viser om lag 40 700 verksemder med personleg brukar. Berre 15 pst. av desse var kvinner. Ved søknad om produksjonsstilskot i samband med søknadsomgongen i august 2015 var delen kvinnelege søkerar også om lag 15 pst. Sidan det berre er ein person som kan stå oppført som søker per føretak gir ikkje denne statistikken nødvendigvis eit rett bilet av ein eventuell ektefelles involvering i drifta av føretaket. Det kan difor tenkast at det er fleire aktive kvinner i drifta enn det statistikken skulle tilseie. Kvinner driv generelt mindre jordbruksbedrifter enn menn, og er gjennomgåande noko yngre enn dei mannlege drivarane. Dei siste åra har talet på kvinnelege eigalar auka svakt, og i 2014 eigde kvinner i underkant av 26 pst. av alle landbruks-eigendommane. Gjennomsnittsalderen for kvinnelege eigalar er høgare enn for menn. Kvinnelege brukarar er i gjennomsnitt 12 år yngre enn alle kvinnelege eigalarar. Det kan difor sjå ut til at kvinner i mindre grad overtar jordbruksbedrifter for sjølv å drive jordbruk over tid. Det er i mange samanhengar også peika på at gardsoverdragingar til kvinner ofte gjeld enker som eig graden i ein overgangsperioden.

Innanfor tradisjonelt jordbruk er kvinnedelen høgast blant bønder med driftsforma *øvrig grotforetande dyr* og innanfor sauveproduksjon. Kvinnedelen er lågast blant produsentar som driv med storfe, både mjølk/kjøtt og berre mjølk. Dei siste 10–20 åra har utviklinga av andre landbruksbaserte næringar innanfor mat, reiseliv, omsorgsbaserete tenester og serviceyting generelt vore stor. Utvikling av entreprenørskapsverksemd på desse områda krev ofte anna kompetanse enn den tradisjonelle landbruksfaglege kompetansen. Kvinner er særleg aktive innan desse næringane.

I sluttrapporten *Et landbruk uten kvinner* utgitt av Norsk Bonde- og Småbrukarlag i 2015 er det

gjort ei kartlegging av årsaker til at ikkje fleire kvinner vel landbruket som yrkesveg. Respondentane i kartlegginga peikar på at utfordringane for kvinner i landbruket særleg er knytt til økonomisk lønsemd, nok kunnskap og kompetanse, moglegheitene for å kombinere gardsdrift med familieliv og sosialt liv. I tillegg er landbrukets omdømme eksternt og internt og yrkesstoltheit sentrale faktorar.

Ei partssamansett arbeidsgruppe som har drøfta rekrutteringsspørsmål i landbruket leverte sin rapport i januar 2016. I rapporten blei det særskilt veklagt at både det offentlege og næringa må ha merksemd på likestillingsutfordringane i landbruket, og at likestillingstiltak må vidareførast. Sjølv om kvinner og menn formelt sett har like moglegheiter for ein framtidig arbeidsplass i landbruket, er det langt fleire menn enn kvinner som overtek og driv ein landbrukseigedom. Arbeidsgruppa peika også på at kvinners deltaking i landbruksdrifta er mindre synleg i offentleg statistikk.

Kvinner har i fleire år blitt prioriterte ved tildeiling av midlar over jordbruksavtalen til investering og bedriftsutvikling i landbruket. Delen kvinnelege mottakarar av investerings- og bedriftsutviklingstilskot er generelt framleis høg, særskilt innanfor landbruksbasert næringsutvikling utanom tradisjonelt jord- og skogbruk. Delen tilsegn til kvinner innanfor utviklingstiltak/andre landbruksbaserte næringar var samla i 2015 på 74 pst., ein auke på 7 prosentpoeng frå 2014. Når det gjeld delen tilsegn til kvinner knytt til investeringar i det tradisjonelle landbruket var den på 40 pst. mot 39 pst. i 2014.

Innovasjon Noreg peikar i sin rapport for 2015 på at årsaka til ein relativt høg del kvinnerett tilsegn innanfor andre landbruksbaserte næringar kan vere ei medviten satsing på kvinnetiltak med handlingsplaner, godt fungerande nettverk og informasjons- og mobiliseringsarbeid.

Landbruks- og matdepartementet har bedt Innovasjon Noreg arbeide vidare for å auke delen kvinner i styrer og leiing for verksemder som tek imot støtte, og å synleggjere statistikk knytt til utviklinga innanfor aktuelle program og tenester.

Det blir rapportert på resultatmål og resultatindikatorar som vedkjem kvinner og kvinneretta tiltak. Kvinneretta tiltak er definert som tiltak som primært har kvinner som målgruppe, gir sysselsetting hovudsakleg for kvinner eller har kvinnelege søkerar.

Velferdsordningane for jordbruket som blir finansierte over jordbruksavtalen legg mellom anna til rette for at husdyrbrukarar skal kunne ta ferie og få ordna fritid. Det blir også gitt tilskott til avløsing når brukaren, pga. sjukdom, fødsel eller andre særlege grunner, ikkje kan ta del i arbeidet på bruket. Tilskott til landbruksvikarordninga skal sikre at produsentane over heile landet skal ha tilgang på arbeidshjelp ved akutt sjukdom eller andre krisesituasjonar.

Arbeid med likestilling i reindrift i Noreg krev ein samla innsats frå fleire aktørar, både frå det offentlege, næringa sjølv og organisasjonar. I 2014 var det 72 kvinner som var innehavar av sin eigen siidaandel, noko som utgjer 13 pst. av i alt 532 siidaandlar. Samla blir 158 årsverk utført av kvinner i reindrifta. Tilsvarende tal driftsåret før var 153 årsverk. Av meldingar om reindrift går det fram at kvinner eig 24 pst. av det samla reintalalet i Noreg. Avtalepartane er samde om å nytte dei ulike verkemidla som finst for å fremje likestilling i reindrifta. Arbeidet har som mål å oppnå likestilling i eit langsigkt perspektiv, og det er viktig at ein arbeider kontinuerleg med målretta tiltak. Gjennom reindriftsavtalet har reindriftskvinner høve til å søkja om midlar til kvinneretta tiltak. Likeins kan Norske reindriftsamers landsforbund (NRL) søkje om midlar til utviklingsprosjekt.

## **Likestilling og mangfold i Landbruks- og matdepartementet**

Likestillingslova § 1a, diskrimineringslova § 3a, diskriminerings- og tilgjengeleghetslova § 3 og arbeidsmiljølova § 13 inneholder krav til offentlege styringsmakter og verksemder om å gjere greie for likestilling i verksemda. Det skal også gjerast greie for tiltak som er sett i verk eller er planlagt sett i verk for å fremje likestilling.

Rapporteringa skjer i tråd med rettleiarene til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for likestillingsutgreiinga til verksemndene etter aktivitets- og rapporteringsplikta.

Personalpolitikken til Landbruksdepartementet byggjer på prinsippet om likeverd og like muligheter for alle uavhengig av kjønn, alder og etnisk tilhørslag.

Gjennomsnittsalderen i departementet per 1.1.2016 er 49,9 år. 46 pst. av medarbeidarane i departementet er i aldersgruppa 30–49 år, 33 pst. er i gruppa 50–59 år, 6 pst. er under 30 år og 19 pst. er over 60 år. 2,1 pst. av mennene og 7,8 pst. av kvinnene arbeider deltid.

Landbruks- og matdepartementet har ei relativt jamn kjønnsfordeling mellom dei tilsette. Kvinner utgjorde 58,1 pst. av dei tilsette per 1.10.2015. Blant leiarane var talet 42,8 pst. og på mellomleiarnivå 54,5 pst. Av seniorsakshandsamarane var 52,8 pst. kvinner, og av juniorsakshandsamarane var 73,9 pst. kvinner. Blant konsulentar og seniorkonsulentar er alle kvinner. I heile departementet utgjer kvinnernas si løn 89,5 pst. av menn si løn. I gruppene mellomleiar og juniorsaksbehandlar har kvinner høgare lønn enn menn. Departementet har over lang tid hatt stor merksamd på kjønnsmessig balanse i dei ulike leiargruppene og i dei ulike stillingskategoriane.

Både menn og kvinner tek ut foreldrepermisjon og har moglegheit for å tilpasse arbeidstida i småbarnsperioden. Det er ikkje avdekt barrierar mot likestilling, nedsett funksjonsevne, etnisitet eller religion i departementet. Arbeidsmiljøutvalet har ein årleg gjennomgang av likestillingssituasjonen i dei ulike stillingsgruppene i departementet.

I stillingsannonsane til Landbruks- og matdepartementet blir departementet sitt ønskje om mangfold reflektert. Kvalifiserte søkerar med innvandrarbakgrunn og kvalifiserte søkerar som synleggjer at dei har nedsett funksjonsevne blir kalla inn til intervju.

Landbruks- og matdepartementet har ein open rekrutterings- og avansemepolitikk som følgjer fastsette rutiner og prosessar, medverknad frå dei tilsette og likehandsaming. I 2015 blei det gitt 6 kompetansestipend, av desse gjekk 3 til kvinner. I alt fekk kvinner 63,6 pst. av det samla stønadsbeløpet.

Departementet har ein lokal IA-avtale som gjeld frå 2014 til 2018. Som eit ledd i IA-arbeidet har departementet inngått ein avtale med Fonnehuset om praksisplass for arbeidsretta attføring.

Departementet har i samarbeid med Landbruksdirektoratet teke inn ein lærling for perioden september 2015 til september 2017.

Tabell 14.1 er basert på tal frå løns- og personalsystemet SAP-HR per 1.10.2015 og frå sjukefråværsstatistikk for 4. kvartal 2015. Tidlegare år har tala vore basert på Statens sentrale tenestemannsregister, noko som kan føre til enkelte avvik.

Tabell 14.1 Deltid, mellombels tilsetjing, foreldrepermisjon og legemeldt sjukefråvær etter kjønn i Landbruks- og matdepartementet, 2013–2015

	Deltid		Mellombels tilsetjing		Foreldre- permisjon		Legemeldt sjukefråvær	
	M %	K %	M %	K %	M %	K %	M %	K %
2013	8.5	12.9	3.4	8.6	3.2	7.3	2.0	5.3
2014	2.1	8.4	2.1	2.1	0	3.5	4.3	5.2
2015	2,1	7,8	2,0	1,3	0	2,7	3,0	3,6

## 15 Omtale av tilsetjingsvilkår for leiarar i heileigde statlege verksemder

### Statskog SF

Utgifter til:	Kroner
Løn, adm. dir.	1 593 000
Pensjonsutgifter	161 000
Anna godtgjersle <sup>1</sup>	512 000

<sup>1</sup> Anna godtgjersle gield eingongskompensasjon 335 000 og naturalytingar 177 000

### Staur gård AS

Utgifter til:	Kroner
Løn, dagleg leiar	920 253
Pensjonsutgifter	167 221
Anna godtgjersle	43 971

## 16 Standardiserte nøkkeltal for forvaltningsorgan med særskilde fullmakter (nettobudsjetterte verksemder)

Frå og med statsbudsjettet for 2010 har departementet presentert standardiserte nøkkeltal for forvaltningsorgan med særskilte fullmakter (nettobudsjetterte verksemder) som departementet har ansvaret for i budsjettproposisjonen. Dette gjeld følgjande verksemder:

- Veterinærinstituttet
- Norsk institutt for bioøkonomi

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) blei oppretta 1.7.2015 gjennom ein samanslåing av Bioforsk, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forsking og Norsk institutt for skog og landskap. Rekneskapstala frå NIBIO i 2015 gjeld difor berre for eit halvår. For dei nedlagde institutta er rekneskapstala for 2015 ikkje oppgitte.

Formålet med nøkkeltala er i første rekke å forbetre kontroll og innsyn frå Stortinget og regjeringa ved å presentere same type informasjon som blir gitt for dei bruttobudsjetterte verksemndene i dei ordinære oppstillingane i statsbudsjettet og statsrekneskapen. Framstillinga er basert på kontantprinsippet for gjeldande budsjettår og rekneskapstala for dei tre siste åra. Nærare omtale av status for den enkelte verksemد gára fram av kap. 1137 post 51.

### Kort beskriving av tabellmaterialet

Tabell 1 under kvart enkelt organ gir ei oversikt over utgifter og inntekter etter art: Formålet med tabellen er å vise verksemdas brutto utgifter og inntekter basert på kontantprinsippet og artsindelt etter same prinsipp som gjeld for dei bruttobudsjetterte verksemndene.

Tabell 2 under kvart enkelt organ gir ei oversikt over inntekter etter inntektskjelde: Dei fleste nettobudsjetterte verksemder har fleire inntektskjelder og formålet med tabell 2 er å gi ein oversikt over dei ulike inntektskjeldene.

Tabell 3 under kvart enkelt organ gir ei oversikt over verksemdas kontantbeholdning per 31. desember med spesifikasjon av dei formål kontantbeholdningane skal nyttast til: Formålet med tabellane er å vise dei samla overføringane til neste budsjettår og samansetninga av overføringane.

Det kan vere gjort omklassifiseringar mellom rekneskapsliner samanlikna med det som er presentert i tidlegare års fagproposisjonar, fordi nokre av forvaltningsorgana med særskilte fullmakter i løpet av 2011 har gått over til å føre rekneskapa etter dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Veterinærinstituttet

Tabell 16.1 Utgifter og inntekter fordelt etter art

Utgifter/inntekter	(i 1 000 kr)			
	31.12.2013	31.12.2014	31.12.2015	Budsjett 2016
<b>1. Utgifter</b>				
<i>Driftsutgifter</i>				
Lønsutgifter	219 121	236 628	204 025	228 337
Varer og tenester	130 870	95 811	132 209	119 590
<i>Sum driftsutgifter</i>	<b>349 991</b>	<b>332 439</b>	<b>336 234</b>	<b>347 927</b>
<i>Investeringsutgifter</i>				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	0	0	0	0
<i>Sum investeringsutgifter</i>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Overføringer fra verksemda</i>				
Utbetalinger til andre statlege rekneskap	0	0	0	0
Andre utbetalinger	0	0	0	0
<i>Sum overføringsutgifter</i>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Finansielle aktivitetar</i>				
Kjøp av aksjar og eigardelar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle utgifter</i>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Sum utgifter</i>	<b>349 991</b>	<b>332 439</b>	<b>336 234</b>	<b>347 927</b>
<b>2. Inntekter</b>				
<i>Driftsinntekter</i>				
Inntekter frå sal av varer og tenester	193 579	163 728	165 662	131 583
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	0	0	0	0
Andre driftsinntekter	7 696	12 093	23 605	0
<i>Sum driftsinntekter</i>	<b>201 275</b>	<b>175 821</b>	<b>189 267</b>	<b>131 583</b>
<i>Investeringsinntekter</i>				
Sal av varige driftsmiddel	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Overføringer til verksemda</i>				
Inntekter frå statlege løyvingar	150 065	176 026	156 527	162 636
Andre innbetalingar	0	0	0	66 061
<i>Sum overføringsinntekter</i>	<b>150 065</b>	<b>176 026</b>	<b>156 527</b>	<b>228 697</b>
<i>Finansielle aktivitetar</i>				
Innbetalingar ved sal av aksjar og eigardelar	0	0	0	0
Andre finansielle inntekter	0	23	477	0
<i>Sum finansielle inntekter</i>	<b>0</b>	<b>23</b>	<b>477</b>	<b>0</b>
<i>Sum inntekter</i>	<b>351 340</b>	<b>351 870</b>	<b>346 271</b>	<b>360 280</b>
<i>Sum nettoendring i kontantbehaldninga</i>	<b>1 349</b>	<b>19 431</b>	<b>10 037</b>	<b>12 353</b>

Tabell 16.2 Inntekter etter inntektskjelde

Inntektskjelde	Rekneskap (i 1 000 kr)			
	31.12.2013	31.12.2014	31.12.2015	Budsjett 2016
<i>Løyvingar til finansiering av statsoppdraget</i>				
Løyvingar frå fagdepartement	86 110	106 201	86 460	83 417
Løyvingar frå andre departement	43 600	48 342	48 720	56 494
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	0	0	0	0
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	20 355	21 483	21 347	22 725
<i>Sum løyvingar</i>	<i>150 065</i>	<i>176 026</i>	<i>156 527</i>	<i>162 636</i>
<i>Offentlege og private bidrag</i>				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	0	46 672	63 000
Bidrag frå private	0	0	0	0
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	14 143	2 924	7 328	3 061
<i>Sum bidrag</i>	<i>14 143</i>	<i>2 924</i>	<i>54 000</i>	<i>66 061</i>
<i>Oppdragsinntekter mv.</i>				
Oppdrag frå statlege verksemder	90 257	83 787	104 840	120 835
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå private	0	0	0	0
Andre inntekter <sup>1</sup>	96 875	89 133	30 904	10 748
<i>Sum oppdragsinntekter mv.</i>	<i>187 132</i>	<i>172 920</i>	<i>135 744</i>	<i>131 583</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>351 340</i>	<i>351 870</i>	<i>346 271</i>	<i>360 280</i>

<sup>1</sup> Andre inntekter inkluderer finanspostar og andre tidsavgrensingar

Tabell 16.3 Forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetninger i perioden 2014–2015

Rekneskapspost	Rekneskap (i 1 000 kr)		Endring	
	31.12.2013	31.12.2014	31.12.2015	2014 til 2015
<b>Kontantbeholdning</b>				
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	28 370	43 367	47 527	4 160
Behaldning på andre bankkonti	0	0	0	0
Andre kontantbeholdningar	8	4	1	-3
<b>Sum kontantar og kontantekvivalentar</b>	<b>28 378</b>	<b>43 371</b>	<b>47 528</b>	<b>4 157</b>
Avsetninger til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår				
Feriepengar mv.	23 050	21 419	19 744	-1 675
Skattetrekk og offentlege avgifter	15 957	15 603	18 941	3 338
Gjeld til leverandørar	-35 916	-16 978	-10 236	6 742
Gjeld til oppdragsgivarar	7 368	19 042	6 241	-12 801
Anna netto gjeld/fordring som har forfall i neste budsjettår	-356	522	4 219	3 697
<b>Sum til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår</b>	<b>10 103</b>	<b>39 608</b>	<b>38 909</b>	<b>-699</b>
Avsetninger til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekt i framtidige budsjettår				
Prosjekt finansiert av Noregs forskingsråd	0	0	-1 824	-1 824
Større påbegynte, fleirårige investeringsprosjekt av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt finansiert av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Andre avsetninger til vedtekne formål, som ikkje er sett i gang	2 040	2 040		-2 040
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt finansiert av løvingar frå andre departement	7 154	46		-46
<b>Sum avsetninger til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</b>	<b>9 194</b>	<b>2 086</b>	<b>-1 824</b>	<b>-3 910</b>
<i>Andre avsetninger</i>				
Avsetninger til andre formål/ikkje spesifiserte formål	408	0	5 589	5 589
Fri verksemndskapital	4 012	-14 016	-1 554	12 462
<b>Sum andre avsetninger</b>	<b>4 420</b>	<b>-14 016</b>	<b>4 035</b>	<b>18 051</b>
<i>Langsiktig gjeld (netto)</i>				
Langsiktig forplikting knytt til anleggsmidlar	0	0	-	0
Anna langsiktig gjeld	4 661	15 693	6 408	-9 285
<b>Sum langsiktig gjeld</b>	<b>4 661</b>	<b>15 693</b>	<b>6 408</b>	<b>-9 285</b>
<b>Sum nettogjeld og forpliktingar</b>	<b>28 378</b>	<b>43 371</b>	<b>47 528</b>	<b>4 157</b>

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO)

Tabell 16.4 Utgifter og inntekter fordelt etter art

Utgifter/inntekter	(i 1 000 kr)	
	31.12.2015	Budsjett 2016
<b>1. Utgifter</b>		
<i>Driftsutgifter</i>		
Lønsutgifter	168 180 255	293 000 000
Varer og tenester	304 820 647	547 000 000
<i>Sum driftsutgifter</i>	<b>473 000 902</b>	<b>840 000 000</b>
<i>Investeringsutgifter</i>		
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	0	0
<i>Sum investeringsutgifter</i>	0	0
<i>Overføringar fra verksemda</i>		
Utbetalinger til andre statlege rekneskap	0	0
Andre utbetalinger	0	0
<i>Sum overføringsutgifter</i>	0	0
<i>Finansielle aktivitetar</i>		
Kjøp av aksjar og eigardelar	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0
<i>Sum finansielle utgifter</i>	0	0
<i>Sum utgifter</i>	<b>473 000 902</b>	<b>840 000 000</b>
<b>2. Inntekter</b>		
<i>Driftsinntekter</i>		
Inntekter frå sal av varer og tenester	5 194 899	25 000 000
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0
Refusjonar	0	0
Andre driftsinntekter	169 338 795	225 000 000
<i>Sum driftsinntekter</i>	<b>174 533 694</b>	<b>250 000 000</b>
<i>Investeringsinntekter</i>		
Sal av varige driftsmiddel	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	0	0
<i>Overføringar til verksemda</i>		
Inntekter frå statlege løyvingar	171 775 196	392 000 000
Andre innbetalingar	97 050 992	188 000 000
<i>Sum overføringsinntekter</i>	<b>268 826 188</b>	<b>580 000 000</b>
<i>Finansielle aktivitetar</i>		
Innbetalingar ved sal av aksjar og eigardelar	0	0
Andre finansielle inntekter	0	0
<i>Sum finansielle inntekter</i>	0	0
<i>Sum inntekter</i>	<b>443 359 882</b>	<b>830 000 000</b>
<i>Sum nettoendring i kontantbeholdninga</i>	<b>-29 641 020</b>	<b>-10 000 000</b>

Tabell 16.5 Inntekter etter inntektskjelde

Inntektskjelde	Rekneskap (i 1 000 kroner)	
	31.12.2015	Budsjett 2016
<i>Løyvingar til finansiering av statsoppdraget</i>		
Løyvingar frå fagdepartement	119 712 239	249 789 705
Løyvingar frå andre departement	7 954 300	16 597 319
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	28 378 815	59 214 795
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	105 622 725	220 390 743
<i>Sum løyvingar</i>	<i>261 668 079</i>	<i>545 992 562</i>
<i>Offentlege og private bidrag</i>		
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	4 511 803	9 414 258
Bidrag frå private	16 735 044	34 919 083
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	6 098 050	12 724 096
<i>Sum bidrag</i>	<i>27 344 897</i>	<i>57 057 438</i>
<i>Oppdragsinntekter mv.</i>		
Oppdrag frå statlege verksemder	11 201 647	33 913 363
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	5 697 848	17 250 427
Oppdrag frå private	37 530 619	113 625 210
Andre inntekter	99 916 792	13 969 000
<i>Sum oppdragsinntekter mv.</i>	<i>154 346 907</i>	<i>178 758 000</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>443 359 882</i>	<i>781 808 000</i>

<sup>1</sup> Andre inntekter inkluderer finanspostar og andre tidsavgrensingar

Tabell 16.6 Forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetninger i perioden 2014–2015

Rekneskapspost		Endring
	31.12.2015	2014 til 2015
<i>Kontantbeholdning</i>		
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	173 175 216	173 175 216
Behaldning på andre bankkonti	840 366	840 366
Andre kontantbeholdningar	6 288	6 288
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>174 021 870</i>	<i>174 021 870</i>
Avsetninger til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår		
Feriepengar mv.	39 755 103	39 755 103
Skattetrekk og offentlege avgifter	40 572 938	40 572 938
Gjeld til leverandørar	-43 069 948	-43 069 948
Gjeld til oppdragsgivarar	-867 314	-867 314
Anna netto gjeld/fordring som har forfall i neste budsjettår	51 364 253	51 364 253
<i>Sum til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår</i>	<i>87 755 032</i>	<i>87 755 032</i>
<i>Avsetninger til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekt i framtidige budsjettår</i>		
Prosjekt finansiert av Noregs forskingsråd	12 882 217	12 882 217
Større påbegynte, fleirårige investeringsprosjekt av grunnløyvinga frå fagdepartement	53 568 170	53 568 170
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt finansiert av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0
Andre avsetninger til vedtekne formål, som ikkje er sett i gang	4 773 061	4 773 061
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt finansiert av løyvingar frå andre departement	0	0
<i>Sum avsetninger til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>71 223 448</i>	<i>71 223 448</i>
<i>Andre avsetninger</i>		
Avsetninger til andre formål/ikkje spesifiserte formål	0	0
Fri verksemدskapital	13 976 985	13 976 985
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>13 976 985</i>	<i>13 976 985</i>
<i>Langsiktig gjeld (netto)</i>		
Langsiktig forplikting knytt til anleggsmidlar	0	0
Anna langsiktig gjeld	1 066 405	1 066 405
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>1 066 405</i>	<i>1 066 405</i>
<i>Sum nettogjeld og forpliktingar</i>	<i>174 021 870</i>	<i>174 021 870</i>

Bioforsk

Tabell 16.7 Utgifter og inntekter fordelt etter art

## Utgifter/inntekter

	31.12.2013	31.12.2014
<b>1. Utgifter</b>		
<i>Driftsutgifter</i>		
Lønsutgifter	291 195	289 389
Varer og tenester	213 699	170 579
<i>Sum driftsutgifter</i>	<b>504 894</b>	<b>459 968</b>
<i>Investeringsutgifter</i>		
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	9 357	10 670
<i>Sum investeringsutgifter</i>	<b>9 357</b>	<b>10 670</b>
<i>Overføringar fra verksemda</i>		
Utbetalinger til andre statlege rekneskap	0	0
Andre utbetalinger	0	0
<i>Sum overføringsutgifter</i>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Finansielle aktivitetar</i>		
Kjøp av aksjar og eigardelar	0	0
Andre finansielle utgifter	21	427
<i>Sum finansielle utgifter</i>	<b>21</b>	<b>427</b>
<i>Sum utgifter</i>	<b>514 272</b>	<b>471 065</b>
<b>2. Inntekter</b>		
<i>Driftsinntekter</i>		
Inntekter frå sal av varer og tenester	271 777	272 880
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0
Refusjonar	6 683	6 981
Andre driftsinntekter	17 668	18 231
<i>Sum driftsinntekter</i>	<b>296 128</b>	<b>298 092</b>
<i>Investeringsinntekter</i>		
Sal av varige driftsmiddel	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Overføringar til verksemda</i>		
Inntekter frå statlege løyvingar	162 235	159 579
Andre innbetalingar	0	0
<i>Sum overføringsinntekter</i>	<b>162 235</b>	<b>159 579</b>
<i>Finansielle aktivitetar</i>		
Innbetalingar ved sal av aksjar og eigardelar	0	0
Andre finansielle inntekter	108	131
<i>Sum finansielle inntekter</i>	<b>108</b>	<b>131</b>
<i>Sum inntekter</i>	<b>458 471</b>	<b>457 802</b>
<i>Sum nettoendring i kontantbeholdninga</i>	<b>-55 801</b>	<b>-13 263</b>

Tabell 16.8 Inntekter etter inntektskjelde

Inntektskjelde	Rekneskap (i 1 000 kr)	
	31.12.2014	31.12.2015
<i>Løyvingar til finansiering av statsoppdraget</i>		
Løyvingar frå fagdepartement	77 070	78 770
Løyvingar frå andre departement	840	840
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	0	0
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	151 158	145 575
<i>Sum løyvingar</i>	<i>229 068</i>	<i>225 185</i>
<i>Offentlege og private bidrag</i>		
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	0
Bidrag frå private	0	0
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	27 929	26 656
<i>Sum bidrag</i>	<i>27 929</i>	<i>26 656</i>
<i>Oppdragsinntekter mv.</i>		
Oppdrag frå statlege verksemder	53 515	72 083
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	24 100	20 028
Oppdrag frå private	99 344	97 461
Andre inntekter <sup>1</sup>	24 515	16 389
<i>Sum oppdragsinntekter mv.</i>	<i>201 474</i>	<i>205 961</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>458 471</i>	<i>457 802</i>

<sup>1</sup> Andre inntekter inkluderer finanspostar og andre tidsavgrensingar

Tabell 16.9 Forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetninger i perioden 2014–2015

Rekneskapspost	Rekneskap (i 1 000 kr)		Endring	
	31.12.2013	31.12.2014	31.12.2015	2014 til 2015
<b>Kontantbeholdning</b>				
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	51 926	38 801	0	-38 801
Behaldning på andre bankkonti	1 691	1 548	0	-1 548
Andre kontantbeholdningar	4	8	0	-8
<b>Sum kontantar og kontantekvivalentar</b>	<b>53 620</b>	<b>40 357</b>	<b>0</b>	<b>-40 357</b>
Avsetninger til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår				
Feriepengar mv.	23 453	22 915	0	-22 915
Skattetrekk og offentlege avgifter	16 907	18 735	0	-18 735
Gjeld til leverandørar	-33 604	-37 194	0	37 194
Gjeld til oppdragsgivarar	-6 327	-6 563	0	6 563
Anna netto gjeld/fordring som har forfall i neste budsjettår	18 053	14 022	0	-14 022
<b>Sum til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår</b>	<b>18 482</b>	<b>11 915</b>	<b>0</b>	<b>-11 915</b>
<i>Avsetningar til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekt i framtidige budsjettår</i>				
Prosjekt finansiert av Noregs forskingsråd	9 840	8 422	0	-8 422
Større påbegynte, fleirårige investeringsprosjekt av grunnløyvinga frå fagdepartement	2 376	1 220	0	-1 220
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt finansiert av grunnløyvinga frå fagdepartementet	396	1581	0	-1 581
Andre avsetninger til vedtekne formål, som ikkje er sett i gang	496	486	0	-486
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt finansiert av løvingar frå andre departement	10 498	2 761	0	-2 761
<b>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</b>	<b>23 606</b>	<b>14 470</b>	<b>0</b>	<b>-14 470</b>
<i>Andre avsetningar</i>				
Avsetninger til andre formål/ikkje spesifiserte formål	0	0	0	0
Fri verksemndskapital	11 532	13 193	0	-13 193
<b>Sum andre avsetningar</b>	<b>11 532</b>	<b>13 193</b>	<b>0</b>	<b>-13 193</b>
<i>Langsiktig gjeld (netto)</i>				
Langsiktig forplikting knytt til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	779	0	-779
<b>Sum langsiktig gjeld</b>	<b>0</b>	<b>779</b>	<b>0</b>	<b>-779</b>
<b>Sum nettogjeld og forpliktingar</b>	<b>53 620</b>	<b>40 357</b>	<b>0</b>	<b>-40 357</b>

Norsk institutt for landbruksøkonomisk forsking (NILF)

Tabell 16.10 Utgifter og inntekter fordelt etter art

## Utgifter/inntekter

	31.12.2013	31.12.2014
<b>1. Utgifter</b>		
<i>Driftsutgifter</i>		
Lønsutgifter	45 710	46 388
Varer og tenester	16 179	11 614
<i>Sum driftsutgifter</i>	<b>61 889</b>	<b>58 002</b>
<i>Investeringsutgifter</i>		
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	304	0
<i>Sum investeringsutgifter</i>	<b>304</b>	<b>0</b>
<i>Overføringar fra verksemda</i>		
Utbetalinger til andre statlege rekneskap	0	0
Andre utbetalinger	0	0
<i>Sum overføringsutgifter</i>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Finansielle aktivitetar</i>		
Kjøp av aksjar og eigardelar	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0
<i>Sum finansielle utgifter</i>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Sum utgifter</i>	<b>62 193</b>	<b>58 002</b>
<b>2. Inntekter</b>		
<i>Driftsinntekter</i>		
Inntekter frå sal av varer og tenester	29 268	20 822
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0
Refusjonar	1 470	878
Andre driftsinntekter	0	0
<i>Sum driftsinntekter</i>	<b>30 738</b>	<b>21 700</b>
<i>Investeringsinntekter</i>		
Sal av varige driftsmiddel	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Overføringar til verksemda</i>		
Inntekter frå statlege løyvingar	36 141	36 832
Andre innbetalingar	0	0
<i>Sum overføringsinntekter</i>	<b>36 141</b>	<b>36 832</b>
<i>Finansielle aktivitetar</i>		
Innbetalingar ved sal av aksjar og eigardelar	0	0
Andre finansielle inntekter	0	0
<i>Sum finansielle inntekter</i>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Sum inntekter</i>	<b>66 879</b>	<b>58 532</b>
<i>Sum nettoendring i kontantbeholdninga</i>	<b>4 686</b>	<b>530</b>

Tabell 16.11 Inntekter etter inntektskjelde

Inntektskjelde	Rekneskap (i 1 000 kr)	
	31.12.2014	31.12.2015
<i>Løyvingar til finansiering av statsoppdraget</i>		
Løyvingar frå fagdepartement	24 031	25 715
Løyvingar frå andre departement	0	0
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	0	0
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	12 110	11 338
<i>Sum løyvingar</i>	<i>36 141</i>	<i>37 053</i>
<i>Offentlege og private bidrag</i>		
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	0
Bidrag frå private	0	0
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	0	0
<i>Sum bidrag</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Oppdragsinntekter mv.</i>		
Oppdrag frå statlege verksemder	20 000	15 208
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	2 000	1 500
Oppdrag frå private	6 500	3 500
Andre inntekter <sup>1</sup>	2 238	1 271
<i>Sum oppdragsinntekter mv.</i>	<i>30 738</i>	<i>21 479</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>66 879</i>	<i>58 532</i>

<sup>1</sup> Andre inntekter inkluderer finanspostar og andre tidsavgrensingar

**Tabell 16.12 Forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetninger i perioden 2014–2015**

Rekneskapspost	31.12.2013	31.12.2014	31.12.2015	Rekneskap (i 1 000 kr)	Endring
				31.12.2014	31.12.2015
<b>Kontantbeholdning</b>					
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	24 677	25 207	0	-25 207	
Behaldning på andre bankkonti	0	0	0	0	
Andre kontantbeholdningar	0	0	0	0	
<b>Sum kontantar og kontantekvivalentar</b>	<b>24 677</b>	<b>25 207</b>	<b>0</b>	<b>-25 207</b>	
Avsetninger til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår					
Feriepengar mv.	4 822	3 734	0	-3 734	
Skattetrekk og offentlege avgifter	3 398	2 110	0	-2 110	
Gjeld til leverandørar	221	497	0	-497	
Gjeld til oppdragsgivarar	-1 412	6 007	0	-6 007	
Anna netto gjeld/fordring som har forfall i neste budsjettår	1 649	-2 849	0	2 849	
<b>Sum til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår</b>	<b>8 678</b>	<b>9 499</b>	<b>0</b>	<b>-9 499</b>	
<i>Avsetningar til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekt i framtidige budsjettår</i>					
Prosjekt finansiert av Noregs forskingsråd	0	0	0	0	
Større påbegynte, fleirårige investeringsprosjekt av grunnløyvinga frå fagdepartement	0	0	0	0	
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt finansiert av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0	
Andre avsetninger til vedtekne formål, som ikkje er sett i gang	0	0	0	0	
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt finansiert av løyvingar frå andre departement	0	0	0	0	
<b>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	
<i>Andre avsetningar</i>					
Avsetninger til andre formål/ikkje spesifiserte formål	11 669	11 796	0	-11 796	
Fri verksemndskapital	3 383	3 396	0	-3 396	
<b>Sum andre avsetningar</b>	<b>15 052</b>	<b>15 192</b>	<b>0</b>	<b>-15 192</b>	
<i>Langsiktig gjeld (netto)</i>					
Langsiktig forplikting knytt til anleggsmidlar	451	304	0	-304	
Anna langsiktig gjeld	495	212	0	-212	
<b>Sum langsiktig gjeld</b>	<b>946</b>	<b>516</b>	<b>0</b>	<b>-516</b>	
<b>Sum nettogjeld og forpliktingar</b>	<b>24 677</b>	<b>25 207</b>	<b>0</b>	<b>-25 207</b>	

Norsk institutt for skog og landskap

Tabell 16.13 Utgifter og inntekter fordelt etter art

Utgifter/inntekter

	31.12.2013	31.12.2014
<b>1. Utgifter</b>		
<i>Driftsutgifter</i>		
Lønsutgifter	153 277	153 557
Varer og tenester	51 322	50 890
<i>Sum driftsutgifter</i>	<b>204 599</b>	<b>204 447</b>
<i>Investeringsutgifter</i>		
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	2 827	2 826
<i>Sum investeringsutgifter</i>	<b>2 827</b>	<b>2 826</b>
<i>Overføringar fra verksemda</i>		
Utbetalinger til andre statlege rekneskap	2 079	1 613
Andre utbetalinger	13 341	17 108
<i>Sum overføringsutgifter</i>	<b>15 420</b>	<b>18 721</b>
<i>Finansielle aktivitetar</i>		
Kjøp av aksjar og eigardelar	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0
<i>Sum finansielle utgifter</i>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Sum utgifter</i>	<b>222 846</b>	<b>225 994</b>
<b>2. Inntekter</b>		
<i>Driftsinntekter</i>		
Inntekter frå sal av varer og tenester	7 893	11 269
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0
Refusjonar	3 877	3 745
Andre driftsinntekter	1 430	3 659
<i>Sum driftsinntekter</i>	<b>13 200</b>	<b>18 673</b>
<i>Investeringsinntekter</i>		
Sal av varige driftsmiddel	0	154
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<b>0</b>	<b>154</b>
<i>Overføringar til verksemda</i>		
Inntekter frå statlege løyvingar	201 390	205 291
Andre innbetalingar	14 988	14 961
<i>Sum overføringsinntekter</i>	<b>216 378</b>	<b>220 252</b>
<i>Finansielle aktivitetar</i>		
Innbetalingar ved sal av aksjar og eigardelar	0	0
Andre finansielle inntekter	0	0
<i>Sum finansielle inntekter</i>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Sum inntekter</i>	<b>229 578</b>	<b>239 079</b>
<i>Sum nettoendring i kontantbeholdninga</i>	<b>6 732</b>	<b>13 085</b>

Tabell 16.14 Inntekter etter inntektskjelde

Inntektskjelde	Rekneskap (i 1 000 kr)	
	31.12.2014	31.12.2015
<i>Løyvingar til finansiering av statsoppdraget</i>		
Løyvingar frå fagdepartement	120 990	125 724
Løyvingar frå andre departement	0	0
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	22 741	15 915
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	57 659	63 652
<i>Sum løyvingar</i>	<i>201 390</i>	<i>205 291</i>
<i>Offentlege og private bidrag</i>		
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	148	386
Bidrag frå private	8 322	6 801
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	6 518	7 774
<i>Sum bidrag</i>	<i>14 988</i>	<i>14 961</i>
<i>Oppdragsinntekter mv.</i>		
Oppdrag frå statlege verksemder	6 288	9 320
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	0	0
Oppdrag frå private	694	1 949
Andre inntekter <sup>1</sup>	6 218	7 558
<i>Sum oppdragsinntekter mv.</i>	<i>13 200</i>	<i>18 827</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>229 578</i>	<i>239 079</i>

<sup>1</sup> Andre inntekter inkluderer finanspostar og andre tidsavgrensingar

Tabell 16.15 Forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetninger i perioden 2014–2015

Rekneskapspost	Rekneskap (i 1 000 kr)		Endring	
	31.12.2013	31.12.2014	31.12.2015	2014 til 2015
<b>Kontantbeholdning</b>				
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	100 965	113 205	0	-113 205
Behaldning på andre bankkonti	-863	-10	0	10
Andre kontantbeholdningar	8	0	0	0
<b>Sum kontantar og kontantekvivalentar</b>	<b>100 110</b>	<b>113 195</b>	<b>0</b>	<b>-113 195</b>
Avsetninger til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår				
Feriepengar mv.	12 436	12 535	0	-12 535
Skattetrekk og offentlege avgifter	10 945	12 578	0	-12 578
Gjeld til leverandørar	9 055	9 308	0	-9 308
Gjeld til oppdragsgivarar	0	0	0	0
Anna netto gjeld/fordring som har forfall i neste budsjettår	6 693	5 497	0	-5 497
<b>Sum til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår</b>	<b>39 129</b>	<b>39 918</b>	<b>0</b>	<b>-39 918</b>
<i>Avsetninger til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekt i framtidige budsjettår</i>				
Prosjekt finansiert av Noregs forskingsråd	4 219	8 584	0	-8 584
Større påbegynte, fleirårige investeringsprosjekt av grunnløyvinga frå fagdepartement	46 866	0	0	0
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt finansiert av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	42 907	0	-42 907
Andre avsetninger til vedtekne formål, som ikkje er sett i gang	13 499	19 998	0	-19 998
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt finansiert av løvingar frå andre departement	190	25	0	-25
<b>Sum avsetninger til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</b>	<b>64 775</b>	<b>71 514</b>	<b>0</b>	<b>-71 514</b>
<i>Andre avsetninger</i>				
Avsetninger til andre formål/ikkje spesifiserte formål	1 539	4 542	0	-4 542
Fri verksemndskapital	-5 333	-2 779	0	2 779
<b>Sum andre avsetninger</b>	<b>-3 794</b>	<b>1 763</b>	<b>0</b>	<b>-1 763</b>
<i>Langsiktig gjeld (netto)</i>				
Langsiktig forplikting knytt til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	0	0	0
<b>Sum langsiktig gjeld</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum nettogjeld og forpliktingar</b>	<b>100 110</b>	<b>113 195</b>	<b>0</b>	<b>-113 195</b>

Landbruks- og matdepartementet

tilrår:

I Prop. 1 S (2016–2017) om statsbudsjettet for år 2017 blir dei forslag til vedtak førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

---

## Forslag

Under Landbruks- og matdepartementet blir i Prop. 1 S (2016–2017) Statsbudsjettet for budsjettåret 2017 dei forslag til vedtak som følgjer førde opp:

### Kapitla 1100–1161, 4100–4162, 5576, 5651–5652

I

Utgifter:

Kap.	Post		Kroner	Kroner
Administrasjon m.m.				
1100	Landbruks- og matdepartementet			
01	Driftsutgifter	163 144 000		
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	1 545 000		
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald – ordinære forvaltningsorgan, <i>kan overførast, kan nyttast under post 50</i>	2 693 000		
50	Større utstyrskjøp og vedlikehald – forvaltningsorgan med særskilde fullmakter	290 000	167 672 000	
	Sum Administrasjon m.m.		167 672 000	
Matpolitikk				
1112	Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet			
50	Kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap, Veterinærinstituttet	95 938 000	95 938 000	
1115	Mattilsynet			
01	Driftsutgifter	1 351 510 000		
22	Reguleringspremie til kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser	13 419 000		
71	Tilskott til erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	4 200 000	1 369 129 000	
	Sum Matpolitikk		1 465 067 000	
Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling				
1136	Kunnskapsutvikling m.m.			
50	Kunnskapsutvikling, formidling og beredskap, Norsk institutt for bioøkonomi	226 646 000	226 646 000	
1137	Forsking og innovasjon			
50	Forskningsaktivitet, Noregs forskingsråd	261 323 000		
51	Basisløyvingar m.m., Noregs forskingsråd	185 277 000		
53	Omstillingsmidlar instituttsektoren mv.	3 545 000		

Kap.	Post		Kroner	Kroner
	54	Næringsretta matforsking mv.	150 000 000	
	70	Innovasjonsaktivitet mv, <i>kan overførast</i>	10 073 000	610 218 000
		Sum Forsking og innovasjon		836 864 000
		Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak		
1138		Støtte til organisasjonar m.m.		
	70	Støtte til organisasjonar, <i>kan overførast</i>	29 509 000	
	71	Internasjonalt skogpolitisk samarbeid – organisasjonar og prosessar, <i>kan overførast</i>	1 251 000	
	72	Stiftinga Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK)	5 000 000	35 760 000
1139		Genressursar, miljø- og ressursregistreringar		
	71	Tilskott til genressursforvaltning og miljøtiltak, <i>kan overførast</i>	24 019 000	24 019 000
1142		Landbruksdirektoratet		
	01	Driftsutgifter	225 564 000	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	1 299 000	
	50	Arealressurskart	7 617 000	
	60	Tilskott til veterinærdekning	142 664 000	
	70	Tilskott til fjellstover	808 000	
	71	Omstillingstiltak i Indre Finnmark, <i>kan overførast</i>	4 400 000	
	72	Erstatningar ved ekspropriasjon og leige av rett til reinbeite, <i>overslagsløyving</i>	302 000	
	73	Tilskott til erstatningar mv. etter offentlege pålegg i plante- og husdyrproduksjon, <i>overslagsløyving</i>	55 610 000	
	74	Kompensasjon til dyreeigarar som blir pålagt beitenekt	1 000 000	
	80	Radioaktivitetstiltak, <i>kan overførast</i>	500 000	439 764 000
1148		Naturskade – erstatningar		
	71	Naturskade, erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	169 000 000	169 000 000
1149		Verdiskapings- og utviklingstiltak i skogbruket		
	71	Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	95 570 000	
	73	Tilskott til skog-, klima- og energitiltak, <i>kan overførast</i>	42 247 000	137 817 000
1150		Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.		
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	21 500 000	
	50	Tilskott til Landbrukets Utviklingsfond (LUF)	1 148 053 000	
	70	Marknadsregulering, <i>kan overførast</i>	315 100 000	

Kap.	Post		Kroner	Kroner
	71	Tilskott til erstatningar m.m., <i>overslagsløyving</i>	43 000 000	
	73	Pristilskott, <i>overslagsløyving</i>	3 298 535 000	
	74	Direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	7 965 410 000	
	77	Utviklingstiltak, <i>kan overførast</i>	246 380 000	
	78	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	1 541 954 000	14 579 932 000
1151		Til gjennomføring av reindriftsavtalen		
	51	Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet	31 600 000	
	72	Tilskott til organisasjonsarbeid	6 100 000	
	75	Kostnadssenkande og direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	74 200 000	
	79	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	2 600 000	114 500 000
1161		Myndighetsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver på statsgrunn		
	70	Tilskott til Statskog SFs myndighetsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver	14 215 000	
	75	Tilskott til oppsyn i statsalmenningar	10 156 000	24 371 000
		Sum Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak		15 525 163 000
		Sum departementets utgifter		17 994 766 000

## Inntekter:

Kap.	Post		Kroner	Kroner
Administrasjon m.m.				
4100	Landbruks- og matdepartementet			
01	Refusjonar m.m.		117 000	
30	Husleige		910 000	1 027 000
	Sum Administrasjon m.m.			1 027 000
Matpolitikk				
4115	Mattilsynet			
01	Gebyr m.m.		193 764 000	
02	Driftsinntekter og refusjonar m.m.		5 731 000	199 495 000
	Sum Matpolitikk			199 495 000
Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling				
4136	Kunnskapsutvikling m.m.			
30	Husleige, Norsk institutt for bioøkonomi		20 286 000	20 286 000
	Sum Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling			20 286 000
Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak				
4142	Landbruksdirektoratet			
01	Driftsinntekter, refusjonar m.m.		41 496 000	41 496 000
4162	Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap			
90	Avdrag på lån		25 000 000	25 000 000
5576	Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet			
70	Forskningsavgift på landbruksprodukt		150 000 000	
71	Totalisatoravgift		135 000 000	285 000 000
	Sum Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak			351 496 000
Forretningsdrift				
5652	Statskog SF – renter og utbytte			
80	Renter		2 060 000	
85	Utbytte		16 000 000	18 060 000
	Sum Forretningsdrift			18 060 000
	Sum departementets inntekter			590 364 000

**II****Meirinntektsfullmakter**

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2017 kan:

1.

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekter under
kap. 1115, post 01	kap. 4115, post 02
kap. 1137, post 54	kap. 5576, post 70
kap. 1142, post 01	kap. 4142, post 01

Meirinntekt som gir grunnlag for overskridning skal også dekkje meirverdiavgift knytt til overskridinga, og får difor også verknad for kap. 1633, post 01 for dei statlege forvaltningsorgana som inngår i nettoordninga for meirverdiavgift.

Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter blir teke med i berekninga av overføring av ubrukt løyving til neste år.

2. overskride løyvinga under kap. 1100 Landbruks- og matdepartementet, post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, med eit beløp som svarar til meirinntektene frå sal av eigedom. Unytta meirinntekter frå sal av eigedom kan reknast med ved utrekning av overførbart beløp under løyvinga.

**III****Forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein**

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2017 kan overskride løyvinga under kap. 1142 Landbruksdirektoratet, post 01 Driftsutgifter, med inntil 0,5 mill. kroner i samband med forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein.

***Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar*****IV****Tilsegningsfullmakter**

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2017 kan gi tilskott utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1137		Forsking og innovasjon	
	70	Innovasjonsaktivitet mv.	6,0 mill. kroner
1148		Naturskade – erstatningar	
	71	Naturskade, erstatningar	40,5 mill. kroner
1149		Verdiskapings- og utviklingstiltak i skogbruket	
	71	Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket	75,0 mill. kroner

***Andre fullmakter*****V****Sal av fast eigedom**

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2017 kan selje innkjøpt og opphavleg stats-eigedom for inntil 25 mill. kroner.

Tinging av publikasjonar

Offentlege institusjonar:

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

Internett: [www.publikasjoner.dep.no](http://www.publikasjoner.dep.no)

E-post: [publikasjonsbestilling@dss.dep.no](mailto:publikasjonsbestilling@dss.dep.no)

Telefon: 22 24 00 00

Privat sektor:

Internett: [www.fagbokforlaget.no/offpub](http://www.fagbokforlaget.no/offpub)

E-post: [offpub@fagbokforlaget.no](mailto:offpub@fagbokforlaget.no)

Telefon: 55 38 66 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på  
[www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)

Trykk: 07 Xpress AS – 10/2016

